Seljord kommune

Møteinnkalling

Til medlemene i Kommunestyret

Det vert med dette kalla inn til / gjort kjent med møte i Kommunestyret

Møtestad:	Kommunestyresalen, Kommunehuset
Dato:	14.12.2017
Tid:	09:00

Dersom De ikkje kan møte, ber ein om at De melder frå til sentralbordet snarast råd.

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka
	Saker til handsaming	
PS 97/17	Godkjenning av protokoll frå forrige møte	
	Referatsaker	
RS 20/17	Vedtak; Søknad om etablererstønad- RH Survey AS	
RS 21/17	Vedtak; Søknad om etableringstilskot - Skori bilpleie	
RS 22/17	RH Survey AS - Ny søknad om etablerarstønad	
	Saker til handsaming	
PS 98/17	Møte og arbeidsplan for Seljord kontrollutval 2018	
PS 99/17	Organisering av kjøkkendrift og produksjon av mat i eigen regi	
PS 100/17	Godkjenning av av Flatdal skule etter forskrift om miljøretta helsevern	
PS 101/17	Finansrapportering - Rapportering, kontroll	
PS 102/17	Vurdering av endra ordning for ordførargodtgjersle	
PS 103/17	Bruksavtale Seljord kommune - Flatdal og Åmotsdal idrettslag	
PS 104/17	Lokal forskrift om feiing og tilsyn med fyringsanlegg, samt regulering av feiegebyr	
PS 105/17	Renovest IKS - Kommunal føresegn om innsamling og handsaming av hushaldsavfall, tøming av slamavskiljar og tette tankar	
PS 106/17	Møteplan for formannskap og kommunestyre 2018	
PS 107/17	Høyringsuttale- regional folkehelseplan og handlingsprogram	
PS 108/17	Innføring av fem dagar skule for alle elevar i Seljord grunnskule	
PS 109/17	Representantar til heimevernsnemnd på distriktsnivå	
PS 110/17	Samanslåing av Seljord personal AS og IDEA kompetanse AS	
PS 111/17	Kommuneplan - handlingsdel med handlingsprogram, budsjett og økonomiplan 2018 - 2021	

Saker til handsaming

PS 97/17 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Referatsaker

RS 20/17 Vedtak; Søknad om etablererstønad- RH Survey AS

RS 21/17 Vedtak; Søknad om etableringstilskot - Skori bilpleie

RS 22/17 RH Survey AS - Ny søknad om etablerarstønad

Saker til handsaming

PS 98/17 Møte og arbeidsplan for Seljord kontrollutval 2018

Seljord kommune

Arkiv:
Saksnr.: 2017/1968-3
Sakshand.: Finn-Arild Bystrøm
Direkte tlf.:
Dato: 06.12.2017

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret	98/17	14.12.2017

Møte og arbeidsplan for Seljord kontrollutval 2018

Saksdokument:

Vedlegg:
1 Saksutskrift - Møte og arbeidsplan 2018 - Seljord kontrollutval
2 Saksprotokoll

Saksutgreiing:

Seljord kontrollutval vedtok i møtet 22.november 2017 møtedatoar og ein arbeidsplan for 2018 .

Møtedatoar i 2018 er sett til onsdag kl. 09:00: 7.3 – 30.5 – 3.10 og 5.12 .

Utfyllande arbeidsplan ligg vedlagt denne saka.

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyre i Seljord tek kontrollutvalet sitt møte- og arbeidsplan til orientering.

Utskrift til:

Temark

Agder og Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS

Saksutskrift

Arkivsak-dok. 17/15301-1
Arkivkode 033
Sakshandsamar Ingebjørg Liland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Seljord kontrollutval	22.11.2017	25/17

Møte og arbeidsplan 2018 - Seljord kontrollutval

Forslag frå sekretariatet:

Møte- og arbeidsplan for kontrollutvalet 2018 godkjennast.

Planen og møtedatoane er rettleiande. Kontrollutvalet står fritt til å ta opp dei saker og halde dei møter utvalet ynskjer.

Møtedatoar 2018: Onsdag kl. 09:00: 7.3 – 30.5 – 3.10 – 5.12

Saksopplysningar:

Sekretariatet legg med dette fram ei eiga sak om møte- og arbeidsplan for kontrollutvalet. Saka vert vidare lagt fram som orienteringssak i kommunestyret.

Møte- og arbeidsplanen er ikkje å forstå som ein fullstendig presentasjon av alle dei oppgåver/saker som kontrollutvalet vil handsame i løpet av året, men legg vekt på dei oppgåver som utvalet etter eigen forskrift er pålagt å handsame.

Kontrollutvalet i Seljord kommune har fire møter i året, fordelt på to møter på våren og to møter på hausten. Lengda på møta vert avgjort av talet saker/typen saker som skal opp i møtet.

Kontrollutvalet har vald å leggje fram møte- og arbeidsplanen for kommunestyret, framfor å utarbeide ein samla plan for verksemda i valperioden.

Møte- og arbeidsplanen er ein samla plan som etter behandling i kommunestyret tilfredsstill forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.04.

Sekretariatet legg fram følgjande forslag til møtetidspunkt og forslag til agenda for 2018:

Onsdag 7. mars 2018 kl. 09:00

- Godkjenning av møteinnkalling og protokoll
- Rapport – Forvaltningsrevisjon Offentlege anskaffingar
- Årsmelding 2017 for Seljord kontrollutval
- Forvaltningsrevisor sin eigenvurdeing av sjølvstende
- Orientering frå revisor
- Referatsaker/Eventuelt

Onsdag 30. mai 2018 kl. 09:00

- Godkjenning av møteinnkalling og protokoll
- Årsrekneskap for Seljord kommune 2017
- Årsrapport og årsregnskap 2017 frå skatteoppkrevjaren
- Orientering - Felles statlig tilsynskalender for 2018
- Referatsaker/Eventuelt

Onsdag 3. oktober 2018 kl. 09:00

- Godkjenning av møteinnkalling og protokoll
- Orientering om økonomisk situasjon pr. 1. tertial 2018
- Budsjett for kontroll og tilsyn 2019
- Overordna revisjonsstrategi for rekneskapsrevisjon for 2018
- Revisor si eigenvurdering av sjølvstende
- Einingsbesøk
- Referatsaker/Eventuelt

Onsdag 5. desember 2018 kl. 09:00

- Godkjenning av møteinnkalling og protokoll
- Oppfølging - Forvaltningsrevisjon Offentlege anskaffingar
- Orientering om budsjett for Seljord kommune 2019
- Kontrollutvalets møte- og arbeidsplan for 2019
- Orientering frå revisjonen i møte
- Referatsaker/Eventuelt

Planen er rettleiande og kontrollutvalet står fritt til å ta opp saker og avhalde dei møte dei ynskjer.

Forvaltningsrevisjoner og selskapskontroller

Gjennomførte forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar vert lagde fram/handsama fortløpande
Nye prosjekt vert bestilt tilsvarande.

Fellesmøte/prosjekt med andre kontrollutval

Vert halde/planleggast etter utvalas ynskje og behov som dukkar opp ila arbeidsåret.

Kurs/konferansar

Det stillast stadig større krav og forventningar til kontrollutvalets kompetanse, både frå det politiske miljøet og kommunens innbyggjarar. Endra regelverk gjer det nødvendig å leggje til rette for opplæring og kurs for alle medlemmer av kontrollutvalet. Kunnskap om kontrollutvalets rolle, oppgåver og lovverk er nødvendig for å utføre dei oppgåver som gjeng fram av lov og forskrift. Slik opplæring og kursverksemd kan skje lokalt (haust- og vårkonferanse i regi av Temark) eller gjennom sentrale tilbod. Kontrollutvalet inviterast blant anna årleg til landskonferansen for kontrollutval i regi av Norges kommunerevisorforbund (NKRF) eller

Forum for kontroll og Tilsyn (FKT). Dette er ei viktig samling for å tilføre kontrollutvalets medlemmer ny kunnskap, og det er ein arena der kontrollutvalsmedlemmer frå hele landet møtast og drøftar saker og arbeidsmetodar.

Aktuelle datoar:
- NKRF sin Kontrollutvalskonferanse 7-8. februar 2018, på Gardermoen
- Temark Vårkonferanse i april
- Temark Haustkonferanse i november
- Forum for kontroll og tilsyn, konferanse 29-30. mai

Seljord kontrollutval har handsama saken i møte 22.11.2017 sak 25/17

Møtehandsaming
Møte- og arbeidsplan for kontrollutvalet i 2018 blei gjennomgått. Følgande saker blei foreslått tatt opp i løpet av 2018:

- Internkontroll i kommunen
- Investeringar
- Orientering frå eining Skule
- Orientering eigedomsforvaltning
- Einingsbesøk – Seljord personal AS

Votering
Samrøysets.

Vedtak
Møte- og arbeidsplan for kontrollutvalet 2018 godkjennast.

Planen og møtedatoane er rettleiande. Kontrollutvalet står fritt til å ta opp dei saker og halde dei møter utvalet ynskjer.

Møtedatoar 2018: Onsdag kl. 09:00: 7.3 – 30.5 – 3.10 – 5.12

RETT UTSKRIFT
DATO 28.november.2017

Temark

Agder og Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS

Saksprotokoll

Arkivsak-dok. 17/15301
Arkivkode
Saksbehandler Ingebjørg Liland

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Seljord kontrollutval	22.11.2017	25/17

Møte og arbeidsplan 2018 - Seljord kontrollutval

Seljord kontrollutval har handsama saken i møte 22.11.2017 sak 25/17

Møtehandsaming
Møte- og arbeidsplan for kontrollutvalet i 2018 blei gjennomgått. Følgande saker blei foreslått tatt opp i løpet av 2018:

- Internkontroll i kommunen
- Investeringar
- Orientering frå eining Skole
- Orientering eigedomsforvaltning
- Einingsbesøk – Seljord personal AS

Votering
Samrøysets.

Vedtak
Møte- og arbeidsplan for kontrollutvalet 2018 godkjennast.

Planen og møtedatoane er rettleiande. Kontrollutvalet står fritt til å ta opp dei saker og halde dei møter utvalet ynskjer.

Møtedatoar 2018: Onsdag kl. 09:00: 7.3 – 30.5 – 3.10 – 5.12

Seljord kommune

Arkiv: F26
Saksnr.: 2017/1266-2
Sakshand.: Rolf Henning Jensen
Direkte tlf.: 35065106
Dato: 21.11.2017

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap/økonomiutval	100/17	29.11.2017
Kommunestyret	99/17	14.12.2017

Organisering av kjøkkendrift og produksjon av mat i eigen regi

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Bakgrunn
Formannskapet avlyste våren 2017 anbodskonkurransen for mat til kommunens institusjonar, bu –og servicesenter og til heimebuande, med heimel i kommunelovas § 13, for å drive matproduksjon i eigenregi (sak 58/17). Etter det vart saka teken opp til handsaming i kommunestyret (sak /17) og fyljande vedtak vart fatta:

"Kommunestyret set ned ei politisk styringsgruppe på 5 personar for å leie eit utviklingsarbeid der ein greier ut ulike løysingar for korleis Seljord kommune kan organisere og gjennomføre produksjonen av mat til institusjonar osb. i eigenregi. Det er eit mål at dette arbeidet kan vere ein del av arbeidet for å styrke det matfaglege kompetansemiljøet i Seljord."

"Seljord kommune skal ha eit mattilbod som legg vekt på gode matopplevingar, god ernæring og rein og trygg norsk mat. Det skal i arbeidet vidare leggast stor vekt på å finne samarbeidsaktørar innanfor lokal matproduksjon og matforedling."

Styringsgruppa har hatt fyljande medlemmer: Trond Johnsen (leiar), Hanne Nordgaard, Beate Marie Dahl Eide, Borgny Tøfte og Jon Svartdal.

Arbeidet i styringsgruppa m.v.

Det har vore i alt 5 møter i styringsgruppa. I tillegg har gruppas leiar og sekretær hatt 3 møter med Dyrskun AS. Sekretær/administrasjon har hatt kontakt med juridisk rådgjevar hjå Fylkesmannen undervegs og til dels også KS-advokat. Dette for å sikre at den løysinga som kommunestyret til slutt måtte velje er innanfor dei rammene og krava som innkjøpslovgivinga set for matproduksjon i eigenregi. Det har vidare vore kontakt med Sweco i høve til krav knytt til produksjonskjøkken samt kontakt med det interkommunale innkjøpsapparatet kring rammene for bruk av gjeldande innkjøpsavtale for næringsmidlar.

Om dei ulike alternativa
Styringsgruppa har, som mandatet legg opp, til sett på ulike løysingsalternativ. Det er fylgjande 4 alternativ som er vurdert nærare:

a) Eige produksjonskjøkken ved Nesbukti.
Kommunen har i dag eit mottakskjøkken ved Nesbukti. Eit slikt kjøkken tilfredsstillar ikkje dei krava som gjeld dersom ein skal produsere og lage maten frå botn av, korkje arealmessig eller utstyrsmessig. For å få eit fullverdig produksjonskjøkken ved Nesbukti vil det vere behov for eit tilbygg på om lag 200 kvm. Dette inkluderer 2 kjølerom, fryserom, søppelrom, samt eigen garderobe for dei tilsette. Produksjonskjøkken er ein relativt kostbar type bygg. Dette grunna særskilte løysingar når det gjeld ventilasjon, elektro, slukbrønnar, hygieniske overflater m.v. Kvadratmeterprisen er difor høg, nærare bestemt kr. 40 000, altså kr. 8 mill. for eit nybygg. I tillegg kjem ei utstyrspakke som kostar kr. 2 mill. totalt kr. 10 mill. i investering for eit produksjonskjøkken.

Det er i dag 1,48 årsverk knytt til mottakskjøkkenet. For å drifte eit produksjonskjøkken, inkl. dagens mottakskjøkkenfunksjonar, vil det vere behov for om lag 3 årsverk. Det betyr 1,52 årsverk meir enn i dag, noko som vil koste nærare kr. 1 mill. årleg. I tillegg kjem noko auka driftskostnader i samband med bruken av maskinar og utstyr m.v.

b) Leige av produksjonskjøkken ved DPS
Kommunen har vore i kontakt med eigedomsavdelinga ved sjukehuset Telemark for å høyre om det er mogeleg å leige det gamle produksjonskjøkkenet ved DPS i Seljord. Sjukehuset kan vere interessert i å leige det bort. Bruttoarealet er på 140 kvm og leiga vil vere om lag kr. 600 - 650 pr. kvm, i tillegg kjem felleskostnader, energi og kommunale avgifter. Kjøkkenet er ikkje utstyrsmessig intakt og det må kjøpast inn noko meir utstyr for kommunens rekning. Storleiken på dette er førebels ikkje undersøkt.

Når det gjeld personalkostnader, vil det som utgangspunkt vere som ved eit nytt produksjonskjøkken ved Nesbukti, truleg noko meir. Da ein ved å legge produksjonen til DPS, truleg vil måtte oppretthalde eit mottakskjøkken ved Nesbukti med noko bemanning der.

c) Interkommunalt samarbeid
Sekretær har på bakgrunn av et ønske frå styringsgruppa hatt dialog med 3 nabokommunar, Kviteseid, Bø og Hjartdal, som alle tre i dag har eigne produksjonskjøkken i drift.

Når det gjelder Bø, er tilbakemeldinga at kommunen på kort sikt ikkje vil kunne inngå eit samarbeid med Seljord om felles matproduksjon. Dette skyldast at kommunen i dei næraste månader må prioritere planlegginga av ein felles matproduksjon for Bø og Sauherad, som blir ein felles kommune frå 2020. Matproduksjonen vil då vere lokalisert til dei eksisterande produksjonslokala i Bø. Men det er opplyst at Seljord kommune i løpet av 2018 vil kunne ta opp att ein dialog med Bø om eit eventuelt framtidig felles produksjonsopplegg/kjøkkendrift.

Kviteseid har eir relativt lite produksjonskjøkken, der kapasiteten allereie er nokså sprengt. Hvis dei også skal produsere mat til Seljord, vil kjøkkenet måtte utvidast båe arealmessig og utstyrsmessig.

Hjartdal kommune har eige produksjonskjøkken, som i dag har ein overkapasitet når det gjeld utstyr og bemanning. Av den grunn vurderer dei å leggje ned kjøkkenet, eller gjere det om til eit mottakskjøkken, og heller kjøpe ferdige middagsporsjonar frå ein ekstern leverandør.

Kommunen si administrative leiing har difor i utgangspunktet uttala seg særs positivt til eit mogeleg samarbeid med Seljord, noko som vil kunne få ned kostnadene slik at dei kan behalde kjøkkenet.

Etter fleire oppmodingar til Hjartdal om å få konkretisera kostnader og fordeling av kostnader i samband med drift og arealleige, har det likevel ikkje vore mogeleg å få nokre tal på dette frå Hjartdal.

I den siste førespurnad som vart sendt svarar kommunalsjefen i Hjartdal fylgjande:

Som vi har vært inne på tidligere så vil en eventuell produksjon for Seljord kreve produksjonsutstyr som vi ikke har i dag. Hva slags dimensjonering man må se for seg og hvordan man kan effektivisere selve produksjonen er og vanskelig å tallfeste. I dag har vi ikke noe driftskostnad for lokalene da de er en del av sjukeheimen, det er og en kostnad som eventuelt må ses på særskilt. De talla vi i dag har knytta til produksjon er iberegnet catering hos oss, og det er heller ikke skilt ut særskilt. I sum er det så mange ukjente faktorer knytta til kostnader at det ikke er mulig å gi noe anslag som vi kan stå inne for.

Det blir difor umogeleg i denne omgang å ta stilling til kva eit eventuelt samarbeid med Hjartdal om felles matproduksjon vil bety for Seljord kommune sin økonomi.

d) Vidare samarbeid med Dyrskun

Eit viktig alternativ for styringsgruppa har vore å greie ut meir i detalj korleis eit vidare samarbeid med Dyrskun om matproduksjon kan organiserast. Dei ulike elementa i ein slik løysingsmodell er sjekka ut juridisk i høve til innkjøpslovgivinga, båe hjå kommunen sin juridiske rådgjevar og Dyrskun sitt eige advokatfirma. Det er grunn til å sei at når det gjeld dei viktige elementa i ein slik modell, er dei juridiske tilrådingane samanfallande (sjå nærare om dette i punkt under).

Dyrskun har sidan den førre anbodsrunda hatt avtale med Seljord kommune om matleveranse. Den gamle avtala er i praksis forlenga munnleg, inntil ein eventuelt kan få til ei ny avtale og eit nytt produksjonsopplegg. Utgangspunktet vil då ikkje lenger vere ekstern leveranse, men eit samarbeid som for kommunen kan definerast som eit produksjonsopplegg i eigen regi. Dette er viktig for at hovudreglen i innkjøpslova om anbodsutsetting ikkje skal tre i funksjon.

I løpet av dei siste vekene er det forhandla fram ei grovskisse til ein samarbeidsavtale. Dette utkastet til avtale inneheld fylgjande tre hovudelement:

1. Personalansvaret.

Kjøkkenet på Dyrskun har i dag 2 heile kokkestillingar. I tillegg ein 60 % stilling som vert brukt varierande på kjøkkenet og til andre oppgåver etter behov. Basert på erfaring vert 1,6 årsverk av denne personalressursen bruka på den kommunale matproduksjonen, inkl. for og etterarbeid, og

resten til Dyrskun sine eige arrangement. For at produksjonen skal vere innanfor lovens krav om eigenregi, er det naudsynt at kommunen overtek arbeidsgjevaransvaret for den delen som dekker den kommunale produksjonen. Ein er samde med Dyrskun om at det best vert gjort ved at kokkane vert tilsett i ein 80 % stilling kvar i kommunen, samt at ein vikaravtale med den tredje tilsette. Overføringa må skje ved å fylgje arbeidsmiljølovas regler for overdraging av verksemder, med Dyrskun si leiing som leiande for prosessen og i nært samarbeid med kommunen.

2. Leige av lokalar og utstyr
Det er primært dette punktet som har vore gjenstand for fleire møter og forhandlingar mellom partane. Tema omfattar i utgangspunktet 4 element:

a) Arealleige
Arealleiga er berekna ut ifrå den arealdelen som gjeng med til kjøkkenproduksjonen, ein kvadratmeterpris som Dyrskun også nyttar ved utleige til andre aktørar samt ein delingsnykkel, som kostnadene skal delast etter, mellom partane. Delingsnykkelen er ein einige om bør vere 80% kommune og 20% Dyrskun. Kvadratmeterprisen er i utgangspunktet sett til brutto kr 1184, der 80 % utgjer kr. 947 pr kvm.

b) Anleggsmiddel/produksjonsutstyr.
Kjøkkenet på Dyrskun begynner å bli nokre år og same gjeld utstyret. Då vil det kunne vere trong for å fornye utstyret noko i tida som kjem. Dyrskun ynskte difor i utgangspunktet at kommunen forplikta seg til å betale inn ein årleg sum på minimum kr. 160 000, noko ein vart einige om å ta bort att. I utkast til sluttavtale er i staden teken inn ei formulering om felles ansvar, og at ein deler naudsynte kostnader etter delingsnykkel 80/20 når behovet melder seg.

c) Felleskostnader knytt til drift av kjøkken. Det gjeld straum, renovasjon, vedlikehald, arbeidsklede m.v. Her er partane einige om årleg beløp, basera på erfaringstal, som i utgangspunktet vert sett til kr. 165 000. Beløpet delast etter same delingsnykkel, og at utgiftene vert avrekna endeleg kvart år, ved årets slutt.

d) Del av eksterne felleskostnader
Dette omfattar utgifter til forsikring, brøyting, vaktmestertenester m.v. for den prosentdelen av Dyrskun sitt totale areal som produksjonskjøkkenet omfattar (13,3 %) Partane er einige om ikkje å ta med utgifter til dette føremålet. Stipulera sum her var i utgangspunktet kr. 35 000 årleg, men beløpet vart stroke att.

3. Innkjøp av råvarer
Denne kostnaden er ikkje ein del av ei eventuell avtale mellom partane. Dersom eit samarbeid med Dyrskun blir etablera etter modellen her, vil kommunen sjølve stå for innkjøp av alle råvarer som trengs i matproduksjonen. Dette vil skje i kraft av den innkjøpsavtala som kommunen allereie har med aktuelle leverandørar.(Bama, Tine og Måksestad AS). I tillegg vil det bli kjøpt inn noko råvarer frå lokale leverandørar, men i relative liten målestokk. Basert på Dyrskun sine eige erfaringstal og særleg tal henta inn frå Kviteseid kommune, vil kommunens middagsproduksjon føre med seg ein råvarekostnad årleg på om lag kr. 750 000.

For Seljord kommune vil såleis eit vidare samarbeid med Dyskun bety fylgjande årlege utgifter:

Personalutgifter, løn og sosiale utgifter	kr. 1.100.000
Leige av lokalar (arealleige og drift)	kr. 355.000
Kjøp av råvarer	kr. 750.000

Samla årleg kostnad kr. 2. 205.000

Til samanlikning vil den forventa kostnaden til kjøp av middagar frå Dyrskun i 2017 etter "gamal" avtale bli kr. 2 322.000. Når det gjeld Dyrskun sitt tilbod ved den utlyste anbodskonkurransen våren 2017, var dette på kr. 1.877.000.

Delingsnykkel på 80/20 er hovudsakleg basera på erfaringar frå Dyrskun si side, og difor sett ut ifrå ei skjønnsmessig vurdering.

Utover nokre reint praktiske og formelle krav, har styringsgruppa også lagt til grunn i kontakten med Dyrskun, at det i ein eventuelt vidare samarbeid skal vere fokus på å utvikle det matfaglege miljøet i Seljord og at dette m.a. skal skje i eit samarbeid med den vidaregåande skulen.

Eit nytt samarbeid mellom Dyrskun og Seljord kommune vil kunne settast i verk frå 1.1.2018. Under føresetnad om endeleg politisk godkjenning, har Dyrskun allereie starta prosessen med å overføre aktuelt personell til ny arbeidsgjevar, etter dei prosedyrereglar som arbeidsmiljølova krev.

Juridiske vurderingar og krav
Seljord kommune har undervegs i arbeidet med dei ulike løysingsalternativa sjekka ut vesentlege formelle krav I kontakt med juridisk ekspertise. Når det gjeld alternativet med eit vidare samarbeid med Dyrskun, har dialogen vore med juridisk rådgjevar hjå Fylkesmannen I Telemark. Samstundes har Dyrskun nytta sitt eige advokatfirma og det er samanfall i deira syn på dei sentrale punkta.
Då Fylkesmannen sin juridiske rådgjevar slutta for aldersgrensa i oktober d.å., har kommunen i tillegg konsultera KS advokat for å sjekke ut spesielle krav til alternativet om eit eventuelt interkommunalt samarbeid om matproduksjonen.

Den sentrale grunngjevinga for naudsynte juridiske avklaringar er å finne fram til dei praktiske konsekvensane av korleis innkjøpslovas krav til produksjon I eigenregi er å forstå. Hovudutgangspunktet er at kommunar er pliktig til å lyse ut offentleg anbod for innkjøp av varer og tenester som ligg over dei terskelverdiane som til ei kvar tid gjeld, jfr. lov om offentlige anskaffingar 17.juni 2016 og forskrift 12. august 2016 nr. 974 (forskrifta).
Unntak for kravet om å fylgje reglane for anskaffing er når kommunen produserer mat i eigenregi

I dialogen med Fylkesmannen sin juridiske rådgjevar er m.a. fylgjande 3 hovudspørsmål vore stilla:
1. Korleis ein skal løyse tilsettingsforholdet for personalet, arbeidsgjevaransvar m.v.
2. Innkjøp av råvarer til produksjonen, kven skal formelt stå for innkjøpet m.v.
3. Utgiftene I samband med drift av kjøkkenet elles, fordeling, ev. leigeavtale m.v.

På desse spørsmåla har den juridiske rådgjevaren svart fylgjande:

1. *For at produksjon av mat i kommunal tjeneste skal kunne defineres som annen type aktivitet enn hva som omfattes av lov om offentlige anskaffelser må kommunen overta arbeidsgiveransvaret for kokkene. Det er imidlertid viktig å etablere et rent ansettelsesforhold, uten særlige modeller for deling og oppgjør. Kokkene bør ansettes i hver sin stilling. Hvor store stillingene skal være, beror på hvor stor del av kokkeressursene som må påregnes brukt til kommunale formål. Hva kokkene bruker mertiden til, blir deres sak. Det kan f.eks. tenkes at de er ansatt i 70 % fast stilling i*

kommunen, og 30 % stilling i Dyrskun A/S. Uansett er det viktig at det er et rent, formelt og faktisk, ansettelsesforhold i den tjenesten kommunen har ansvaret for.

2. *Kommunen må stå for innkjøp gjennom sine egne avtaler. Om dette fører til at oppdragsmengden øker i slik grad at det i forhold til gjeldende avtaler må sies å være et nytt oppdrag som må konkurranseutsettes, eller om gjeldende avtaler kan justeres, bør nok vurderes. Dette har jeg ikke greie på, men det har nok BTV innkjøp.*
3. *Eksisterende kjøkken med fast produksjonsutstyr må leies på ordinært vis. Dette vil ikke være i strid med reglene. I leieavtalen bør det presiseres at utleier forbeholder seg retten til bruk av lokaler og utstyr i den grad det er nødvendig for Dyrskuns arrangementer.*

Som kommentar til svaret under spørsmål 2, har sekretær vore i kontakt med innkjøpsansvarleg i BTV, som seier at det er uproblematisk å auke kommunens innkjøpsvolum etter gjeldande avtale med opp mot ein million kroner årleg.

Ved val av ein interkommunal samarbeidsløysing for produksjon av mat, er det retta spørsmål til KS advokat om dette. For å komme innanfor krava om produksjon i eigenregi her, meiner KS at det vil vere naudsynt å organisere eit slikt samarbeid ved å opprette eit interkommunalt selskap (IKS). Grunngjevinga for dette er nærare omtala i KS sin uttale om saka til kommunen.

Men dette er neppe ein relevant problemstilling så lenge det ikkje ligg føre eit avklara alternativ her som det er mogeleg å ta stilling til.

Styringsgruppas konklusjon og tilråding:
Den politiske styringsgruppa har konkludera med ei tilråding om at Seljord kommune inngår ein langsiktig samarbeidsavtale med Dyrskun AS om vidare produksjon av mat. Og at samarbeidet vert organisera innanfor dei rammene som er gjort greie for under punkt d over.

Rådmannen si vurdering
Sett i høve til kommunestyret sitt mandat til styringsgruppa i denne saka, meiner rådmannen det er rett at styringsgruppa har sett på ulike løysingsalternativ, men likevel lagt mest vekt på å greie ut alternativet som gjeld eit mogeleg samarbeid vidare med Dyrskun AS.

Av dei andre alternativa som er vurdert er det berre eit samarbeid med Hjartdal kommune som på kort sikt reelt ville kunne vere eit interessant alternativ. Av omsynet til å kunne få ei brei og god vurdering av saka sett ut ifrå kommunen sine samla interesser, er det difor etter rådmannen si meining uheldig at det ikkje har vore mogeleg å få konkretisera dei økonomiske konsekvensane av eit slikt eventuelt interkommunalt samarbeid med Hjartdal.

Men om ein legg til grunn at ein ved eit slikt samarbeid både hadde vore avhengig av å vere med å ruste opp deira produksjonskjøkken ved m.a. kjøp av ny vakumeringsmaskin, samt ekstra kostnader ved transport av maten, ville neppe driftskostnaden bli vesentleg betre enn ein allereie oppnår i eit vidare samarbeid med Dyrskun.

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til å vedta styringsgruppas tilråding om at det vert inngått ein langsiktig samarbeidsavtale mellom kommunen og Dyrskun AS om produksjon av mat, og at det skjer innanfor dei rammene som ligg i saksframlegget over. Avtala vert sett i verk frå 01.01.2018.

Rådmannen får mynde til å underteikne ein endeleg samarbeidsavtale med Dyrskun.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 29.11.2017

Rådmannen si tilråding:
Formannskapet rår kommunestyret til å vedta styringsgruppas tilråding om at det vert inngått ein langsiktig samarbeidsavtale mellom kommunen og Dyrskun AS om produksjon av mat, og at det skjer innanfor dei rammene som ligg i saksframlegget over. Avtala vert sett i verk frå 01.01.2018.

Rådmannen får mynde til å underteikne ein endeleg samarbeidsavtale med Dyrskun.

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 29.11.2017

Formannskapet rår kommunestyret til å vedta styringsgruppas tilråding om at det vert inngått ein langsiktig samarbeidsavtale mellom kommunen og Dyrskun AS om produksjon av mat, og at det skjer innanfor dei rammene som ligg i saksframlegget over. Avtala vert sett i verk frå 01.01.2018.

Rådmannen får mynde til å underteikne ein endeleg samarbeidsavtale med Dyrskun.

Utskrift til:

Seljord kommune

Arkiv: B08
Saksnr.: 2017/1157-10
Sakshand.: Ronde Schade
Direkte tlf.:
Dato: 15.11.2017

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret	100/17	14.12.2017

Godkjenning av Flatdal skule etter forskrift om miljøretta helsevern

Saksdokument:

- Opplæringsloven
- Arbeidsmiljøloven
- Forskrift om miljøretta helsevern for skoler og barnehager mv.

Vedlegg:

1 Signert søknad om godkjenning av Flatdal skule

Saksutgreiing:

Etter «Forskrift om miljørettet helsevern i skoler og barnehager m.v.», skal barnehagar og skular vere godkjent. Verksemder som er omfatta av forskrifta § 2, skular og barnehagar, skal vere godkjent av kommunestyret.

Godkjenning etter forskrifta fritek ikkje for reglar som er gitt i og med anna regelverk.

Søknad skal leggjast fram for godkjenningsmyndigheten når det er plan for etablering, utviding eller endring av verksemda.

Alle skulane i Seljord er godkjent etter regelverket som gjaldt på slutten av 1990-talet. Det blir stilt heilt andre krav til det fysiske og psykososiale miljøet i grunnskulen i dag og elevtalet i Seljord har auka monaleg dei siste åra. Flatdal skule er den skulen som i størst grad har behov for rehabilitering og investeringar. Men også dei andre to skulebygga i kommunen har behov for investeringar og utbetringar. Dei siste 15 åra er det brukt 8 millionar til investeringstiltak i skulebygg av ei samla kommunal investeringsramme på 339 millionar i den same perioden. Det

utgjer om lag 2,4% av samla investering. Det er lagt til grunn at det er bygningsmessige manglar ved alle skulane og det er difor viktig å vurdere om skulane kan godkjennast etter forskrift om miljøretta helsevern i løpet av 2017-2018.

Kommunalsjef og hovudverneombod gjennomførte ekstra vernerunde på Flatdal skule våren 2017. Arbeidsmiljøutvalet, AMU, har drøfta behovet for utbetringar i møte 5. september 2017.

Administrasjonen legg til grunn at det er behov for at **alle skulane** blir godkjent på nytt i løpet av skuleåret 2017-18 og at det blir gjennomført ein grundig gjennomgang av skulebygga for å få fram eit samla behov i skulesektoren i løpet av skuleåret.

Søknad om godkjenning av Flatdal skule skjer etter gjennomgang og samarbeid med rektor ved skulen, Hovudtillitsvald Utdanningsforbundet (HTV), Hovudverneombod (HVO) og teknisk etat etter omfattande eigenvurdering av bygget, samt tilleggsdokumentasjon. Formannskapet har vore på synfaring ved skulen. FAU ved Flatdal skule og lærarane har kome med uttaler i høve til behov for endringar og opprusting.

Det er kjøpt inn utstyr til bruk for eigne tilsette ved teknisk etat for å unngå bruk av ekstern kompetanse/utstyr.

Kommunelege har vurdert den samla dokumentasjonen og stadfesta konklusjonen i saksframstillinga.

Det er problematisert frå fleire hald at kommunar har ei uheldig dobbelrolle når ein godkjenner bygg som ein sjølv eig og driftar. Riksrevisjonen har vist til at norske kommunar ikkje tek rolla som byggeigar alvorleg nok og at mange norske skulebygg har for dårleg standard grunna manglande vedlikehald. Det er viktig at vi som kommune er bevisst denne dobbelrolla.

Etter gjennomgang av skulebygget i Flatdal er hovudkonklusjonen at det er fleire manglar ved bygget som fører til at ein ikkje kan godkjenne skulebygget slik det i dag, men at kommunen kan gi dispensasjon for drift under føresetnad av det blir gjennomført tiltak i løpet dei neste to åra.

Sentrale manglar/feil ved skulebygget slik det er i dag:

- Mangelfulle arbeidsforhold for elevar og lærarar.
- Manglande lydisolering mellom rom.
- Mangel på undervisningsrom, møterom og grupperom.
- Mangel på arbeidsrom, garderobe og lager for lærarane.
- Skulen er ikkje universelt tilrettelagt for funksjonshemma elevar/lærarar.
- Mangelfulle sanitærforhold.
- Mangelfull ventilasjon.
- Hol og slitasje i golvbelegg.
- Mangelfulle rømningsvegar.
- Mangelfull isolasjon og skadedyr i delar av isolasjon.
- Mangefull drenering.
- Maglande kabling for bruk av IT-utstyr.
- M.m.

Rådmannen si tilråding:

Etter ei samla vurdering kan Seljord kommune ikkje godkjenne Flatdal skule etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehager og skoler m.v., men gir likevel dispensasjon for vidare drift i skulebygget under føresetnad av at det blir planlagt og gjennomført utbetringar av skulebygget innan hausten 2020.

Behovet for utbetringar ved Flatdal skule må sjåast i saman med behovet for opprusting av dei to andre sentrumskulane. Ein ber difor om at det blir gjennomført ei kartlegging og vurdering av alle skulane slik at ein får ein samla behovsanalyse for skulebygg før ein tek stilling til det endelege behovet.

.

Utskrift til:

- Rektor Flatdal skule
- Utdanningsforbundet, HTV.
- Hovudverneombod, HVO.
- Flatdal FAU.

SØKNADSSKJEMA FOR GODKJENNING AV SKULAR OG BARNEHAGAR M.V. I SELJORD KOMMUNE
ETTER «FORSKRIFT OM MILJØRETTA HELSEVERN I BARNEHAGER OG SKOLER M.V.»

SØKNAD

OM GODKJENNING

AV

FLATDAL SKULE

Adresse: Flatdalsvegen 1135

Tlf. nr: 35051 360

Eigar: Seljord kommune

Vedlegg: 3

Underskrifter:

05.12.2017 Seljord
Stad, dato

Kjersti Bakken
Styrar/rektor/leiar

Sigbjørn Tvitekkja
verneombod

Eigar av verksemda

Søknadsskjemaet

Etter «Forskrift om miljørettet helsevern i skoler og barnehager m.v.», frå no kalla "forskrifta", skal eksisterande barnehagar og skular m.v. ha ny godkjenning. Nye verksemder skal ha godkjenning ved oppstart.

Godkjenning av verksemda blir gitt etter ei samla vurdering ut i frå forskrifta. Søknadsskjemaet inneheld ei rekkje detaljer som skal gi grunnlag for ei slik samla vurdering.

Søknadsskjemaet er utarbeidd med basis i forskrifta. Kvar einskild paragraf er markert i søknadsskjemaet (i grå boks), og spørsmåla er stilt for å kunne vurdere om den einskilde verksemd tilfredsstiller krava i forskrifta.

Dette søknadsskjemaet er tufta på rettleiaren frå Statens helsetilsyn, jf. lenkja:
http://www.helsedirektoratet.no/publikasjoner/veileder-til-forskrift-om-miljorettet-helsevern-i-barnehager-og-skoler-mv/Publikasjoner/Veileder-til-forskrift-om-mijorettet-helsevern-i-barnehager-og-skoler.pdf
Aktuell informasjon er og lagt ut på kommunen sin heimeside www.seljord.kommune.no

Om det er for liten plass på skjemaet til kommentarar, må en bruke eigne nummererte vedlegg.

Søknaden

Søknaden om ny godkjenning for eksisterande og ny verksemd skal innehalde:

1. Utfylt søknadsskjema basert på kartlegging av verksemda.
2. Handlingsplan med tidsfristar som viser korleis avvik frå forskrifta skal oppfyllast.
3. Kort om verksemda sitt internkontrollsystem, særleg korleis krav i *"forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler"* blir ivaretatt.
4. Planteikningar over bygget (skisse over romløysing) samt uteområde.

For helt nye verksemder, sjå også vedlegget "Orientering vedrørende godkjenning av nye verksemder, bygg etc, etter *Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v."*

Send søknaden til Seljord kommune, kommunalsjef for skule og oppvekst, Brøløsvegen 13A, 3840 SELJORD

§ 1. Formål

Forskrifta sitt formål er å bidra til at miljøet i barnehagar skular og andre miljø, jf. § 2 fremjar helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige tilhøve samt førebygger sjukdom og lyte.

§ 2. Virkeområde

Forskrifta kommer til bruk ved planlegging, tilrettelegging og drift av:
1. **barnehagar og andre verksemder som mot godtgjering gir tilsyn med og omsorg for barn under skulepliktig alder når:**
   a) **verksemda er regelmessig, og**
   b) **tilbyr opphaldstid i veka på meir enn ti timar, og**
   c) **talet på barn som er tilstade samtidig, er tre eller fleire.**
2. **grunnskular**
3. **vidaregåande skular**

Søknaden gjelder:

☐ Dagmammaverksemd ☐ Familiebarnehage ☐ Barnehage ☒ **Grunnskole**

☐ Anna, _____

Blir lokale brukt til andre aktivitetar? Ja ☐ Nei ☒

Endrar desse aktivitetane føresetnadane for drifta i lokalet (t.d. kjøkken, toalett o.l.)? Ja ☐ Nei ☒

§ 3. Definisjonar

I denne forskrift forstår vi:
a) INTERNKONTROLL: Å sjå til at krav fastsatt i eller i medhald av lov eller forskrift overhaldast.
b) INTERNKONTROLLSYSTEM: Systematiske tiltak som skal sikre og dokumentere at aktiviteten blir utøvd i samsvar med krav fastsatt i eller i medhald av lov eller forskrift. De systematiske tiltaka skal vere omtalt i administrative prosedyrar, jf. internkontrollsystem for Seljord kommune.

§ 4. Ansvar. Internkontroll

Leiar av verksemda har ansvar for å sjå til at innhaldet av denne forskrift overhaldas, og skal rette seg etter dei pålegg som kommunestyret til ein kvar tid gir.

Verksemda sin eigar skal sjå til at det er etablert et internkontrollsystem.

Jamfør rettleiar til forskrifta: Internkontroll pålegg den ansvarlege for ei verksemd ei sjølvstendig plikt til å sjå til og dokumentere at ein oppfyller regelverket på en systematisk måte, m.a.o. at verksemda verkeleg gjer det man seier man skal gjere i høve til lov og forskrift.

Jamfør merknader til forskrifta: Dei fleste verksemder som blir omfatta av denne forskrifta vil og vere omfatta av forskrift av 22. mars 1991om internkontroll som gjelder for helse, miljø og sikkerhet (HMS), med plikt til internkontroll og etablering av internkontrollsystem. Ein rår til at internkontrollsystemet som allereie er etablert blir utvida til å omfatte krav i forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular. Utarbeiding av systemet bør skje i samråd med de tilsette i verksemda. Det kan være hensiktsmessig at utarbeiding, praktisering, og

endringar i verksemda sitt internkontrollsystem skjer i samarbeid med representantar for barn/elevar og eventuelt foreldre/føresette.

Har verksemda etablert et internkontrollsystem og satt dette i drift ? Ja ☒ Nei ☐

Dersom ja, er internkontrollsystemet tilpassa krav i forskrift om miljøretta helsevern ? Ja ☒ Nei ☐

Dersom verksemda har badeanlegg – er det etablert eiget intern-kontrollskjema for dette ? Jf. "Forskrift for badeanlegg, bassengbad og badstu m.v." av 13. juni 1996. Ja ☒ Nei ☐

Har ansvarlig leiar gjennomgått opplæring i internkontrollarbeid ? Ja ☒ Nei ☐

Kommentar: ***Verksemda har tilgang til badeanlegg i Seljord sentrum. Anlegget er drifta og vurdert ihht til Seljord kommune sitt internkontrollsystem.***

Kva for rutinar har verksemda for å ivareta barna sitt arbeidsmiljø? ***Har internkontrollsystem for Seljord kommune, lokalt verneombod, skulemiljøutval, elevråd og foreldreråd (FAU/SU). Skulen fylgjer Opplæringskloven kap 9a som skal sikre elevane eit godt fysisk og psykososialt skulemiljø.***

§ 5. Opplysnings- og informasjonsplikt

Leiar av verksemda plikter å leggje fram dei opplysningar som er naudsynte for at kommunestyret skal gjennomføre sine oppgåver etter denne forskrift.

Leiar av verksemda skal, med avgrensingar som følgje av taushetsplikta, sørgje for at det uoppfordra blir gitt relevant informasjon til føresette og/eller elevar om tilhøve ved verksemda som kan ha negativ innverknad på helse.

Dersom det blir avdekt tilhøve som kan ha konsekvensar for helsa, kva for rutinar har verksemda for å gi informasjon til

a) Eigar:

Avvik blir meldt ihht Seljord kommune sine internkontrollrutinar og handsama av Arbeidsmiljøutvalet

b) Tilsynsmyndighet (her: Kommunelege I)

Finst det rutinar for informasjon til skulehelsetenesta om tilhøve som ikkje er i samsvar med forskrifta? Ja ☐ Nei ☒

Blir foreldre varsla dersom det blir avdekt tilhøve som kan ha negativ innverknad på helsa? Ja ☒ Nei ☐

Kort omtale: ***Forhold som ikkje er i samsvar med forskrifta blir meldt via kommunen sitt internkontrollsystem.***

§ 6. Krav om godkjenning

Verksemder som er omfatta av forskrifta, jf. §2, skal vere godkjent av kommunestyret.

Godkjenning etter denne forskrift fritek ikkje for bestemmelsar som er gitt i anna regelverk.

Søknad skal leggjast fram for godkjenningsmyndigheten når det er plan for etablering, utviding eller endring av verksemda.

Søknad om godkjenning skal innehalde dokumentasjon som viser korleis verksemda sin eigar vil sikre at verksemda blir planlagt, etablert, driven og vidareutvikla i samsvar med forskrifta.

Det må gå fram kor mange barn/elevar og tilsette verksemda er tilpassa for.

Verksemda/lokalet sitt byggjeår er: ***1965***

Utbygd år: ***skulen er bygd i tri byggetrinn , 1965, 1968 og tidleg 80 talet.***

Gards- og bruksnummer til lokalet: ***Gnr 74/bnr 6***

Kor mange barn/elevar er det i verksemda? **65 barn/elevar.**

Kor mange barn/elever er verksemda tilpassa for ? **50 barn/elevar.**
(jf. arealnormer, sjå § 9)

Kor mange tilsette har verksemda? **13,5 tilsette.**

§ 7. Generelle krav

Verksemda som omfattast av forskrifta, skal vere helsemessig tilfredsstillande.

Verksemda skal vere planlagt, bygd, tilrettelagt og driven slik at forskrifta sine bestemmelsar om trivsel-, helse-, hygiene- og tryggleiksmessige tilhøve blir oppfylt på en allment akseptert måte.

§ 8. Lokalisering.

Ved val av lokalisering av ny verksemd som er omfatta av forskrifta, skal det takast omsyn til trafikkforhold, luftforureining, støy, klima, og risikotilhøve i miljøet, samt området sin utforming og topografi.

Jamfør rettleiar; i denne fasen er det viktig at planlegginga samordnast med andre lover og myndigheiter. Her gjeld

- Barn og unge sin representant i Seljord kommune
- kommunehelsetenesta (kommunehelsetenesteloven)
- plan- og bygningsmyndighetene (plan- og bygningsloven)
- forureining myndigheitene (lov om forureining)
- arbeidstilsynet (arbeidsmiljøloven)

Dersom nærområdet rundt verksemda blir brukt til leik, undervisning o.a., er denne bruken sikra i kommunen sine reguleringsplanar? Ja ☒ Nei ☐

§ 9. Utforming og innreiing

Lokalane og uteområdet skal vere utforma og innreia slik at forskrifta sine formål blir varetatt.
Funksjonshemma sine behov skal ivaretakast.
Verksemda skal vere utforma og innreia slik at tilfredsstillande reinhald og avfallshandtering er mogleg.

Er det problem i skolens/barnehagens nærområde knytt til:

Luftforureining	Ja ☐	Nei ☒
Trafikk	Ja ☐	Nei ☒
Klima	Ja ☐	Nei ☒
Tryggleik	Ja ☒	Nei ☐
Høgspentline nærmare enn 50m	Ja ☐	Nei ☒

Kommentarar:
Det ligg eit gamalt gardsbruk like ved skulen som er falleferdig. Området er ikkje sikra og tilsette har vurdert dette som utrygt.

Er verksemda tilrettelagt for personer med ulike funksjonshemmingar? Ja ☐ Nei ☒

Korleis?: ***Bygget er ikkje tilrettelagt for universell utforming***

For skular: Er klasserom av ein slik storleik at golvflate per elev er min. 2 m^2 (rettleiande norm i forskrifta) + 6 m^2 for lærar (rettleiande norm frå Arbeidsmiljøloven)? Ja ☐ Nei ☒

Kommentarar: ***Klasserom er små ift areal. I dag leiger skulen klasserom på samfunnshuset for at alle skal ha tilfredsstillande rom/areal. Lærane sitt felles arbeidsrom er alt for lite og er ikkje funksjonelt. Ein manglar også m.a. grupperom, arbeidsrom, samtalerom, lager og kopirom. Det er ikkje garderobe for dei tilsette og mangelfulle sanitære forhold for dei tilsette.***

Er utforming og innreiing slik at det er lett å halde reint? Ja ☐ Nei ☒

Finst areal med teppegolv ? Ja ☐ - ca. antall m^2: _____ Nei ☒

Finst det eigna plassar for oppbevaring/tørking av yttertøy ? Ja ☐ Nei ☒

Er bord/stoler tilpassa brukarane ? Ja ☐ Nei ☒

Kommentarar: _____

_____

§ 10. Aktivitet og kvile m.v.

Verksemda skal vere planlagt og driven slik at den dekkjer ulike behov for aktivitet og kvile.

Er leikeområdet tilpassa leik og aktivitet for aktuelle aldersgrupper i verksemda? Ja ☐ Nei ☒

Er inneområdet tilpassa leik? Ja ☐ Nei ☒

Kommentarar: ***Mangel på leikeareal og funksjonelt leikearel inne.***

Er leikeområdet tilpassa leik og aktivitet for aktuelle aldersgrupper til alle årstider ? Ja ☐ Nei ☒

Finnes det eigna rom for barn som trenger søvn og kvile ? (gjeld spesielt barnehagar) Ja ☐ Nei ☒

Legg ved ei skisse av ute- og inneområdet **Vedlegg nr. 1**

§ 11. Måltid

Verksemda skal ha tilfredsstillande tilhøve for lagring, framstilling og servering av mat i samsvar med næringsmiddellovgivinga.

Har alle brukarane enkel tilgang til handvask i samband med måltid ? Ja ☐ Nei ☒

Er kjøkken/kantine underlagt tilsynsrutinar ? Ja ☐ Nei ☒

Har verksemda tilfredsstillande rutinar/utstyr for kjøling av mjølk m.m. ? (direkte på kjøl ved levering etc.) Ja ☒ Nei ☐

Er matservering/måltida elles tilfredsstillande i høve til Mattilsynet sine retningslinjer ? Ja ☐ Nei ☒

Er det vaksne tilstade under måltidet ? Ja ☒ Nei ☐

Kommentar: ***Det er avgrensa matproduksjon/servering ved skulen. Det blir laga mat på skulekjøkkenet i samband med faget mat og helse, samt servering av mat for elevar ved SFO. Mattilsynet har ikkje vore på tilsynsbesøk. Det er difor noko usikkert om matservering/måltida er tilfredsstillande ift Mattilsynet sine retningslinjer.***

Dersom det er produksjon av mat ved skolen, må Mattilsynet gi godkjenning etter næringsmiddellovgivinga. (Sentrale krav i denne forbindelse vil være at verksemda har god nok kjølekapasitet, rutinar for reinhald og handvask).

§ 12. Psykososiale tilhøve

Verksemda skal fremje trivsel og gode psykososiale tilhøve.

Korleis jobbar verksemda for å fremje trivsel og gode psykososiale tilhøve? (samarbeid, tverrfaglige team, mobbing/vald)***: Det er utarbeidd Handlingsplan for godt skulemiljø i Seljord kommune (aug 2017), skulen har skulemiljøutval som drøftar saker som handlar om elevane sin trivsel og psykososiale skulemiljø, foreldrerådet og samarbeidsutvalet er orientert. Det gjennomførast elevsamtaler og skule-heim samtaler. Det er og utarbeidd plan mot radikalisering, samt rutinar for handtering av trugande åtferd, situasjonar.***

§ 13. Reingjering og vedlikehald

De deler av verksemda sine inneareal som er i dagleg bruk, skal ha forsvarleg reinhald etter hygienisk tilfredsstillande metodar.

Hovudreingjering skal gjennomførast årleg.

Uteområdet og tekniske anlegg skal vedlikehaldast og reingjerast etter behov.

Er uteareal og inngangsparti tilpassa eit forsvarleg reinhald? Ja ☐ Nei ☒

Kommentar: ***Det er vanskeleg å halde golvflatar reine, grunna øydelagde golvbelegg***

Har skulen egen reinhaldsplan ? Ja ☒ Nei ☐
Dersom ja, når er denne sist revidert? ***Ca 2007***

Gjennomførast hovudreingjering (reingjøring av areala) inne minst ein gong i året ? Ja ☒ Nei ☐

Har verksemda et system for ettersyn og vedlikehald av uteområdet ? Ja ☒ Nei ☐

Kommentarar: ***Vaktmeister gjennomfører årleg sikkerheitssjekk på leikeareal.***

Har skolen/barnehagen rutinar for reinhald ute ? Ja ☐ Nei ☒

Har verksemda et system for ettersyn og vedlikehald av tekniske anlegg ? Ja ☐ Nei ☒

Har verksemda egen kompetanse for vedlikehald av tekniske anlegg ? Ja ☒ Nei ☐

Kommentarar: ***Det opplevast som ei stor utfordring at tekniske anlegg er gamle og vanskelege å vedlikehalde opp i mot standard i lov- og forskrift. .***

§ 14. Tryggleik og helsemessig beredskap

Verksemda skal vere planlagt og driven slik at skader og ulykker blir unngått.

Verksemda skal ha rutinar og utstyr for handtering av ulykker og farlege situasjonar.

Rutinane skal vere kjent for alle, også barn og elever.

Er førebyggande arbeid innan tryggleik innarbeidd i internkontrollsystemet? Ja ☒ Nei ☐

Har verksemda utarbeidet egne sjekklister for ute- og inneområdet? Ja ☒ Nei ☐

Legg med eit eksemplar av utfylt sjekkliste for verksemda sitt ute- og inneområde **Vedlegg nr 2**

Har verksemda rutinar og utstyr for handtering av farlege situasjonar og ulykker ? Ja ☒ Nei ☐

Kva for rutinar har verksemda for sikkerhet i spesialrom ?
(forming, laboratorium, mekanisk utstyr, personlig utstyr m.v.)
Kommentar: ***Skulen har ikkje særskilte rutinar utover alarmplan for bruk av sløydsal/formingsrom.***

Har verksemda rutinar for brannvern ? Ja ☒ Nei ☐

Er rutinane og utstyret kjent for alle, tilsette og barn/elevar ? **Ja ☒ Nei ☐**

Beskriv kort rutinane for informasjon til nytilsette: ***Nytilsette får informasjon utdelt og rutinar/alarmplanar blir gjennomgått samla i personalgruppa ved oppstart kvar haust.***

§ 15. Førstehjelp

Verksemda skal ha førstehjelpsutstyr i tilstrekkelig mengde og av tilfredsstillande standard. Utstyret skal være forsvarleg plassert. Verksemda sin eigar skal sørgje for at alle tilsette er kjent med kvar utstyret er oppbevart og korleis ein gir hjelp.

Har verksemda førstehjelpsutstyr av tilstrekkelig mengde og standard ? Ja ☒ Nei ☐

Blir utstyret kontrollert regelmessig m.h.t. funksjon og utløpsdato ? Ja ☒ Nei ☐

Er utstyret hensiktsmessig plassert ? Ja ☒ Nei ☐

Er alle tilsette kjent med kvar utstyret er plassert ? Ja ☒ Nei ☐

Har alle tilsette fått opplæring i korleis ein skal hjelpe ? Ja ☒ Nei ☐

Blir det gjennomført regelmessige kurs i korleis ein gir hjelp ? Ja ☒ Nei ☐

§ 16. Tilrettelegging basert på opplysningar om helse

Verksemda skal oppmode føresette til elevar og barn om å opplyse om forhold ved barnets helse som dei ønskjer at personalet skal ta særskilt omsyn til.

Blir føresette rutinemessig oppmoda til å informere omsider ved barnet sin helse som det må takast særskilde omsyn til? Ja ☒ Nei ☐

Kva for rutinar har verksemda for å fange opp helsemessige behov som krev spesiell tilrettelegging el. beredskap i forhold til den einskilde brukar ?

Kommentar: ***Tilgjengeleg informasjon på kommunen sine heimesider. Brukar retningslinjer utarbeidd av Udir og Helsedirektoratet.***

§ 17. Smittevern

Verksemda skal vere planlagt og driven slik at risikoen for spreiing av smittsame sjukdommar blir så liten som mogleg.

Har verksemda tilgjengelig informasjonsmateriell som er utarbeidd i samarbeid med helsetenesta, om forholdsregler ved smittsame sjukdommar? Ja ☒ Nei ☐

Kommentar: ***Elevar med særskilde behov kan få vedtak om spesialundervisning, tilrettelagt undervisning/opplæring og ekstra ressursar. Skulehelsetenesta samarbeider med skulen og føresette ved behov.***

§ 18. Røyking

Det skal ikkje røykast i verksemda sitt inneområde.
I verksemd som blir driven i private heimar, gjeld dette i verksemda si opningstid.

Er forbodet mot røyking effektivt slik at røyking ikkje skjer i nokon del av verksemda sine lokale ? Ja ☒ Nei ☐

Dersom nokon av verksemda sine lokale også blir brukt til andre formål, gjeld røykeforbodet inne også da? Ja ☒ Nei ☐

Praktiserast røykeforbodet også på verksemda sitt uteområde ? (av omsyn til haldningsfremjande/psykososiale tilhøve) Ja ☒ Nei ☐

§ 19. Inneklima/luftkvalitet

Verksemda skal ha tilfredsstillande inneklima, herunder luftkvalitet.

Temperaturregulering og ventilasjon skal være tilpassast bruksområdet og årstidsvariasjonar.

Den relative luftfuktigheit i romma må liggje på eit slikt nivå at fare for muggdanning ikkje er tilstade.

Ioniserande stråling skal ikkje overskride et allment akseptert nivå.

Korleis blir inneklimaet/luftkvaliteten oppfatta ?
Er det særskilte bygningsmessige tilhøve som øydelegg luftkvaliteten? (trekk frå vindauge el.l.) Ja ☒ Nei ☐

Kommentar: ***Vaktmeister skal gjennomføre luftmåling for å sjå på verdiar, ventilasjonsanlegget er gamalt og ikkje hensiktsmessig plassert.***

Kva for ventilasjon har verksemda?
Kommentar: ***Eldre anlegg utan kjøling***

Kva for varmekjelde har verksemda, og korleis er ev. plassering?
Kommentar: ***Elektrisk fyring med panelomnar***

Er det mogleg med temperaturregulering ? Ja ☒ Nei ☐

Kan lufttemperatur bli kontrollert/avlest i alle opphaldsrom/klasserom ? (termometer bør plasserast på innervegg i barn sin høgde) Ja ☐ Nei ☒

Er det mulig å skjerme mot sjenerande solinnstråling og overoppheting ? Ja ☒ Nei ☐

Kommentarar m.h.t. romvariasjon og type avskjerming (utvendig/innvendig persienner/markiser m.m): ***Automatisk styring på utvendige persienner***

Er det gjennomført spesielle målingar av inneklima?(radon, CO_2, o.l..) Ja ☒ Nei ☐
Dersom ja, kommenter: Radonmåling og luftmåling er gjennomført

Ver vennleg og legg med måleresultat **Vedlegg nr 3**

Finnes det teikn på fuktskade i bygget (spor lukt av mugg/råte etc.) ? Ja ☒ Nei ☐

Har en unngått flest mogleg støvsamlande flater i romma ? Ja ☐ Nei ☒
(ved lukking av opne hyller, innbygging av skap opp til tak o.l.)

Kommentar: ***Fuktgjennomtrenging i kjellardelen er eit problem, det har vore gjennomført fleire tiltak for å bøte på problema utan at det blir optimalt.***

§ 20. Belysning

Verksemdas lokalar og uteområde skal ha en belysning som er tilfredsstillande i høve til den bruk verksemda er planlagt for.

Er det tilfredsstillande ljostilhøve inne- og ute ? Ja ☐ Nei ☒

Kommentarar: ***Utebelysning manglar, overflatar er mørke og det er dårleg med dagsljos i fleire av romma.***

Dersom nei, er det gjennomført ljosmålingar? Ja ☐ Nei ☒

§ 21. Lyd

Verksemdas lokalar og uteområde skal ha tilfredsstillande lydtilhøve.

Oppfattast støy/etterklang som problematisk i bygget? Ja ☒ Nei ☐

Kommentarar: ***Skulen er dårleg lydisolert, og støy er eit dagleg problem.***

Dersom ja, er det gjennomført målingar av støy (lyd)? Ja ☐ Nei ☒

Er uteområdet plaga av støy frå spesielle kjelder ? Ja ☐ Nei ☒

§ 22. Drikkevann

Verksemda skal ha tilstrekkelig forsyning av drikkevann som tilfredsstillar krav i forskrift av 1. januar 1995 nr. 68 om vassforsyning og drikkevann m.m.

Kvar får verksemda drikkevatnet frå? (namn på vassverk):
Flatdal vassverk (kommunalt).

§ 23. Sanitære forhold

Verksemda skal ha eit tilstrekkelig tal toalett og vaskar. Sanitære anlegg skal ha hygienisk tilfredsstillande utforming, kapasitet og standard.

Er det dispensar for flytande såpe og papirhåndklede ved alle handvaskar ? Ja ☒ Nei ☐

Er det både varmtvatn og kaldtvatn ved alle handvaskar? Ja ☒ Nei ☐

Har alle tilgjengelige tappepunkter temperatur varmtvatn under 55° C ? Ja ☒ Nei ☐

For skular:

Er det toalett og sanitært utstyr i tilstrekkeleg omfang og god stand ? Ja ☐ Nei ☒

Dersom det er urinal på guttetoalettet, er det utstyrt med sjølvspylande armatur ? Ja ☒ Nei ☐

Har alle jentetoalett avfallsbytte med oppsamlingspose og lokk ? Ja ☐ Nei ☒

Har alle klasserom/korridorar, garderobar, toalett, formingsrom, Skulekjøkken og spiserom/kantine handvask med blandekran ? Ja ☒ Nei ☐

Er garderobar og dusjanlegg i tilknyting til gymsal dimensjonert for normalbelastning og utan skader i flis/belegg etc. ? * Ja ☒ Nei ☐

Har sanitæranlegg synlege spor av råteskade/muggsoppangrep ? Ja ☒ Nei ☐

Kommentarar: ****Gymsal, garderobar og dusjanlegg er eigd av Flatdal samfunnshus.***

§ 24. Avfallshandtering

Verksemda skal handtere og oppbevare avfall på ein hygienisk trygg måte slik at smittefare blir redusert og unngått.

Avfall skal oppbevarast forsvarleg.

Inngår verksemda i offentleg renovasjon? Ja ☒ Nei ☐

Seljord kommune

Arkiv: 250
Saksnr.: 2017/1539-2
Sakshand.: Halgeir Brekke
Direkte tlf.: 35065111
Dato: 07.12.2017

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret	101/17	14.12.2017

Finansrapportering - Rapportering, kontroll og risikovurderingar.

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Denne saka er rapportering etter punkt 12. *"Rapportering og kontroll"* og punkt 13. *"Vurdering og kvalitetssikring av finansiell risiko"*, punkt a. *"Risikovurderinger"* i Reglement for Seljord kommunes finansforvaltning (Finansreglement).

Det må seiast at Seljord kommune har ei enkel og "konservativ" finansforvaltning. Alle midlane er plassert i Sparebanken DIN Seljord og alle låneopptak vert gjort med flytande rente. Låna med flytande rente har for tida såkalla "p.t. rente". Denne renta følgjer utviklinga i dei korte pengemarknadsrentene og varslingsfrist for renteendringar er 14 dagar.

Etter vedtak i kommunestyresak 76/15, 11.06.2015 *"Finansreglementet – Fast og flytande rente"* skal låneopptak gjerast med flytande rente (men eksisterande fastrenteavtalar skal gå ut bindingstida si), jf. kommunestyresak 77/16, 20.10.2016 "Reglement for Seljord kommunes finansforvaltning (finansreglement)".

Utviklinga i Kommunalbanken si p.t.rente (flytande) i 2017

Reguleringsdato	Nominell	Effektiv
22.08.2016	1,800 %	1,808 %
22.05.2017	1,650 %	1,657 %
01.08.2017	1,500 %	1,506 %
Gjennomsnitt 2017 1)	**1,645 %**	**1,652 %**

1) Under føresetnad om at renta vert uendra på 1,500 % (nominell) ut året.

I årsbudsjett 2017/økonomipan 2017-2020 ("Gul bok") er det budsjettert med ei flytande rente (nominell) på 1,50 % i 2017 og 2018, stigande til 1,80 % i 2019 og 1,82 % i 2020. Som vi ser er det først frå og med 1. august at renta i Kommunalbanken har kome ned på budsjettert 2017-nivå. Brorparten av lånegjelda er med flytande rente i Kommunalbanken.

Brutto lånegjeld, rentevilkår og låneinstitusjon

Låneinstitusjon	Lånegjeld	Rentefot	Rentevilkår
Husbanken-Startlån 2003	533 328	1,58 %	Flytande
Husbanken-Startlån 2006	545 415	2,88 %	Fast til 01.11.2021
Husbanken-Startlån 2008	348 489	2,88 %	Fast til 01.11.2021
Husbanken-Startlån 2009	680 000	2,87 %	Fast til 01.11.2021
Husbanken-Startlån 2010	730 000	2,87 %	Fast til 01.11.2021
Husbanken-Startlån 2011	760 000	2,87 %	Fast til 01.11.2021
Husbanken-Startlån 2012	833 320	1,58 %	Flytande
Husbanken-Startlån 2013	650 000	1,58 %	Flytande
Husbanken-Startlån 2014	1 766 662	1,58 %	Flytande
Husbanken-Startlån 2015	1 866 664	1,58 %	Flytande
Husbanken-Startlån 2016	1 933 332	1,58 %	Flytande
Husbanken-Servicebustader Seljord 1992	245 100	1,87 %	Fast til 01.11.2021
Husbanken-Utleigebustad Åmotsdal 2000/2001	454 841	2,88 %	Fast til 01.11.2021
Husbanken-Bustad Moen (Ekre) 2002	419 142	2,88 %	Fast til 01.11.2021
Husbanken-Bustad Storgård (Sollia) 2004	920 139	2,88 %	Fast til 01.11.2021
Husbanken-Omsorgsbustader Graveb. øvre del 2013	4 224 640	3,27 %	Fast til 01.04.2033
Husbanken-Omsorgsbustader Graveb. nedre del 2014	7 147 976	1,58 %	Flytande
Husbanken-Gamle Gullnesveg 8 2017	1 729 083	1,58 %	Flytande
Husbanken-Brøløsvegen 87 A og B	2 606 000	1,58 %	Flytande
Lånegjeld pr. 07.12.2017 i Husbanken	**28 394 131**	**11,0 % av lånegjelda pr. 07.12.2017**	
Kommunalbanken-Samlelån 2005	13 009 530	1,50 %	Flytande
Kommunalbanken-Samlelån 2006	9 026 600	1,50 %	Flytande
Kommunalbanken-Samlelån 2007	15 644 720	1,50 %	Flytande
Kommunalbanken-Refinansiering 2008	69 920 013	1,50 %	Flytande
Kommunalbanken-Samlelån 2009	5 828 120	1,50 %	Flytande
Kommunalbanken-Samlelån 2010	5 863 690	1,50 %	Flytande
Kommunalbanken-Samlelån 2011	4 376 130	1,50 %	Flytande
Kommunalbanken-Samlelån 2012	1 477 550	1,50 %	Flytande
Kommunalbanken-Samlelån 2013	13 837 960	1,50 %	Flytande
Kommunalbanken-Refinansiering 2013	28 275 260	1,50 %	Flytande
Kommunalbanken-Samlelån 2015	27 844 590	1,50 %	Flytande
Lånegjeld pr. 07.12.2017 i Kommunalbanken	**195 104 163**	**75,6 % av lånegjelda pr. 06.09.2017**	
KLP-Refinansiering/Nes nordre 2008	6 302 124	5,40 %	Fast til 01.10.2018
KLP-Samlelån 2014	15 600 186	1,75 %	Flytande

KLP-Samlelån 2016	12 622 812	1,75 %	Flytande
Lånegjeld pr. 07.12.2017 i KLP Kommunekreditt	**34 525 122**	**13,4 % av lånegjelda pr. 07.12.2017**	
Lånegjeld pr. 07.12.2017	**258 023 416**		
Nytt lån K.sak 86/17. 09.11.2017. Samlelån 2017 **1)**	10 599 000	1,50 %	Flytande
Attståande avdrag i 2017	1 761 203	1,50 %	Flytande
Berekna lånegjeld pr. 31.12.2017	**266 861 213**	**1,70 %**	**Vekta gj.snittrente**

1) Jf. kommunestyresak 86/17, 09.11.2017 *"Investeringsbudsjettet 2017 – Status, nedbudsjetteringar, rebudsjetteringar og tilleggsløyvingar"*. Dette låneopptaket vert gjort 07.12.2017 i Kommunalbanken eller KLP Kommunekreditt med flytande rente, truleg om lag 1,5 % (nominell). Oppdatert: Det vart Kommunalbanken til 3 mnd NIBOR + flytande margin 0,60 %. Pr. 07.12.2017 vil det seie 1,41 % (nominell).

Berekna brutto lånegjeld pr. 31.12.2017 fordelt på fast og flytande rente og vekta gjennomsnittsrente

Rentetype	Lånegjeld	Andel	Vekta gj.snittrente
Fast	15 629 890	5,86 %	3,98 %
Flytande	251 231 323	94,14 %	1,56 %
Sum	**266 861 213**	**100,00 %**	**1,70 %**

Attståande løpetid på rentebindingsavtalane

Låneinstitusjon	Lånegjeld	Utløpsdato	Attståande løpetid
KLP-Refinansiering/Nes nordre 2008	6 302 124	01.10.2018	0,81 år
Husbanken-Startlån 2006	545 415	01.11.2021	3,90 år
Husbanken-Startlån 2008	348 489	01.11.2021	3,90 år
Husbanken-Startlån 2009	680 000	01.11.2021	3,90 år
Husbanken-Startlån 2010	730 000	01.11.2021	3,90 år
Husbanken-Startlån 2011	760 000	01.11.2021	3,90 år
Husbanken-Servicebustader Seljord 1992	245 100	01.11.2021	3,90 år
Husbanken-Utleigebustad Åmotsdal 2000/2001	454 841	01.11.2021	3,90 år
Husbanken-Bustad Moen (Ekre) 2002	419 142	01.11.2021	3,90 år
Husbanken-Bustad Storgård (Sollia) 2004	920 139	01.11.2021	3,90 år
Husbanken-Omsorgsbustader Graveb. øvre del 2013	4 224 640	01.04.2033	15,32 år
Sum lån med fast rente pr. 07.12.2017	**15 629 890**		**5,74 år 1)**

1) Vekta attståande løpetid på låna med fast rente er 5,74 år.

Plassering av midlar/Bankinnskot

Bankkonto	Saldo 1)	Rentevilkår	Renter 2)
2711.07.10556 Skattetrekk	3 948 983	1,26 %	76 284
2711.07.10777 Foliokonto	17 764 491	1,26 %	228 067
2711.07.15205 Husbankmidlar	314 164	1,26 %	30 354
2711.07.15221 Næringsfond/Kraftfond	0	1,26 %	2 245
2711.13.01595 Gåve frå Sundsbarm til Lakshøl	70 119	1,26 %	991
2711.14.00038 Sosialavdelinga	44 105	1,26 %	729
2711.55.40098 Depositum kommunale bustader	147 521	1,26 %	2 052
2711.21.06583 OCR-konto	11 374 523	1,26 %	35 106
2711.22.27771 Plasseringskonto 32 dg. oppseiing	4 539 278	1,50 %	63 426
2630.32.23818 Helsesenteret	156 933	1,26 %	17 815
2630.32.23826 Legevakta	22 985	1,26 %	4 295
2630.32.28763 Betalingsterminal Helseseter/LV	5 548	1,26 %	102
2630.33.36094 EMF	17 069	1,26 %	7
2630.33.96860 Fysioterapi	9 206	1,26 %	4
Sum bankkonti pr. 07.12.2017	**38 414 925**	**1,29 %**	**461 477**

1) Pr. 07.12.2017.

2) Berekna, ikkje godskrivne renter for 2017, pr. 07.12.2017.

Referanserente (referanseindeks)

	Plassering av midlar	Lånegjeld
Seljord kommune	1,29 % **1)**	1,70 % **2)**
Referanseindeks **3)** (pr. 07.12.2017)	0,38 %	0,46 %
Avvik	**0,91 %**	**1,24 %**

1) Pr. 07.12.2017.

2) Vekta gjennomsnittsrente pr. 31.12.2017 for den samla lånegjelda.

3) Referanseindeks for plassering av midlar er *Oslo Børs Statsobligasjonsindeks 0,25 år (ST1X) 100 %.*

3) Referanseindeks for lånegjeld er *Oslo Børs Statsobligasjonsindeks 1,00 år (ST3X) 100 %.*

Låneopptak

I Finansreglementet står det at *ved låneopptak skal ein prøve å få dei beste vilkåra i marknaden. Med unnatak av opptak av Startlån i Husbanken skal det innhentast tilbod frå minst to aktuelle långjevarar.*

Avdragstid

Avdragstida på låna er tilpassa minste tillatne avdragstid (jf. kommunelova) som er lik *"attståande vekta levetid på kommunen sine anleggsmidlar".* Avdragstida for 2017 er, etter den såkalla "reknearksmodellen", rekna ut til å vere 30,7 år.

Renterisiko

Lånegjeld som vert påverka av endring i renta:	**Beløp**
* Lånegjeld med flytande rente (berekna pr. 31.12.2017)	251 231 000
*** Sum gjeld**	**251 231 000**
Verdiar/rentegrunnlag som vert påverka av endring i renta:	
Bankinnskot der renteinntektene kan brukast til drift (pr. 07.12.2017)	-38 345 000
Ansvarleg lån til Vest-Telemark Kraftlag AS **1)**	-28 500 000
Utlån av Startlån (pr. 07.12.2017, alle utlåna har flytande rente) **2)**	-7 278 000
Investeringar med rentekompensasjon frå Staten (grunnlag 2016) **3)**	-14 929 000
Grunnlag for kalkylerente for vass- og avløpsavgift (restverdi 31.12.2016) **4)**	-68 579 000
*** Sum verdiar/rentegrunnlag**	**-157 631 000**
*** Netto renteeksponering**	**93 600 000**
Renteendring	1,00 %
*** Netto rentekostnad pr. år ved at renta endrar seg 1 prosentpoeng**	**936 000**

1) I 2007 tok eigarkommunane ut kr 150 mill. i ekstraordinært utbyte frå VTK og lånte dette tilbake til selskapet. Seljord kommune eig 19 % av VTK, slik at vår del er kr 28,5 mill. Lånet er avdragsfritt og har ei løpetid på 15 år (frå 07.04.2007 til 07.04.2022). Renta er *"halvårleg forskot med løpande gjennomsnitt av 6 mnd NIBOR i halvårsperioden før rentebetalingsdagen"* med eit tillegg av 1 prosentpoeng.

2) Husbankens flytande rente med eit tillegg på 0,25 prosentpoeng.

3) Rekna ut etter Husbankens flytande rente (gjeld omsorgsbustader/sjukeheim og skuleanlegg ("skulepakka").

4) Kalkylerenta er 5-årig swaprente (Swap NOK 5 år) med eit tillegg på 0,5 prosentpoeng (bestemt av statlege retningsliner fot utrekning av sjølvkost på kommunale betalingsteneter).

Renterisikoen på kr 936.000 dersom renta skulle gå opp eitt prosentpoeng, er ikkje ein "eksakt vitskap", men ei synleggjering av at òg inntektene går opp om lånerenta skulle gå opp. I oppstillinga er det ikkje alltid samsvar mellom når dei ulike elementa endra seg (og det er det heller ikkje i praksis), og det er ikkje sikkert at renta endrar seg like mykje på inntektssida som på utgiftssida (eventuelt motsett). Det er heller ikkje teke med korleis pensjonspremien (og pensjonskostnaden) vil endre seg ved ei renteendring (i "prinsippet" går pensjonspremien ned når renta går opp).

Fastrenteindikator

Pr. 29.11.2017 kunne Kommunalbanken tilby slike fastrenter (som ein indikator):

Renteregulering	**1 år**	**2 år**	**3 år**	**4 år**	**5 år**	**6 år**	**7 år**	**8 år**	**10 år**
Nominell rente	1,49 %	1,58 %	1,69 %	1,80 %	1,96 %	2,06 %	2,20 %	2,28 %	2,41 %

Oppsummering

Sidan førre finansrapportering (kommunestyresak 77/17, 14.09.2017) har kommunens finansielle situasjon endra seg lite.

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret tek finansrapporteringa til vitande.

Utskrift til:

Seljord kommune

Arkiv: 081
Saksnr.: 2017/1501-3
Sakshand.: Ingeborg Nenseter Jensen

Direkte tlf.: 35065130
Dato: 20.11.2017

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap/økonomiutval	105/17	29.11.2017
Kommunestyret	102/17	14.12.2017

Vurdering av endra ordning for ordførargodtgjersle

Saksdokument:

Vedlegg:
1 Oppjustering av løn for ny rådmann - Ny vurdering av løn/godgjering for andre stillingar og verv knytt til rådmanns løn

Saksutgreiing:

I Seljord kommune har rådmannen og ordføraren lik løn, jamfør kommunestyresak 89/15 (Godtgjering for folkevalde). Varaordførar får 20 % av ordføraren si løn. Desse får ikkje anna godtgjering for møte i tillegg. Rådmannens løn i Seljord kommunen i dag er nettopp forhandla opp frå 793 000 til kr. 828 000, med verknad frå 01.05.2017. Ny rådmann er tilbydd 860 000 kr. i årsløn. Han startar opp i jobben 01.12.2017.

I mange kommunar er ordføraren si godtgjering ein viss prosent av stortingspolitikarane si løn, og slik sett fristilt frå annan kommunal løn. Stortingspolitikaranes årlege godtgjersle er pr. 01.05.2017 på kr 928 602. I Vest-Telemark er dette praksis i alle kommunane med unntak av Seljord.

Kommune	Godtgjersle i % av stortingsrepresentantar si løn	% stilling til varaordførar
Tokke	85%	10%
Nissedal	85%	10%
Fyresdal	85%	17%
Kviteseid	87%	10%
Vinje	90%	10%
Seljord	Tilsvarande rådmannens løn	20 % av ordførars godtgjering

Varaordførars godtgjersle i Kviteseid, Vinje og Fyresdal dekkjer all møteverksemd. I Tokke kommune får varaordførar møtegodtgjersle for deltaking i administrasjonsutval i tillegg til fast godtgjersle..

Ordføraren har fått ei uttale frå gruppeleiarane i Høgre, Arbeidarpartiet og Senterpartiet der dei ber om at det blir gjort ei ny vurdering av om det skal vere samanheng mellom rådmannens løn og annan løn/godtgjering. Det vert ikkje peika på prosentvis storleik på godtgjeringa til varaordførar i vedlagt brev, men sakshandsamar har tatt med praksis i andre Vest-Telemark kommunar som ei opplysing i saka.

Sidan rådmannen si løn vert fastsett av eit politisk forhandlingsutval, er rådmannen av den oppfatning at ordførar si lønn ikkje bør fylgje rådmannen si løn. Slik ordninga er nå, vert ordførar si løn, og dermed også varaordførar si løn, fastsett av politisk forhandlingsutval, leia av varaordførar. Rådmannen vil derfor rå til at ordføraren i Seljord kommune får godtgjersle tilsvarande 85 % av stortingsrepresentanteanes godtgjersle, og at endringa skjer med verknad frå 01.01.2018.

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til å endre *Godtgjering for folkevalde*, slik at fastsetjing av ordførar si godtgjersle til ei kvar tid utgjer 85% av den godtgjersla stortingsrepresentantane får, og at godtgjersle til varaordførar fylgjer same prinsippet. Endringane trer i kraft frå 01.01.2018.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 29.11.2017

Formannskapet rår kommunestyret til å endre *Godtgjering for folkevalde*, slik at fastsetjing av ordførar si godtgjersle til ei kvar tid utgjer 85% av den godtgjersla stortingsrepresentantane får, og at godtgjersle til varaordførar fylgjer same prinsippet. Endringane trer i kraft frå 01.01.2018.

Framlegg frå Sp. v/ Beate Marie Dahl Eide:

Endring i rådmannens framlegg:
´Formannskapet rår kommunestyret til å vurdere å endre....´

`Eventuelle endringar trer i kraft frå neste kommunestyreperiode`.

Tillegg til rådmannens tilråding:

- Ordførar si godtgjering vert frikopla frå rådmannen si lønn med verknad frå 01.12.2017.
- For resten av denne kommunestyreperioden vert ordførar si godtgjering justert i tråd med prosentvis gjennomsnittleg lønnsvekst i Seljord kommune, etter gjennomført lønnsoppgjør kvart år.

Framlegg frå Sp. samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 29.11.2017

Formannskapet rår kommunestyret til å vurdere *Godtgjering for folkevalde*, slik at fastsetjing av ordførar si godtgjersle til ei kvar tid utgjer 85% av den godtgjersla stortingsrepresentantane får, og at godtgjersle til varaordførar fylgjer same prinsippet.
Eventuelle endringar trer i kraft frå neste kommunestyreperiode.

Ordførar si godtgjering vert frikopla frå rådmannen si lønn med verknad frå 01.12.2017.
For resten av denne kommunestyreperioden vert ordførar si godtgjering justert i tråd med prosentvis gjennomsnittleg lønnsvekst i Seljord kommune, etter gjennomført lønnsoppgjør kvart år.

Utskrift til:

Til ordførar

Seljord 28.aug 2017

Oppjustering av løn for ny rådmann – ny vurdering av løn/godgjering for andre stillingar og verv knytt til rådmanns løn.

I samband med tilsetting av ny rådmann er det gjort ei monaleg høgding av lønsnivået. Vi forstår at dette var nødvendig for å sikre rekruttering av ønska kompetanse. Samstundes er det ein del annan godtgjering/løn som er knytt til rådmannens løn. Vi meiner det no i samband med oppjustering av løn for ny rådmann må gjerast ei ny vurdering om det framleis skal vere same tilknyting for annan løn/godgjeringar knytt til denne.

På denne bakgrunn ber vi ordførar om at saka blir sett på saklista til første møte i adm.utvalet og at vi får det til kommunestyret før oppjustering av rådmannsløna trer ikraft ved tiltreding av ny rådmann 1. des.

Med helsing

Trond Johnsen
(gr.leiar AP)

Jon Svartdal
(gr. leiar H)
Sign.

Henry Mæland
(gr.leiar SP)

Seljord kommune

Arkiv: D11
Saksnr.: 2017/1373-4
Sakshand.: Ronde Schade
Direkte tlf.:
Dato: 19.07.2017

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap/økonomiutval	94/17	16.11.2017
Kommunestyret	103/17	14.12.2017

Bruksavtale Seljord kommune - Flatdal og Åmotsdal idrettslag

Vedlegg:

1 Bruksavtale SIL og Seljord kommune

3 Samarbeidsavtale - Brev til Flatdal og Åmotsdal IL

4 Innspel angåande bruksavtala med Seljord kommune og Flatdal Idrettslag

5 Forslag til bruksavtale mellom Åmotsdal idrettslag og Seljord Kommune

Saksutgreiing:

I kommunestyresak 39/17, 18. mai 2017, fatta kommunestyret fylgjande vedtak:

"Seljord kommune inngår avtale med Seljord Idrettslag om bruk av Eventyrøy. Seljord kommune betalar Seljord IL kr 60.000 per år for kommunen sin bruk av området. Beløpet skal indeksregulerast og utbetalast årleg. Den økonomiske ramma til Programområde 2 blir utvida med tilsvarande beløp i 2017 og i økonomiplanperioden. Kostnaden i 2017 blir dekt av disposisjonsfond. Administrasjonen tek kontakt med idrettslaga i Flatdal og Åmotsdal for å forhandle fram ei tilsvarande avtale.
Samrøystes vedteke."

Administrasjonen har kartlagt omfanget av Flatdal skule, Flatdal barnehage og Åmotsdal barnehage sin bruk av område/anlegg m.m. Det er relativt avgrensa bruk av anlegga, men skulen og barnehagane brukar områda med jamne mellomrom og set stor pris på at ein kan bruke

tilgang gjennom året når det passar for skulen og barnehagane. Gode anlegg er og med på å auke bukvaliteten i lokalsamfunnet og er til glede for alle innbyggjarane gjennom heile året.

Kommunen har bedt idrettslaga kome med innspel til økonomisk kompensasjon/avtale og dei har kome med følgjande framlegg per e-post, jf. vedlegg til saka:

- Flatdal IL: 25 000 kr.
- Åmotsdal IL: 20 000 kr.

	Seljord IL	Flatdal IL	Åmotsdal IL	Sum
Samarbeidsavtale	60 000 kr (39/17)	25 000 kr	20 000 kr	105 000 kr
Driftsstøtte frå kommunen	30 000 kr*	25 000 kr	17 000 kr	72 000 kr
Sum avtale/støtte	90 000 kr	50 000 kr	37 000 kr	177 000 kr

*Seljord IL får og utbetalt årleg driftsstøtte kr 98 000,- for vedlikehald av vegen til Raudkleiv skianlegg.

Rådmannen meiner at etablering av separate samarbeidsavtaler ikkje er ynskjeleg og vil føre til unødig administrasjon for idrettslag og kommune. Etablering av fleire avtaler vil og føre til relativt stor meirkostnad for kommunen, om lag 100 000 kr meir i 2017 enn driftsstøtta i 2016. Dersom ein inngår avtaler med utgangspunkt i det idrettslaga har bedt om vil samla utbetaling vere 275 000 kr årleg i 2018.

Rådmannen rår til at ein tek stilling til det økonomiske omfanget av driftsstøtte som del av det ordinære budsjettarbeidet. Det er ein føresetnad for driftsstøtta at alle skular og barnehagar, samt innbyggjarar, har tilgang til anlegga etter nærmare avtale med det lokale idrettslaget. Utgifter til driftsstøtte blir ført på ansvar 440, kultur og næring.

Rådmannen si tilråding:

Seljord kommune ynskjer ikkje fleire samarbeidsavtaler for å sikre skular og barnehagar tilgang til idrettsanlegg. Inngått avtale med Seljord idrettslag blir sagt opp og kommunestyret vurderer i staden nivået på driftsstøtta til alle idrettslag kvart år i budsjetthandsaminga. Det er ein føresetnad for slik driftsstøtte at skular og barnehagar har tilgang til anlegg.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 16.11.2017

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til å fatte fylgjande vedtak:
Seljord kommune ynskjer ikkje fleire samarbeidsavtaler for å sikre skular og barnehagar tilgang til idrettsanlegg. Inngått avtale med Seljord idrettslag blir sagt opp og kommunestyret vurderer i staden nivået på driftsstøtta til alle idrettslag kvart år i budsjetthandsaminga. Det er ein føresetnad for slik driftsstøtte at skular og barnehagar har tilgang til anlegg.

Framlegg frå Krf., H. og Ap. v/ Trond Johnsen:

- Seljord kommune vidareførar dagens avtale mellom Seljord Idrettslag og kommunen
- Seljord kommune godkjenner bruksavtale med Åmotsdal og Flatdal idrettslag
- Avtalene er gjeldane frå og med 2017

Framlegget frå Krf., H. og Ap. v/ Trond Johnsen vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 16.11.2017

Formannskapet rår kommunestyret til å fatte fylgjande vedtak:

- Seljord kommune vidareførar dagens avtale mellom Seljord Idrettslag og kommunen
- Seljord kommune godkjenner bruksavtale med Åmotsdal og Flatdal idrettslag
- Avtalene er gjeldane frå og med 2017

Utskrift til:

- Rektor Flatdal skule
- Styrar Flatdal barnehage
- Styrar Åmotsdal barnehage
- Leiar Flatdal IL
- Leiar Åmotsdal IL

Bruksavtale Eventyrøy Idrettsanlegg
mellom
Seljord idrettslag og Seljord kommune

Seljord kommune har rett til å bruke idrettsanlegget til Seljord IL på Eventyrøy på følgjande vilkår:

Friidretts- og fotballanlegget
Anlegget (uteområdet) kan brukas til organiserte aktivitetar i regi av Seljord kommune fram til kl 15:30 på kvardagar. Anlegget skal alltid forlatas i same stand som då det vart tatt i bruk og reglane for bruk av anlegget skal følgas.

Bruk av garderobebygget
Dersom kommunen ønsker å bruke garderobebygget, skal det alltid vere med ein ansvarleg vaksen person frå skulen som låser opp anlegget og ser til at garderobebygget blir brukt innanfor ordensreglane til bygget og at garderobebygget blir låst og forlatt i same stand som når dei kom til anlegget.

Bruk av idrettsutstyr
Dersom kommunen ønsker å bruke idrettsutstyret til fotballgruppa eller friidrettsgruppa skal dette avtales med leiar i fotballgruppa eller leiar i friidrettsgruppa. Det skal alltid vere med ein ansvarleg vaksen person frå skulen som låser opp og hentar fram utstyret og ser til at utstyret blir låst inn i same stand som då det vart tatt i bruk.

Skade på anlegg og utstyr
Dersom anlegg eller utstyr blir skada, øydelagt eller forsvinn etter hærverk eller unormal bruk skal dette erstattas av kommunen.

Tidsrom
Denne avtala gjeld frå og med året 2017, og varar fram til ein av partane krev nye tingingar. Ein tek atterhald om politisk godkjenning av avtalen.

Oppgjersform
Seljord kommune betalar Seljord IL kr 60.000 per år for kommunens bruk. Beløpet skal indeksregulerast kvart år i høve til konsumprisindeksen med utgangspunkt i indeksen per 15. april 2017, fyrste gong per 15. april 2018.
Beløpet utbetalast omlag 1. juli. kvart år.

Seljord 3.4.2017

SELJORD KOMMUNE ORDFØRAR

Halfdan Haugan
Seljord kommune
Ordførar

Tellef Solås
Seljord IL
Leiar

Fra: Ronde Schade (ronde.schade@seljord.kommune.no)
Sendt: 27.10.2017 16:13:24
Til: 'svein-aase@telefiber.no'; Egil Birkrem
Kopi:

Emne: Samarbeidsavtale Seljord kommune og Flatdal/Åmotsdal idrettslag
Vedlegg: Brev til Flatdal og Åmotsdal IL.docx;Bruksavtale SIL og Seljord kommune.pdf
Jf vedlegg.

Seljord kommune
Rådmannen

Arkivkode: D11
Sakshand.: Ronde Schade
Dir.tlf.:
Vår ref.: 2017/1373- 8
Dato: 27.10.2017

Leiar Flatdal idrettslag
Leiar Åmotsdal idrettslag

Samarbeidsavtale Flatdal og Åmotsdal idrettslag

I kommunestyresak 39/19, 18. mai 2017, fatta kommunestyret fylgjande vedtak:

"Seljord kommune inngår avtale med Seljord Idrettslag om bruk av Eventyrøy. Seljord kommune betalar Seljord IL kr 60.000 per år for kommunen sin bruk av området. Beløpet skal indeksregulerast og utbetalast årleg. Den økonomiske ramma til Programområde 2 blir utvida med tilsvarande beløp i 2017 og i økonomiplanperioden. Kostnaden i 2017 blir dekt av disposisjonsfond. Administrasjonen tek kontakt med idrettslaga i Flatdal og Åmotsdal for å forhandle fram ei tilsvarande avtale. Samrøystes vedteke."

Tilbakemeldingane frå skule og barnehage i Flatdal og Åmotsdal viser relativt liten bruk av idrettsanlegga i Flatdal og Åmotsdal. Eg ynskjer innspel frå idrettslaga til saka og inviterer med dette til forhandling/innspel per e-post.

Forslag til avtale vil bli lagt fram for kommunestyret den 9.11.2017. Saksframlegg må vere ferdig utarbeidd seinast 2.11.2017. Avtaleutkast utarbeidd av administrasjonen vil vere med atterhald om politisk godkjenning.

Som eit utgangspunkt for forhandlinga med administrasjonen meiner vi at årleg kompensasjon inntil 10 000 kr vil vere passande.

Med venleg helsing

Ronde Schade
Kommunalsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg:
1 Bruksavtale Seljord kommune - Seljord idrettslag 2017

Fra: jorunnbabirk@telefiber.no
Sendt: 31.10.2017 20:01:15
Til: Ronde Schade
Kopi: egilbirk@telefiber.no

Emne: Bruksavtale
Vedlegg:

Hei!

Her kjem nokre innspel angåande bruksavtala med Seljord kommune og Flatdal Idrettslag.

Flatdal Idrettslag (FIL) driftar og vedlikheld alle anlegg mellom Delsobilen langs Flatdøla og ned forbi Badehuset ved badedammen.

Her er klubbhus/garderobe, fotballbane, avlastningbane, ridebane, tennisbane, sandvollyballbane, badedammen med skiftehus med dusj og WC inkl tilkomstveg og parkering samt kringliggjane grøntområde for rekreasjon.

Seljord kommune, som Flatdal skule og barnehage, nyttar seg av desse anlegg i fleire høve.

Småskulen og barnehagen nyttar også nærområde som ljosløypa og kringliggande skogsområde i sommarhalvåret.

I vinterhalvåret brukar også skulen og barnehagen ljosløypa og nærområde ved ljosløypa. FIL driv og vedlikeheld ljosløypa og stend for all løypekøyring.

Flatdal IL har all drifts og vedlikehaldskostnadar i samband med desse anlegg.

Som det er vist til i brev frå kommunen dagsett 27.10.17, er vi kjent med frå tidlegare i sommar at Seljord IL (SIL) har fått eit årleg tilskott på kr 60 000,-.

Sammanliknar vi tildelte kulturmidlar som kommunen gjev til SIL og FIL dei seinaste åra er beløpa kr 35 000 til SIL og 25 000 til FIL.

Med relasjon til medlemstalla i SIL og FIL, bruken av desse anlegga av Flatdal skule og barnehage og fordeling av kommunale kulturmidlar, synast FIL at eit beløp på kr 25 000,- er eit meir passande beløp som årleg kompensasjon.

FIL forutsett at drift og vedlikhald av ballbingen ved skulen forsatt er kommunen sitt ansvar.

Med helsing

Flatdal Idrettslag

Jorunn Barstad Birkrem

Leiar

Forslag til bruksavtale mellom Åmotsdal idrettslag og Seljord Kommune.

Seljord kommune har rett til å bruke Åmotsdals idrettsanlegg med dette meiner me Berge skileik, ballbingen, vihus badeanlegg,lysløypa og det nye trimmrommet som me har laga på eit rom på skulen.

Me meiner at Åmotsdal er såpass snosikker og har mykje lenger sesong at me kan tilby Seljord skule og Flatdal Skule og bruke skianlegga her i Åmotsdal.

Barnehagen i Åmotsdal brukar pr i dag Berge skileik som turmål, varmestue og til ski/aking, dei brukar også ballbingen kvar veke minst ein gong iveka.

Berge Skileik

Ved bruk av skiheis må det vera med ein godkjent heisvakt og det skal takast kontakt med idrettslaget før kvar bruk.

Bruk av idrettsutstyr

Dersom kommunen ynskjer og bruke idrettsutstyret skal dette avtalast med leiar i idrettslaget. Det skal alltid vera med ein vaksen ansvarleg person frå skule/barnehage som låser opp og hentar fram ytstyret og ser til at utstyret blir låst inn i same stand som då det vart teke i bruk.

Skade på anlegg og ytstyr

Dersom anlegg eller ytstyr blir skada, øydelagt eller forsvinn etter herverk eller unormal bruk skal dette erstattas av kommunen.

På grunn av relativ mykje bruk søkjer Åmotsdal idrettsanlegg om 20 000 kr i årleg utbetaling for bruk av anlegga

Åmotsdal 1.11.17.

Ved leiar Svein Aasmund Aase

Seljord kommune

Arkiv: 037
Saksnr.: 2017/1113-3
Sakshand.: Kari Gro Espeland
Direkte tlf.: 35065106
Dato: 20.09.2017

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap/økonomiutval	78/17	28.09.2017
Kommunestyret	104/17	14.12.2017

Lokal forskrift om feiing og tilsyn med fyringsanlegg, samt regulering av feiegebyr.

Saksdokument:

Vedlegg:
1 Lokal feie og tilsynsforskrift

Saksutgreiing:

Bakgrunn for saka:
Ny forskrift om brannførebygging krev at det skal gjennomførast feiing og tilsyn ved hytter/fritidsbustader i tillegg til hus med fast busetting og særskilte brannobjekt.
Styret Interkommunale brannvernssamarbeid i Vest-Teleamrk har på dette grunnlaget teke initiativ til å få utarbeida lokal forskrift som tek i vare dette kravet.

Vurdering:
Forslag til lokal forskrift om feiing og tilsyn av fyringsanlegg, samt regulering av feiegebyr er lagt ved saka.

Da feiing av hytter og fritidsbustader kjem i gang frå 1. januar 2018 er det viktig at denne forskrifta blir vedteken av alle kommunane som deltek i det interkommunale brannvernssamarbeidet i Vest-Telemark IKS før denne tid.

Ordlyden i vedlagte forslag til lokal forskrift er likelydande for alle seks samarbeidskommunane.

Vedlagte forslag til lokal forskrift om feiing og tilsyn av fyringsanlegg, samt regulering av feiegebyr for Seljord kommune fylgjer vedlagt.

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til å fatte fylgjande vedtak:
Forslag til lokal forskrift om feiing og tilsyn av fyringsanlegg, samt regulering av feiegebyr for Seljord kommune godkjennast slik den ligg føre.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 28.09.2017

Formannskapet rår kommunestyret til å fatte fylgjande vedtak:
Forslag til lokal forskrift om feiing og tilsyn av fyringsanlegg, samt regulering av feiegebyr for Seljord kommune godkjennast slik den ligg føre.

Samrøystes vedteke

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 28.09.2017

Forslag til lokal forskrift om feiing og tilsyn av fyringsanlegg, samt regulering av feiegebyr for Seljord kommune godkjennast slik den ligg føre.

Utskrift til:
post@vtbv.no

Lokal forskrift om

feiing og tilsyn med fyringsanlegg, samt regulering av feiegebyr

for

Seljord kommune

Med verknad frå: 01.01.2018

Gjeld for : Seljord kommune

Heimel: l LOV-2002-06-14-20, FOR-2015-12-17
Heimel i lov 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernloven) § 28, og forskrift 17. desember 2015 nr. 1710 om brannforebygging.

§ 1. Føremål.

Forskrifta har som føremål å regulere gjennomføring av feiing og tilsyn av fyringsanlegg, slik at sjansen for at brann skal oppstå i fyringsanlegg og røykløp, vert redusera så mykje som mogleg.

Forskrifta skal regulere gebyrordninga for feiing og tilsyn til kommunane som er med i samarbeidet, samt tilleggstenester innan brannførebygging.

§ 2. Virkeområde.

Den lokale forskrifta gjeld feiing og tilsyn av alle fyringsanlegg for brannobjekt i deltakarkommunane.

§ 3. Definisjonar.

1. Brannobjekt: bustader, fritidsbustader, verksemd, konstruksjonar, anlegg m.m. der brann kan oppstå og true liv, helse og materielle verdiar.

2. Brukar: den som i eigenskap av eigar, eller i høve avtale med eigar har bruksrett og nyttar seg av denne retten.

3. Eigar: den som har grunnboksheimel til eit brannobjekt.

4. Feiing: reingjering av røykkanalar og uttak av sot.

5. Fyringsanlegg: omn, sentralvarmekjele eller varmluftkjele, der varme skal verte produsert ved forbrenning av fast, flytande eller gassformig brensel, inklusiv røykkanal og matesystem for brensel.

6. Matesystem: anlegg for tilførsel av fast eller flytande brensel.

7. Røykkanal: kanal for transport av røykgassar til friluft, røykrøyr og skorstein.

8. Skorstein: vertikal del av fyringsanlegget, og kan innehalde fleire røykkanalar.

9. Tilsyn: kontroll med at fyringsanlegget er intakt, fungerer som føresett og er tilfredsstillande sikra mot brann og anna skade. Feiar/tilsynsperson kan også få oppgåver som å kontrollere at det i brannobjektet er deteksjon (røykvarslar), sløkkeutstyr og tilfredsstillande moglegheit for rømming ved brann.

10. VTBV: Vest Telemark Brannvesen IKS.

§ 4. Mengda av feiing.

Feiing skal verte utført så ofte som naudsynt for å hindre brann eller andre skader. Det enkelte fyringsanlegg skal vurderast med omsyn til kor hyppig det er naudsynt å feie. Feiarane vurderar dette på grunnlag av erfaring frå tidligare gjennomført feiing, alder, type, tilstand til fyringsanlegget og omfang av bruken. Brannsjefen set på bakgrunn av dette opp ein rullerande plan for gjennomføring av lovpålagt feiing og tilsyn.

§ 4-1. Bustader.

Feiinga skal verte utført minst kvart tredje år, og tilsyn minst kvart sjette år.
Feiing og tilsyn av bustader kan utføras på same dag.

§ 4-2. Fritidsbustader og hytter.

Ein legg opp til at denne tenesta i fyrste omgang skal gjelde for hytter/fritidsbustader som ligg nær bilveg.
Feiinga skal verte utført minst kvart tredje år, og tilsyn minst kvart sjette år.
Framtidig frekvens vil bli bestemt etter at fyrste feie- og tilsynsrunde er gjennomført.
Feiing og tilsyn av fritidsbustader kan utføras på same dag.

§ 5. Mengda av tilsyn.

Tilsyn med fyringsanlegg skal verte utført ved behov, men minst ein gong kvart sjette år.
Etter brann eller eksplosjon i eller i tilknyting til fyringsanlegget skal det utføras tilsyn.

Kommunen v/VTBV skal utføre tilsyn med fyringsanlegg i fritidsbustader og hytter etter plan utarbeidd av brannsjefen.

§ 6. Varsling.

Eigar eller representant for eigar av fyringsanlegg skal varslast skriftleg eller elektronisk med dato for gjennomføring av feiing/tilsyn, og kan verte pålagt å varsle andre brukarar av vedkomande bygg.

Bustader
Feiing/tilsyn vert varsla seinast 3 - 7 dagar før, slik at eigar eller representant for eigar kan legge forholda til rette for at feiing/tilsyn kan verte gjennomført.

Fritidsbustader og hytter

Feiing/tilsyn vert varsla seinast 14 dagar før, slik at eigar eller representant for eigar kan legge forholda til rette for at feiing/tilsyn kan verte gjennomført.

Førebels tek ein ikkje høgde for å gje gebyr for manglande oppmøte/tilrettelegging frå huseigar, der feiar må gjere ny avtale for feiing/tilsyn, men om dette vert ei utfordring vil ein måtte legge inn gebyr for ny avtale/oppmøte. Dette for å dekke ekstrakostnadane ein slik ekstratur vil medføre.

§ 7. Feie- og tilsynsgebyr.

Gebyret vert fastsett av kommunestyret sjølv og blir kravd inn etter kommunanes innkrevjingsrutiner for alle bueiningar/bygg.
Gebyr for drift av feiarvesenet vert kravd inn etter sjølvkostprinsippet.
Det skal vere gebyr for alle bueiningar/bygg som har ein eller fleire fast tilknytta eldstader, uavhengig av regelmessig bruk eller ikkje. Gebyret vert sett likt for kvart røykløp.

For bustader/bygg som har gassfyrt fyringsanlegg skal det vere eit gebyr som dekker tilsyn. Gebyret vert sett likt for kvar eining/bygg.

Gebyrplikta er ikkje knytt til tidspunktet for når den enkelte feiinga eller tilsynet er gjennomført, men gjeld for heile feieperioden, uansett når i feieperioden feiinga finn stad.

Dersom varsla feiing vert avbestilt og avtalt på nytt kan det krevjast tilleggsgebyr.

Gebyr kan krevjast inn sjølv om feiing og tilsyn ikkje er utført i følgjande tilfelle:

- Feiaren finn ved inspeksjon av røykkanalar at feiing ikkje er naudsynt
- Feiaren finn etter at det er varsla feiing eller tilsyn at han/ho ikkje får tilfredsstillande tilgang til fyringsanlegget

§ 8. Gebyrfritak.

Kommunen kan etter søknad gjeve fritak frå å betale gebyr i fylgjande tilfelle:

1. Bustaden har ikkje installert eldstad.
2. Fyringsanlegget er fråkopla, og skorsteinen er blenda.

Før fritak vert gjeven, skal feiar ha ført tilsyn med at fråkoplinga av fyringsanlegg og blending av skorstein er utført tilfredsstillande.

Huseigar pliktar å melde frå til kommunen som må melde vidare til VTBV, dersom fyringsanlegg/eldstad vert installert eller gjort vesentlege endringar på, vert tilkopla igjen, blending av skorstein er/vil bli fjerna eller bustaden vert teken i bruk att. Om huseigar/brukar let vere å melde installasjon/tilkopling av eldstad/fyringsanlegg eller fjerning av blending, kan kommunen krevje feiegebyr etterbetalt frå det tidspunktet fritaket vart gjeve.

§ 9. Andre tenester.

Eigar og brukar av fyringsanlegg som ynskjer frivillig feiing eller tilsyn utanom lovpålagt feiing eller tilsyn, fjerning av beksot, filming av røykløp og liknande, må sjølv ta kontakt med feiaren og avtale dette. Dette vert utført mot eige gebyr.

§ 10. Plikter hjå huseigar og brukar.

Det er eigar sitt ansvar å halde fyringsanlegget i orden til ei kvar tid.
Huseigar pliktar å melde frå til kommunen som må melde vidare til VTBV, ved montering av ny eldstad og/eller vesentleg endring av fyringsanlegget (rehabilitering).

Eigar skal, etter varsel om feiing, syte for at heile fyringsanlegget er tilgjengeleg for feiing, samt utstyrt og innretta slik at feiing kan verte utført på ein fagleg tilfredsstillande måte, utan fare for liv og helse.

Eigar er pliktig å syte for at stige er lagt fram og tilgjengeleg for feiar i nærleiken av takstige/trinn, som eit signal på at det er klart for feiing. Tilkomst til tak skal vere sikra mot utgliding.

Typegodkjent takstige skal være festa til tak i samsvar med monteringsrettleiing.

Der feiing ikkje skjer frå tak, skal eigar/representant syte for at feiaren har tilfredsstillande tilkomst til røykløp.

Eigar/representant skal syte for tilfredsstillande tilkomst til sotluke eller tilsvarande egna innretning for sotuttak.

Det er opp til feiaren å avgjere om tilgangen til fyringsanlegget er tilfredstillande.

Ved innvending tilkomst for feiing skal eigar/representant vere til stades under feiing.

§ 11. Plikter hjå feiaren.

Feiinga skal verte utført på ein fagleg tilfredsstillande måte med minst mogleg ulempe for bebuarane. Etter avslutta feiing skal feiaren syte for at sot vert fjerna, enten av feiaren sjølv eller av byggeigar/brukar, og frakta til eigna stad.

Feiaren skal under feiing og tilsyn vurdere tilhøve ved fyringsanlegget som kan ha følgje for brannsikkerheita eller tilkomsten. Ved avvik som ikkje kan verte retta på staden skal feiaren gje skriftleg tilbakemelding om tilhøvet til byggeigaren, eller representant for eigaren. Denne skal innehalde ein frist for retting eller tilbakemelding om når retting vert utført.

Dersom rettinga ikkje vert gjennomført skal tilsynsmyndet gjeve pålegg.

Feiarvesenet skal ha oppdaterte data og historikk på fyringsanlegga.

Dersom nokon nektar eller legg hindringar i vegen for feiing eller tilsyn skal brannsjefen varslas.

§ 12. Handheving og sanksjonar.

Lokalt tilsyn, handheving og sanksjonar skal verte utført i samsvar med forskrift 17. desember 2015 nr. 1710 om brannforebygging § 6 og § 17, samt kapittel 7 i brann- og eksplosjonsvernlova.

§ 13. Klage.

Vedtak gjort av lokalt tilsynsmynde i medhald av denne forskrifta kan klagast etter brann- og eksplosjonsvernlova § 41, andre ledd. Klaga skal framsetjast skriftleg til Seljord kommune ved brannsjefen. Sakshandsaminga ved klager følgjer avgjerd i medhald av brann- og eksplosjonsvernlova, samt lov om sakshandsaming i forvaltningssaker (forvaltningslova) og reglement for delegering av mynde i Seljord kommune.

§ 14. Endringar.

Styret får fullmakt til å gjere mindre vesentlege endringar i forskrifta.

§ 15. Forskrifta trer i kraft.

Forskrifta trer i kraft 1. januar 2018.
Forskrifta vert utøvd av Vest Telemark Brannvesen IKS og Seljord kommune.

Vedteke av kommunestyret i Seljord:

Sak:
Dato:
Sign.

Seljord kommune

Arkiv: M50
Saksnr.: 2016/1961-11
Sakshand.: Egil Birkrem
Direkte tlf.: 35065163
Dato: 08.11.2017

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap/økonomiutval	96/17	16.11.2017
Kommunestyret	105/17	14.12.2017

Renovest IKS - Kommunal føresegn om innsamling og handsaming av hushaldsavfall, tøming av slamavskiljar og tette tankar

Saksdokument:

Vedlegg:
1 Saksførebuing - Lokal føresegn om renovasjon og slam
2 Lokal føresegn renovasjon/slam - Utkast uten overstrykningar
3 Renovest IKS - Selskapsavtale
4 Kommunal forskrift for renovasjon og septik vedtatt 16.02.2006

Saksutgreiing:

Saka gjeld endring av gjeldande kommunal forskrift for renovasjon og septik vedtatt i Seljord kommunestyre, sak 001/06 den 16.02.2006. Denne forskrifta gjelder for alle eigarkommunane i Renovest IKS. Endringane vert gjort av omsyn til naudsynte og lovpålagte tilpassingar til dei sentrale lovverka på området, med ref. til m.a; *Lov om vern mot forurensninger og om avfall* (forureiningslova) samt *Lov om helsetenesta i kommunane*.
Melding om høyring og høyringsutkast vart lagt ut på Renovest IKS si heimeside.
Høyringsutkast til endra og ny føresegn vart sendt tenestetorga/sentralbordet til eigarkommunane med oppmoding om å leggja utkastet til allmenn høyring på kommunane sine heimesider.
Melding om høyring vart og annonsera i avisene Varden, Telemarksavisa og Vest-Telemark Blad.
Høyringsperioden var 09.19 – 31.10.17. Seljord kommune gav administrativ uttale.

Hausten 2016 var ny forskrift på høyring. Planutvalet handsama forslaget til ny forskrift i møte den 30.11.16 i utvalsak 70/16. Planutvalet tilrådde at kommunestyre skulle godta forslaget.
Renovest IKS trakk tilbake dette forslaget for å kvalitetssikre dette. Nytt forslag vart utarbeid og det er dette forslaget som nå har vore på høring og skal handsamast i kommunane

Representantskapet i Renovest IKS vedtok den 03.10.17 *styret sitt utkast til endringar, jf. styresak 18/2017 den 05.09.17, av den lokale føresegna, og rår kommunestyra i eigarkommunane til å vedta den framlagte nye «Føresegn for innsamling m.v. av forbruksavfall, tøming av slamavskiljarar, privèt, tette tankar m.v. og for avfallsgebyr for kommunane».*

Renovest IKS mottok 2 høyringsuttale. Administrasjonen i Renovest IKS oppfattar begge forslagstillarane sine innspel som gode. Dei er verken «kontroversielle» i forma eller av ei form som vesentleg endrar styret/representantskapet sitt utkast, og difor kan/vil vi oppmode kommunane til å vedta endringane frå høyringsuttalene som tillegg/korrigering til vedtatt utkast.

Endeleg utkast leggast til grunn for synkront vedtak i dei fem eigarkommunane sine kommunestyre. Endringane påverkar renovasjonsordninga men slamtøming vil så langt ein kan sjå, ikkje bli påverka av endringane.

Vurderingar:

Renovasjon;
Denne føresegn tek omsyn til at renovasjonsordninga for bustad og hytter er same sjølvkostområde. Dette vil få økonomiske konsekvensar for gebyret.
Frå og med 2018 er det ikkje forskjell på renovasjonsgebyr for bustadar og hytter/fritidseigedomar. Dagens føresegn differensierer på kva sanitær standard hyttene har (standard hytterenovasjon og høgstandard hytterenovasjon – hytte med innlagt vatn og kloakk). Dette er ikkje rett jf. sentrale lover og føresegner, og ein vil med verknad frå 2018 har einsarta gebyr for hushaldsavfall frå hytter/fritidseigedomar.

For fastbuande vil renovasjonsordninga frametter bli;

- standard abonnement

med høve til å søke om redusert avgift for;

- standard abonnement med heimekompostering
- miniabonnement (berre ein person i hushaldet).

Det kan søkjast om fritak for renovasjonsordninga når;

1) – eigedomen ikkje er i bruk
2) – eigedomen ligg meir enn 2 km frå køyrbar heilårsveg.
3) – bustadeigedomar som er fråflytta seks – 6 månadar eller meir og ikkje blir nytta som fritidshusvære, kan etter søknad få tidsavgrensa fritak i to – 2 år.

Dagens reduserte standard abonnement for eigedomar som må bringe avfall meir enn 500 m i køyreavstand til køyreruta utgår.
Eigedomar som ligg meir enn 2 km frå kjøyrbar heilårsveg kan frå og med 2018 få fritak etter søknad for renovasjonsordninga. Dette vil gjelde også for hytter og fritidseigedomar. I Seljord kan dette føre til at ca. 170 hytter vil få fritak for renovasjonsordninga.

Hytter / fritidseigedomar vil frametter få eit einsarta gebyr.
Vilkår for å søke fritak for hytterenovasjon vil etter endringa bli som for bustadrenovasjon.

Etter dagens forskrift vil endringane føre til at desse fritaksordningane utgår:

- *Skogshusvære og stølsbuer som berre vert nytta til føremålet dei er bygd for, er generelt unntatt denne forskrifta.*

- *Fritidseigedomar som pga. lokalisering normalt vil levere svært små avfallsmengder til avfallsanlegget, kan etter søknad og konkret vurdering få redusera hyttegebyr. I vurderinga vil det m.a. lagt vekt på:*
  Abonnent som må køyre ein omveg på meir enn 500m til hyttecontainerplass

Endringa i «gebyrreglementet» vil føre med seg ein reduksjon i gebyret for fastbuande og ei auking for hytter og fritidseigedomar
Denne nye forskrifta vil medføre at årsgebyret for standard renovasjonsabonnement vil bli redusert med ca. kr 650, standard ab. med heimekompostering vil bli redusert med ca. kr 500 og mini ab. redusert med ca. kr 450.
For hytte og fritidseigedomar blir det ei auking i årsgebyret. For dei hyttene som i dag har standard hytterenovasjon vil det bli ei auking på ca. kr 800, for hytter som har høg sanitær standard bli aukinga på ca. kr 200.
Alle beløp er inkl. mva.

Slam:
I denne føresegna er det gjort nokre små endringar for slamtøming. Det er nå inntatt reglar for fritak av slamtøming dersom *eigedomen ikkje er i bruk*. Ved vedtak om fritak skal slamavskiljaren, tett tank ol. tømast det same året. Dette vilkår har Seljord alt gjennomført då dette er i samsvar med dei krav til rutinar for tøming og fritak som Renovest IKS har med sine samarbeidspartar for slamtøming. Krav om tilleggspris per. m³ for store slamtankar er endra til tankar over 4 m³. Dagens forskrift har krav om tilleggspris pr. m³ for slamtankar over 7 m³ for bustadar og 4 m³ for hytter. Ny forskrift har like krav for bustad og hytter for denne tilleggspris. Ny forskrift inneheld også krav til vegstandar, maksimal avstand frå veg til kum og høgdeskilnad mellom kum og slambil.
Tøming med traktor/hengar er ikkje lenger tillat for anlegg godkjent etter denne forskrifta. Desse endringane vil ikkje gjere utslag i størrelsen på gebyret ut over vanleg løns- og prisstigning og eventuelle kostnader kommunen sjølv har for kontroll, handsaming og innkreving av gebyr for slamtøming.

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår Formannskapet å gjera følgjande tilråing til kommunestyret:

Føresegn for innsamling og handsaming av hushaldsavfall, tøming av slamavskiljarar, privet, tette tankar mv. og for avfallsgebyr for kommunane Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje kommune i Telemark vert vedteken og gjeld frå 01.01.18.
Alle tidlegare vedtak i saker som omfattar renovasjon og slam utgår frå og med 01.01.2018.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 16.11.2017

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til å fatte fylgjande vedtak:

Føresegn for innsamling og handsaming av hushaldsavfall, tøming av slamavskiljarar, privet, tette tankar mv. og for avfallsgebyr for kommunane Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje kommune i Telemark vert vedteken og gjeld frå 01.01.18.
Alle tidlegare vedtak i saker som omfattar renovasjon og slam utgår frå og med 01.01.2018.

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 16.11.2017

Formannskapet rår kommunestyret til å fatte fylgjande vedtak:
Føresegn for innsamling og handsaming av hushaldsavfall, tøming av slamavskiljarar, privet, tette tankar mv. og for avfallsgebyr for kommunane Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje kommune i Telemark vert vedteken og gjeld frå 01.01.18.
Alle tidlegare vedtak i saker som omfattar renovasjon og slam utgår frå og med 01.01.2018.

Utskrift til: Renovest IKS Ordalsvegen 63 3850 Kviteseid

Korttittel	Dato	Sakshandsamar
Føresegn om avfall mv.	02.11.17	Toralf Orekåsa

Ny føresegn for innsamling og handsaming av hushaldsavfall, tøming av slamskiljarar, privet, tette tankar mv. og for avfallsgebyr for kommunane Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje i Telemark.

1. Orsak til endring av gjeldande føresegn
   Gjeldande føresegn blei vedteken av kommunestyra i eigarkommunane ultimo 2005 / primo 2006
   Aktuelle endringar vert gjort av omsyn til naudsynte og lovpålagte tilpassingar til dei sentrale lovverka på området, med ref. til m.a; *Lov om vern mot forurensninger og om avfall* (forureiningslova) samt *Lov om helsetenesta i kommunane*.

2. Handsaming, høyring ol.
   Endra og ny føresegn blei handsama som sak 03/17 i representantskapsmøte 25.04.2017.
   Vedtaket lyder slik:

   Renovest skal gjera justering av framlagt og ny føresegn.
   Dispensasjonsreglar jf. §20, pkt. B.2 setjast ned frå 2 kilometer til 1 kilometer.
   Korrigert pkt. skal lyde:

   §20 Dispensasjonsreglar
   B. Det kan søkjast om fritak frå renovasjonsordninga når:
   2) - eigedomen ligg meir enn 1 km frå køyrbar heilårsveg

   Styret har, etter nemnde møte i repr.skapet, handsama flg. endringsforslag:

   Styremøte 08.08.2017 / sak 15/17

   - *endring av utkast til lokal føresegn*
     Styreleiar lufta forslag om endring av §20 i ny lokal føresegn / dispensasjonsregel for abonnentar som kan søkje fritak aukast frå 1 til 2 km (køyrbar heilårsveg).
     Eigarrepresentantane som var til stades i møtet gav uttrykk for at det var viktig at ny føresegn er gjennomtenkt og at representantskapsvedtaket ikkje treng tolkast absolutt, dette gjeld også sakshandsamingsreglar generelt for fritak. Styret tek dette til etterretning og arbeider vidare med framlegg til ny føresegn.

   Styremøte 05.09.2017 / sak 18/17

   Styret har flg. endringsforslag:

   - §20 Dispensasjonsreglar - pkt. B. 2) endrast til: - *eigedomen ligg meir enn 2 km frå køyrbar heilårsveg*
   - § 23 under generellt blir følgjande lagt til:
     Det skal vera køyrbar åtkomst til alle stoppunkt heile året, med minimum vegstandard «skogsbilveg kl. 3», heilårs landbruksveg.
     Alle slamavskiljarar skal tømast med avvatningsbil, og tette tankar med sugebil. Traktortøming skal ikkje brukast for nye anlegg godkjent etter at denne forskrifta er vedteken.

   Representantskapet i Renovest IKS handsama styret sitt forslag til ny føresegn i møte den 3. okt. 2017, sak nr. 07-17, og flg. vedtak blei gjort:

   Representantskapet vedtek styret sitt utkast til endringar, jf. styresak 18/2017, av den lokale føresegna, og rår kommunestyra i eigarkommunane til å vedta den framlagte nye «Føresegn for innsamling m.v. av forbruksavfall, tøming av slamavskiljarar, privèt, tette tankar m.v. og for avfallsgebyr for kommunane».

Sak 07 / 2017 Representantskapet / vedtak i representantskapsmøte 03.10.2017
Sak 18 / 2017 (handsama i styremøtet 05.09.2017)

Føresegn for innsamling og handsaming av hushaldsavfall, tøming av slamskiljarar, privet, tette tankar mv. og for avfallsgebyr for kommunane Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje i Telemark.

Opphavleg:

Fastsett av Kviteseid kommunestyre 17. juni 1999, Vinje kommunestyre 29. juni 1999, Fyresdal kommunestyre 26. august 1999, Seljord kommunestyre 2. september 1999 og Tokke kommunestyre 6. september 1999 med heimel i *Lov om vern mot forureiningar og om avfall* (forureiningslova) av 13. mars 1981 nr. 6, § 26 tredje ledd, § 29, § 30 andre og tredje ledd, § 33, § 34 og § 83, og *Lov om helsetjenesten i kommunene* av 19. november 1982 nr. 66, kap. 4a. Endra 16 feb. 2006 nr. 314 (heile føresegna kunngjort).

Dato	FOR-1999-09-06-1570
Publisert	II 2000 53
Gjeld frå	1.1.2000
Sist endra	FOR-2006-02-16-314 frå 1.1.2006
Endrar	FOR-1995-03-30-1210
Gjeld for	Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje kommunar, Telemark.
Heimel	LOV-1981-03-13-6-§26, LOV-1981-03-13-6-§29, LOV-1981-03-13-6-§30, LOV-1981-03-13-6-§33, LOV-1981-03-13-6-§34, LOV-1981-03-13-6-§83, LOV-1982-11-19-66
Kunngjort	
Korttittel	Forskrift om avfall mv., Telemark

Høyring

Dato	9.10.2017
Høyringsperiode	9.10 - 31.10.2017
Gjeld frå	1.1.2018
Sist endra	FOR-2006-02-16-314 frå 1.1.2006
Endrar	FOR-1995-03-30-1210
Gjeld for	Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje kommunar, Telemark.
Heimel	LOV-1981-03-13-6-§26, LOV-1981-03-13-6-§29, LOV-1981-03-13-6-§30, LOV-1981-03-13-6-§33, LOV-1981-03-13-6-§34, LOV-1981-03-13-6-§83, LOV-1982-11-19-66
Kunngjort	Vest-Telemark Blad, Telemarksavisa, Varden og heimesider til eigarkommunane samt Renovest IKS
Korttittel	Føresegn om avfall mv., Telemark

Del I Avfall

§ 1 Mål for avfallssektoren

Føresegna har som mål å sikre miljømessig, økonomisk og helsemessig forsvarleg oppsamling, innsamling, transport, attvinning og slutthandsaming av forbruksavfall.

§ 2 Virkeområde

Føresegna omfattar alle registrerte grunneigedomar der det oppstår hushaldsavfall, medrekna kvar enkelt seksjonerte del av bygning og kvar enkelt sjølvstendige brukseining i bygning.

Som sjølvstendig brukseining i bygning som ikkje er seksjonert, skal alltid kvar enkelt bustad med eige kjøken reknast likt med sjølvstendig brukseining som har inntil to hyblar med felles kjøken. Utover to hyblar som delar felles kjøken, vert det rekna ei brukseining per to hyblar.

Kommunen avgjer i tvilstilfelle kva som skal reknast som sjølvstendig brukseining i bygning som ikkje er seksjonert.
Føresegna gjeld også for hytter og fritidseigedomar, medrekna permanent oppsett campingvogn. Med permanent meiner ein her oppstilling på same oppstillingsområde i fire månadar eller meir per år. Campingvogn plassert på lagerplass vert ikkje rekna som permanent oppstilt den tida ho står på lager, og det i tillegg kan dokumenterast at ho ikkje er i bruk.

Denne føresegna gjeld kjeldesortering, innsamling, oppsamling og transport av hushaldsavfall.

I tillegg omfattar føresegna oppsamling, innsamling og transport av farleg avfall frå hushald, viss mengda ikkje overstig den grensa som til ei kvar tid gjeld i føresegn om farleg avfall.

Føresegna gjeld også avfallsgebyr.

Styret i Renovest IKS kan gje nærare retningsliner for gjennomføring av føresegna sine reglar.

§ 3 Definisjonar

1. *Avfall* (jf. forureiningslova § 27) er i denne føresegna kasserte lausøyregjenstandar eller stoff. Som avfall reknar ein og overflødige lausøyregjenstandar og stoff frå tenesteyting, produksjon og reinseanlegg m.m. Avløpsvatn og avgassar vert ikkje rekna som avfall. Forureiningslova delar vidare avfallet inn i kategoriane hushaldsavfall, næringsavfall og farleg avfall.
2. *Hushaldsavfall* er avfall frå private hushald (gjeld og hytter/fritidsbustader) og større gjenstandar som inventar o.l.
3. *Næringsavfall* er avfall frå offentlege og private verksemder og institusjonar.
4. *Farleg avfall* er avfall som ikkje er tenleg å handsame saman med anna hushaldsavfall eller næringsavfall fordi det kan føre til alvorleg forureining eller fare for skade på menneske eller dyr.
5. *Smitte-/risiko- og/eller problemavfall* som er smittefarleg, avfall frå sjukehus, sjukeheimar, legekontor, tannlegekontor, veterinærar og liknande. Ordningane omfattar ikkje patologisk avfall.
6. *Matavfall* er matrestar frå vanlege hushald og storhushald, dvs. avfall frå produksjon, servering og sal av mat og matvareprodukt, samt restar etter måltid.
7. *Våtorganisk avfall* er lett nedbrytbart organisk avfall, t.d. matavfall, planterestar, hageavfall, kattesand og vått hushaldspapir.
8. *Restavfall* er avfall det ikkje er oppretta eigne sorteringsordningar for. Dette er avfall som vert att etter kjeldesortering og sentralsortering av hushalds- og næringsavfall, og som skal leverast til forbrenningsanlegg eller avfallsdeponi som har løyve for mottak av slikt avfall.
9. *Abonnent* er eigar eller festar av eigedom eller bueining (herunder privathushald, hytter og fritidsbustadar) som vert omfatta av denne kommunale renovasjonsordninga.
10. *Oppsamlingseining* for avfall er container, behaldar eller sekk. Renovest vedtek val av type og utforming.
11. *Hentestad* er staden der oppsamlingseining(ar) er plassert.
12. *Kjeldesortering* er å sortere ulike fraksjonar frå kvarandre.
13. *Tømefrekvens* er talet på tømingar av oppsamlingseininga innanfor eit fastsett tidsrom.
14. *Felles oppsamlingsutstyr* er når fleire bueiningar slår seg saman om oppsamlingsutstyr.
15. *Miniabonnement* er eit abonnement med berre éin fastbuande person i huslyden.
16. *Returpunkt* er ubemanna oppsamlingsstad der publikum kan levere ein eller fleire avfallsfraksjonar, til dømes glas, papir, tøy osb.

17. *Gjenvinningsstasjon* er eit spesielt tilrettelagt område med organisert oppsamling av sortert avfall. Gjenvinningsstasjonane er bemanna.
18. *Hentesystem* er eit system der kjeldesortert avfall vert henta av godkjent avfallsinnsamlar.
19. *Leveringssystem* er eit system der publikum sjølve leverer sitt kjeldesorterte avfall til ein mottaksplass, t.d. eit returpunkt eller ein gjenvinningsstasjon.
20. *Storhushald* er hotell, restaurant/kafé, institusjonskjøkken, mindre produsent av heil- og halvfabrikata, matvareforretning, kantine o.l.
21. *Kompostering* er biologisk nedbryting og stabilisering av organisk avfall med lufttilgang.
22. *Transportveg* er veg mellom hentestad og køyrerute. Slike vegar skal gje problemfri transport av oppsamlingseiningane og vera fri for trapper og andre hindringar som syklar, barnevogner, klessnorer o.l.
23. *Hybel* er bueining for utleige med eige kjøken eller felleskjøkken og mindre enn 40 m^2 bruksareal.
24. *Leilegheit* er bueining ≥ 40 m^2 med stove, kjøken (eller kjøkenkrok) og soverom frådelt.
25 *Fritidsbustad* er hus som vert nytta som hytte. Gjeld også våningshus på fråflytta gardsbruk.

§ 4 Kommunal innsamling av avfall

Lovpålagt innsamling av hushaldsavfall

I kommunen er det lovpålagt innsamling av hushaldsavfall, jf. lov 13. mars 1981 nr. 6, om vern mot forureining og om avfall (forureiningslova). Alle eigedomar mv. som fell innanfor § 2 i denne føresegna er omfatta av denne avfallsordninga.

Kommunen kan etter grunngjeven, skriftleg søknad gje dispensasjon for særskilte eigedomar. Gjeldande fritaksgrunnar står i § 20 og §25.

Utan skriftleg løyve frå kommunen kan ingen samle inn hushaldsavfall i kommunen.

Det er ikkje tillate å leggje frå seg avfall utanom godkjent avfallsanlegg. Det er heller ikkje tillate å brenne avfall utanom godkjent anlegg, slik at det kan føra til fare for forureining eller hygieniske ulemper for omgjevnadene. Det er heller ikkje tillate å grave ned eller leggje frå seg avfall o.l. i naturen.

Kommunal renovasjon

Den kommunale renovasjonsordninga omfattar hushaldsavfall.

Renovest IKS har ansvaret for å samle inn hushaldsavfall som er omfatta av denne føresegna. Renovest IKS kan gje løyve til at andre står for gjennomføringa av renovasjonen.

Ordinær renovasjonsavgift startar ved ferdigstilling eller seinast eitt år etter at byggjeløyve er gjeve.

Bygningsavfall

Bygningsavfall som oppstår i samband nybygg og rehabilitering skal leverast til bemanna mottak.

Smitte- og risikoavfall

Det er ikkje tillate å levera smitte/risikoavfall frå helseinstitusjonar (legekontor, tannlegekontor o.l.) innblanda i anna avfall til kommunal avfallsordning, jamfør eiga føresegn. Smitte-/risikoavfallet skal kjeldesorterast og leverast separat til godkjent innsamlingsordning. Kommunen si innsamlingsordning omfattar ikkje smitte-/risikoavfall.

Farleg avfall

Renovest IKS skal syte for at det eksisterer eit dekkjande tilbod for mottak av farleg avfall frå hushald og verksemder, jamfør føresegn om farleg avfall.

For farleg avfall frå hushald tilbyr kommunen eiga innsamlingsordning eller mottak ved gjenvinningsstasjonar og bemanna mottak.

For farleg avfall frå verksemder tilbyr Renovest IKS mottak ved eigen mottaksstasjon på Brunkeberg avfallsmottak mot betaling.

§ 5 Avfall som ikkje er omfatta av kommunal innsamling

Næringsavfall er ikkje omfatta av lovpålagt kommunal avfallsordning. Slikt avfall skal leverast til lovleg avfallsmottak med mindre det skal gjenvinnast eller brukast på annan måte. Brenning av næringsavfall er berre tillate i godkjente anlegg.

Avfallseigar må sjølv syte for å levere farleg avfall og næringsavfall til godkjent anlegg for handsaming eller til anna godkjent slutthandtering.

For næringsavfall som det passar å samle inn saman med hushaldsavfall, kan Renovest IKS tilby slik innsamling.

For dei fleste avfallstypar som ikkje vert omfatta av den påbodne avfallsordninga, tilbyr Renovest IKS mottak på sine gjenvinningsstasjonar og sorteringsanlegg.

Renovest IKS kan og, der dette passar, tilby eiga innsamling av næringsavfall.

§ 6 Krav til sortering mv. av avfallet

Abonnentar som er med i lovpålagt, kommunal avfallsordning, pliktar å kjeldesortere avfallet i dei avfallsfraksjonar Renovest IKS etablerer innsamlings- og mottaksordningar for. Avfall levert til kommunal avfallsordning, kan verta manuelt sortert/kontrollert av Renovest IKS. Abonnenten er sjølv ansvarleg for at avfall han vil halde konfidensielt er makulert.

Hentesystemet

Alle abonnentar som inngår i lovpålagt kommunal avfallsordning, skal kjeldesortere avfallet. Fraksjonane skal haldast skilde og leggjast i eigne oppsamlingseiningar hjå kvar abonnent.
For nærare opplysingar om tømefrekvensar og liknande, viser ein til eigen renovasjonskalender frå Renovest IKS. Renovest IKS kan gjera endringar i utval og tal fraksjonar.

Leveringssystemet

Anna avfall skal leverast til returpunkta, eller til gjenvinningsstasjonane. Renovest IKS kan gjera endringar i utval og tal på fraksjonar på mottaka.

Hushaldsavfall som er for stort eller tungt til å kunne leggjast i oppsamlingseiningane hjå kvar abonnent skal leverast til bemanna gjenvinningsstasjon.

Farleg avfall frå husstandar som går inn i kommunal avfallsordning, kan leverast på miljøstasjonane eller ved bemanna avfallsmottak (gjenvinningsstasjon).

§ 7 Kompostering

Hage-/parkavfall går ikkje inn i hushaldsavfallet. Abonnentar som har eigen godkjent kompostbinge for kompostering av matavfall, kan inngå kontrakt med kommunen om heimekompostering. Dei abonnentar som teiknar slik kontrakt og på denne måten reduserer si eiga avfallsmengd, får ein reduksjon i avfallsgebyret, om abonnenten ikkje legg matavfall i oppsamlingseininga. Abonnenten må sjølv skaffe behaldar. Det er ein føresetnad at komposteringa skjer på ein hygienisk tilfredsstillande måte, som ikkje trekkjer til seg skadedyr, gjev sigevatn, vond lukt eller verkar sjenerande for omgjevnadane. Tilvisingar frå kommunen skal fylgjast, og det kan verta ført kontroll med at kontrakten vert etterlevd.

Heimekompostabonnement kan berre godkjennast etter skriftleg søknad og skriftleg avtale med kommunen. Abonnentar som har gjødselkjellar som er i bruk kan nytte denne som kompostbinge.

§ 8. Oppsamlingseiningar

Alle oppsamlingseiningar er Renovest IKS sin eigedom, som og har ansvar for innkjøp og utplassering. Einingane er av slik type og tilstand at avfallet er sikra mot rotter og andre skadedyr. Renovest IKS avgjer når ei eining må reparerast eller fornyast, og står for reparasjon og utskifting etter behov ved normal slitasje. Kvar einskild eining er registrert på den einskilde eigedom og fylgjer denne.

Unntak er spesialbehaldarar, som må kostast og er eigd av abonnenten. Spesialbehaldarar må godkjennast av Renovest IKS.

Abonnentar kan av Renovest IKS verta pålagte å nytte felles behaldarar.

§ 9. Plassering av oppsamlingseiningar og krav til vegstandard

Generelle vilkår

Alle oppsamlingseiningar må plasserast slik at dei ikkje gjev hygieniske ulemper eller er til sjenanse (dvs. praktisk og estetisk) for andre, korkje ved oppbevaring, bruk eller i samband med tøming. På hentestaden skal behaldaren plasserast lett tilgjengeleg på eit plant og fast underlag på bakkenivå. Det skal setjast av nok areal til plassering og handtering av behaldarane. Einingane skal plasserast slik at renovatør er sikra mot

ulemper frå husdyr. Dersom plasseringa av ei oppsamlingseining utgjer ein skaderisiko, forverrar renovatøren sitt arbeidsmiljø eller fører til andre ulemper, kan Renovest IKS krevje at einingane vert flytta eller at abonnenten set i verk tiltak for å fjerne ulempene.

Konkrete vilkår

Hentestaden skal liggje ved køyrbar veg og vera lett tilgjengeleg. I periodar med is og snø må tilkomstveg, transportveg og hentestad vera rydda for snø, strøydd og utan fare for takras. Renovest IKS kan i motsett fall påleggje flytting av oppsamlingseiningane.

Ved tre eller fleire abonnentar, og der vegstandarden stettar krava under, skal avfallet verta henta.

Vegstandardar

A) Vegen må vera farbar for køyretøy som stettar krav fastsett av Renovest IKS.

B) Renovest IKS eller transportør står ikkje ansvarleg for skade på veg på grunn av dårleg standard.

Alle vegar skal godkjennast av Renovest IKS.

I periodar med is og snø må privat tilkomstveg, transportveg og hentestad vera rydda for snø og sandstrødd, og utan fare for takras o.l. Renovest IKS kan i slike periodar påleggje ei anna plassering av oppsamlingseiningane enn det som vert kravd resten av året.

Privat tilkomstveg, transportveg, utforming av hentestad, søppelrom etc. skal godkjennast av Renovest IKS. Bruk av privat tilkomstveg skal regulerast med skriftleg avtale mellom Renovest IKS og vegeigar/dei som har vegrett.

§ 10. Bruk av oppsamlingseiningar for hushald

Oppsamlingseiningar må berre nyttast til oppsamling av avfall som er omfatta av denne føresegna, og skal ikkje innehalde gjenstandar som kan utsetje renovatøren for fare eller ulempe under handteringa.

Skarpe eller knuselege gjenstandar, sprøytespissar o.l. skal vera forsvarleg innpakka før plassering i behaldar/sekk. Varm oske må avkjølast heilt før ho vert emballert og lagt i behaldar/sekk.

Flytande avfall skal ikkje leggjast i behaldaren. I behaldaren må det vidare ikkje leggjast større metallgjenstandar, stein og jord, hageavfall, sand/grus eller bygningsavfall.

I behaldaren må det heller ikkje leggjast etsande, eksplosivt eller sjølvtenneleg avfall.

Farleg avfall skal ikkje leggjast i behaldaren. Opplysningar om kvar slikt avfall kan leverast kan ein få ved å vende seg til kommunen/Renovest IKS. Ein viser og til §§ 4 og 5 i denne føresegna. I tvilstilfelle skal kommunen/Renovest IKS kontaktast på førehand.

Einingar for kjeldesortert avfall skal berre innehalde den type avfall som Renovest IKS til ei kvar tid bestemmer.

Alt avfall som vert sett fram til tøming skal liggje i godkjent oppsamlingseining som ikkje er fylt meir enn at loket lett kan leggjast på. Sekkar skal ha ei fri fyllingshøgde på 20 cm og maksimal vekt på 20 kg.

Det er abonnenten sitt ansvar å syte for naudsynt reinhald av oppsamlingseiningane og hentestaden. Behaldarar som er komne bort eller øydelagde utover normal slitasje, skal erstattast økonomisk av abonnent.

Abonnenten må setje fram rett behaldar til hentestaden innan kl. 07.00 tømedagen for å kunne krevje innsamling. Dette gjeld og dei abonnentane med avstand meir enn 10 meter frå køyreruta.

Renovest IKS kan påleggje den einskilde abonnenten å auke volumet på oppsamlingseining(ane) dersom dette synest naudsynt for å sikre god nok sortering av avfallet eller for å hindre at avfallet vert oppbevart eller handtert på ein uheldig måte.

Renovest IKS er ikkje forplikta til å tøme oppsamlingseiningar som vert bruka i strid med denne føresegna.

§ 11. Bruk av oppsamlingseiningar for hytter og)fritidsbustadar

Renovest IKS skal syta for naudsynt reinhald av behaldarar og hente-/oppstillingsstad for behaldarar til bruk for hytter og fritidsbustadar.

Behaldarar som er utplasserte og merkte for fritidsbustadar/hytter, skal berre nyttast av brukarar av hytter og fritidsbustader.

Dei som leverer til hyttereturpunkt må sortere i dei einingar som det er sett ut sortering for. Større avfallsfraksjonar som møblar, kvitevarer, farleg avfall og byggje- og rivingsavfall må leverast til bemanna mottak.

Elles gjeld dei andre vilkåra i denne føresegna.

§ 12. Renovatøren sine plikter

Renovatøren er pliktig til å ta med avfall som er lagt i godkjent oppsamlingseining. Innsamling og tøming skal skje slik at det fører til minst mogleg ulempe med omsyn til støv, støy, lukt o.l. Under transport skal avfallet vera sikra slik at ikkje noko fell av eller sølar til plass eller veg. Eventuelt søl frå tøminga skal ryddast opp av renovatør.

Avfallet skal hentast etter gjeldande tømerutine som er fastsett av Renovest IKS og kunngjort på eigna vis.

Ved endring i tømerutinar skal abonnenten varslast i god tid og på ein tenleg måte.

§ 13. Abonnenten sine plikter

Abonnenten er ansvarleg for at plassering og bruk av oppsamlingseining skjer i samsvar med denne føresegna.

Abonnenten er og ansvarleg for naudsynt reinhald og vedlikehald av oppsamlingseiningar og hentestad, samt for eventuelle skader på oppsamlingseiningane på grunn av feil bruk, hærverk eller liknande.

Eigar eller festar av eigedomen der det samlar seg hushaldsavfall, pliktar straks å melde frå til kommunen dersom han ikkje er i gebyrregisteret eller det vert endringar i abonnementstilhøvet.

§ 14. Gebyrplikt

Abonnentar som omfattast av vilkåra i denne føresegna skal betale avfallsgebyr.

Ved registrering av nytt renovasjonsabonnement eller endring av dette, vert gebyret gjort gjeldande frå den dato kommunen har vedteke endringa.

Storleiken på gebyr og prisar for ulike tilleggstenester vert årleg fastsette av kommunen, jf. gebyrregulativet.

§ 15. Innkrevjing og renter

Avfallsgebyr med tillegg for renter og kostnadar er sikra ved lovbestemt pant etter pantelova § 6-1. Om renteplikt ved for sein betaling og inndriving av avfallsgebyr gjeld reglane i lov av 17. desember 1976 nr. 100 om forseinka betaling § 2 tilsvarande.

Abonnenten skal betale gebyr for kvar abonnementseining, jf. § 2.

§ 16. Delegering

Renovest IKS har rett til å gjennomføre renovasjonen i samsvar med denne føresegna.

Mindre endringar i denne føresegna kan endrast av styret i Renovest IKS.

Dei fullmakter som i denne føresegna er lagt til interkommunalt renovasjonsselskap, er gjeve med heimel i forureiningslova § 83.

§ 17. Rett til å klage

Vedtak etter denne føresegna kan klagast på dersom vedtaket er eit enkeltvedtak, jf. forvaltningslova § 2b og forureiningslova § 85. Klaga vert handsama etter regelverket i forvaltingslova, jf. kap. VI.

Klaga skal sendast til kommunen. Dersom klaga ikkje vert teken til fylgje, skal ho leggjast fram for klagenemnda i kommunen.

§ 18. Sanksjonar og straff

Ved manglande eller feilaktig sortering av avfallet i samsvar med vilkåra i denne føresegna, vil Renovest IKS gje melding om at dette må rettast. Ved graverande eller gjentekne overskridingar av sorteringsvilkåra, kan renovatør nekta å tøme oppsamlingseininga før avfallet er korrekt sortert. For å unngå eventuelle helsemessige problem, kan Renovest IKS for abonnenten si rekning syte for separat henting og sortering av det feilsorterte avfallet.

Ved brot på vilkåra med anna abonnement enn standardabonnement, skal det betalast full avgift frå det tidspunktet feilen vart oppdaga.

§ 19. Tilhøve til helseføresegner

Dei lokale helsestyresmaktene har ansvar for å sjå til at handtering av avfall skjer i samsvar med kommunehelsetenestelova, og kan på sjølvstendig grunnlag fastsetja vilkår som sikrar hygienisk oppbevaring og disponering av avfallet.

All handtering av avfall etter denne føresegna skal skje i samsvar med sentrale og lokale helsestyresmakter sine retningsliner og vilkår.

Brot på denne føresegna kan utover dette verta straffa med bøter, jf. forureiningslova § 79 andre ledd.

§ 20. Dispensasjonsreglar

A. Redusert standardabonnement:

1) Miniabonnement – husstand som ikkje har meir enn ein person
2) Heimekompost

B. Det kan søkjast om fritak frå renovasjonsordninga når:

1) - eigedomen ikkje er i bruk
2) - eigedomen ligg meir enn 2 km frå køyrbar heilårsveg

Gebyret vert gjort gjeldande frå den dato kommunen har vedteke endringa.

Del II Slam/septik

Tøming av slam frå slamskiljarar mv. gjeld jf. forureiningslova § 26

§ 21. Abonnenten sine plikter

Abonnenten skal syte for at anlegget er lett tilgjengeleg for tøming. Snø, is, jord osb. over kumloket skal fjernast av abonnenten før tøming.

Den som tømer anlegget, har rett til å plassere naudsynt utstyr på eigedomen for å få utført tøminga.

§ 22. Renovatøren sine plikter

Den som tømer skal reise frå anlegget i lukka stand. Alle sikringsordningar skal attende på plass. Renovest IKS skal varsla huseigar dersom anlegget er uforsvarleg sikra eller sikringsordning er defekt eller vart skadd ved tøming.

§ 23. Tøming av slamskiljar mv.

Renovest IKS skal i det minste gjennom annonser i dagspressa varsle om og når det vert tøming.

Tøming av separate slamskiljarar skal skje slik:

Heilårsbustad med vassklosett.	Tankvolum < 4 m^3	årleg tøming eller oftare.
Heilårsbustad med vassklosett.	Tankvolum ≥ 4 m^3	tøming kvart andre år.
Heilårsbustad utan vassklosett.	Tankvolum < 2 m^3	tøming kvart andre år eller oftare.
Heilårsbustad utan vassklosett.	Tankvolum ≥ 2 m^3	tøming kvart fjerde år.
Fritidseigedom med vassklosett.	Tankvolum < 2 m^3	tøming kvart andre år eller oftare.
Fritidseigedom med vassklosett.	Tankvolum ≥ 2 m^3	tøming kvart fjerde år eller oftare
Fritidseigedom utan vassklosett.	Tankvolum < 1 m^3	tøming kvart andre år eller oftare.

Fritidseigedom utan vassklosett.	Tankvolum ≥ 1 m^3	tøming kvart fjerde år.

Felles slamskiljarar skal tømast minst ein gong per år, eller i samsvar med løyve.
Tette oppsamlingstankar skal tømast minst ein gong kvart år, eventuelt oftare om det er naudsynt.
I spesielle tilfelle kan kommunen påleggje ein annan tømefrekvens.

Generelt

Det skal vera køyrbar tilgang til alle stoppunkt heile året, med minimum vegstandard - «skogsbilveg kl. 3», heilårs landbruksveg.

Alle slamavskiljarar skal tømast med avvatningsbil, og tette tankar med sugebil. Traktortøming skal ikkje brukast for nye anlegg godkjent etter at denne forskrifta er vedteken.

Anlegget skal etterlatast i lukka stand. Grinder, portar og dører skal lukkast, eventuelt låsast.

Alle tankar må vera slik plassert at høgdeskilnaden frå botn av kum til pumpa på bilen ikkje overstig 9 m.

Maksimalt slangeutlegg, utan tillegg i pris, er 60 meter.

§ 24. Gebyrplikt

Abonnentar som omfattast av vilkåra i denne føresegna skal betale slamgebyr.
Ved registrering av nytt slamabonnement eller endring av dette, vert gebyret gjort gjeldande frå 01.01. i året etter motteken søknad/melding.

Storleiken på gebyr og prisar for ulike tilleggstenester vert årleg fastsett av kommunen, jf. gebyrregulativet.

§ 25. Dispensasjonsreglar

Det kan søkjast om fritak frå slamtøming når:
- eigedomen ikkje er i bruk.

Ved vedtak om fritak skal slamavskiljar, tett tank o.l. tømast det same året.

§ 26. Verknad

Føresegna vert gjort gjeldande frå 1. januar 2018.

Vedlegg – Gebyrføresegn / berekningsgrunnlag

Fastsett av kommunestyret i medhald av *Lov om vern mot forureining og om avfall* (forureiningslova) av 13. mars 1981 nr. 6, § 34.
(Satsane skal fastsetjast i samband med budsjetthandsaminga i kommunane for kvart nytt kalenderår).

I. Gebyr hushaldsavfall jf. gebyrregulativet i den einskilde kommune

Renovasjonsabonnement

A0 Grunnavgift (3x 120 l dunkar + trøyesekk/plast)	kr. A0 per år.
A1 Standardabonnement (dunkar og sekk) / gjeld berre hushald	kr. A0 * 1,00 per år.
A2 Standardabonnement med heimekompost	kr. A0 * 0,75 per år.
A3 Miniabonnement / gjeld berre hushald	kr. A0 * 0,70 per år.
A4 Standardabonnement (container) / gjeld hytte/fritidsbustad	kr. A0 * 1,00 per år.

Abonnentar som treng større volum i oppsamlingsutstyret kan:

- levere ekstra hushaldsavfall til bemanna avfallsmottak
- abonnere på utvida ordning
- kjøpe ekstrasekk
- få tilbod om kostnadsfri levering av «blåsekk» til bleietrengande jf. gjevne retningsliner

Abonnentar som ynskjer å ha oppsamlingsutstyret meir enn 10 m frå køyrbar veg må betale fylgjande tillegg:

B1		
10-25 m	frå vegkant	Kr. y per tøming

Levering av avfall til mottak:

Prisliste vert utarbeidd av Renovest IKS.

II. Gebyr septik jf. gebyrregulativet i den einskilde kommune

Tøming av slamskiljarar, tette tankar og feittavskiljarar:

Grunnpris ≤ 4 m^3	kr. S1	per tøming / jf. gebyrvedtak
Tillegg for > 4 m^3	kr. S2	per m^3 / jf. gebyrvedtak
Tilkøyringsgebyr (tillegg for tøming utanom rute)	kr. S3	per tur. / jf. gebyrvedtak

*Verknad*stidspunkt

Gebyrvedtaket gjeld frå 1. januar 2018.

Høyring

Følgjande melding med vedlegg blei sendt Tenestetorga i eigarkommunane 06.10.17

Høyring – endring av lokal føresegn

Lokal føresegn / renovasjon og slam / for eigarkommunane i Renovest IKS skal endrast.

Ein ber om at forslag til ny føresegn leggjast ut på heimesidene til kommunane i perioden **9. oktober - 31. oktober 2017** saman med «utlysingstekst / varslingsannonse» - begge vedlagt.

Samstundes ber ein og tenestetorga i dei fem aktuelle kommunane om å skrive ut høyringsutkastet til dei som måtte
ønskje eit eksemplar for høyringsuttale.

Til info: Høyringa blir og varsla i Vest-Telemark Blad, Telemarksavisa og Varden.

Etter endt høyringsperiode vil ein sende utkast til ny føresegn og innkomne høyringsuttaler til handsaming i dei einskilde fagutval / kommunestyra.

Høyringstekst:

Høyring-/lysingstekst – endring lokal føresegn

Føresegn for innsamling og handsaming av hushaldsavfall, tøming av slamskiljarar, privet, tette tankar mv. og for avfallsgebyr for kommunane Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje i Telemark.

Endringane vert gjort av omsyn til naudsynte og lovpålagte tilpassingar til dei sentrale lovverka på området, med ref. til m.a; *Lov om vern mot forurensninger og om avfall* (forureiningslova) samt *Lov om helsetenesta i kommunane*.
Høyringsperiode er sett til: 9. oktober - 31. oktober 2017
Høyringsutkast / endra føresegn er lagt ut til ettersyn på servicetorga i kommunane Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje samt i ekspedisjonen hos Renovest IKS.
Høyringsutkast / endra føresegn er og lagt tilgjengeleg på dei respektive kommunane sine heimesider; www.fyresdal.kommune.no/, www.kviteseid.kommune.no/, www.seljord.kommune.no/, www.tokke.kommune.no/ og www.vinje.kommune.no/
Høyringsdokumentet ligg og på heimesida til www.renovest.no/

Høyringsuttale merkast «Endra lokal føresegn avfall/slam» og sendast skriftlig **innan 31.10.2017** til Renovest IKS, Ordalsvegen 63, 3850 Kviteseid eller til verksemda si epostadr.: post@renovest.no
Renovest IKS
Ordalsvegen 63
3850 Kviteseid

Innkomne høyringsuttaler

Innan fastsett frist (31.10.2017) for uttale er det registrert flg.:

1. Seljord kommune v/ teknisk avdeling - motteke 31.10.2017
   Renovest IKS - Høyring - Lokal føresegn om renovasjon og slam- administrativ uttale

   Vi viser til høyring – endring av lokal forskrift.

Vi ser at det i fleire høve er bruka ordet brukseining og bueining. Vi meiner at ordet bueining bør brukas.

§3 Definisjonar - bør innehalde definisjon på bueining.

§ 3 Pkt 23 Hybel endras til: *Hybel er bueining for utleige med eige kjøkken/kjøkkenkrok eller felleskjøkken.*

§3 Pkt 24 *Leilegheit er bueining med stove, kjøkken/kjøkkenkrok og eige soverom.*

§2 Verkeområde - bør her skrive litt om på teksten på 1., 2. og 3. avsnitt til ;

Føresegna omfattar alle registrerte grunneigedomar der det oppstår hushaldsavfall, medrekna kvar enkelt seksjonerte del av bygning og kvar enkelt sjølvstendige bueining i bygning. Som sjølvstendig bueining i bygning som ikkje er seksjonert, skal alltid kvar enkelt bueining med eige kjøkken reknast likt med sjølvstendig bueining. Utover to hyblar som deler felles kjøken, vert det rekna ei bueining per to hyblar.
Kommunen avgjer i tvilstilfelle kva som skal reknast som sjølvstendig bueining i bygning som ikkje er seksjonert.

§4 Kommunal innsamling av avfall

Her er ordet eigedommar nytta (fyrste avsnitt, 2. setning). §4 må også gjelde for bueining.

Med helsing

Kåre Groven, Teknisk sjef — Egil Birkrem, Avdelingsingeniør

2. Ingebjørg Lauvik / motteke 31.10.2017

Permanent oppsett campingvogn (kan vel ikkje gjelde campingplassar) ?

Kor lenge må ein bustad **ikkje** vere i bruk før ein får fritak ?
Eg foreslår tillegg/endring av §20, nytt pkt. B.3:

Bustadeigedom som er fråflytta seks - 6 månader eller meir og ikkje blir nytta som fritidshusvære kan etter søknad få tidsavgrensa fritak i to - 2 år.

Auka volum på oppsamlingseining ? All den tid det er med, så bør vi kanskje ha ein pris på dette ?

Heilårsbustad /fritidseigedom utan vassklosett.
Då har dei vel bare ein gråvasstank, privet etc. ?
Eg foreslår fylgjande tillegg:

Abonnentar med gråvasstank og privet er ikkje pålagt tøming, men kan om ynskjeleg leggjast inn på fast tøming.

Bruk av høyringsuttaler til endring av endeleg tekstar i ny føresegn

Det var liten respons i forbindelse med høyringa, berre to registrera forslag / innspel til endringar.

Frå administrasjonen i Renovest IKS si side oppfattar ein begge forslagstillarane sine innspel som gode. Dei er verken «kontroversielle» i forma eller av ei form som vesentleg endrar styret/representantskapet sitt utkast, og difor kan/vil vi oppmode kommunane til å vedta endringane frå høyringsuttalene som tillegg/korrigering til vedtatt utkast.

Korrigera forslag til ny og endeleg tekst - lokale føresegn:

Sak 07 / 2017 Representantskapet / vedtak i representantskapsmøte 03.10.2017
Sak 18 / 2017 (handsama i styremøtet 05.09.2017)
Høyringsuttaler med tekstforslag er tatt inn med utheva/kursivera tekst i det fylgjande

Føresegn for innsamling og handsaming av hushaldsavfall, tøming av slamskiljarar, privet, tette tankar mv. og for avfallsgebyr for kommunane Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje i Telemark.
Opphavleg:
Fastsett av Kviteseid kommunestyre 17. juni 1999, Vinje kommunestyre 29. juni 1999, Fyresdal kommunestyre 26. august 1999, Seljord kommunestyre 2. september 1999 og Tokke kommunestyre 6. september 1999 med heimel i *Lov om vern mot forureiningar og om avfall* (forureiningslova) av 13. mars 1981 nr. 6, § 26 tredje ledd, § 29, § 30 andre og tredje ledd, § 33, § 34 og § 83, og *Lov om helsetjenesten i kommunene* av 19. november 1982 nr. 66, kap. 4a. Endra 16 feb. 2006 nr. 314 (heile føresegna kunngjort).

Dato	FOR-1999-09-06-1570
Publisert	II 2000 53
Gjeld frå	1.1.2000
Sist endra	FOR-2006-02-16-314 frå 1.1.2006
Endrar	FOR-1995-03-30-1210
Gjeld for	Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje kommunar, Telemark.
Heimel	LOV-1981-03-13-6-§26, LOV-1981-03-13-6-§29, LOV-1981-03-13-6-§30, LOV-1981-03-13-6-§33, LOV-1981-03-13-6-§34, LOV-1981-03-13-6-§83, LOV-1982-11-19-66
Kunngjort	
Korttittel	Forskrift om avfall mv., Telemark

Høyring

Dato	9.10.2017
Høyringsperiode	9.10 - 31.10.2017
Gjeld frå	1.1.2018
Sist endra	FOR-2006-02-16-314 frå 1.1.2006
Endrar	FOR-1995-03-30-1210
Gjeld for	Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje kommunar, Telemark.
Heimel	LOV-1981-03-13-6-§26, LOV-1981-03-13-6-§29, LOV-1981-03-13-6-§30, LOV-1981-03-13-6-§33, LOV-1981-03-13-6-§34, LOV-1981-03-13-6-§83, LOV-1982-11-19-66
Kunngjort	Vest-Telemark Blad, Telemarksavisa, Varden og heimesider til eigarkommunane samt Renovest IKS
Korttittel	Føresegn om avfall mv., Telemark

Del I Avfall

§ 1 Mål for avfallssektoren
Føresegna har som mål å sikre miljømessig, økonomisk og helsemessig forsvarleg oppsamling, innsamling, transport, attvinning og slutthandsaming av forbruksavfall.

§ 2 Verkeområde
~~Føresegna omfattar alle registrerte grunneigedomar der det oppstår hushaldsavfall, medrekna kvar enkelt seksjonerte del av bygning og kvar enkelt sjølvstendige brukseining i bygning.~~

~~Som sjølvstendig brukseining i bygning som ikkje er seksjonert, skal alltid kvar enkelt bustad med eige kjøken reknast likt med sjølvstendig brukseining som har inntil to hyblar med felles kjøken. Utover to hyblar som delar felles kjøken, vert det rekna ei brukseining per to hyblar.~~
~~Kommunen avgjer i tvilstilfelle kva som skal reknast som sjølvstendig brukseining i bygning som ikkje er seksjonert.~~
Føresegna omfattar alle registrerte grunneigedomar der det oppstår hushaldsavfall, medrekna kvar enkelt seksjonerte del av bygning og kvar enkelt sjølvstendige bueining i bygning.
Som sjølvstendig bueining i bygning som ikkje er seksjonert, skal alltid kvar enkelt bueining med eige kjøkken reknast likt med sjølvstendig bueining. Utover to hyblar som deler felles kjøken, vert det rekna ei bueining per to hyblar.
Kommunen avgjer i tvilstilfelle kva som skal reknast som sjølvstendig bueining i bygning som ikkje er seksjonert.

Føresegna gjeld også for hytter og fritidseigedomar, medrekna permanent oppsett campingvogn. Med permanent meiner ein her oppstilling på same oppstillingsområde i fire månadar eller meir per år. Campingvogn plassert på lagerplass vert ikkje rekna som permanent oppstilt den tida ho står på lager, og det i tillegg kan dokumenterast at ho ikkje er i bruk.

Denne føresegna gjeld kjeldesortering, innsamling, oppsamling og transport av hushaldsavfall.

I tillegg omfattar føresegna oppsamling, innsamling og transport av farleg avfall frå hushald, viss mengda ikkje overstig den grensa som til ei kvar tid gjeld i føresegn om farleg avfall.

Føresegna gjeld også avfallsgebyr.

Styret i Renovest IKS kan gje nærare retningsliner for gjennomføring av føresegna sine reglar.

§ 3 Definisjonar

1. *Avfall* (jf. forureiningslova § 27) er i denne føresegna kasserte lausøyregjenstandar eller stoff. Som avfall reknar ein og overflødige lausøyregjenstandar og stoff frå tenesteyting, produksjon og reinseanlegg m.m. Avløpsvatn og avgassar vert ikkje rekna som avfall. Forureiningslova delar vidare avfallet inn i kategoriane hushaldsavfall, næringsavfall og farleg avfall.
2. *Hushaldsavfall* er avfall frå private hushald (gjeld og hytter/fritidsbustader) og større gjenstandar som inventar o.l.
3. *Næringsavfall* er avfall frå offentlege og private verksemder og institusjonar.
4. *Farleg avfall* er avfall som ikkje er tenleg å handsame saman med anna hushaldsavfall eller næringsavfall fordi det kan føre til alvorleg forureining eller fare for skade på menneske eller dyr.
5. *Smitte-/risiko- og/eller problemavfall* som er smittefarleg, avfall frå sjukehus, sjukeheimar, legekontor, tannlegekontor, veterinærar og liknande. Ordningane omfattar ikkje patologisk avfall.
6. *Matavfall* er matrestar frå vanlege hushald og storhushald, dvs. avfall frå produksjon, servering og sal av mat og matvareprodukt, samt restar etter måltid.
7. *Våtorganisk avfall* er lett nedbrytbart organisk avfall, t.d. matavfall, planterestar, hageavfall, kattesand og vått hushaldspapir.
8. *Restavfall* er avfall det ikkje er oppretta eigne sorteringsordningar for. Dette er avfall som vert att etter kjeldesortering og sentralsortering av hushalds- og næringsavfall, og som skal leverast til forbrenningsanlegg eller avfallsdeponi som har løyve for mottak av slikt avfall.
9. *Abonnent* er eigar eller festar av eigedom eller bueining (herunder privathushald, hytter og fritidsbustadar) som vert omfatta av denne kommunale renovasjonsordninga.

10. *Oppsamlingseining* for avfall er container, behaldar eller sekk. Renovest vedtek val av type og utforming.
11. *Hentestad* er staden der oppsamlingseining(ar) er plassert.
12. *Kjeldesortering* er å sortere ulike fraksjonar frå kvarandre.
13. *Tømefrekvens* er talet på tømingar av oppsamlingseininga innanfor eit fastsett tidsrom.
14. *Felles oppsamlingsutstyr* er når fleire bueiningar slår seg saman om oppsamlingsutstyr.
15. *Miniabonnement* er eit abonnement med berre éin fastbuande person i huslyden.
16. *Returpunkt* er ubemanna oppsamlingsstad der publikum kan levere ein eller fleire avfallsfraksjonar, til dømes glas, papir, tøy osb.
17. *Gjenvinningsstasjon* er eit spesielt tilrettelagt område med organisert oppsamling av sortert avfall. Gjenvinningsstasjonane er bemanna.
18. *Hentesystem* er eit system der kjeldesortert avfall vert henta av godkjent avfallsinnsamlar.
19. *Leveringssystem* er eit system der publikum sjølve leverer sitt kjeldesorterte avfall til ein mottaksplass, t.d. eit returpunkt eller ein gjenvinningsstasjon.
20. *Storhushald* er hotell, restaurant/kafé, institusjonskjøkken, mindre produsent av heil- og halvfabrikata, matvareforretning, kantine o.l.
21. *Kompostering* er biologisk nedbryting og stabilisering av organisk avfall med lufttilgang.
22. *Transportveg* er veg mellom hentestad og køyrerute. Slike vegar skal gje problemfri transport av oppsamlingseiningane og vera fri for trapper og andre hindringar som syklar, barnevogner, klessnorer o.l.
23. ~~*Hybel* er bueining for utleige med eige kjøken eller felleskjøkken og mindre enn 40 m² bruksareal.~~
    Hybel er bueining for utleige med eige kjøken/kjøkenkrok eller felleskjøken.
24. ~~*Leilegheit* er bueining ≥ 40 m² med stove, kjøken (eller kjøkenkrok) og soverom frådelt~~.
    Leilegheit er bueining med stove, kjøken/kjøkenkrok og eige soverom.
25 *Fritidsbustad* er hus som vert nytta som hytte. Gjeld også våningshus på fråflytta gardsbruk.

§ 4 Kommunal innsamling av avfall

Lovpålagt innsamling av hushaldsavfall

I kommunen er det lovpålagt innsamling av hushaldsavfall, jf. lov 13. mars 1981 nr. 6, om vern mot forureining og om avfall (forureiningslova). Alle eigedomar, ***bueiningar*** mv. som fell innanfor § 2 i denne føresegna er omfatta av denne avfallsordninga.

Kommunen kan etter grunngjeven, skriftleg søknad gje dispensasjon for særskilte eigedomar. Gjeldande fritaksgrunnar står i § 20 og §25.

Utan skriftleg løyve frå kommunen kan ingen samle inn hushaldsavfall i kommunen.

Det er ikkje tillate å leggje frå seg avfall utanom godkjent avfallsanlegg. Det er heller ikkje tillate å brenne avfall utanom godkjent anlegg, slik at det kan føra til fare for forureining eller hygieniske ulemper for omgjevnadene. Det er heller ikkje tillate å grave ned eller leggje frå seg avfall o.l. i naturen.

Kommunal renovasjon

Den kommunale renovasjonsordninga omfattar hushaldsavfall.

Renovest IKS har ansvaret for å samle inn hushaldsavfall som er omfatta av denne føresegna. Renovest IKS kan gje løyve til at andre står for gjennomføringa av renovasjonen.

Ordinær renovasjonsavgift startar ved ferdigstilling eller seinast eitt år etter at byggjeløyve er gjeve.

Bygningsavfall

Bygningsavfall som oppstår i samband nybygg og rehabilitering skal leverast til bemanna mottak.

Smitte- og risikoavfall

Det er ikkje tillate å levera smitte/risikoavfall frå helseinstitusjonar (legekontor, tannlegekontor o.l.) innblanda i anna avfall til kommunal avfallsordning, jamfør eiga føresegn. Smitte-/risikoavfallet skal

kjeldesorterast og leverast separat til godkjent innsamlingsordning. Kommunen si innsamlingsordning omfattar ikkje smitte-/risikoavfall.

Farleg avfall

Renovest IKS skal syte for at det eksisterer eit dekkjande tilbod for mottak av farleg avfall frå hushald og verksemder, jamfør føresegn om farleg avfall.

For farleg avfall frå hushald tilbyr kommunen eiga innsamlingsordning eller mottak ved gjenvinningsstasjonar og bemanna mottak.

For farleg avfall frå verksemder tilbyr Renovest IKS mottak ved eigen mottaksstasjon på Brunkeberg avfallsmottak mot betaling.

§ 5 Avfall som ikkje er omfatta av kommunal innsamling

Næringsavfall er ikkje omfatta av lovpålagt kommunal avfallsordning. Slikt avfall skal leverast til lovleg avfallsmottak med mindre det skal gjenvinnast eller brukast på annan måte. Brenning av næringsavfall er berre tillate i godkjente anlegg.

Avfallseigar må sjølv syte for å levere farleg avfall og næringsavfall til godkjent anlegg for handsaming eller til anna godkjent slutthandtering.

For næringsavfall som det passar å samle inn saman med hushaldsavfall, kan Renovest IKS tilby slik innsamling.

For dei fleste avfallstypar som ikkje vert omfatta av den påbodne avfallsordninga, tilbyr Renovest IKS mottak på sine gjenvinningsstasjonar og sorteringsanlegg.

Renovest IKS kan og, der dette passar, tilby eiga innsamling av næringsavfall.

§ 6 Krav til sortering mv. av avfallet

Abonnentar som er med i lovpålagt, kommunal avfallsordning, pliktar å kjeldesortere avfallet i dei avfallsfraksjonar Renovest IKS etablerer innsamlings- og mottaksordningar for. Avfall levert til kommunal avfallsordning, kan verta manuelt sortert/kontrollert av Renovest IKS. Abonnenten er sjølv ansvarleg for at avfall han vil halde konfidensielt er makulert.

Hentesystemet

Alle abonnentar som inngår i lovpålagt kommunal avfallsordning, skal kjeldesortere avfallet. Fraksjonane skal haldast skilde og leggjast i eigne oppsamlingseiningar hjå kvar abonnent.

For nærare opplysingar om tømefrekvensar og liknande, viser ein til eigen renovasjonskalender frå Renovest IKS. Renovest IKS kan gjera endringar i utval og tal fraksjonar.

Leveringssystemet

Anna avfall skal leverast til returpunkta, eller til gjenvinningsstasjonane. Renovest IKS kan gjera endringar i utval og tal på fraksjonar på mottaka.

Hushaldsavfall som er for stort eller tungt til å kunne leggjast i oppsamlingseiningane hjå kvar abonnent skal leverast til bemanna gjenvinningsstasjon.

Farleg avfall frå husstandar som går inn i kommunal avfallsordning, kan leverast på miljøstasjonane eller ved bemanna avfallsmottak (gjenvinningsstasjon).

§ 7 Kompostering

Møteleiaren ser til at det vert ført protokoll frå møtet som skal underskrivast av møteleiaren og to representantskapsmedlemer som er valt til dette.

§16 Oppgåver for representantskapen

Den ordinære representantskapen skal:
- velje leiar og nestleiar for representantskapen
- velje medlemer, varamedlemer, leiar og nestleiar i styret
- fastsette godtgjersle for representantskapet og styret
- velje revisor og fastsette godtgjering for han
- handsame årsemlding frå styret
- fastsette resultatrekneskap og balanse for året føre og gjere vedtak om disponering av overskot/underskot
- fastsette budsjettrammer for neste år
- gjere vedtak om større utbyggingsprosjekt, kjøp og sal av fast eigedom og oppretting av avtaler som har stort omfang for selskapet eller deltaking i andre selskap
- fastsette handlingsplanar og langsiktige mål for selskapet
- gjere vedtak om å ta opp lån innanfor rammene i selskapsavtala
- handsame andre saker som styret måtte legge fram i samsvar med innkallinga

§17 Samordning og informasjon

Dagleg leiar skal syte for god og jamnleg kontakt med eigarkommunane sin administrasjon, for å sikre utveksling av nødvendig informasjon om verksemda til selskapet og oppgåver frå selskapet til kommunane, og informasjon om kommunane sine ynskje og syn på selskapet.

§18 Årsbudsjett

Styret fastset årsbudsjett inn innanfor dei rammene som er vedtekne av representantskapen. Årsbudsjettet skal settast opp slik at det syner eit realistisk bilete av verksemda og det økonomiske resultatet ein reknar med.

Dersom budsjettet for selskapet føreset tilskot frå deltakarane, er budsjettet ikkje endeleg før deltakarane sine budsjett er handsama i fylgje §45 nr 4 i kommunelova vedkomande slikt tilskot.

Dersom det er grunn til å rekne med vesentleg svikt i inntektene eller vesentleg auke i utgiftene i høve til budsjettet, skal styre for selskapet straks gje melding til medlemene i representantskapen. Leiaren for representantskapen syter for at det vert halde møte i representantskapen der styret gjer greie for årsakene til avvika frå budsjettet og gjer framlegg om revidert budsjett.

§19 Låneopptak

Selskapet kan innanfor rammene av kommunelova kap. 9 ta opp lån med sikkerhet i selskapet sine eigedelar opp til samla låneopptak **kr 20,0 mill**. Vedtak om å ta opp lån over **kr 5,0 mill** krev samtykke frå representantskapen. Den øvre ramma for låneopptak må godkjennast av departementet.

§ 20 Prisar på tenester og avfallsgebyr

Rammene og prinsippa for selskapet sine ulike tenester vert fastsett av representantskapen etter framlegg frå styret. Tenestene til selskapet skal ha ein pris som dekker driftsutgifter, kapitalkostnader og fondsavsetting til planlagde investeringar. Det skal vere lik pris for same servicenivå i heile dekningsområdet. Prisane blir fastsett i årsbudsjettet.

Innbetaling til selskapet frå kommunane skal skje forskotsvis kvart halvår.

Kvar av eigarkommunane sine avfallsgebyr til innbyggarane må fastsettast av den einskilde kommune, men dersom ikkje det er særlege grunnar til avvik pliktar kommunane å ha same nivå på gebyra.

§21 Rekneskap og revisjon

Selskapet skal føre rekneskap etter rekneskapslova av 13.mai 1977 nr 35.

Selskapet skal ha registrert eller statsautorisert revisor som vert valt av representantskapen.

§22 Utdelingar

Utdeling av selskapet sine midlar kan vedtakast av representanstskapen etter framlegg frå styret eller med styret sitt samtykke etter at rekneskapen for siste rekenskapsår er fastsett.

Utdeling kan bare vedtakast dersom selskapet ikkje treng midlane til betaling av selskapet sine forpliktelsar eller til verksemda. Deltakarkommunar som ikkje fullt ut har betalt alle sine inskotsplikter kan ikkje reise krav om utdeling.

§23 Utmelding

Den einskilde kommunen kan med eitt års skrifteg varsel sei opp sitt deltakartilhøve i selskapet og kreve seg utløyst, jfr gjeldande kommunelov § 27 nr 2 e), jfr nr 3.
Vedtak om å tre ut må gjerast av det einskilde kommunestyre.

Utløysingssummen vert fastsett til nettoverdi av eigardelen ved utgangen av oppseiingstida, men ikkje til meir enn verdien av dei midlar vedkomande kommune har skoti inn.

Den kommunen som eventuelt trer ut, hefter framleis for sin del av den gjelda selskapet måtte ha på det tidspunktet kommunen går ut av selskapet.

Oppseiing av deltakartilhøve kan representantskapen bringe inn for departementet, jfr kommunelova §27, nr 3 siste ledd.

§24 Oppløysing

Oppløysing av selskapet krev 2/3 fleirtal i to representantskapsmøte med minst seks månaders mellomrom. Saka må desutan kvar gong leggast fram for deltakarkommunane minst tre månader før møtet i representantskapen. Eigarkommunane har ikkje vetorett i høve til slik avgjerd, berre rett til førehandsuttale.

Aktiva og passiva skal, dersom det ikkje vert semje, fordelast mellom medlemskommuane av ein valdgiftsrett med tre medlemer oppnemnd av sorenskrivaren i Vest-Telemark.

Kviteseid, 13.januar 1998

For Vinje kommune
Olav Nordstoga
ordførar

For Tokke kommune
for Birger Nygård
ordførar

For Fyresdal kommune
Kari Kile
ordførar

For Seljord kommune
John Kleivstaul
ordførar

For Kviteseid kommune
Inge Fjalestad
ordførar

styresak 12/05 i Renovest..

Kommunal forskrift for renovasjon og septik

FYRESDAL
KVITESEID
SELJORD
TOKKE
VINJE

FORSKRIFT FOR HUSHALDNINGSAVFALL OG SEPTIK I DESSE KOMMUNANE.

Vedteken av Fyresdal kommunestyre	***sak. 048-05***	***den 27.10.2005***
Vedteken av Kviteseid kommunestyre	***sak. 037-05***	***den 17.11.2005***
Vedteken av Seljord kommunestyre	***sak. 001/06***	***den 16.02.2006***
Vedteken av Tokke kommunestyre	***sak. 06/010***	***den 07.02.2006***
Vedteken av Vinje kommunestyre	***sak. 05-92***	***den 15.12.2005***

Fastsett av kommunestyre med heimel i lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forureining og om avfall (forureiningslova) § 30, § 33, § 34 § 37, § 79, § 83 og § 85 og i lov av 11. april 2003 nr 23 om endringar i lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forureiningar.

§ 1 Mål for avfallssektoren

Forskrifta har som føremål å sikre miljømessig, økonomisk og helsemessig forsvarleg oppsamling, innsamling, transport, gjenvinning og sluttbehandling av forbruksavfall i kommunen.

§ 2 Verkeområde

Forskrifta omfattar alle registrerte grunneiendommar der det oppstår hushaldningsavfall i kommunen, her også kvar einskild seksjonert del av bygning og kvar einskild sjølvstendig brukseining i bygning. Som sjølvstendig brukseining i bygning som ikkje er seksjonert, reknar ein alltid kvar einskild bueining med eige kjøkken. Likt med sjølvstendig brukseining reknar ein to hybelar med felles kjøkken over 40 m^2 for utleige. Kommunen avgjer i tvilstilfelle kva som skal reknast som sjølvstendig brukseinining i bygning som ikkje er seksjonert. Fritidshytter og utleigehytter reknast som sjølvstendige brukseiningar.
Forskrifta gjeld også for hytter og fritidseigedommar, her også permanent oppsett campingvogn. Gardsbruk som driv gardsturisme, kan rekne sjølvstendige utleigebygg som del av registrert næringsverksemd. Hytter som ein integrera del av campingplassar eller hotelldrift, er å sjå på som ein del av campingplassen/hotellet og skal reknast som næringsverksemd.
Denne forskrifta gjeld septik og kjeldesortering, innsamling, oppsamling og transport av hushaldningsavfall. I tillegg omfattar forskrifta oppsamling, innsamling og transport av farleg avfall frå husholdningar i samsvar med §10 i forskrift om farleg avfall av 20.12.2002.
Forskrifta gjeld også eigedomar der det oppstend næringsavfall og som er med i den kommunale renovasjonsordninga.
Forskrifta gjeld også septik- og avfallsgebyr.

Styret i Renovest IKS kan gje nærare retningsliner for gjennomføring av vilkåra i forskrifta.

§ 3 Definisjoner

1. **Avfall** (jfr. forureiningslovas §27) er i denne forskrift kasserte lausøyregjenstandar eller stoff. Som avfall reknar ein også overflødige lausøyregjenstandar og stoff frå tenesteyting, produksjon og renseanlegg m.m.. Avløpsvatn og avgassar blir ikkje rekna som avfall. Forureiningslova deler vidare avfallet inn i kategoriane husholdningsavfall, næringsavfall og farleg avfall.

2. **Hushaldningsavfall** er avfall frå private husholdningar, også større gjenstandar som inventar og liknande.

3. **Næringsavfall** er avfall frå offentlege og private verksemder og institusjonar.

4. **Farlig avfall** er avfall som ikkje er teneleg å handsame sammen med anna hushaldningsavfall eller næringsavfall avdi det kan føre til alvorleg forureining eller fare for skade på menneske eller dyr.

5. **Smitte-/risiko og/eller problemavfall** som er smittefarleg, avfall fra sjukehus, sjukeheimar, lækjarkontor, tannlækjarkontor, veterinærar og liknande. Ordningane omfatter ikkje patologisk avfall.

6. **Matavfall** er matrestar frå vanlige husholdningar og storhusholdningar, dvs. avfall frå produksjon, servering og sal av mat og matvareprodukt, samt restar etter måltid.

7. **Våtorganisk** avfall er lett nedbrytbart organisk avfall, som matavfall, planterestar, hageavfall, kattesand og vått hushaldningspapir.

8. **Restavfal**l er avfall det ikkje er oppretta eigne sorteringsordningar for. Dette er avfall som blir igjen etter kjeldesortering og sentralsortering av husholdnings- og næringsavfall, og som skal leverast til forbrenningsanlegg eller avfallsdeponi som har konsesjon for mottak av slikt avfall.

9. **Abonnent** er eigar eller festar av eigedom eller bueining som vert omfatta av denne kommunale renovasjonsordninga.

10. **Oppsamlingseining** for avfall er container, behaldar eller sekk. Renovest vedtek val av type og utforming.

11. **Hentestad** er staden der oppsamlingseining(ar) er plassert.

12. **Kjeldesortering** er å sortere ulike fraksjonar frå kvarandre.

13. **Tømmefrekvens** er antall tømmingar av oppsamlingseininga innanfor eit gitt tidsrom.

14. **Felles oppsamlingsutstyr** er når fleire bueiningar slår seg saman om oppsamlingsutstyr.

15. **Miniabonnement** er eit abonnement for bueiningar med svært små avfallsmengder. Husstandar med berre ein fastbuande person.

16. **Returpunkt** er ubetjent oppsamlingsstad der publikum kan levere ein eller fleire avfallsfraksjonar, til dømes glass, papir, tøy osv.

17. **Gjenvinningsstasjon** er eit spesielt tilrettelagt område med organisert oppsamling av sortera avfall. Gjenvinningsstasjonar er betjent.

18. **Hentesystem** er eit system der kjeldesortert avfall blir henta av godkjent avfallsinnsamlar.

19. **Bringesystem** er eit system der publikum sjølv bringar sitt kjeldesorterte avfall til ein mottaksplass, t.d. eit returpunkt eller ein gjenvinningsstasjon.

20. **Storhushaldning** er hotell, restaurant/kafé, institusjonskjøkken, mindre produsent av heil- og halvfabrikata, matvareforretning, kantine o.l. Jamfør eiga forskrift.

21. **Kompostering** er biologisk nedbryting og stabilisering av organisk avfall med lufttilgang.

22. **Transportveg** er veg mellom hentestad og køyrerute. Slike vegar skal gi problemfri transport av oppsamlingseiningane og væra fri for trapper og andre hindringar som syklar, barnevogner, klessnorer etc.

23. **Hybel** er bueining for utleige med eige kjøkken eller felleskjøkken, og mindre enn 40 m^2 bruksareal.

24. Leilighet er bueining $\geq$ 40 m^2 med stove, kjøkken (evnt. kjøkkenkrok) og soverom frådelt.

25. Høgstandard hytte er hytte tilknytta vatn og kloakk.

26. **Fritidsbustad** er hus som blir nytta som hytte. Gjeld også våning på fråflytta gardsbruk. Standardkrav som for hytte.

§ 4 Kommunal innsamling av avfall

Lovpålagt innsamling av hushaldningsavfall .
I kommunen er det lovpålagt innsamling av husholdningsavfall, jfr. lov av 13. mars 1981 nr. 6, om vern mot forureining og om avfall (forureiningslova). Alle eigedommar m.v. som fell innanfor § 2 i denne forskrift. omfattast av denne avfallsordninga.

Kommunen kan etter grunngitt skriftleg søknad gi dispensasjon for særskilte eigedomar. Gjeldande fritaksgrunnar j.før §§ 20 og 21.

Utan skrifteg løyve frå kommunen kan ingen samle inn hushaldningsavfall i kommunen.
Det er ikkje tillate å leggje frå seg avfall utanom godkjent avfallsanlegg. Det er heller ikkje tillatt å brenne avfall utanom godkjent anlegg, slik at det kan føre til fare for forureining eller hygieniske ulemper for omgjevnadene. Det er heller ikkje tillate å grave ned eller leggje frå seg avfall o.l. i naturen.

Kommunal renovasjon.
Den kommunale renovasjonsordninga omfatter husholdningsavfall og avfall som oppstår i samband med vedlikehald av bygning.
Renovest IKS har ansvaret for å samle inn hushaldningsavfall og tøme slamavskiljarar, privèt m.v. som er omfatta av denne forskrifta. Renovest IKS kan gje løyve til at andre står for gjennomføringa av renovasjonen.
Ved nybygging vil eigedom/bueining bli pålagt ei renovasjonsordning frå byggestart. Eigedom må ha ei renovasjonsordning for byggeavfall frå byggestart. Ordinær renovasjonsavgift startar å løpe frå ferdigstilling eller seinast 1 år etter byggeløyve. Ein kan etter søknad til kommunen inngå eiga avtale med Renovest IKS om ei anna renovasjonsordning.

Smitte- og risikoavfall
Det er ikkje tillate å levere smitte/risikoavfall fra helseinstitusjonar (lækjarkontor , tannlækjarkontor o.l.) innblanda i anna avfall til kommunal avfallsordning. Jamfør eiga forskrift. Smitte/risikoavfallet skal kjeldesorterast og leverast separat til godkjent innsamlingsordning. Kommunens innsamlingsordning omfatter ikkje smitte/risikoavfall.

Farleg avfall
Renovest IKS skal syte for at det eksisterar eit tilstrekkeleg tilbod for mottak av farleg avfall frå hushaldningar og verksemder jamfør forskrift om farleg avfall.
For farleg avfall frå husholdningar tilbyr kommunen eiga innsamlingsordning eller mottak ved gjenvinningsstasjonar og betjente mottak. For farleg avfall frå verksemder tilbyr Renovest IKS, mot betaling, mottak ved eigen mottaksstasjon på Brunkeberg avfallsmottak.

§ 5 Avfall som ikkje er omfatta av kommunal innsamling

Næringsavfall omfattast ikkje av lovpålagt kommunal avfallsordning. Slikt avfall skal bringast til lovleg avfallsmottak med mindre det gjenvinnast eller brukast på annan måte. Brenning av næringsavfall er kun tillate i godkjente anlegg.
Avfallsbesittar må sjølv syte for å bringe farleg avfall og næringsavfall til godkjent anlegg for behandling eller til annan godkjent slutthandtering.
For næringsavfall som det passar å samle inn saman med husholdningsavfall, kan Renovest IKS tilby slik innsamling.
For dei fleste avfallstyper som ikkje blir omfatta av den tvungne avfallsordninga, tilbyr Renovest IKS mottak på sine gjenvinningsstasjonar, sorteringsanlegg eller forbrenningsanlegg.
Renovest IKS kan også, der dette passar, tilby eiga innsamling av næringsavfall.

§ 6 Krav til sortering m.m. av avfallet.

Abonnentar som er med i lovpålagt kommunal avfallsordning, pliktar å kjeldesortere avfallet i dei avfallsfraksjonar

Renovest IKS etablerer innsamlings- og mottaksordningar for. Avfall levert til kommunal avfallsordning, kan bli manuelt sortert/kontrollert av Renovest IKS. Abonnenten er sjølv ansvarleg for at avfall han vil halde konfidensielt er makulert.

Hentesystemet.
Alle abonnentar som inngår i lovpålagt kommunal avfallsordning, skal kjeldesortere avfallet i fylgjande fraksjoner:

- Matavfall
- Papp/papir
- Hushaldningsplast
- Restavfall.

Fraksjonane skal haldast skilde og leggjast i eigne oppsamlingseiningar hos kvar abonnent.
Det er ikkje høve til å legge andre typer avfall i oppsamlingseininga enn det som er nemnt ovanfor.
Det er ulike tømmefrekvensar for desse fraksjonane. For nærare opplysningar om tømmefrekvensar viser ein til eigen renovasjonskalender frå Renovest IKS. Renovest IKS kan gjera endringar i utval og antall fraksjonar .

Bringesystemet .
Anna avfall skal bringast til returpunkta, eller gjenvinningsstasjonar. Renovest IKS kan gjera endringar i utval og antall fraksjonar på mottaka.
Hushaldningsavfall som er for stort eller tungt til å kunne leggjast i oppsamlingseiningane hos kvar abonnent leverast til betjent gjenvinningsstasjon.
Farleg avfall frå husstandar, som går inn i kommunal avfallsordning, kan leverast på miljøstasjonane eller ved betjent avfallsmottak (gjenvinningsstasjon).

§ 7 Kompostering

Hage/parkavfall går ikkje inn i hushaldningsavfallet. Abonnentar som har eigen godkjent kompostbinge for kompostering av matavfall, kan inngå kontrakt med kommunen om heimekompostering. Dei abonnentar som teiknar slik kontrakt og på denne måten reduserer si eiga avfallsmengde, får ein reduksjon i avfallsgebyret, forutsett at abonnenten ikkje legg matavfall i oppsamlingseininga. Abonnenten må sjølv skaffe behaldar. Det er ein føretsetnad at komposteringa skjer på ein hygienisk tilfredsstillande måte, som ikkje trekker til seg skadedyr, gjev sigevatn, vond lukt eller verkar sjenerande for omgjevnadene. Tilvisingar frå kommunen skal fylgjast, og det kan bli ført kontroll med at kontrakten vert etterlevd.
Heimekompostabonnement kan berre invilgast etter skriftleg søknad og skriftleg avtale med kommunen.
Abonnentar som har gjødselkjellar som er i bruk kan nytte denne som kompostbinge.

§ 8 Oppsamlingseiningar.

Alle oppsamlingseiningar tilhøyrer Renovest IKS, som også har ansvar for innkjøp og utsetting. Einingane er av ei slik type og tilstand at avfallet er sikra mot rotter og andre skadedyr. Renovest IKS avgjer når ei eining må reparerast eller fornyast, og står for reparasjon og utskifting etter behov ved normal slitasje. Kvar einskild eining er registrert på den einskilde eigendom og fylgjer denne.
Unntak er spesialbehaldarar, som må kostast og eigast av abonnenten. Spesialbehaldarar må godkjennast av Renovest IKS.

Kommunen kan pålegge fleire abonnenter å nytte fellesbehalder .

Ved kjeldesortering av avfall til materialgjenvinning kan Renovest IKS dele ut fleire behaldarar til samme abonnent.

§ 9 Plassering av oppsamlingseiningar og krav til vegstandard

Generelle vilkår.
Alle oppsamlingseiningar må plasserast slik at dei ikkje gir hygieniske ulemper eller er til sjenanse (dvs. praktisk og estetisk) for andre, korkje ved oppbevaring, bruk eller i samband med tømming. På hentestaden skal behaldaren plasserast lett tilgjengeleg på eit plant og fast underlag i bakkenivå. Det skal settast av tilstrekkeleg areal til plassering og handtering av behaldarane. Einingane skal plasserast slik at renovatør er sikra mot ulemper frå

husdyr. Dersom plasseringa av ei oppsamlingseining utgjer ein skaderisiko, forringar renovatørens arbeidsmiljø eller fører til andre ulemper, kan Renovest kreve at einingane blir flytta eller at abonnenten iverksett tiltak for å fjerne ulempene.

Konkrete vilkår.
Hentestaden skal ligge ved køyrbar veg og væra lett tilgjengeleg. I periodar med is og snø må adkomstveg, transportveg og hentestad vera rydda for snø, strøydd og utan fare for taksras. Renovest kan i slike høve påleggje flytting av oppsamlingseiningane.

Ved 3 abonnentar eller fleire, og der vegstandarden tilfredstiller krava under, kan avfallet bli henta.

Vegstandardar.
A) Veg må vera farbar med komprimatorbil heile året og ha ei vegbreidde på minst 4.0 m. Det må vera rydda høgde på minst 4.0 m.
B) Stigningstilhøva bør berre untaksvis overstige 1:8. Vegstandarden må då ellers vera som krava, men ein må sjå på ei samla vurdering av køyreretning, skråningar utanfor veg, svingar og liknende.
C) Vegbredde ned til 3,5 m kan aksepterast om vegen ellers blir rekna som god.
D) Renovest IKS eller transportør står ikkje ansvarleg for skade p.g.a. dårleg vegstandard.

Alle vegar skal godkjennast av Renovest IKS.
Bruk av privat adkomstveg skal regulerast ved skriftlig avtale mellom Renovest IKS og vegeigar/dei som har vegrett.

§ 10 Bruk av oppsamlingseiningar for hushaldning.

Skarpe eller knuselege gjenstandar, sprøytespissar mv. skal væra forsvarleg innpakka før plassering i behaldar/sekk. Varm oske må avkjølast heilt før ho blir emballert og lagt i behaldar/sekk.
Flytande avfall skal ikkje leggjast i behaldaren. I behaldaren må det videre ikkje leggjast større metallgjenstandar, stein og jord, hageavfall, sand/grus eller bygningsavfall.
I behalderen må det heller ikkje leggjast etsande, eksplosivt eller sjølvantenneleg avfall.
Farleg avfall skal ikkje leggjast i behaldaren. Opplysningar om kor slikt avfall kan leverast, kan ein få ved å vende seg til kommunen/Renovest IKS. Ein viser også til §4 og §5 i denne forskrifta. I tvilstilfelle skal kommunen/Renovest IKS kontaktast på førehand.

Einingar for kjeldesortert avfall skal berre innehalde den type avfall som Renovest IKS til ei kvar tid bestemmer.

Alt avfall som blir sett fram for tømming skal ligge i godkjent oppsamlingseining som ikkje er fylt meir enn at lokket lett kan leggjast på. Sekkar skal ha ei fri fyllingshøgde på 20 cm og maksimal vekt på 20 kg.
Det er abonnentens ansvar å syte for naudsynt reinhald av oppsamlingseiningane og hentestaden. Behaldarar som er komne bort eller øydelagt utover normal slitasje, skal erstattast økonomisk av abonnent.

Abonnenten må setja rett behaldar fram til hentestaden innan kl . 07.00 tømmedagen for å kunne krevje innsamling. Der avstand frå køyreruta til stativ/dunk er over 10 m må abonnenten setje rett behaldar/sekk fram til hentestad innan kl. 07 00 tømedagen for å kunne krevje innsamling.

Renovest IKS kan påleggje den einskilde abonnent å auke volumet på oppsamlingseininga(ane) dersom dette synest naudsynt for å sikre tilstrekkeleg sortering av avfallet eller for å hindre at avfallet blir oppbevart eller handtert på ein uheldig måte.
Renovest IKS er ikkje plikta til å tømme oppsamlingseiningar som blir bruka i strid med denne forskrifta.

§ 11 Bruk av oppsamlingseiningar for hytter og fritidsbustader.

Renovest IKS skal syte for naudsynt reinhald av behaldarar, hentestad og oppstillingsplass for behaldarar til bruk for hytter og fritidsbustader.
Behaldarar som er utplasserte og merkte for hytter, skal berre nyttast av brukarar av hytter og fritidsbustader.

Dei som leverar til hyttereturpunkt må sortere i dei einingar som det er sett ut sortering for. Større avfallsfraksjonar som møblar/kvitevarer, farleg avfall/bygge- og rivingsavfall må bringast til betjente mottak.
Ellers gjeld dei andre vilkåra i denne forskrifta.

§ 12 Renovatørens plikter

Renovatøren er pliktig til å ta med avfall som er lagt i godkjent oppsamlingseining. Innsamling og tømming skal skje slik at det fører til minst mogleg ulempe m.o.t støv, støy, lukt o.l. Under transport skal avfallet væra sikra slik at ikkje noko fell av eller sølar til plass eller veg. Eventuelt søl frå tømminga skal ryddast opp av renovatør.
Avfallet skal hentast etter gjeldende tømmerutine som fastsetjast av Renovest IKS og kunngjerast på egna måte.
Ved endring i tømmerutiner skal abonnenten varslast i god tid og på ein teneleg måte.

§ 13 Abonnentens plikter

Abonnenten er ansvarleg for at plassering og bruk av oppsamlingseining skjer i samsvar med denne forskrifta.
Abonnenten er også ansvarlig for naudsynt reinhald og vedlikehald av oppsamlingseiningar og hentestad, samt for eventuelle skader på oppsamlingseeiningane pga feil bruk, hærverk eller liknande.

Eigar eller festar av eigedom der det oppstend hushaldningsavfall pliktar å straks melde frå til kommunen dersom han ikkje er i gebyrregisteret eller det blir endringar i abonnementstilhøve.

§ 14 Gebyrplikt

Abonnentar som omfattast av vilkåra i denne forskrifta skal betale avfallsgebyr.
Ved registrering av nytt abonnement og endring av abonnement, gjeld fylgjande:
Godkjende søknader/meldingar datera i tidsromet 20 mars til 20 september vert gjort gjeldande frå 1 juli.
Godkjende søknader/meldingar datra i tidsromet 20 september til 20 mars vert gjort gjeldande frå 1 januar.

Prisar for ulike tilleggstenester vert bestemt av Renovest IKS.

Storleiken på avfallsgebyret fastsettast av kommunen.

§ 15 Innkreving og renter

Avfallsgebyr med tillegg for løpande renter og kostnader er sikra ved lovbestemt pant etter pantelova § 6-1. Om renteplikt ved for sein betaling og inndriving av avfallsgebyr gjeld reglane i lov av 6. juni 1975 nr. 29 om eigedomsskatt til kommunane § 26 og 27 tilsvarande.

Abonnenten skal betale gebyr for kvar abonnementseining, jfr. §2.

§ 16 Delegering

Renovest IKS har rett til å gjennomføre renovasjons- og septikordninga i samsvar med denne forksrifta.
Mindre endringar i denne forskrifta kan endrast av styret i Renovest IKS.
Dei fullmakter som i denne forskrifta er lagt til Interkommunalt Renovasjonsselskap, er gjeve med heimel i Forurensingslova § 83.

§ 17 Klageadgang

Vedtak etter denne forskrifta kan påklagast dersom vedtaket er eit einskildvedtak, jfr. forvaltningslova § 2b og forureiningslova § 85. Klaga blir behandla etter regelverket i forvaltningslova, jfr. kap. VI.
Klaga skal sendast til kommunen. Dersom klaga ikkje blir teke til fylgje, skal den legjast fram for klagenemda i kommunen.

§ 18 Sanksjoner og straff

Ved manglande eller feilaktig sortering av avfallet i samsvar med vilkåra i denne forskrifta, vil Renovest IKS gi melding om at dette må rettast.. Ved graverande eller gjentatte overskridingar av sorteringsvilkåra kan renovatør nekte å tømme oppsamlingseininga før avfallet er korrekt sortert. For å unngå eventuelle helsemessige problem kan Renovest IKS for abonnentens rekning syte for separat henting og sortering av det feilsorterte avfallet.
Ved brot på vilkåra med anna abonnement enn standardabonnement, skal dette betalast med full avgift frå det tidspunkt feilen blir oppdaga.

§ 19 Tilhøve til helseforskrifter

Dei lokale helsestyremakter har ansvar for å sjå til at handtering av avfall skjer i samsvar med kommunehelsetjenestelova, og kan på sjølvstendig grunnlag fastsette vilkår som sikrar hygienisk oppbevaring og disponering av avfallet.

All handtering av avfall etter denne forskrifta skal skje i samsvar med sentrale og lokale helsestyresmakters retningsliner og vilkår.

Brot på denne forskrifta kan utover dette bli straffa med bøter, jfr. forurensingslova §79 andre ledd.

Disepensasjonsreglar

§ 20 Standardabonnement bustad.

Fylgjande kriterier kan gi grunnlag for at eigedom kan søkje om eller bli pålagt bringeordning. Desse får då redusert standardabonnement og blir ikkje forsynt med sorteringsskap. Desse abonnentane må sjølve sortere og bringe slikt som papir, matavfall og plast til mottak. Restavfallet skal setjast fram til køyrerute.

A) Redusert standardabonnement.
   1) Eigedomar som må bringe avfall meir enn 500 m i køyreavstand til køyrerute.

B) Andre abonnementstyper ein kan søkje om:
   1) Bustadhus som blir meldt fråflytta kan søkje om å få gå over til fritidsabonnement.
   2) Miniabonnement.
   3) Heimekompost.

C) Det kan søkjast om fritak frå renovasjonsordninga når kriterier som bli vektlagt er:
   1) Hus ikkje er i bruk.
   2) Eigedom ligg slik at dei ikkje kan gjera seg nytte av renovasjonsordninga. Fritak kan innvilgast etter grunngjeven søknad.
   3) Bustadeigedom som er fråflytta over 6 mnd og ikkje blir nytta som fritidshus, kan få tidsavgrensa fritak.

§ 21 Hytter.

A) Hytter med høg standard vil ikkje få redusera sats.
B) Skogshusvære og stølsbuer som berre vert nytta til føremålet dei er bygd for, er generelt unntatt denne forskrifta.
C) Fritidseigedomar som pga lokalisering normalt vil levere svært små avfallsmengder til avfallsanlegget, kan etter søknad og konkret vurdering få redusera hyttegebyr. I vurderinga vil det m.a. bli lagt vekt på:
   1) Abonnent som må køyre ein omveg på meir enn 500 m til hyttecontainerplass.
   2) Eigedom utan køyreveg, men gangavstand > 2 km til vinterparkering.
D) Hytter som er heilt ute av bruk kan søkje om fritak.

Tøming av slam frå slamavskiljarar m.v. j.før forureiningslova § 26.

§ 23 Abonnentens plikter.

Abonnenten skal syte for at anlegget som skal tømmast er lett tilgjengeleg for tømming. Snø, is, jord osv. over kumlokket skal fjernast av abonnenten før tømming blir utført.
Den som tømmer anlegget, har rett til å plassere naudsynt utstyr på eigedomen for å få utført tømminga.

§24 Renovatørens plikter.

Den som tømer skal reise frå anlegget i lukka stand. Alle sikringsordningar skal attende på plass. Renovest skal varsle huseigar dersom anlegget er uforsvarleg sikra eller sikringsanordning er defekt eller vert skadd ved tøming.

§ 25 Tømming av slamavskiljar m.v.

Renovest IKS i det minste gjennom annonser i dagspressa varsle om når det blir tøming.

Tømming av **separate slamavskiljarar** skal skje slik:

Heilårshus med vassklosett.	Tankvolum		<4 m3 årleg tømming eller oftare
Heilårshus med vassklosett.	Tankvolum	= eller	>4 m3 tømming kvart andre år.
Heilårshus utan vassklosett.	Tankvolum		<2 m3 tømming kvart andre år eller oftare.
Heilårshus utan vassklosett.	Tankvolum	= eller	>2 m3 tømming kvart fjerde år.
Hytte med vassklosett.	Tankvolum		<2 m3 tømming kvart andre år eller oftare.
Hytte med vassklosett.	Tankvolum	= eller	>2 m3 tømming kvart fjerde år.
Hytte utan vassklosett.	Tankvolum		<1 m3 tømming kvart andre år eller oftare.
Hytte utan vassklosett	Tankvolum	= eller	>1 m3 tømming kvart fjerde år.

Felles slamavskiljarar skal tømmast minst ein gong pr. år, eller i samsvar med løyve.

Tette oppsamlingstankar skal tømmast minst ein gong kvart år, eventuelt oftare om det er behov.
I spesielle tilfelle kan kommunen påleggje ein annan tømmefrekvens.

Generelt.
Anlegget skal etterlatast i lukka stand. Grinder, portar og dører skal lukkast eventuelt låsast.

Felles for alle tankar er at dei må vera slik plassera at høgdskilnaden frå vannspeil i tank til inntak på bil ikkje må overstige 6 m.

Maksimalt slangeutlegg utan tillegg i pris er 30 m.

§26 Verknad.

Forskrifta blir gjort gjeldande frå **01.01.2006.**

Gebyrforskrift.

(Satsane fastsetjast i samband med budsjetthandsaminga for kvart nytt kalenderår.)
Fastsett av kommunestyret i medhald av lov av 13 mars nr. 6 om vern mot forureining og om avfall (forureiningslova) §34.

I. Satsar for avfallsgebyr kommunen.

Abonnentar med sekk og skap.

A0	**Grunnavgift (stativ og skap)**	**kr.**	**A0**	**pr. år.**
A1	Standardabonnement bustad.	kr.	A0 * 1,00	pr. år.
A2	Standardabonnement med heimekompost	kr.	A0 * 0,75	pr. år.
A3	Redusera standardabonnement bustad	kr.	A0 * 0,50	pr. år
A4	Miniabonnement	kr.	A0 * 0,70	pr. år
A5	Høgstandard hytte.	kr.	A0 * 0,70	pr. år.
A6	Standard hytte.	kr	A0 * 0,50	pr. år.
A7	Redusera hytteabonnement	kr.	A0 * 0,20	pr. år.
A8	Utleigehyblar m/kjøkken	kr.	A0 * 0.50	pr. år

Abonnentar med dunk og skap:

D0 Grunnavgift (med 190 L dunk og skap)=A0	**kr.**	**D0**	**pr. år**
Pris avhengig av dunkstorleik (190L = standard)	kr.	D0 * 0,3 + (D0 x 0,7) * X/190 L	pr. år

Alternativt.			
D1 *Pris avhengig av dunkstorleik (140L = standard)*	*kr.*	*D0 * 0,3 + (D0 x 0,7) *X/140 L*	*pr. år.*

Standard dunkstorleik kan endrast.

Abonnentar som har trong for større volum i oppsamlingsutstyret kan.

- Levere ekstra hushaldningsavfall til avfallsmottak og betale for mengder utover 300 kg/år.
- Abonnenere på utvida ordning.
- Kjøpe ekstrasekk.

Abonnentar som ynskjer å ha oppsamlingsutstyret meir enn 10 m får køyrbar veg må betale fylgjande tillegg:

B1 10-25 m	frå vegkant	kr	pr. tømming
B2 25-50 m	frå vegkant	kr	pr. tømming

Over 50 m inga henting

Levering av avfall til mottak:

Prisliste vedtatt av styret i Renovest IKS.

II. Septik.

Tøming av slamavskiljarar, tette tankar og feitavskiljarar:

Grunnpris < eller = 4 m3	kr.	pr. tømming
Tillegg for > 4 m3	kr.	pr. m3
Tilkøyringsgebyr (Tillegg for tøming utanom rute)	kr.	pr. tur.

Einskildhusstander med tankar inntil 7 m3 skal betale grunngebyr.

Verknad.
Gebyrvedtaket gjeld frå 01.01.2006.

Seljord kommune

Arkiv: 033
Saksnr.: 2017/1894-1
Sakshand.: Kari Gro Espeland
Direkte tlf.: 35065106
Dato: 20.11.2017

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap/økonomiutval	103/17	29.11.2017
Kommunestyret	106/17	14.12.2017

Møteplan for formannskap og kommunestyre 2018

Saksdokument:

Saksutgreiing:

I fylgje kommunelova § 32 skal møte i folkevalde organ haldast på dei tidspunkt som er vedteke av organet sjølv.

Fylgjande møteplan vert laga for formannskap og kommunestyre for 2018:

Formannskap		Kommunestyre	
Dato	veke	Dato	veke
11.januar med politiråd	2	01.feb	5
01.mars	9	12. april	15
19.april	16		
03. mai m/ politiråd	18	24.mai	21
31.mai	22	14. juni - dagmøte	24
30.august m/ politiråd	34		
27.september	39	13.sep	37
01. nov m/ politiråd	44		
		08.nov	45
20. og 22. nov budsjettmøte	47	13. desember - dagmøte	50

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet vedtek møteplan for formannskapet i 2018 slik det går fram av saksutgreiinga.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 29.11.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Formannskapet vedtek møteplan for formannskapet i 2018 slik det går fram av saksutgreiinga.

Formannskapet drøfta alternative datoar for å få meir tid til budsjetthandsaming. Resultatet av drøftingane var at rådmannen si innstilling til møteplan for formannskapet i 2018 vart vedteke, med unntak av formannskapet sitt møte den 20. november som vert endra til 15. nov.

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 29.11.2017

Rådmannen si innstilling til møteplan for formannskapet i 2018 vart vedteke, med unntak av formannskapet sitt møte den 20. november som vert endra til 15. nov.

Utskrift til:

Seljord kommune

Arkiv: F03
Saksnr.: 2017/1686-2
Sakshand.: Rolf Henning Jensen
Direkte tlf.: 35065106
Dato: 24.11.2017

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Eldreråd	8/17	05.12.2017
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	9/17	05.12.2017
Kommunestyret	107/17	14.12.2017

Høyringsuttale- regional folkehelseplan og handlingsprogram

Saksdokument:

Vedlegg:
1 Høring av forslag til Regional plan for folkehelse i Telemark 2018 - 2030
2 Regional plan for folkehelse i Telemark 2018 - 2030
3 Handlingsprogram 2018 - 2021

Saksutgreiing:

Telemark fylkeskommune har sendt ut ein ny regional folkehelseplan på høyring med høyringsfrist 15. desember 2017. Plandokumentet inneheld ein generell del, der mål, strategiar og satsingsområde er gjort greie for. Den generelle planen skal gjelde for ein 10- års periode.

I tillegg høyrer eit eige handlingsprogram til planen. Handlingsprogrammet inneheld ein konkret tiltaksoversikt knytt til dei ulike satsingsområda og skal rullerast årleg.

Planen inneheld mål og strategiar på 4 satsingsområde. Satsingsområda er:

1. Kunnskapsbasert og systematisk folkehelsearbeid
2. Helsefremmede oppvekst (0-18 år)
3. Helsefremmende voksenliv (18-70 år)
4. Samfunnsutvikling for en aktiv alderdom (70+ år)

Planen peiker på eit felles samfunnsansvar for ei god folkehelse, der båe stat, kommune og sivilsamfunnet må jobbe i lag for dei beste løysingane.

Dei prioritera tiltaka i handlingsprogrammet er tiltak som fylkeskommunen sjølve er ansvarleg for. I tillegg er det under kvart satsingsområde lista opp "Tiltak hos andre aktører som kan bygge opp under strategiene" Her er m.a. nemnt tiltak som kommunane vert oppmoda om å fylgje opp. Desse er som fylgjer:

Satsingsområde 1: Kommunale tiltak: Kunnskapsbasert og systematisk folkehelsearbeid

• Definere folkehelseutfordringer i kommunen, og bruke disse som grunnlag for prioriteringer og beslutninger i forbindelse med planlegging og utforming av strategier og tiltak i folkehelsearbeidet
• Samordne folkehelsearbeidet lokalt

Satsingsområde 2: Kommunale tiltak:: Helsefremmede oppvekst (0-18 år)

•Implementere «Liv og røre i Telemark» i egen kommune i løpet av planperioden
• Jobbe aktivt for at skoler bruker feedbackorienterte og evidensbaserte program for psykisk helse i skolen
• Bygge kompetanse hos barnehagenes og skolenes personale om hvorfor det er viktig med variert fysisk aktivitet og sunne og inkluderende måltider for barn og om hvordan de kan legge til rette for dette i hverdagen.
• Ta i bruk feedbackorienterte og evidensbaserte foreldreveiledningsprogram (jordmor-, helsestasjons-skole- og tannhelsetjenesten)
• Ta i bruk og videreutvikle BTI-modellen (Bedre Tverrfaglig Innsats) eller tilsvarende modeller i samarbeid med KoRus-Sør
• Delta i nasjonalt «Program for folkehelsearbeid i kommunene»

Satsingsområde 3. Kommunale tiltak: Helsefremmende voksenliv (18-70 år)

• Etablere tilstrekkelige læreplasser for personer under utdanning
• Sikre tilstrekkelige ressurser til og følge opp samarbeid om voksenopplæring
• Ivareta folkehelseperspektivet i forhold til dem som står utenfor utdannings- og arbeidsliv
• Legge til rette for systematisk samarbeid med frivillig/ ideell sektor om blant annet inkluderende møteplasser og aktivitetstilbud
• Bidra med kunnskaps- og erfaringsdeling i regionale nettverk KoRus-Sør
• Gjennomføre rusforebyggende arbeid blant studenter.

Satsingsområde 4: Kommunale tiltak: Samfunnsutvikling for en aktiv alderdom (70+ år)

•Involvere eldre i saker som berører dem, gjennom blant annet kommunens eldreråd
• Bidra til framtidsrettede bomiljøer og stedsutviklingstiltak som fanger opp de behov og forventninger eldre har, med tanke på tilgjengelighet, lavterskel fellesarealer og hverdagens møteplasser.
Møteplassene bør også være tilrettelagt for generasjonsmøter.
• Dreie fokus mot helsefremmende tiltak, fra behandlende tiltak
• Sikre involvering og brukermedvirkning i planlegging og utarbeidelse av tiltak som retter seg mot eldre
• Samarbeide med privat sektor om utvikling av velferdsteknologi (produkter som kan gi eldre økt mestring og selvstendighet.

Rådmannen si vurdering:

Regional plan for folkehelse i Telemark 2018 – 2030 er eit enkelt, oversiktleg og godt gjennomarbeida plandokument. Planen tek utgangspunkt i sentrale folkehelseutfordringar i fylket og dei strategiar, mål og tiltak som vert skissera synes å vere gode og relevante.

Etter rådmannen sitt syn er også dei tiltaka som kommunane vert rådd til å fylgje opp både fornuftige og truleg rimeleg overkommelege.

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret meiner at regional plan for folkehelse i Telemark 2018 -2030 er ein god plan og rår til at planen vert lagt til grunn for vidare folkehelsesatsing i fylket for perioden.

Handsaming i Eldreråd - 05.12.2017

Rådmannen si tilråding:
Eldrerådet meiner at regional plan for folkehelse i Telemark 2018 -2030 er ein god plan og rår til at planen vert lagt til grunn for vidare folkehelsesatsing i fylket for perioden.

Samrøystes vedteke med 2 røyster.

Vedtak i Eldreråd - 05.12.2017

Eldrerådet meiner at regional plan for folkehelse i Telemark 2018 - 2030 er ein god plan og rår til at planen vert lagt til grunn for vidare folkehelsesatsing i fylket for perioden.

Handsaming i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 05.12.2017

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne meiner at regional plan for folkehelse i Telemark 2018 -2030 er ein god plan og rår til at planen vert lagt til grunn for vidare folkehelsesatsing i fylket for perioden.

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 05.12.2017

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne meiner at regional plan for folkehelse i Telemark 2018 -2030 er ein god plan og rår til at planen vert lagt til grunn for vidare folkehelsesatsing i fylket for perioden.

Utskrift til:

TELEMARK
fylkeskommune

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

/Fylkesrådmann

Vår dato 05.10.2017

Deres dato

Høring av forslag til Regional plan for folkehelse i Telemark 2018-2030

Telemark fylkeskommune sender med dette på høring forslag til Regional plan for folkehelse i Telemark 2018 – 2030.
Fylkesutvalget i Telemark fylkeskommune vedtok i sitt møte 5. oktober å legge forslag til Regional plan for folkehelse i Telemark 2018-2030 ut til høring og offentlig ettersyn, i henhold til plan- og bygningslovens § 8-3.

Høringsfrist er 15. desember 2017.

Planprogrammet for planarbeidet ble vedtatt i fylkesutvalget 15.februar 2017. Planprogrammet ble utarbeidet og var ute til høring i tråd med bestemmelsene i plan- og bygningslovens § 4-1. Sosial ulikhet i helse ble pekt på som den overordna folkehelseutfordringen i Telemark, sammen med levekårsproblemer og psykisk og fysisk helse. Det ble vedtatt fire satsingsområder for en ny regional folkehelseplan:

- Kunnskapsbasert folkehelsearbeid
- Helsefremmande oppvekst (0-18 år)
- Mestring i voksen alder (18-70 år)
- Samfunnsutvikling for en aktiv alderdom (70+ år)

Regional plan for folkehelse 2018-2030 er utarbeidet i tråd med disse føringene.
Planen har et tidsperspektiv på 12 år, med to hovedmål:

- Å bedre levekår for befolkningen ved iverksetting av tiltak for å utjevne sosial ulikhet og hindre at dårlige levekår går i arv.
- Å bedre psykisk og fysisk helse ved å velge løsninger som bidrar til en trygg oppvekst, et aktivt og deltakende voksenliv og alderdom.

Det er utarbeidet et handlingsprogram som viser hvilke tiltak Telemark fylkeskommune vil initiere/ følge opp i planperioden. Handlingsprogrammet viser også til hva andre samfunnsaktører bør bidra med for at målene i planen skal nås.

Postadresse:	Besøksadresse:	Sentralbord	Foretaksregisteret: 940 192 226
Postboks 2844 3702 Skien		35 91 70 00	Bankkonto: 5083 05 42083 www.telemark.no

TELEMARK
fylkeskommune

Planen med handlingsprogram vil bidra til at samfunnsaktørene arbeider mot samme mål og koordinerer ressursbruk i tråd med felles strategier. Planen vil derfor være et viktig verktøy for det regionale folkehelsearbeidet. En regional plan vil ifølge plan- og bygningsloven § 8-1, være førende for regionale organs virksomhet og for kommunal og statlig planlegging og virksomhet i fylket.

Høringsutkastet finnes på https://www.telemark.no/Planer/Planer-og-strategier-i-arbeid2

Høringseksemplarer er tilgjengelige i resepsjonen på Fylkeshuset (Fylkesbakken 8-10, Skien), Høringsinnspill kan sendes til post@t-fk.no .

Frist for innspill er 15. desember 2017.

Etter fristens utløp vil alle høringsinnspill bli gjennomgått og planen bli justert. Nytt planforslag vil bli framlagt for politisk behandling, med endelig vedtak i fylkestinget i april 2018.

Eventuelle spørsmål kan rettes til:
Heidi Hamadi, prosjektleder, tlf.: 35 917126/ 920 99 139, epost: heidi.hamadi@t-fk.no

Med vennlig hilsen

Evy-Anni Evensen
Fylkesrådmann

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.

TELEMARK
fylkeskommune

/Team folkehelse, idrett og friluftsliv

Vår dato 05.10.2017

Vår referanse 16/11205-86

Mottaker	Kontaktperson	Adresse	Post
Bamble kommune		Postboks 80	3993 LANGESUND
Bø kommune		Bøgata 67	3800 BØ I TELEMARK
Drangedal kommune		Gudbrandsvei 7	3750 DRANGEDAL
Fyresdal kommune		Klokkarhamaren 6	3870 FYRESDAL
Hjartdal kommune		Kommunehuset	3692 SAULAND
Kragerø kommune		Postboks 128	3791 KRAGERØ
Kviteseid kommune		Kviteseidgata 13	3850 KVITESEID
Nissedal kommune		Treungvegen 398	3855 TREUNGEN
Nome kommune		Ringsevja 30	3830 ULEFOSS
Notodden kommune		Postboks 193	3672 NOTODDEN
Porsgrunn kommune		Postboks 128	3901 PORSGRUNN
Sauherad kommune		Idunvoll 3	3812 AKKERHAUGEN
Seljord kommune		Brøløsvegen 13 A	3840 SELJORD
Siljan kommune		Postboks 16	3749 SILJAN
Skien kommune		Postboks 158 Sentrum	3701 SKIEN
Tinn kommune		SentralarkivetPostboks 14	3661 RJUKAN
Tokke kommune		Storvegen 60	3880 DALEN
Vinje kommune		Vinjevegen 192	3890 VINJE

TELEMARK
fylkeskommune

Kopimottaker	Kontaktperson	Adresse	Post
Klikk her for å skrive inn tekst.	Klikk her for å skrive inn tekst.	Klikk her for å skrive inn tekst.	Klikk her for å skrive inn tekst.

Postadresse: Besøksadresse: Sentralbord Foretaksregisteret: 940 192 226

Postboks 2844 35 91 70 00 Bankkonto: 5083 05 42083
3702 Skien www.telemark.no

Regional plan for folkehelse i Telemark 2018–2030

TELEMARK
fylkeskommune

Innhold

Forord 3

En felles forpliktende plattform 3
Fire satsingsområder 3
Langsiktig tidsperspektiv 3

Planens oppbygging 4

Folkehelseutfordringer i Telemark 5

Levekår, helseplager og sosial ulikhet i helse 6
Demografi 7
Kunnskapsbasert og systematisk folkehelsearbeid 8

Mål og satsingsområder 9

Hovedmål 10
Satsingsområder 10
1: Kunnskapsbasert og systematisk folkehelsearbeid 11
2: Helsefremmende oppvekst (0-18 år) 12
3: Helsefremmende voksenliv (18-70 år) 13
4: Samfunnsutvikling for en aktiv alderdom (70+ år) 14

Folkehelsearbeidet – et felles ansvar 15

Åpen dialog med befolkningen 15
Roller og ansvar 16
Oppfølging av planen 18

Kilder 19

Foto:. Stina Glømmi

Dette er en interaktiv PDF med bokmerker

Naviger i innholdsfortegnelsen og hyperlenket tekst. Pilene øverst til høyre fører deg en side fram eller tilbake. Pilene deaktiveres på håndholdte enheter: bla som normalt mellom sidene. Knappen i midten fører deg til «Innhold».

Mer info om PDF?
Leser du PDF på iPad?

Forord

Regional plan for folkehelse i Telemark er forankret i Bærekraftige Telemark – regional planstrategi 2016-2020. Visjonen i planstrategien, å skape et bærekraftig Telemark, skal være en rettesnor for samfunnsutviklingen i fylket.

Bærekraftig utvikling skjer gjennom å fremme bærekraftige sosiale forhold, bærekraftig økonomi og bærekraftig miljø. Alt dette er viktig i fylkets folkehelsearbeid.

En felles forpliktende plattform

Folkehelse er et stort fagfelt. Å organisere arbeidet på et så bredt felt kan derfor være utfordrende. Den regionale planen for folkehelse skal danne en felles plattform for prioriteringer og avgjørelser i folkehelsearbeidet, og gjøre det enklere å organisere arbeidet hos de ulike folkehelseaktørene i Telemark.

Planen skal være et forpliktende verktøy for å koordinere folkehelsesatsingen i fylket, klargjøre roller og ansvar, gjøre prioriteringer i arbeidet, og iverksette tiltak for å bedre folkehelsen i fylket. Planen skal legges til grunn for regionale organers virksomhet og for kommunal og statlig planlegging og virksomhet i regionen.

Fire satsingsområder

Regional plan for folkehelse i Telemark skal bidra til en samfunnsutvikling som fremmer helse og utjevner sosiale helseforskjeller. Den regionale planen foreslår fire satsingsområder for å møte fylkets folkehelseutfordringer:

1. Kunnskapsbasert og systematisk folkehelsearbeid
2. Helsefremmende oppvekst
3. Helsefremmende voksenliv
4. Samfunnsutvikling for en aktiv alderdom

De tre første områdene ivaretar generasjonsperspektivet hvor vi foreslår helhetlige strategier for å møte Telemarks største folkehelseutfordringer innen de ulike livsfasene.

Det fjerde satsingsområdet har bakgrunn i folkehelselovens krav om et kunnskapsbasert og systematisk folkehelsearbeid. Loven fra 2012 er ganske ny, og det er fortsatt et behov for å sette dette på dagsorden for å øke kompetanse og få på plass strukturer for nye arbeidsmåter.

Å fremme sosial likhet i helse, å sikre inkludering, og å samordne og koordinere folkehelsearbeidet er gjennomgående for alle de fire satsingsområdene.

Langsiktig tidsperspektiv

Plan- og bygningsloven anbefaler at regionale planer har et langsiktig tidsperspektiv på minst tolv år. Folkehelsearbeidet er også langsiktig, og det tar tid fra tiltak iverksettes til vi kan se eventuelle resultater. Regional plan for folkehelse i Telemark har derfor en varighet fra 2018¬¬ til 2030. Spørsmål om revidering av planen tas opp i regional planstrategi hvert fjerde år. Planens handlingsprogram skal rulleres årlig.

Telemark fylkeskommune skal ta en aktiv rolle i folkehelsearbeidet i fylket. Gjennom tjenestene våre og vår rolle som regional utviklingsaktør skal vi arbeide for et helsefremmende samfunn og for å fremme sosial likhet i helse. Sammen med kommunene og øvrige aktører skal vi bidra til motivasjon, engasjement og aktivitet for bedre folkehelse i Telemark.

Evy-Anni Evensen
fylkesrådmann

Foto: Dan Riis

Planens oppbygging

Regional plan for folkehelse i Telemark 2018-2030 består av en generell del og et handlingsprogram. Den generelle delen inneholder mål og strategier innen fire satsingsområder for å møte de største folkehelseutfordringene i Telemark. Dette skal danne et felles grunnlag for folkehelseaktørene i fylket, som man kan kjenne seg igjen i og bruke i sitt eget arbeid.

Handlingsprogrammet

Handlingsprogrammet lages årlig, og beskriver tiltak for å møte de største folkehelseutfordringene på hvert av de fire satsingsområdene. De aller fleste tiltakene vil strekke seg over år for å gi effekt. I handlingsprogrammet er det dessuten gjort rede for oppgaver hos andre viktige folkehelseaktører i fylket som kan bygge opp under strategiene og bidra til økt måloppnåelse.

Satsingsområde 3: Helsefremmende voksenliv (18–70 år)

Mål: Øke andelen voksne som er i utdanning eller arbeid

Strategi	Tiltak	Ansvarlig og eventuelle samarbeidspartner(e)	Tidsplan	Finansiering
Sikre et mer forpliktende samarbeid mellom statlige aktører, fylkeskommunen og næringslivet om målretting av tiltak for øke andelen yrkesaktive i fylket	Operasjonalisere og målrette partnerskaps-avtalen mellom Telemark fylkeskommune og NAV Telemark – helsefremmende og inkluderende arbeidsliv	Telemark fylkeskommune ved folkehelse NAV Telemark, Arbeid og helse	2017-2019	Driftsbudsjett
Øke andelen voksne som får tilbud om yrkes- og studiekompetanse	Gi en fleksibel opplæring tilpasset den enkeltes behov	Telemark fylkeskommune Avd. Videregående opplæring	2017-2019	Driftsbudsjett
Øke tilgangen og kvaliteten på livslang karriereveiledning for voksne	Utvide tilbudet og samarbeidet om karriereveiledning	Telemark fylkeskommune, Karrieresenteret	2017-2019	Driftsbudsjett
	Sikre at dette tilbudet er et lavterskeltilbud og gratis for alle	Telemark fylkeskommune, Karrieresenteret	2017-2019	Driftsbudsjett
Utvide normalitetsbegrepet og arbeide for økt toleranse for mangfold	Arrangere folkehelsekonferanse om psykisk helse i et folkehelseperspektiv	Telemark fylkeskommune	2018	Driftsbudsjett

Strategi	Tiltak	Ansvarlig og eventuelle samarbeidspartner(e)	Tidsplan	Finansiering
Øke kunnskapen om psykisk helse og rusvaner blant studenter	Vurdere utarbeidelse av rapport «Student- data i Telemark»	Telemark fylkeskommune, KoRus-Sør og HSN	2018-2019	Driftsbudsjett
Øke antall sosiale møteplasser og mangfoldet i tiltak til personer som står utenfor utdanning og arbeidsliv	Arbeide med tiltaksutvikling i planperioden	Telemark fylkeskommune, kommunene, frivillige organisasjoner, NAV m.fl.	2017-2019	Driftsbudsjett

Tiltak hos andre aktører som kan bygge opp under strategiene:

Kommunene

- Etablere tilstrekkelige læreplasser for personer under utdanning
- Sikre tilstrekkelige ressurser til og følge opp samarbeid om voksenopplæring
- Ivareta folkehelseperspektivet i forhold til dem som står utenfor utdannings- og arbeidsliv
- Legge til rette for systematisk samarbeid med frivillig/ ideell sektor om blant annet inkluderende møteplasser og aktivitetstilbud
- Bidra med kunnskaps- og erfaringsdeling i regionale nettverk

KoRus-Sør

- Gjennomføre rusforebyggende arbeid blant studenter og i arbeidslivet gjennom nettverk med studentsamskipnaden og nettverk for arbeidsliv og rus (Alornettverk)
- Bistå kommuner, politi og salgs- og skjenkenæring med faglig veiledning, verktøy, nettverk og kurstilbud om ansvarlig alkoholhåndtering

NAV

- Ha lavterskeltilbud til ungdom med hensikt å bidra til gjennomføring av skolegang og arbeidstilrettelegging, gjennom blant annet etablering av Talenthus[2]
- Arbeide med inkluderingskompetanse
- Arbeide med jobbmestring; forebygging av psykiske plager gjennom prosjekt «dialogsenter»- et samarbeid mellom NAV og kommune
- Delfinansierer arbeidstiltak til uføre i samarbeid med kommunene

FM

- Drive veiledning og tilsyn med at kommunene følger opp lokalt folkehelsearbeid og utdanningsoppgaver

Næringslivet/private aktører

- Legge til rette for tilpassede, inkluderende og helsefremmende arbeidsplasser, og trygge og sikre arbeidsmiljø
- Etablere tilstrekkelige læreplasser for personer under utdanning

Frivilligheten:

- Bidra til å skape arenaer og møteplasser

[2] Som et ledd i den arbeidsrettede ungdomssatsingen, utover NAV-kontorenes ordinære innsats

Satsingsområde 4: Samfunnsutvikling for en aktiv alderdom (70+ år)

Mål: Flere aktive og friske leveår

Strategi	Tiltak	Ansvarlig og eventuelle samarbeidspartner(e)	Tidsplan	Finansiering
Samordne, koordinere og skape forpliktelse i virkemiddelbruk og tiltak mellom privat, frivillig og offentlig sektor	Arrangere fagseminar for folkehelsenettverket m.fl. med tema: tiltak i ATP og stedsutviklingsarbeid i et folkehelseperspektiv	Telemark fylkeskommune, Trygg Trafikk, Forum for frivillighet og folkehelse, Telemark fylkeskommunale Eldreråd, private entre-prenører, Statens vegvesen m.fl.	Vår 2018	Driftsbudsjett
	Arrangere en frivillighetskonferanse med fokus på blant annet samarbeid	Telemark fylkeskommune, Forum for frivillighet og folkehelse	11. april 2018	Driftsbudsjett
	Utvide antall partnerskapsavtaler mellom fylkeskommunen og frivillige organisasjoner med to nye avtaler som særlig sikrer rekruttering av og sosiale tiltak for eldre	Telemark fylkeskommune, frivillige/ ideelle organisasjoner	Fremme sak i løpet av 2018 om finansiering av to nye avtaler for budsjettåret 2019 -	Kan muliggjøres gjennom omdisponering av poster/ ordninger innenfor eget budsjett, ev. ekstrabevilgning
	Møter med kommunene med sikte på at alle kommuner i løpet av første fireårsperiode skal ha utarbeidet egne frivillighetsplaner	Telemark fylkeskommune, kommunene, Forum for frivillighet og folkehelse, Frivillighet Norge	2018-2021	Driftsbudsjett

Strategi	Tiltak	Ansvarlig og eventuelle samarbeidspartner(e)	Tidsplan	Finansiering
Mobilisere eldre som aktive i eget liv	Forbedre interne rutiner for dialog og samarbeid med Telemark fylkes-kommunale eldreråd	Telemark fylkeskommune, Telemark fylkeskommunale eldreråd	2018	Driftsbudsjett
	Delta på de årlige samlingene for eldrerådene i kommunene for informasjonsutveksling og brukerdialog	Telemark fylkeskommune og Telemark fylkeskommunale eldreråd	To ganger pr år	Driftsbudsjett
	Prioritere tiltak som bidrar til aktivisering, inkludering og rekruttering av eldre ved fordeling av tilskuddsmidler til frivillig folkehelsearbeid	Telemark fylkeskommune team folkehelse, idrett og friluftsliv	Søknadsfrist 15.1. og 30.6 hvert år	Driftsbudsjett
Bidra til innovasjon av teknologi og tjenester rettet mot eldre	Lage særnummer av nyhetsbrev til kommunene/ folkehelsenettverket om velferdsteknologi[3]	Telemark fylkeskommune, Telemark fylkes eldreråd, Fylkesmannen i Telemark	2018	Driftsbudsjett
	Fagseminar om velferdsteknologi	Telemark fylkeskommune, Telemark fylkes eldreråd, Fylkesmannen i Telemark	2019	Driftsbudsjett
Stimulere til stedsutvikling og nye boformer som tilrettelegger for generasjonsmøter, inkludering, aktivitet og sosiale møteplasser	Ha økonomiske støtteordninger til helsefremmende tiltak, eks.: «Fortetting med kvalitet»[4], og «Sentrumsnære turveger i Telemark – universell utforming»	Telemark fylkeskommune, (avd. areal og transport), kommunene og staten	Løpende, 2018-2021	Driftsbudsjett og formidling av statlige midler. Økt satsing vil kreve økte bevilgninger

[3] https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/28-millioner-til-velferdsteknologi-i-kom/id745681/

[4] Prosjektet skal bidra til gode nærmiljøer og møteplasser, og kortere avstander som stimulerer til gange og sykling

Strategi	Tiltak	Ansvarlig og eventuelle samarbeidspartner(e)	Tidsplan	Finansiering
Forts.: Stimulere til stedsutvikling og nye boformer som tilrettelegger for generasjonsmøter, inkludering, aktivitet og sosiale møteplasser	Fagdag for kommunene/ politikere m.fl. med tema: Stedsutvikling og nye boformer i et folkehelseperspektiv	Telemark fylkeskommune, kommunene, Trygg Trafikk, Telemark fylkes Eldreråd, private entreprenører	2019	Driftsbudsjett

Tiltak hos andre aktører som kan bygge opp under strategiene:

Kommunene

- Involvere eldre i saker som berører dem, gjennom blant annet kommunens eldreråd
- Bidra til framtidsrettede bomiljøer og stedsutviklingstiltak som fanger opp de behov og forventninger eldre har, med tanke på tilgjengelighet, lavterskel fellesarealer og hverdagens møteplasser. Møteplassene bør også være tilrettelagt for generasjonsmøter.
- Dreie fokus mot helsefremmende tiltak, fra behandlende tiltak
- Sikre involvering og brukermedvirkning i planlegging og utarbeidelse av tiltak som retter seg mot eldre
- Samarbeide med privat sektor om utvikling av velferdsteknologi (produkter som kan gi eldre økt mestring og selvstendighet)

Fylkesmannen

- Veilede og gi råd til kommunene ved oppfølging av statlig politikk, for eksempel Regjeringens strategi for et aldrende samfunn «Flere år- flere muligheter», føre tilsyn
- Gjennom planuttalelser og annen rådgiving bidra til trygge nærmiljøer og lokalsamfunn, som legger til rette for deltakelse, nær friluftsliv og annen aktivitet

Frivilligheten/ ideelle organisasjoner

- Ha en aktiv rekrutteringsstrategi for å involvere flere eldre som ressurs|
- Interessegrupper for eldre, og eldreråd, kan forsterke sitt friskfokus
- Prioritere tiltak som kan skape mestringsopplevelser, fellesskapsfølelse og tilhørighet for eldre deltakere

Private aktører

- Tilrettelegge arbeidssituasjonen slik at eldre som ønsker det kan bruke sin arbeidskraft innenfor de rammer loven gir
- Tilby kompetansehevende tiltak for eldre arbeidstakere der det er nødvendig for å stå i arbeid lenger
- Samarbeide med offentlig sektor om utvikling av velferdsteknologi (produkter som kan gi eldre økt mestring og selvstendighet)

Forsknings- og kompetansemiljøer

- Bidra med forskning om aldring og framtidens eldre sine behov

Telemark fylkeskommune

www.telemark.no/folkehelse
www.facebook.com/telemarkfylke

Postadresse:
Postboks 2844
3702 Skien

Besøksadresse:
Fylkesbakken 10
3715 Skien

Sentralbord:
35 91 70 00

Seljord kommune

Arkiv: A29
Saksnr.: 2017/1754-18
Sakshand.: Ronde Schade
Direkte tlf.:
Dato: 28.11.2017

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret	108/17	14.12.2017

Innføring av fem dagar skule for alle elevar i Seljord grunnskule

Saksdokument:

- Drøftingsnotat for skulen hausten 2017
- Handlingsprogram 2018-2021

Vedlegg:
1 Drøftingsnotat hausten 2017

Saksutgreiing:

Av handlingsprogram 2018-2021 for Seljord kommune går det fram av hovudtema 2, **det gode livsløp i Seljord**, strategi 2.1.2 og tiltak 2.1.2.5: *"Innføring av fem dagar skule for alle elevar frå hausten 2018, samt vurdere innhald og organisering av skuledagen til beste for elevane sitt faglege og sosiale læringsutbytte".*

Hausten 2017 sendte skuleansvarleg ut "Drøftingsnotat for skulen hausten 2017" til skulane, elevane og foreldra. Alle blei bedt om å kome med innspel til følgjande punkt:

1. Fem dagar skule for alle elevar.
2. Matservering i skulen.
3. Lekser i skulen.

Fleire som har kome med innspel til drøftingsnotatet har peika på at det er behov for **meir tid og betre prosessar** før ein tek stilling til endringsforslaga i drøftingsnotatet. Det er særleg punkt 1, fem dagar skule for alle elevane, som inneber ei så stor endring at det er behov for å bruke meir tid med foreldre og elevar for å vurdere korleis "den gode skuledagen og skuleveka" for elevane på 1.-4. trinn vil sjå ut etter endringa.

Skuleansvarleg meiner det er uheldig om ei så stor endring av skuletilbodet skjer utan at tiltaket er tilstrekkeleg forankra i foreldregruppa. Det er difor naturleg at tiltak 2.1.2.5, fem dagar skule for alle elevar, blir utsett og vurdert i samband med den nye kommunedelplanen som skal vere ferdig i løpet av 2019. Utvida tidsramme og ein god planprosess vil sikre betre prosessar og involvering. Konsekvensen av dette er i så fall at det ikkje blir fem dagar skule for alle elevar før tidlegast hausten 2019.

Rådmannen si tilråding:

Innføring av full skuleveke for alle elevane i Seljord kommune blir utsett og i staden vurdert i og med utarbeiding av ny kommunedelplan for skule og oppvekst. Tiltak 2.1.2.5 blir endra til: *"Innføring av fem dagar skule for alle elevar i Seljord kommune bør vurderast som eit tiltak for å auke elevane sitt faglege og sosiale læringsutbytte".*

Utskrift til:

- Skulane
- Barnehagane
- FAU ved skulane
- SU ved barnehagane
- Hovudtillitsvald Utdanningsforbundet

Seljord 2.10.2017

DRØFTINGSNOTAT 2017/18.

I og med ny samfunnsplan for Seljord kommune 2017-2029 er det viktig at elevar, foreldre og tilsette ved skulane drøftar kva som skapar **det gode livsløp**:

> ***"Born og unge skal ha eit særskilt fokus i planperioden, og ein må fokusere på eit trygt og inkluderande oppvekstmiljø som gir høve til å oppleve meistring gjennom naturleg utvikling av evner og interesser" (s. 7).***

I løpet av 2018-2019 skal kommunen utarbeide **kommunedelplan** for skule og oppvekst. Kommunalsjef for skule og oppvekst inviterer difor til dialog om nokre sentrale utviklingsområde:

1. Fem dagar skule for alle elevar. Frist for uttale 3.11.2017.
2. Matservering i skulen. Frist for uttale 3.11.2017.
3. Lekser i skulen. Frist for uttale 1.2.2018

Alle innspel sendast elektronisk til kommunalsjef for skule og oppvekst:

ronde.schade@seljord.kommune.no

Fem dagar skule for elevar 1.-4. klasse

Dei siste åra har timetalet for elevar barnetrinnet stadig auka og vi har t.d. utvida timetalet for 5. klasse i fleire omgangar. Frå hausten 2017 går 5. klasse på skulen fem dagar gjennom heile skuleåret. Det er grunn til å tru at timetalet i grunnskulen vil auke også i åra framover, det vil da vere 1.-4. klasse som må auke timetalet. Seljord er ein av få kommunar som framleis har ein heil fridag for dei minste elevane. Kommunestyret fatta dette vedtaket 30.3.2017:

> *"Seljord kommune ynskjer fem dagar skuleveke for alle elevar i grunnskulen frå skuleåret 2018/19, med timetal som det går fram av nasjonal fag- og timefordeling og ber administrasjonen starte planarbeidet saman med skulane og leggje saka fram på nytt i budsjetthandsaminga hausten 2017."*

Med ei slik ordning vil elevane vere på skulen frå morgon til lunsj, om lag 3,5 timar á 60 minutt kvar dag. Kortare dagar vil føre til betre og kortare læringsøkter for dei yngste elevane, men også auka behov for tilsyn/SFO for fleire elevar enn i dag.

Kommunen vil leggje til rette for utvida SFO-ordning ved begge barneskulane, frå lunsj til kl. 16.30. Ein ynskjer også å samarbeide med lokale idrettslag og kulturskule for å utvide aktivitetstilbodet i samband med opphaldstida på SFO.

Seljord kommune ynskjer innspel frå elevråd, foreldreråd og skulane ang innføring av fem dagar skule for elevane frå 1. til 4. trinn hausten 2018.

Matservering i skulane.

Seljord kommunestyre fatta dette vedtaket 30.3.2017:

> *"Seljord kommune er positiv til å innføre skulemat for alle elevane i skulen, og ber administrasjonen jobbe vidare med ulike måtar dette kan realiserast på i framtida."*

Frå saksutgreiinga: *"Elevar ved ungdomsskulen betalar i dag 10 kr per dag for enkel brødmat, pålegg, mjølk/juice og varm mat ein gong i veka. På årsbasis utgjer dette 10 x 190 skuledagar = 1 900 kr som blir betalt med 950 kr vår/haust. Eigenbetaling for matservering er vurdert av departementet som innanfor "gratisprinsippet" i skulen. Ein rår likevel ikkje til å auke prisen for mykje, da dette truleg vil føre til at fleire vel ikkje å bruke ordninga. Differensiert eigenbetaling vil uansett ikkje kunne fullfinansiere kantinedrift slik at det blir "sjølvkost". Ein rår også til at eigenbetaling for skulemat "bare" blir rekna med utgangspunkt i at sjølve maten skal vere sjølvfinansiert. Ressursar til assistentar/kjøkkenhjelp må vere fullfinansiert av kommunen."*

Seljord kommune ynskjer innspel frå elevråd, foreldreråd og skulane om innføring av skulematordning for alle elevar.

Lekser i skulen.

Enkelte norske skular har i fleire år prøvd ut "leksefri skule". Mange meiner at redusert leksemengde fører til auka trivsel og læringsutbyte i skuletida. Andre meiner at lekser er viktig for å auke læringstrykket og lære elevane gode arbeidsvanar. "Arbeidsdagen" til norske elevar blir stadig lengre med fleire timar på skulen og SFO. Ei vanleg skuleveke på barneskulen i 2017 er om lag 4 timar lengre enn i 1987 og i tillegg startar elevane eitt år tidlegare på skulen.

Frå skuleåret 2018/19 ynskjer Seljord kommune fem dagar skule for alle elevar. Det er ynskjeleg at ein samstundes vurderer den kommunale praksisen i høve til heimearbeid/lekser.

Seljord kommune ber om innspel frå elevar, foreldre og lærarar om lekser/heimearbeid slik det blir praktisert i dag. Bruk gjerne punktene i vedlegg 1 og 2 som diskusjonsgrunnlag (vedlegg).

Vedlegg 1: "LEKSER I SKOLEN.

- I land der lærere og elever tilbringer mye tid i klasserommet er effekten av hjemmelekser på skoleresultater størst, ifølge en analyse av 16 OECD-land.
- I USA tilbringer lærerne 1.097 timer i klasserommet, mens tallet er 874 timer for lærerne i Australia. Til sammenligning tilbringer lærerne i Norge 741 timer i klasserommet.
- Effektene av lekser på skoleresultater er størst og bidrar mest til bedre prestasjoner i USA. Deretter følger Australia og Østerrike.
- Forskere finner imidlertid ingen sterk sammenheng mellom bruk av lekser og skoleresultater i Norge, Nederland, Italia, Tyskland, Tsjekkia, Danmark, Japan, Nederland, New Zealand, Slovakia og England.
- I nesten samtlige land, inkludert Norge, er effekten av lekser størst for jenter.
- 36 prosent av norske foreldre svarer at de føler de kommer til kort som leksehjelper av og til, og 3 prosent svarer at de alltid kommer til kort.
- 38 prosent av foreldrene sier at de ikke opplever at leksen er tilstrekkelig forklart på skolen, og 18 prosent sier at leksen er helt nytt stoff.

- Selv om det er en internasjonal trend at lekser har en liten, positiv effekt på elevenes skoleprestasjoner, er det ikke snakk om store utslag. Faktisk bare en tidels karakter for Norges del, bekrefter professor Torberg Falch ved NTNU i Trondheim.

Når forskerne ser på niåringenes skoleprestasjoner etter kjønn, har lekser ingen positiv effekt for gutter overhodet. Samtidig viser det seg at land som har lange skoledager, for både lærere og elever, også er de landene som opplever at lekser gir størst gevinst. Best ut kommer USA, som sammen med Australia og Østerrike er de landene der lekser i størst grad bedrer skoleprestasjonene.

Lekser kan skape forskjeller

SSB-forsker Marte Rønning har i flere år sett på effekten av lekser i Norge og resten av Europa, og står bak den nye undersøkelsen sammen med Falch. Hun mener forskjellene i leksenes effekt på læring kan skyldes at landene bruker hjemmelekser til ulike ting.

- I land med lange skoledager kan det tenkes at lekser brukes til repetisjon eller pugging av stoff elevene allerede har gjennomgått på skolen. I land med kortere skoledager har man gjerne mindre tid til å gjennomgå nytt stoff - som igjen øker kravet til hjemmearbeid, sier Marte Rønning.

Hun mener dette gjør norsk skole mer sårbar for foreldrebakgrunn. Jo mer som skal læres og løses i en hjemmelekse, desto større innvirkning vil foreldrenes bakgrunn og bidrag ha på elevprestasjonene, påpeker Rønning.

Faren er at leksene snarere forsterker enn demper sosiale forskjeller. Hvis krav og ambisjoner i skolen øker, og mer og mer ansvar veltes over på foreldrene, vil ulikhetene forsterkes. Noe vi allerede ser ved at det er elever fra ressurssterke hjem som har størst nytte av lekser, framholder Rønning.

Invaderer barnas liv

Instituttleder og professor Ola Stafseng ved Pedagogisk forskningsinstitutt på Universitetet i Oslo mener funnene gir grunn til bekymring. - Det er grunn til å frykte at lekser i økende grad produserer forskjeller mellom elevene. Ressurssterke foreldre hjelper ungene fram, mens ressurssvake foreldre ikke har så mye å bidra med. Lekser blir en tidstyv det er vanskelig å forsvare, sier Stafseng.

- Jeg mener lekser er en uting som frarøver ungene barndommen. Meningen med å være barn er ikke å bli voksen, men å være barn lengst mulig. Dagens skole invaderer barnas liv og fritid på en måte som er helt uakseptabel, fortsetter han.

SSB-forsker Marte Rønning etterlyser en ny leksedebatt. Norske elever bruker stadig mer tid på skolearbeid, ifølge Statistisk sentralbyrå. Samtidig ønsker en av to norske foreldre å avskaffe lekser, ifølge Foreldreutvalget for grunnopplæringen som har spurt nesten 1.900 foreldre i grunnskolen om deres syn på lekser. (2013)

- Vi trenger en debatt både om mengden lekser, og hva slags hjemmelekser det er hensiktsmessig å gi. Våre funn tyder på at lærerne bør unngå å gi lekser som innebærer at elevene skal lære seg nye ting hjemme på egen hånd, sier Rønning."

Kjelde: forskning.no

Sjå også SSB.no: http://www.ssb.no/118772/ingen-sterk-sammenheng-mellom-bruk-av-lekser-og-skoleresultater

Vedlegg 2: **"Leksefri skole"**. Av Gunnar Aarstein, rektor Digermulen skole, Vågan kommune, Nordland.

Alle barn skal føle seg trygge på at læreren er glad i dem
Alle barn skal kunne lykkes med skolearbeidet
Alle barn skal kunne møte på skolen med god samvittighet og uten frykt for å møte læreren

Dette er avgjørende for at barna skal lære i skolen. Mye kan ødelegge det gode forholdet mellom elev og lærer. Lekser er blant dem.

På bakgrunn av mine 37 år som lærer, hvorav 17 år i vår leksefrie Digermulen skole, våger jeg påstanden: **Leksenes viktigste funksjon er å skape skoletapere og fortvilte foreldre.**

Lekser er en konvensjon. Lekser er ikke påbudt i noen læreplaner. Lærerne gir lekser fordi de selv fikk lekser på skolen – på tross av at forskning slår fast at lekser bare gjør de flinkeste jentene litt bedre og de svakeste elevene dårligere. Forskninga er entydig på at lekser bidrar til å reprodusere skillene i forhold til å gjøre det godt eller dårlig på skolen.

Hvorfor greier ikke grunnskolen å holde oppe elevenes motivasjon gjennom mellomtrinnet og ungdomstrinnet? Kan det ha noe med lekser å gjøre?

Om hvorfor læringa blir mer effektiv når vi tar bort leksene

Øving gjør mester! Ja, men lekser forpester. Om alle elevene hadde gjort leksene sine, da ville lekser ha hjulpet på læringa. Men slik er ikke *virkeligheten.* I alle skoler med lekser er det noen som sjelden eller aldri *gjør* leksene. Det får konsekvenser ikke bare for dem selv, men også for læringsmiljøet, for uro i timene, for hærverk og for mobbing og for de flinke elevene som gjør det de skal. Det hjelper lite å si at lekser er bra for repetisjonsarbeidet, når vi vet at noen ikke gjør leksene. Det finnes riktignok forsknings-rapporter som konkluderer med at lekser virker, men de har undersøkt i skoler som gir lekser og finner ganske riktig ut at de elevene som gjør leksene, lærer mer enn de som ikke gjør, i alle fall i USA. John Hattie, anerkjent professor fra New Zealand derimot, sier at av de ting som betyr noe for læringa, kommer lekser svært langt ned på lista. Forsking i Norge konkluderer med det samme.

Skal lekser virke, forutsetter det at ALLE gjør leksene (nesten) hver gang. Men slik er ikke virkeligheta i skolen. Det vet elevene og det vet lærerne. Hva skjer da?

1. De som ofte ikke har gjort eller fått til leksene sakker stadig lenger etter. De møter skolen med dårlig samvittighet, føler seg dumme, gjør hva de kan for å skjule at de ikke har gjort leksene, tør ikke å spørre når de ikke forstår, i redsel for å avsløre seg. De oppfatter læreren som motstander, en som kontrollerer om lekser er gjort og deler ut straff. Noen blir stille, andre sinte og bråkete og prøver å gjenvinne selvtillit på usosialt vis. Uro i timen ødelegger for alle. Mobberne og de som gjør hærverk på skolen er gjerne elever som har gitt opp å gjøre lekser. Lekser skaper skoletapere.
2. Læren mister oversikt over hva eleven kan, og framdrifta i timene forkludres: Dyrebar undervisningstid brukes til å kontrollere lekser og dele ut sanksjoner. Deretter har læreren

valget mellom enten å undervise som om alle har gjort leksene og la de andre seile sin egen sjø, eller starte timen som om ingen har gjort leksene og få med alle. De fleste velger det siste. Da opplever de flinke at de lærer lite nytt i timene. Det de flinke lærer mest av er det de gjør hjemme. De ønsker seg derfor lekser og klasser der det er arbeidsro.

3. Disse skadelige utslagene av lekser gjør større utslag i store klasser enn i små: I store klasser går det mer til å kontrollere leksene enn i små. I store klasser er det plass til flere som ikke gjør lekser. Dersom det er flere elever som samarbeider om å sabotere undervisninga, har læreren et problem.

Elevene i Digermulen begynte å jobbe mer selvstendig og å lære mer effektivt etter at vi kutta leksene. Motivasjonen er bevart også i ungdomstrinnet. Det viser «Elevundersøkelsen». Jeg mener det kommer av:

1. Vi bruker ikke dyrebar undervisningstid til å høre i lekser og å gi sanksjoner til dem som ikke har gjort. Derimot starter vi timen med å repetere det vi lærte i forrige time og til å fortelle hva vi skal lære i denne.

2. Når elevene er positivt innstilt til å lære og ser på læreren som en venn og veileder, lærer de veldig fort. Den gode relasjonen mellom elev og lærer blir ikke ødelagt av at elever som ikke har gjort eller fått til leksene får inntrykk av at læreren er til for å kontrollere og å straffe.

3. Vi har dermed ingen elever med holdning om at det er dumt å være flink på skolen, og ingen beskyldninger mot flinke elever om at de er "strebere", noe vi opplevde før da vi ofte hadde et par elever i samme klasse som sjelden gjorde leksene, og som la band på motivasjonen til de andre.

4. Dermed har vi 100 % arbeidsro, noe som også de flinke elevene nyter godt av.

5. Vi har heller ikke hærverk eller mobbing i skolen vår. Jeg tror det har sammenheng med at elevene opplever at alle er på samme lag og jobber mot samme mål. Ingen blir hengt ut og føler seg krenket, en opplevelse elever får når de ikke har gjort leksene.

Blir foreldre overflødige uten lekser?
Neida. Foreldrenes engasjement og interesse for hva barna deres gjør på skolen, hvordan de har det, og om skoleresultater, er avgjørende for i hvilken grad barna skal lykkes i skolen.

Vi ser stadig vekk at forskjellen mellom elever som det går godt med i livet etter skolen og de som klarer seg mindre bra, har vært at de første har hatt foreldre som engasjerte seg i barna sine. Men foreldre behøver ikke lekser for å stille de viktige spørsmålene: "Hvordan har det gått på skolen i dag" - "Hva jobber dere med akkurat nå" - "Jeg er stolt av deg hvor flink du er på skolen".

I Digermulen praktiserer vi ukesevaluering, en rutine av stor betydning for mange formål, også for informasjonsflyten mellom heim og skole: Hver fredag evaluerer elever og lærere uka som er gått. Elevene får ut et ark med noen faste og noen variable spørsmål om læringsmål for uka, om innsats og om trivsel (om gode og om de har hatt noen ubehagelige opplevelser). Elevene svarer skriftlig, kontaktlærer samler inn evalueringsarkene og leser. Deretter er det elevsamtale med kontaktlærer hver uke (I tider med store klasser fikk hver elev samtale med kontaktlærer anna hver fredag.) Etter samtalen skriver kontaktlærer sine kommentarer på arket, og eleven leverer arket heime. Der kvitterer foreldrene på at de har lest og har mulighet til å skrive sine kommentarer før eleven

returnerer arket til kontaktlærer på mandag. (I tillegg har vi konferansetimer to ganger i året, som alle andre, og foreldremøter to ganger i året.)

Utjevner vi virkelig sosiale forskjeller?
Jeg mener vi gjør det. De svakeste har blitt mye bedre og de skoleflinke har fått bedre arbeidsforhold i timene. Noen elever jobber også heime – fordi de har lyst, ikke av tvang. I den tida da vi ga lekser, var det jevnt over de samme elevene som ikke gjorde leksene. Det var elever til foreldre som ikke syntes at boklig lærdom var viktig, som støttet barna på at skole var bortkastet tid og at lærere var dumme. Barn av slike foreldre fanger vi bedre opp nå uten lekser, fordi tilnærmet alt skolearbeidet foregår på skolen under ledelse av en lærer. I årene med «Ny Giv» hadde vi ingen elever som kvalifiserte til ekstra tiltak. (de 10 % svakeste elevene i kommunen, som skulle få spesielle tilbud). Så er det riktig at barn av foreldre som bryr seg, gjør det enda bedre på skolen. Slik var det også da vi ga lekser. Marte Rønning (forsker på SSB) har sammenlignet resultater i skoler som ikke har lekser med skoler som har lekser. Hennes klareste konklusjon er at lekser viderefører klasseskiller.

Litt hjemmearbeid likevel:
Vi avtaler med foreldene til de små elevene at de leser høyt for dem, helst hver kveld. Det er fint for både liten og stor. Så får de små som har begynt å lese, litt leselekse. Det er fordi det er viktig å komme fort i gang med å kunne lese. Så oppfordres elevene til å øve hjemme på gangetabeller og å lese til prøver. Og for at overgangen til vg skole ikke skal bli for brå, gir vi litt lekser etter jul i tiende trinn."

Seljord kommune

Arkiv:
Saksnr.: 2017/1969-2
Sakshand.: Finn-Arild Bystrøm
Direkte tlf.:
Dato: 06.12.2017

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret	109/17	14.12.2017

Representantar til heimevernsnemnd på distriktsnivå

Saksdokument:

Vedlegg:
1 Det Kongelige Forsvarsdepartement - Avvikling av heimevernsnemnder
2 Sakutgreiing for val av medlemmar til heimevernsnemnd 2015-2019

Saksutgreiing:

Stortinget har gjennom Lov om verneplikt og teneste i Forsvaret, forsvarsloven vedteke at lokale heimevernsnemnder skal leggjast ned med verknad frå 1. juli 2017 . I stede skal kommunane gjevast høve til å stilla med representantar i nemnder på distriktsnivå.

I kommunestyresak 127/15 vart følgjande personar valt inn i heimevernsnemda for perioden 2015-2019;

Medlem: Asbjørn Storrusten
Medlem: Marianne Vadder

Vara:Eivind Skogheim
Vara: Henry Mæland

I Heimevernsforskriften §2 fremkommer det ikkje noka mengd som kommunane kan stilla med. Lista bør difor prioriterast.

Rådmannen si tilråding:

Seljord kommunestyre kan velja representantar til den distriktsvisa heimevernsnemnd

DET KONGELIGE
FORSVARSDEPARTEMENT

Ifølge liste

Deres ref.:	Vår ref.:	Dato:
	2017/1481-1/FD III 2/BGG	31.08.2017

Avvikling av kommunale heimevernsnemder

Forsvarsdepartementet viser til Stortingets behandling av Innst. 375 L (2015-2016) til Prop. 102 L (2015-2016) Lov om verneplikt og tjeneste i Forsvaret, forsvarsloven.

Loven er nå sanksjonert og forskriftene er fastsatt ved Kgl. res., datert 16. juni 2017. Lov og forskrift trer i kraft 1. juli 2017, noe som innebærer at samtlige kommunale heimevernsnemder legges ned. Nemdene vil bli erstattet med heimevernsnemder på distriktsnivå. Kommunene gis mulighet til å stille med representanter i nemdene jf. forskrift om råd, utvalg og nemnder i Heimevernet § 2.

Forsvarsdepartementet ber kommunene avvikle de kommunale heimevernsnemdene fra 1. juli 2017.

Med hilsen

Anders Melheim (e.f.)
ekspedisjonssjef

Frode Halgunset
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og signert, og har derfor ikke håndskrevne signaturer.

Vedlegg:
1 Avvikling av kommunale heimevernsnemnder

Postadresse:
Postboks 8126 Dep.
0032 Oslo

Kontoradresse:
Glacisgata 1
Oslo

Telefon:
23 09 80 00

Saksbehandler:
seniorrådgiver Bjørn Ganger
Seksjon for virksomhetsutvikling

E-postadresse:
postmottak@fd.dep.no

Webside:
www.regjeringen.no/fd

Org.nr.:
972 417 823

Seljord kommune

Arkiv:	033
Saksnr.:	2015/1203-1
Sakshand.:	Kari Gro Espeland
Direkte tlf.:	35065106
Dato:	30.06.2015

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Valnemnd	18/15	12.11.2015
Kommunestyret	127/15	17.12.2015

Heimevernsnemnda, val av medlemmer 2015 - 2019

Saksdokument:

Forskrift nr. 431 av 30. april 1999 til LOV 1953-07-17 nr 28: Lov om Heimevernet (heimevernloven)

Saksutgreiing:

I fylgje forskrift til lov om Heimevernet kapittel 1 E punkt 22 skal det i kvar kommune være ein kommunal heimevernsnemnd med rådgivande myndigheit.

I punkt 23 står det at nemnda skal ha to medlemmar oppnemnd av kommunestyret og eit medlem oppnemnd av den lokale politimyndigheita.

Nemnda vel sjølv leiar og sekretær mellom nemnda sine medlemmar.

Funksjonstida er frå 1. januar 2016 til 1. januar 2020.

Rådmannen si tilråding:

Saka leggast fram utan tilråding.

Handsaming i Valnemnd - 12.11.2015

Valnemnda si tilråding

Vedtak i Valnemnd - 12.11.2015

Medlem: Asbjørn Storrusten
Medlem: Marianne Vadder

Vara: Eivind Skogheim
Henry Mæland

Handsaming i Kommunestyret - 17.12.2015

Valnemnda si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 17.12.2015

Medlem: Asbjørn Storrusten
Medlem: Marianne Vadder

Vara: Eivind Skogheim
Henry Mæland

Utskrift til:
Heimevernet
Dei valde

Seljord kommune

Arkiv: X63
Saksnr.: 2017/542-6
Sakshand.: Finn-Arild Bystrøm
Direkte tlf.:
Dato: 06.12.2017

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret	110/17	14.12.2017

Samanslåing av Seljord personal AS og IDEA kompetanse AS

Saksdokument:

Vedlegg:
1 Eigarskapsmelding for Seljord kommune 2016-2019
2 Innkalling til ekstraordninær generalforsamling i Seljord personal AS
3 Protokoll frå ekstraordninær generalforsamling i Seljord personal AS

Saksutgreiing:

Seljord kommunestyre har vedteke at Formannskapet er generalforsamling i selskapet Seljord personal AS.

I rollen som generalforsamling forheld medlemmane seg til Aksjeloven, og gjennom generalforsamlinga utøver aksjeeigarane den øvste styresmakta i selskapet.

29. november 2017 var det kalla inn til ekstraordinær generalforsamling med tema om oppkjøp av Seljord personal AS. Etter ein utreding frå dagleg leiar i Seljord personal AS kom ein einstemmig generalforsamling til at IDEA kompetanse AS skulle kjøpa opp Seljord personal AS. Dokumenta til generalfosamling inkludert utgreiinga ligg vedlagt denne saka.

Det er stilt spørsmål frå kommunestyrerepresentant Henry Mæland (Sp) om saka først burde ha vore handsama i kommunestrye, før generalforsamlinga vedtok å innlemma Seljord personal AS inn i IDEA kompetanse AS.

Jmf eierskapsmelding for Seljord kommune 2016-2019 står det følgjande;

Del 1 - Eigarskapsprinispp:

"*2 . Kommunen sin formelle eigarorgan er kommunestyret. Kommunestyret har eit tilsyns- og kontrollansvar for kommunen sin eigarskap..."*

Del 2 - Godt eigarskap:
"*Målet med å utarbeida felles prinsipp for kommunen sin eigarskap er å medverke til god forvalting og utvikling av selskap og samarbeid i regionen ved å tydeleggjera styringssignal i samsvar med dei målsettingar kommunane har for sitt eigarskap..."*

Ei samanslåing mellom selskapa Seljord personal AS og IDEA kompetanse AS er ei vesentleg endring i driftsform, og kan såleis vera av interesse for kommunestyre som eigarorgan å debattera.

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyre i Seljord debatterer saka om samanslåing av Seljord personal AS og IDEA kompetanse AS.

Utskrift til:

Seljord kommune

Eigarskapsmelding
for
Seljord kommune 2016-2019

utkast pr 26. januar 2016

INNHALD

INNLEIING 3

DEL 1 EIGARSKAPSPOLITIKK/- PRINSIPP 5

Eigarskapsprinsipp for Seljord 5
Valkomite 6
Samansetting av styre 6
Styregodtgjering 7
Habilitet 8

DEL 2 GODT EIGARSKAP/ SELSKAPSFORMER 9

A. MOTIV FOR EIGARSKAP 9

B. VAL AV ORGANISASJONSFORM 10

C. DEI ULIKE SELSKAPSFORMENE 11
Interkommunale selskap (IKS) 11
Aksjeselskap (AS) 12
Kommunalt føretak (KF) 12
Samverke føretak 12
Interkommunalt samarbeid (IS) 13
Stiftingar 13

D. ROLLER
Rolla som eigar 14
- Kommunestyret
- Formelle eigarmøte
- Eigarmøte

Rolla som styre 16
Rolla som dagleg leiar/adm.dir 18
Rolla til kommuneadministrasjonen/rådmannen 18
Rolla til kontrollutval 19

DEL 3 EIGARSKAPSTRATEGIAR 20

A. EIGARSKAP - SELJORD KOMMUNE 21

B. REPRESENTANTAR OPPNEMNDE AV KOMMUNEN 22

C. EIGARSTRATEGI / NYKELOPPYSINGAR 24
1. Granvin kulturhus AS
2. Interkom. brannvernsamarbeid i Vest-Telemark IKS
3. Møtestad Seljord AS
4. Renovest IKS
5. Seljord Næringshage As
6. Seljord Personal AS
7. Vest-Telemark pedagogisk psykologiske teneste PPT IKS
8. Vest-Telemark næringsbygg Vest-Telemark Kraftlag AS
9. Århus Næringspark AS

Andre
Stiftinga Samtun

INNLEIING

Eigarskapsmeldinga er *"eit overordna politisk styringsverktøy for verksemder som er lagt til eit anna rettssubjekt, eige styre eller ein vertskommune eller til eit anna interkommunalt organ"*. (Def. KS Eigarforum).

Ei eigarskapsmelding skal gjere tydeleg kva kommunen vil med sitt eigarskap, formål og langsiktige mål og grunnleggande prinsipp som skal gjelde for selskap som kommunen vel å nytte for delar av si verksemd. Vidare skal ei eigarskapsmelding innehalde oversikt over dei føretaka og selskapa som kommunen er eigar i, og eigarstrategi for det einskilde selskapet.

Kommunestyret vedtok gjeldande Eigarskapsmelding Seljord kommune den 25.03.2010 og tiden er inne for å revidere denne.

Seljord kommune har skilt ut kommunale oppgåver i interkommunale samarbeid, interkommunale selskap og aksjeselskap. Dei fleste av desse er eigne rettssubjekt og blir ikkje regulert av kommunelova.

Eigarskapsmeldinga skal ikkje nyttast til å detaljstyre selskapa. Når kommunen vel å leggje ein del av sine verdiar inn i eit selskap, medfører det og ei overføring av styringsrett til verksemda. Kommunen set opp ei ytre ramme med prinsipp og reglar, og innanfor denne eigarstrategien må selskapet ha ein stor grad av spelerom.

Val av organisasjonsform legg rammene for kva høve kommunestyret har til å styre desse verksemdene. Fristilte selskap har eigne selskapsorgan og er regulerte av særskilt regelverk, som mellom anna regulerer tilhøvet mellom eigarane (kommunen) og selskapsorgana. Dette gjev utfordringar når det gjeld demokratisk, folkevald styring, innsyn og kontroll av verksemda. Eigarstyring og selskapskontroll er kommunesektoren sitt verktøy for å møte desse utfordringane.

Kommunen kan som medveten eigar utøve sitt eigarskap gjennom generalforsamling, representantskap og eigarmøte. Om kommunen gjer dette godt nok, vil komme fram gjennom eigarskapskontroll som kommunens kontrollutval utøver som del av selskapskontrollen i kommunen.

Plan for selskapskontroll for kvar fireårsperiode skal leggast fram for kommunestyret seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, jf. Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar. Gjennom denne planen vil kommunestyret vedta kva for selskap som skal undersøkjast, anten som eigarskapskontroll (obligatorisk) eller forvaltningsrevisjon (friviljug).

Eigarskapsmeldinga kan vera eit nyttig oppslagsverk og skal ligge ope og tilgjengeleg for alle på heimesida til kommunen.

Føremålet med arbeidet er å legge grunnlag for at Seljord kommune skal opptre aktivt og føreseieleg som eigar, og føre ein medviten og open eigarskapspolitikk. Hovudvekta er lagt på korleis kommunen kan styre ved å bruke ulike organisasjonsformer for å løyse samfunns-oppgåver som er knytte til eigne kjerneoppgåver, styringsliner og rolleavklaringar.

For alle verksemder der kommunen er involvert bør det vere ein eigarskapsstrategi med nykelopplysningar over eigarsamansetting, føremål, organisasjonsform, eigarorgan og styresamansetting; særleg gjeld dette verksemder der kommunen har eit stort engasjement, her definert som meir enn 15 % eigarskap. Ved etablering av nye engasjement bør det alltid etablerast ein eigarstrategi.

Denne eigarskapsmeldinga er delt i tre hovuddelar

Del 1 Eigarskapspolitikk/-prinsipp - politisk del

Del 2. Godt eigarskap
- A. Motiver for eigarskap
- B. Val av organisasjonsformer
- C. Ulike selskapsformer
- D. Roller

Del 3. Oversyn / eigarstrategiar /nykelopplysningar
- A. Eigarskap – Seljord kommune, pr. 1 .juli
- B. Representantar oppnemnde av kommunen, pr 1. juli
- C. Verksemder eigarstrategi/ nykelopplysningar

DEL 1 EIGARSKAPSPOLITIKK/-PRINSIPP

I omgrepet eigarskapspolitikk ligg dei overordna premissa som kommunen legg til grunn for forvaltinga av sine selskap og eigedeler. Det inneber med andre ord val av system, retningsliner og rutinar for rapportar, premiss for val av styremedlemmer, premiss for utøving av eigarskap osv.
Aktuelle spørsmål er praktisering av meir offentlegheit, premiss for val av styremedlem(-er), premiss for val av selskapsorganisering og premiss for korleis eigarstyring skal gå føre seg. Merk at politiske føringar frå kommunestyret gjeld berre for kommunen sin representant(-ar) i eigarorgan, og ikkje for styremedlemmer.

EIGARSKAPSPRINSIPP FOR SELJORD

1. Kommunen skal definere føremålet med selskapet (alle selskapsformer) og skal som eigar gje klare langsiktige mål for selskapa gjennom eigarstrategi for kvart einskilt selskap. Kommunen skal setje utbyte- og avkastingsmål for selskapa.

2. Kommunens formelle eigarorgan er kommunestyret. Kommunestyret har eit tilsyns- og kontrollansvar for kommunen sitt eigarskap. Kommunestyret vedtek eigarmelding og eigarstrategiar for dei selskapa kommunen har eigarinteresser i.

3. Kommunen fremjer sine interesser gjennom generalforsamling, representantskap og eigarmøte. Kommunen føreset at styret sjølv kontrollerer leiinga av selskapet på vegner av eigarane. Det er normalt ordførar/ varaordførar eller annan utpeika frå politisk leiing som representerer kommunen som eigar i desse formelle eigarmøta.

4. Kommunestyret skal få lagt fram årsmeldingar for dei verksemdene som løyser kommunale oppgåver, og skal få jamleg informasjon om desse verksemdene.

5. I starten av kvar kommunestyreperiodar skal kommunestyret vedta kva for verksemder som det ynskjast selskapskontroll av i perioden.

6. I verksemder med fleire eigarar bør det nyttast valnemnd for å setje saman eit godt styre. Valnemnda skal sikre at styra setjast saman ut frå kompetanse, kapasitet og mangfald ut frå kva behov, eigenart og føremål selskapet har.
   Valnemnda bør veljast på generalforsamling/ representantskapsmøte. Styra må evaluera sitt arbeid jamnleg.

7. I selskap med fleire eigarkommunar bør kommunane utarbeide felles eigarskapsmelding og utbytepolitikk

8. I verksemder som utfører kommunal tenesteproduksjon/ oppgåver er det viktig at styret har representantar som har god kunnskap til kommunalt ansvar/rammer og den kommunale tenesteproduksjon.

9. I verksemder der eigarskapet til kommunen også er strategisk og inneber utvikling av verksemda, bør styremedlemmene veljast fritt etter kompetanse - eventuelt frå det politiske miljøet.

10. Styregodtgjering. Styremedlemme som kommunen oppnemner bør få godtgjersle for sitt styrearbeidet. Godtgjersla bør liggje på eit moderat nivå, men rimeleg ut frå styret sitt ansvar, kompetanse, tidsbruk og kompleksiteten i arbeidet.
    Om verksemda ikkje kan gje styregodtgjersle, skal kommunens representantar i styret normalt tilkomme godtgjersle som for møte i adhochutval. Dette gjeld ikkje om styrearbeidet gjerast som ein naturleg arbeidsoppgåve innanfor den normale arbeidstida.

11. Seljord kommune ynskjer at løn på alle nivå i ansvarlege selskap (KF, IKS) skal haldast opp mot liknande stillingar i kommunen. Lønn og godtgjersle i aksjeselskap som yter kommunale tenester skal haldast opp mot liknande selskap, offentlege og private.

12. Selskapa skal vere medvetne om sitt samfunnsansvar og særleg legge vekt på arbeid mot misleghald og korrupsjon, arbeide for rett og effektiv ressursbruk ved anskaffingar, høg standard på arbeidet med helse, miljø og tryggleik (HMS), likestilling, mangfald og samfunnstryggleik.

13. Kommunen sine etiske retningsliner skal ligge til grunn for den verksemda som vert driven i selskap der kommunen har eigarinteresser. Selskapa bør ha eigne etiske retningsliner.

14. Det skal gjennomføres obligatoriske kurs og/eller eigarskapsseminar for folkevalde og kontaktpersonar/sakshandsamarar i administrasjonen. Alle styrerepresenterar skal gjennomføre styrekurs i løpet av det første styreår, enten i regi av verksemda eller gjennom kommune.

15. Vedtekter (for KF og AS) og selskapsavtaler (for IKS) skal gjennomgåast og eventuelt reviderast i tråd med eigarstrategien, særleg med fokus på føremålet

16. Alle eigarskap som er sjølvstendige rettssubjekt med eigne tilsette, bør vere medlem av ein arbeidsgivarorganisasjon og ha rutinar for å ta imot lærlingar.

17. Seljord kommune sine styrerepresentantar skal vere registrerte i styrevervregisteret.

18. Styremedlemmer veljast for 2 eller 4 år, skifte av styremedlemmer skjer på årsmøte/ generalforsamling/ representanstskapsmøte.

19. Eigarstrategi. For dei verksemdene det er relevant for, skal det utarbeidast eigarstrategiar med føremål, krav og rammer for verksemda. Dette være seg verksemder der Seljord kommune eig 15 % eller meir, eller nye verksemder som kommunen involverer seg i. Kommunen skal vera open om sin eigarstrategi og selskapa si verksemd, og informasjon skal vera tilgjengeleg for alle

VALKOMITE OG STYREUTNEMNING

Ved val av styre til kommunalt eigde selskap bør ein vedtekstfeste bruk av valkomite.
Representantskapet/generalforsamlinga bør velje valkomite.
I selskap med fleire eigarar/kommunar bør den felles valkomiteen setjast saman slik at han reflekterer eigardelane.
Ordninga med valkomite er ikkje lovregulert, og ho bør derfor vedtektsfestast, alternativt bli nedfelt i selskapsavtala. Vidare tilrår ein at det blir utarbeidd retningsliner som regulerer arbeidet til valkomiteen.
Det blir likeeins tilrådd at valkomiteen har ein dialog med styret før det blir lagt fram noko framlegg, og at valkomiteen grunngiv framlegga sine.
Eigaren står fritt til å endre styresamansettinga uavhengig av valperioden. For å sikre kontinuitet og vidareføring av kompetanse bør ikkje heile styret skiftast ut samtidig Det kan derfor vere føremålstenleg med overlappande valperiode for ulike styremedlemmer.

SAMANSETTINGA AV STYRET

Det er eigaren sitt ansvar å syte for at den samla kompetansen til styret er tilpassa verksemda til det einskilde selskapet. Det blir tilrådd at kommunen sikrar opplæring av styremedlemmene.
Styret har ansvar for alle sider ved verksemda, og skal vere støttespelar for dagleg leiar.
Styret skal spegle og representere dei behova som selskapet har. Dei bør derfor ha ulik og supplerande kompetanse innan økonomi og organisasjon, også om den marknaden som selskapet opererer i. Vidare bør styret ha fagleg innsikt og interesse for formålet til selskapet.

Det bør vera mest mogeleg lik kjønnsrepresentasjon i styra, uavhengig av selskapsform.

Til grunn for valet av kvar einskild styremedlem bør det liggje eit behov for å komplettere kompetansen blant dei andre styremedlemmene.

Utøvinga av styrefunksjonen krev engasjement og innsats. Styremedlemmene må derfor ha kapasitet til å sette av tilstrekkeleg med tid og krefter til styrevervet. Omfanget av andre stillingar og verv vil derfor vere eit moment ved vurdering av aktuelle kandidatar. Dette gjeld alle styremedlemmer, men i særleg grad styreleiar. Kapasitetsomsynet bør ikkje ivaretakast gjennom store styre.

Styret har ansvar for breie saksområde som bør kastast lys over frå ulike synsvinklar. Dette blir best gjort av eit styre sett saman av medlemmer med ein mangfaldig erfaringsbakgrunn. I tillegg til kompetanse vil det - avhengig av typeverksemd - vere positivt at styret totalt sett er balansert ihopsett med omsyn til kjønn, geografi og alder.

Styreverv i selskap er eit personleg verv. Medlemmer av selskapsstyre representerer berre seg sjølv, ikkje nokon av eigarane, og skal ta vare på interessene til selskapet til det beste for alle eigarane. Det betyr at ein korkje representerer noko parti, kommunen eller andre interessenter, men tek vare på selskapet sine interesser og eigarane kollektivt på best mogleg måte, ut frå føremålet til selskapet og innanfor lovlege rammer. Det må understrekast at lova ikkje er til hinder for at folkevalde kan veljast til styremedlemmer.

Styremedlemmer med forståing og erfaring frå det politiske systemet i kommunane kan vere viktig å ha for verksemder der kommunen er vesentleg eigar.

Når det er spørsmål om å velje folkevalde eller tilsette i kommunen til styremedlemmer i selskap som kommunen har eigardelar i, bør kommunen vurdere kor ofte vedkommande kan bli ugild.
Dersom ugildskap/inhabilitet vil førekomme ofte, må det vurderast om det kan vere lite føremålstenleg å velje den aktuelle personen til styremedlem. Typisk gjeld dette der det er snakk om sentrale folkevalde eller tilsette i leiarstillingar. Om ulempene ved å velje slike personar til styremedlemmer overstig behovet for å ha den aktuelle personen i styret, er ei vurdering som kommunestyret sjølv bør gjere.

Kommuneloven § 80 a jf. aksjeloven § 20-6 bør få følge for alle typer verksemder med kommunen som eigar.

Styregodtgjersle
Generelt bør styreleiaren godtgjerast høgare enn styremedlemmene. Lønnsnivået til styreleiaren bør vere konkurransedyktig, men ikkje lønnsleiande.

Det blir tilrådd at selskapa vurderer behovet for styreforsikring for styremedlemmene. Forsikringa gjeld det økonomiske ansvaret, ikkje det strafferettslege.

Styremedlemmer bør ikkje ta på seg særskilte oppgåver for det aktuelle selskapet i tillegg til styrevervet.

Godtgjersla bør reflektere det økonomiske og strafferettslege ansvaret som styret har i tillegg til kompetanse, tidsbruk og kompleksiteten i verksemda. Dette inneber at i selskap som opererer i ein marknad der det er monaleg risiko, bør honoraret reflektere dette ansvaret.
Aksjeloven gir generalforsamlingen ansvar for å fastsette godtgjersle til styremedlemmene. I eit IKS er det representantskapet som fastset godtgjersla til styremedlemmene, og det er kommunestyret eller fylkestinget sjølv som fastset godtgjersla til styret i foretak (KF).
Når det gjeld godtgjersle til representantskapet i eit IKS, tilrår KS at deltakarkommunane fastset og utbetalar denne til medlemmene sine i representantskapet i interkommunale selskap.

HABILITET - UGILD/GILD

At utøvarane av dei ulike rollene er uavhengige av kvarandre, heng tett saman med behovet for å unngå habilitetskonfliktar.

Styra bør etablere faste rutinar for å handtere mogelege habilitetskonfliktar. Ordførar og rådmann bør ikkje sitte i styret for selskap.
Inhabilitet kan oppstå blant anna når det er rimeleg å meine at ein person kan ha personlege interesser i utfallet av ei sak som skal handsamast, og som det er grunn til å tru vil ha verknad på vedkommande sine vurderingar under handsaming av saka.
At ein person er ugild, inneber at vedkommande ikkje kan legge til rette saksgrunnlaget for eller avgjere ei sak. Forvaltingslova slår fast blant anna at ein person er ugild når han leier eller har ei leiande stilling i, eller er medlem av styret eller bedriftsforsamlinga for eit selskap som er part i saka, eller ei foreining/lag, sparebank eller stifting som er part i saka.
Ingen kommunalt tilsette eller folkevalde skal handsame saker i kommunen som gjeld eit selskap der dei sjølv er styremedlem. Dette gjeld uansett om selskapet er privat eigd eller heilt eller delvis offentleg eigd.
Ugildskap kan også oppstå for styremedlemmer slik at dei blir ugilde til å handsame ei sak i styret til selskapet. Dette er regulert i kvar einskild selskapslov.

Ein kommunestyresrepresentant som er styremedlem i ei fristilt eining (IKS og AS) kan hamne i habilitetskonflikt mellom rolla som eigar og rolla som styremedlem når selskapet er «*part*» i saka, jf. forvaltningsloven § 6 første ledd.

Dette gjeld ikkje styremedlemmer i vertskommunesamarbeid (kl. § 28), interkommunalt samarbeid (kl. § 27) eller fylkeskommunale foretak (FKF – kl. kap. 11) fordi desse verksemdene blir sett på som ein del av kommunen.

Ugildskap finn ikkje stad ved handsaming av overordna saker så som årsbudsjett, økonomiplan, kommuneplan og fylkesplan fordi ingen blir sett på som «part» i saka. I slike overordna saker vil det som utgangspunkt ikkje gjelde det einskilde selskapet/verkemda.

I tillegg til direkte ugildskap/inhabilitet etter § 6 første ledd, kan det oppstå ugildskap etter same paragrafs andre ledd når det ligg føre "*andre særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet*". Dersom det er ei klar, handfast og ikkje uvesentleg partsliknande interesse – positiv eller negativ – i saksutfallet utover det som blir rekna som ålmenn distrikts-, yrkes- eller næringsinteresse, vil det kunne leie til ugildskap.

Dersom ein kommunestyrerepresentant er ugild, vil denne ikkje kunne fylle rolla si eit eigarorgan som er overordna styret. Dette kan løysast ved at representanten fråtrer kommunestyret eller i eigarorganet i saker som kan ha med verksemda å gjere. Utstrekt bruk av slik fråtreing kan bidra til å svekke kommunestyret si rolle i saker som vedkjem selskapet. Særleg gjeld dette dersom styremedlemmet er sentral politikar så som ordførar eller medlem av formannskapet.

Rådmannen og andre tilsette i administrasjonen har ansvar for saksførebuinga for eigarorgan, og kan komme til å møte same slags rollekonfliktar som kommunestyrerepresentantane gjer.

DEL 2 GODT EIGARSKAP

Målet med å utarbeide felles prinsipp for kommunen sitt eigarskap er å medverke til god forvalting og utvikling av selskap og samarbeid i regionen ved å tydeleggjera styringssignal i samsvar med dei målsettingar kommunane har for sitt eigarskap. Prinsippa vil danne grunnlag for klarare retningsliner til selskapa og forenkle samarbeidet med dei andre eigarane.
Prinsippa bør gjelde uavhengig av selskapsform og kva for målsettingar kommunen(-ane) har med selskapet eller samarbeidet, og desse prinsippa bør bli lagde til grunn for eigarskap der kommunen har vesentlege eigarinteresser.
Eigarskap knytt til kommunen skal vera ope. Meiroffentlegheit skal vera eit prinsipp.
Politisk vedteken eigarstrategi bind deltakarane i representantskap/generalforsamling.
Det bør bli utarbeidd aksjonær-/eigaravtale som beskriv tilhøvet mellom eigarane, informasjon til eigarane utanom representantskap/generalforsamling, selskapet si verksemd og val av styre.

Eigarskap bør vera føreseieleg og langsiktig.

I det følgjande kjem nærmare omtale av aktuelle tema innanfor eigarskapspolitikk i tilknyting til dei ulike val, roller og situasjonar som eigaren må forhalde seg til.
Utgangspunktet er eigaren sin ståstad:

A. Motiv/formål for eigarskap
B. Val av organisasjonsform
C. Roller

Eigarane bør i fellesskap utforme styreinstruks som klargjer styret sitt mandat og samansetting, styremøta sin saksgang/forretningsorden og kva saker som skal handsamast av styret, sakshandsamingsreglar (lovgrunnlag), samt informasjon utanom styremøta når dette ikkje treng følgje selskapslovgjevinga.

For verksemder av kommerisell karakter bør det bli utarbeidd ein klar utbytepolitikk, forankra blant alle eigarar og leiinga i verksemda.

A. Motiv for eigarskap

Seljord kommune har som hovudprinsipp at primæroppgåvene til kommunen skal organiserast i den ordinære kommunale administrasjonen.
Kommunen kan i tillegg ha eigarskap i verksemder som samsvarar med kommunen si rolle som lokal utviklingsaktør.
Kommunen bør unngå eigarskap på område der kvar og ein utøver mynde, eks. vedtak/ konsesjon.

Eigarskap er eit verktøy for å nå mål og realisere strategiar. Kommunalt eigarskap må derfor forankrast i sentrale mål for kommunen.
Eigarskapet kan delast i fleire motiv. Dei ulike kategoriane kan bidra til å tydeleggjera kommunen sine målsettingar med selskapa.

Utgangspunkt og grunnar til at kommunen ynskjer å etablere eit føretak eller selskap, eller vil gå inn som medeigar eller deltakar saman med andre i eit selskap, kan vere ymse. Det kan vere høve til meir forretningsmessig drift eller å takle utfordrande konkurransetilhøve, ynske om meir kostnadseffektiv tenesteproduksjon og oppgåveløysing, endringar i rammevilkår og/eller lovverk, og regionalpolitiske hensyn. Ofte er det fleire grunnar, men det handlar om å ville oppnå noko.

Det er fleire grunnar til at kommunen kan ynskje eigarskap i verksemder som til dømes:

a) Lovpålagde tenester som kommunar løyser i fellesskap med andre kommunar. (RENOVEST og PPT er døme på dette).
b) Lovpålegg.(Offentleg eigde kraftselskap skal vere organisert som aksjeselskap,ev DA.)

c) Ynske om ei samfunnsbyggjande utviklingsrolle. (Eigarskap i Møtestad Seljord as, Seljord næringshage As, Vest-Telemark Næringsbygg as er døme på dette.)
d) Eigarskapet kan vere forretningsmessig grunngitt, dvs eit ynske om at verksemda skal gje overskot som blir pløgd tilbake til eigarane. (Eigarskapet i VTK kan delvis ha ei slik grunngjeving.)

Kommunen kan ha ulik motivasjon for ulike typar eigarskap. Me skil gjerne mellom politisk og finansiell motivasjon, men dette er ikkje alltid lett å skilje då dei fleste selskapa har samansette mål, og motivasjonen kan dels vere finansiell og delis politisk.

Politisk motivert eigarskap:
- Drifta av lovpålagde eller kommunale kjerneoppgåver
- Motivet for selskapsdanning kan vere ynske om å
    - effektivisere tenesteproduksjonen
    - betre samfunnsøkonomiske resultat
    - binde regionen tettare saman
- Kan i avgrensa grad vere underlagt avkastningskrav
- Typiske område: drift og vedlikehald, VAR, arealdisponering, samferdsel, arbeidsmarknadstiltak og kultur

Finansielt motivert eigarskap:
- Selskap som er marknadseksponerte
- Motivet er at det er mogleg å få økonomisk utbyte av innskoten kapital og avgrensa økonomisk ansvar
- Organisert som aksjeselskap

Det er likevel ikkje alltid like lett å dele inn på dette viset sidan dei fleste selskapa har samansette mål.

B. Val av organisasjonsform

Grunnane til å etablere eit føretak eller selskap, eller gå inn som medeigar eller deltakar saman med andre kan vera ulike.

Kommunane står stort sett fritt til å velje selskapsform i dei tilfelle danning av selskap er aktuelt.

I praksis finst følgjande aktuelle organisasjonsformer for fristilte einingar:
- Prosjekt
- Kommunalt føretak (KF)
- Interkommunalt selskap (IKS)
- Aksjeselskap (AS)
- Stifting

Eit kommunalt eigarskap kan ha mange ulike former. Aksjeselskapsforma kan nyttast av ein kommune som vil starte verksemd åleine eller saman med private eller andre offentlege organ. Eit interkommunalt selskap kan berre ha kommunale eller fylkeskommunale eigarar, og har som føresetnad at fleire deltek saman om selskap. Kommunen kan ikkje etablere eller vere deltakar i ansvarlege selskap eller kommanditselskap. Skal det samarbeidast med private, må derfor aksjeselskapsforma nyttast. Kommunen kan vera deltakar i samvirkeføretak eller vere stiftar av ei stifting. Dersom kommunen ynskjer ein friare organisering av eiga verksemd enn i ordinære etatar, kan me nytte kommunale føretak.

Val av selskapsformer som interkommunale selskap (IKS) og interkommunalt samarbeid (jf kommunelova § 27) er ofte grunngitt med oppgåveløysing ved å samarbeide, endringar i rammevilkår eller lovendringar, meir kostnadseffektiv tenesteproduksjon og regionalpolitiske omsyn.

Aksjeselskap blir ofte bruka i høve til regional utvikling og i tilknyting til større prosjekt der tidshorisonten er langsiktig. Samferdsel, energi og næringsutvikling er område der det har vore mest vanleg å bruke aksjeselskap som selskapsform.

Før det bli avgjort kva for selskapsform som skal veljast, bør det gjerast fleire vurderingar. Ein må vurdere om selskapsforma passar til dei oppgåvene og funksjonane selskapet er tenkt å utføre, og kva rammevilkår selskapet har behov for. Før selskapsform blir valt, skal følgjande tilhøve vere vurderte:

- Høve til politisk styring; høve til innretning av eigarskap, samt eigarane si reelle styring gjennom representasjonsmodellar.
- Økonomisk ansvar; kva for plikter tek kommunen på seg i høve til selskapet.
- Risikovurderingar; økonomi, marknadsutsikter, miljø og samfunnstryggleik, kvalitet og kvantitet av den kommunale tenesta og tilhøvet til sluttbrukar/inn-byggjarane.
- Selskapet sitt økonomiske sjølvstende; plikter i høve til eit selskap kontra å det behalde eige mynde i avgjerder som medfører prioritering av ressursbruken.
- Fleksibilitet – endring av eigartilhøve/samarbeid med private.
- Skatte- og avgiftsmessige tilhøve.
- Reglar for anskaffingar.
- Arbeidsgjevarpolitisk strategi.

I tillegg kan det i unntakstilfelle vere aktuelt å organisere verksemder etter særlover eller som sameige. Desse organisasjonsformene blir ikkje omtala nærmare her.

For tidsavgrensa aktivitetar vel ein prosjekt.

C. ULIKE SELSKAPSFORMER

Det er i hovudsak to mogelege måtar som kommunane nyttar ved utskiljing avverksemder:Interkommunale selskap (IKS) og aksjeselskap (AS).

INTERKOMMUNALE SELSKAP (IKS)

Eit interkommunalt selskap etter lov om interkommunale selskap kan berre opprettast av kommunar, fylkeskommunar eller andre interkommunale selskap. Deltakarane har samla sett eit uavgrensa ansvar for selskapet sine forpliktingar og skyldnader. Eigarorgan og øvste mynde for selskapet er representantskapet. Deltakarane skal setje opp ei skriftleg selskapsavtale.
Forvaltinga av selskapet ligg hjå styret og dagleg leiar. Deltakarkommunane utøver eigarstyring gjennom sine valde medlemmer i representantskapet.
Kvar einskild deltakar skal ha minst ein representant i representantskapet. Kommunestyret har instruksjonsrett overfor sine medlemmer i representantskapet. Representantskapet vel også styret. Styret skal ha minst tre medlemmer, og er omfatta av kravet om balansert kjønnsrepresentasjon, det vil seie minimum 40 % av kvart kjønn. Dagleg leiar eller medlemmer av representantskapet kan ikkje vere medlem av styret.

Representantskapet som eigarorgan utøver kontroll over styret på fleie måter:

- bestemmer samansetjinga av styret
- kan instruere styret og gjere om vedtak
- kan gjennom selskapsavtala slå fast at nærmare nemnde saker må godkjennast i representantskapet

AKSJESELSKAP (AS, AL, LL, ASA)

Eit aksjeselskap kan eigast av ein kommune eller fylkeskommune aleine, saman med andre kommunar og fylkeskommunar eller saman med private rettssubjekt. I eit AS har eigarane avgrensa økonomisk risiko for selskapet sine økonomiske forpliktingar. Minimum aksjekapital skal vere 30 000 kr.

Generalforsamlinga er det øvste organet i selskapet, Gjennom generalforsamlinga utøver eigarane det øvste mynde i selskapet. Her kan eigarane gjennom vedtekter, instruksar og andre generalforsamlingsvedtak fastsette rammer og gi nærmare reglar for styret og dagleg leiar.

Kommunen kan som aksjeeigar ikkje gje direkte pålegg til styret i selskapet utan å gå via generalforsamlinga. Styremedlemene skal i fyrste rekkje ivareta selskapet sine - og ikkje kommunen sine - interesser. Dersom det skulle bli interessekonflikt, bør styret innkalle til ekstraordinær generalforsamling.

Det er generalforsamlinga som vel styret. Selskapet blir leia av styret og dagleg leiar. Styret har det overordna ansvaret for at selskapet blir drive i samsvar med eigarane sitt føremål og innanfor rammene av lovverket. Styret har også ein viktig funksjon for å sikre strategisk planlegging for selskapet. Dagleg leiar skal rette seg etter dei påboda og retningslinene som styret har gitt.

Eit AS blir gjerne etablert der det er tenester som skal ytast i ein konkurranseutsett marknad. Selskapsforma er lite eigna til å organisere lovpålagde tenester, eller tenester der det er stor trong for/ynske om politisk styring.

Eit AS er eit sjølvstendig rettssubjekt og er ikkje ein del av kommunen – korkje organisatorisk eller økonomisk.

Ein aksje gjev ei røyst på generalforsamlinga. Aksjedel på 34% gjev høve til å hindre ei vedtektsendring, 51% gjev fleirtal i allminnelege saker som t.d godkjenning av budsjett, 67% gjev høve til å vedta ei vedtektsendring og 90% gjev rett til å løyse inn dei andre aksjane frå andre eigarar.

Eit aksjeselskap (AS) er regulert i aksjeloven 13. juni 1997 nr 44 (AS) og allmennaksjeloven av 13. juni 1997 nr 45 (ASA).

Kommunene kan også velje nokre andre organisasjonsformer:

KOMMUNALT FØRETAK (KF)

Når kommunen vil gi ei verksemd ei friare stilling enn det som gjeld i den tradisjonelle etatsmodellen, kan det etablerast eit kommunalt føretak etter kommunelovas kapittel 11. Føretaket er ikkje ein eigen juridisk person, men del av kommunen som rettssubjekt. Kommunen er part i alle avtaler og heftar for føretaket sine forpliktingar. I motsetnad til utskilling ved bruk av aksjelova og lov om interkommunale selskap, vil dei tilsette framleis ha kommunen som arbeidsgivar. Føretaket blir leia av eit styre, som er utpeika direkte av kommunestyret. Styret er underlagt kommunestyret, og ikkje den administrative leiinga i kommunen.

Dagleg leiar står i linje under styret, som igjen er underlagt kommunestyret. Føretaka er på denne måten direkte underlagt kommunestyret sitt budsjettmynde. Rådmannen har ikkje instruksjons- eller omgjeringsmynde overfor dagleg leiar av føretaket, men rådmannen har likevel møterett i alle styremøte, og kan krevje at kommunestyret skal handsame bestemte saker.

SAMVERKEFØRETAK

Kommunar kan også delta i samverkeføretak. Eit samverkeføretak er ikkje eit selskap. Samverkeføretak har medlemmer, men ikkje eigarar, og blir styrt av dei som handlar med føretaket og som dermed har direkte nytte av verksemda. Samverkeforma er basert på brukardeltaking og ikkje på passiv kapitalforvalting. Samverkeføretak har ikkje fritt omsetbare eigardelar og kan såleis heller ikkje kjøpast opp. På årsmøtet –det øvste organet i samverket – fattar ein vedtak som hovudregel ut frå prinsippet om eitt medlem, éi stemme. Det er lov om samverkeføretak (samvirkelova) av 29. juni 2007 nr. 81 som regulerer denne organisasjonsforma.

INTERKOMMUNALT SAMARBEID ETTER KOMMUNELOVA § 27 (IS)

Interkommunalt samarbeid etter § 27 kan etablerast av ulikt slag. Samarbeidet er lite regulert i lova, og det er i stor grad opp til kommunane korleis dei vil organisere det. Det er derfor eit mindre bunde samarbeid enn eit IKS. Hovudkjenneteiknet er at det blir oppretta eit felles styre for å forvalte felles oppgåver.
Det skal opprettast vedtekter for styret som minimum skal innehalde styret si samansetting og korleis det skal veljast, styret sine oppgåver, om deltakarane skal gjere innskot og om styret har avgjerdsmakt til å forplikte deltakarane økonomisk. I utgangspunktet er ikkje eit slikt selskap eit eige rettssubjekt, men samarbeidet kan organiserast som eit eige rettssubjekt.

STIFTINGAR

Kommunar og fylkeskommunar kan også opprette stiftingar. Ei stifting er eit sjølvstendig rettssubjekt og skil seg frå dei andre selskapsformene ved at ho *"eig seg sjølv», ho har ikkje eigarar.* Som stiftar av ei stifting kan kommunen verken utøve styring over verksemda i stiftinga eller gjere krav på nokon del i overskot i stiftinga, (ta utbytte). Stiftarane kan ikkje løyse opp stiftinga. Stifting er berre føremålstenleg som organisasjonsform der det er ynske om å gjere verksemda heilt uavhengig av kommunen.
Det er lov om stiftingar (stiftelsesloven) av 15. juni 2001 nr. 59 som regulerer denne organisasjonsformen.

Stifting vil difor i dei fleste tilfella vera ei lite eigna selskapsform for ein kommune.



D. ROLLER

Innanfor ordinær kommunal organisering blir dei ulike styringselementa tekne i vare fullt og heilt av kommunestyret og andre politiske organ.

Ved ei organisering utanfor administrasjonen blir fleire aktørar involverte med ulike roller:

- Rolla som eigar
- Rolla til styret
- Rolla som dagleg leiar/ adm.dir
- Rolla til kommuneadministrasjonen/ rådmannen
- Rolla til kontrollutvalet

Kvar av desse må fylle rollene sine i samsvar med styringa av verksemda. For kvar aktør må ansvar, mynde og tilhøve til andre aktørar vere klart definert.

Roller og styringsmåtar:

Rolle	Ansvar	Arenaer	Styringsverktøy
Eigar	Forvalting av formål og verdiar Signal til styret Velje styre	Generalforsamling (AS) Representantskap (IKS) Eigarmøte	Eigarstrategi, vedtekter selskapsavtale, aksjonæravtale stiftingsmøte, vedtak i generalforsamling val av styreremedlemmer Bunde mandat til representant i eigarorgan
Styret	Forvalting av selskapet Følgje opp signal frå eigarorgan Strategi Økonomisk styring og kontroll Tilsette dagleg leiar	Styremøte Styreseminar Generalforsamling	Forretningsplan Strategi Budsjett og rekneskap Tilsetting og oppfølging av dagleg leiar Vedtak i styremøta Forankring i eigarorgan
Dagleg leiar	Dagleg leiing Følgje opp vedtak frå styret Saksførebuing Gjennomføring Informasjon Representasjon	Interne møte Eksterne møte	Strategi Budsjett og rekneskap Tilsetting og oppfølging av tilsette Vedtak i interne møte Forankring i styremøte
Administrasjonen	Underlag for innspel til eigarorgan	Kommunestyret	Saksdokument til kommunestyret
Kontrollutvalet	Syte for revisjon av rekneskap Sjå til at det blir ført kontroll med økonomisk forvalting og at måloppnåing, verknader mm blir vurdert		Revisjon Forvaltingsrevisjon Selskapskontroll

ROLLA SOM EIGAR

Kommunen si eigarrolle blir utøvd gjennom kommunestyret og eigarorgana (generalforsamling i AS og representantskap i IKS). Eigaren er ansvarleg for at føremålet med verksemda blir tatt vare på, og at verdiane som verksemda disponerer, blir forvalta i samsvar med intensjonane.

Eigarrolla blir utøvd gjennom ein kombinasjon av styredokument og vedtak i eigarorgana. Klare styringsdokument reduserer behovet for eigarstyring via eigarorgana, og gjer det lettare å halde nødvendig fråstand til den løpande styringa av selskapet.

Dei viktigaste styringsdokumenta er:

- Vedtekter (selskapsavtale for IKS)
- Aksjonæravtale (eventuelt)
- Stiftingsdokument
- Eigarstrategi/forretningsplan

For dei verksemdene det er relevant tilrår ein derfor det blir utarbeidd eigarstrategiar med føremål, krav og rammer for verksemda.

Eigaren vel styret for dei fristilte einingane KF, IKS, AS og stiftingar.

Styret blir valt i eigarorgana (generalforsamling eller representantskap). Eigaren har også ansvar for å fastsette styrehonorar og for å følgje opp kontroll av styret.

- Kommunestyret si rolle

Eigaravgjerder kan berre takast i formelt eigarmøte i kommunestyret (el. formannskapet etter delegasjon).

For kommunale føretak (KF) er kommunestyret øvste organ. Kommunestyret vedtar oppretting av føretaket, fastset vedtekter og vel styre. Styret i eit KF er direkte underlagt kommunestyret. Som ledd i handsaminga av kommunebudsjett og økonomiplan vedtar kommunestyret budsjett og økonomiplan for føretaket. Kommunestyret har også rett til når som helst å instruere føretaket i kva sak som helst. Intensjonane med å skilje ut einingar i eigne føretak tilseier likevel at kommunestyret bør vere varsame med å gjere vedtak som grip inn i leiinga og drifta av føretaket.

Overfor aksjeselskap, interkommunale selskap og stiftingar har kommunestyret inga formell rolle som eigarorgan. Kommunestyre (evt. formannskapet) si hovudoppgåve overfor slike selskap er å peike ut kommunen sin(e) representant(ar) til eigarorgana (generalforsamling eller representantskap). Kommunestyret kan også utstyre representanten(-ane) i generalforsamling/ representantskap med bunde mandat, for å sikre at dei røystar i samsvar med fleirtalet i kommunestyret. Politiske organ kan ikkje binde styremedlemmer då desse skal handle på vegne av verksemda og ikkje av eigarane.

Seljord kommune skal som ein del av folkevaltopplæringa gjennomføre obligatoriske kurs og/eller eigarskapsseminar knytt til eigarstyring.

- Formelle eigarmøte

Den formelle utøvinga av kommunalt eigarskap går føre seg i eigarorganet (generalforsamling eller representantskap).

Rutinemessig fattar kvar ordinære generalforsamling vedtak som gjeld:

- Val av styre
- Honorar til styremedlemmer
- Val av revisor
- Årsrekneskap
- Utbyte

Når dette er aktuelt vedtar eigarorganet:

- Eigarstrategi
- Vedtektsendringar
- Kapitalendring
- Oppløysing/avvikling

Når rammene er fastlagde gjennom eigarstrategi og vedtekter, er den viktigaste oppgåva til eigarorganet å velje eit kompetent styre og evt. fastsette eit utbyttenivå som underbyggjer

føremål og overordna strategi for selskapet. Eigarorganet bør vere varsam med å fatte vedtak ut over dette, sjølv om generalforsamlinga og representantskapet formelt sett har rett til å fatte vedtak i kva sak som helst.

Representantskapet i et IKS er tillagt fleire oppgåver enn generalforsamlinga i eit AS. I fyrste rekke gjeld dette budsjett, økonomiplan, sal/pantsetting av fast eigedom og større kapitalinvesteringar. Dette heng saman med at deltakarane har uavgrensa økonomisk ansvar. Ut over dette bør representantskapet i eit IKS som hovudregel følgje same køyrereglar som generalforsamlinga i eit AS.

Lovverket opnar for at kommunestyret eller heile formannskapet utgjer generalforsamlinga i eit heileigd AS. Dersom det blir valt ei slik løysing, må kommunestyret/formannskapet opptre som eigarorgan og følgje spelereglane i aksjelova. Kommunen bør stille med ein representant som røystar på vegner av fleirtalet i kommunestyret/formannskapet. Som tidlegare nemnt inneber dette at eventuelle debattar om standpunktet til kommunen går føre seg i kommunestyret/ formannskapet.

I aksjeselskap bør innkalling og saksdokument til generalforsamling bli sendt minst tre veker før møtet skal haldast. (Aksjelova § 5-10 har ein minimumsfrist på 1 veke).
For interkommunale selskap skal innkalling og saksdokument til representantskapsmøte sendast minst tre veker før møtet skal haldast.

- Eigarmøte

KS tilrår at det blir halde eigarmøte jamleg for å bidra til god eigarstyring og kommunikasjon med selskapet. Eit eigarmøte er eit møte mellom representantar frå kommunen som eigar, styret og dagleg leiar for selskapet.
Nokre gonger har eigarane behov for å diskutere strategiar seg imellom utan å gjere formelle vedtak, og dette bør kunne gjerast utan å måtte kalle inn til møte i generalforsamlinga eller representantskapet etter dei formelle reglane i lova. Eit eigarmøte er ikkje lovregulert og er berre ein uformell arena der det ikkje skal vedtakast noko.
I tillegg bør ein ikkje leggje føringar eller «gi signal» i eigarmøta som kan oppfattast som inngrep inn i myndigheitsområdet til styret. Eigarmøta er uforpliktande for eigarane og for selskapet.

ROLLA TIL STYRET

Ved kommunalt eigarskap

Selskap med offentlege eigarar skal vera klar over samfunnsansvaret sitt.

Alle eigarar må bli behandla likt og få same informasjon. Eigarane forheld seg til styret/styreleiaren av verksemda.

Selskapet skal gi dekkande informasjon i god tid om saker til handsaming; saksdokumenta bør vere så utførlege at eigarane kan ta stilling til saker som skal handsamast.

Styret skal på uavhengig grunnlag ha ei aktiv rolle overfor dagleg leiar når det gjeld service, kontroll, strategi og ressurssituasjon.

Styret bør:

- Leggje til rette for god dialog på generalforsamlinga mellom eigar, styret og leiing.
- Fastsetje ein årleg plan for arbeidet sitt med serleg vekt på mål, strategi og gjennomføring.
- Evaluere arbeidet sitt.
- Nye styremedlemmer må bli gjort merksame på kva rolle og ansvar dei har, og bør gjennomgå styrekompetansekurs.

Styret sitt ansvar

Styret har samla ansvar for forvalting av selskapet, inkludert:

- Strategiutvikling, planar og budsjett
- Organisering, leiing og drift
- Økonomisk styring og kontroll
- Tilsetting og oppfølging av dagleg leiar.
- Representasjon av selskapet utetter.

Styret er underlagt eigarorganet (kommunestyreet i eit KF, representantskapet i eit IKS og generalforsamlinga i eit AS). Styret sitt mynde er avgrensa av dei rammene som eigarorganet har sett gjennom eigarstrategi, vedtekter og enkeltvedtak i eigarorganet.

Dersom styret saknar styringssignal frå eigarane, bør dei be om å få dette. Strategiske avgjerder bør vere forankra i eigarorganet.

Styret har **ansvar for verksemda som heilskap, og representerer alle eigarane**. Dette gjeld også det enkelte styremedlemet. Eit styremedlem skal derfor utøve styrerolla si ut frå omsynet til selskapet sitt beste, og ikkje spesielt ivareta interessene til den eigaren, det partiet, den interessegruppa eller andre som har utpeika det.

Dei enkelte styremedlemmene har personleg ansvar. Ansvaret gjeld handlingar eller unnlating av handlingar, og føreset forsett eller uaktsemd. Det personlege ansvaret gjeld styremedlemmer utpeika av kommunen på lik line med andre styremedlemmer.

Styreleiaren har same formelle ansvar som dei andre styremedlemmene. I det praktiske styrearbeidet har likevel styreleiaren ei meir aktiv rolle enn andre styremedlemmer.

Styreleiaren har ansvaret for gjennomføring av styremøta, løpande dialog med og praktisk arbeidsgivarfunksjon overfor daglag leiar og eventuell representasjon av verksemda i media.

Dei viktigaste dokumenta for utøving av styreansvaret er:

- Forretningsplan
- Strategi
- Budsjett
- Årsrekneskap
- Perioderekneskap/budsjettoppfølging

Ut over dette er det viktigaste verktøyet for styret dei vedtaka som blir fatta i enkeltsaker i styremøta.Vanlegvis krev utøvinga av styrerolla kontakt mellom styremøta. Særleg gjeld dette kontakt mellom styreleiaren og dagleg leiar. I nokre situasjonar vil det også vere føremålstenleg med samtaler mellom styremedlemmer. Ein føresetnad for at slik kontakt utanom styremøta ikkje skal undergrave styret si rolle som kollegium, er at det ikkje blir fatta vedtak eller at det blir gitt vikige styringssignal. Samstundes er det avgjerande at dialog utanom styremøta er prega av openheit og går føre seg i forståing med dei andre styremedlemmene.

Hovudprinsipp som gjeld styret

- Styret skal sørge for jamleg styreopplæring om ansvar og oppgåver,
- Styret bør vurdere ei eigenevaluering kvart år, både når det gjeld kompetanse og arbeid internt i styret.
- Styret sine prioriteringar bør nedfellast i strategiske planar som eigarorgana vedtar.
- Styret skal gjere greie for styringa og leiinga av selskapet i årsrapporten.
- Det skal utarbeidast instruksar for styret og dagleg leiar.

ROLLA SOM DAGLEG LEIAR/ADM. DIR

Ansvaret til dagleg leiar er heimla både i kommuneloven § 71, lov om interkommunale selskaper § 14 og aksjeloven § 6-2 nokså likelydande.

Dagleg leiar har ansvar for den daglege leiinga og skal følgje retningsliner og pålegg frå styret. Til dagleg leiing høyrer ikkje saker som etter tilhøva i selskapet er av uvanleg art eller er svært viktige. Slike saker kan den daglege leiaren berre avgjere når styret i kvar einskild sak har gitt dagleg leiar mynde til det, eller når ein ikkje kan vente på ei styreavgjerd utan at det er til vesentleg ulempe for verksemda til selskapet. Styret skal i så fall snarast råd bli underretta om saka.

Dagleg leiar blir tilsett av og er underlagt styret. I styringssamanheng held dagleg leiar seg til styret samla evt. til styreleiar og ikkje til eigarane.

ROLLA TIL KOMMUNEADMINISTRASJONEN / RÅDMANNEN

Administrativ støtte og koordinering

Rådmannen skal hjelpe dei folkevalde representantane og skal:
- ha oversikt over selskapa med tilhøyrande vedtekter, selskapsavtaler, tenesteavtaler og lovverk som blir haldne à jour.
- etablere kontaktrutine med administrasjonen i dei andre eigarkommunane, med vekt på selskap av stort verde for kommunen.
- yte administrativ sekretariatsstøtte til dei valde representantane for å hjelpe ordføraren i høve til faglege avklaringar på førehand.

I samspelet med fristilte einingar har administrasjonen i fyrste rekke ansvar for å utarbeide underlagsdokument for å utøve eigarrolla til kommunestyret og eigarorgana.

Administrasjonen har ingen direkte styringsfunksjon over fristilte einingar. Administrasjonen har såleis ikkje høve til å instruere dagleg leiar eller styret i ei fristilt verksemd.

Dette gjeld for alle variantane av fristilte einingar, også kommunale føretak (KF). Overfor KF har likevel rådmannen høve til å instruere leiaren av føretaket om å utsetje iverksetjing av eit tiltak til det er handsama i kommunestyret. I saker som skal opp i kommunestyret har rådmannen rett til å møte og uttale seg i styremøte før styret fattar vedtak. Styret i føretaket har likevel inga formell plikt til å leggje vekt på uttala frå rådmannen.

Rådmannen si rolle i selskap med avgrensa ansvar (AS og IKS) er som rådgivar og kontrollar for ordføraren før saker blir lagde fram for kommunestyret. Også i det løpande arbeidet skal rådmannen og hans administrasjon stå til rådvelde for ordføraren der ein finn det nødvendig. Særleg når kommunen sine økonomiske tilskot eller forventningar må endrast utanom dei årlege budsjetthandsamingane skal rådmannen vere med og kvalitetssikre dei økonomiske tilhøva.

Rådmannen har ansvar for å leggje til rette for politiske avgjerder og setje i verk og følgje opp det som er vedtatt, inkludert hjelpe og informere dei folkevalde på best mogeleg fagleg grunnlag. Dette generelle ansvaret reiser likevel nokre særeigne utfordringar knytt til eigarskapshandtering, i og med at dei selskapa som kommunen heilt eller delvis eig, er underlagt selskapslovgiving som set grenser for eigaren si direkte styring, og for eksempel også avgrensar tilgangen til selskapsinterne dokument.

Etter kommunelova § 23 pkt 2. er ramma for ansvaret til rådmannen at:
"Administrasjonssjefen skal påse at de saker som legges fram for folkevalgte organer er forsvarlig utredet, og at vedtak blir iverksatt. Administrasjonssjefen skal sørge for at

administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instrukser, og at den er gjenstand for betryggende kontroll."

På same vis vil intensjonar og retningsliner i forvaltingslova vere førande, ikkje minst fvl § 17 – om forvaltningsorganet si utgreiings- og informasjonsplikt.

- *Administrasjonen kanaliserer som hovedregel signaler til styret gjennom eierorganene*
- *Administrasjonens hovedrolle er som rådgiver og kontroller for ordfører før saker* l*egges frem i kommunestyret*
  - *Sikre et holdbart kunnskapsgrunnlag og utrede aktuelle saksforhold på en forsvarlig måte*
  - *Rådgi og tilrettelegge for beslutninger knyttet til valg av selskapsform og – modell ved opprettelse av nye selskaper*
  - *Sørge for rettidig behandling av saker som de respektive styrer har fremmet til behandling i eierorganene (generalforsamling eller representantskap)*
  - *Bidra til aktivt eierskap ved å fange opp og presentere for folkevalgt behandling saker vedrørende eierskapet som kommunen bør fremme selv, uavhengig av initiativ fra selskapets organer (endringer i eierstruktur, kjøp/salg av selskaper eller deler av disse, vedtektsendringer, forslag til eierstrategi, forslag til aksjonæravtale etc.)*
  - *Tilrettelegge for behandling av kommunens direkte forpliktelser gjennom eierskapet (berører IKS og FKF)*

ROLLA TIL KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sine rekneskap blir revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal vidare sjå til at det blir ført kontroll med at den økonomiske forvaltinga går føre seg i samsvar med gjeldande avgjerder og vedtak, og at det blir gjennomført systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå vedtak og føresetnader frå kommunestyret (forvaltningsrevisjon).

Dette gjeld automatisk også KF, som juridisk er ein del av kommunen. Gjennom lovføresegner om selskapskontroll i kommuneloven § 80 har kontrollutvalet også, i IKS eller AS der kommunen aleine eller i lag med andre kommuaer eller fylkeskommunar eig alle aksjane (inkl. deira dotterselskap), rett til å krevje dei opplysningane som kjennest nødvendige for kontrollen deira. Kontrollutvalet og kommunerevisoren kan etter eiga vurdering sjølv gjere undersøkingar i selskapet.

Kontrollutvalet og kommunerevisoren skal varslast og har rett til å vere til stades på generalforsamling i eit AS eller representantskap i eit IKS.

I tillegg til tradisjonelle kontrolloppgåver skal kontrollutvalet sjå til at det blir ført kontroll med forvaltinga av eigarinteressene til kommunen. I dette ligg ei vurdering om kor vidt eigarinteressene blir utøvd i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Denne forvaltingskontrollen bør utnyttast for å sikre at kommunen sine eigarinteresser er langsiktige og heilskaplege sett i samanhang med kommunen sin totale tenesteproduksjon.

Kontrollutvalet har inga rolle i høve til stiftingar. Kontrollen med stiftingar blir utført av stiftingstilsynet.

Nærmare reglar om arbeidet til kontrollutvalet går fram av kommunelova § 77 jf. forskrift om kontrollutvalg i kommune og fylkeskommuner (F15.06.2004 nr 905).

DEL 3 EIGARARSKAP, STRATEGIAR OG NYKELINFORMASJON

A. Eigarskap Seljord kommune

Oversyn over verksemder der Seljord kommune er eigar.
Oversynet bør bli oppdatera årleg pr .1. juli.

Ved sida av formalisering av samarbeid gjennom ulike selskapsformer, er kommunen deltakar i avtalt regionsamarbeid. Som ein liten distriktskommune er Seljord avhengig av å samarbeide tett med nabokommunane, både om tiltak knytt til samfunnsutvikling og næringsutvikling og om tenesteproduksjon. Vest-Telemark-rådet er vårt organ for koordinering av denne type tiltak. Alternativ til selskapsdanning kan vere vertskommunesamarbeid, som er ein del av kommunal tenesteproduksjon. Barnevernssamarbeidet i Vest-Telemark er eit vertskommunesamarbeid, der Kviteseid kommune har ansvaret for tenesta på vegner av Vest-Telemarkskommunane, og utgiftene vert fordelt på kommunane etter avtale.

B. Representantantar oppnemnde av Seljord kommune

Oversyn over kvens som er valt til å representere kommunen**.**
Oversynet bør bli oppdatera årleg pr .1. juli.

C. Eigarstrategi

Eigarstrategi utgjer kommunen si konkrete vurdering i høve til eigarskapet overfor den einskilde verksemda, for å sikre at verksemda ivaretar dei måla som eigarane har sett.

Generelle tilhøve som eigaren bør vurdere for alle verksemder:

- Er vedtektene oppdaterte og tilpassa status for verksemda?
- Er det behov for ytterlegare styringsdokument i verksemda?
- Er det storleiken på styret føremålstenleg?
- Er det ynskjeleg med styrerepresentasjon i alle verksemder der kommunen har eigardel?
- Er det grunnlag for å vurdere organisasjonsforma for verksemda?

Eigarstrategiarbeidet skal baserast på vedtatt eigarskapspolitikk. Eigarskapsutvalet vil arbeide vidare med eigarskapsstrategi for dei ulike selskapa. Sak om dette vil bli fremja i løpet av hausten.

Eigarstrategiane for dei einskilde verksemdene blir utarbeidd etter at kommunestyret har vedteke Del 1, 2 og 3 som grunnlag.

Samla eigarskapsmelding vil bli lagt fram for kommunestyret når eigarstrategiar for verksemder der kommunen eig meir enn 15 % i del 4, er ferdig.

Verksemder der kommunen eig meir enn 15 %, og som ein vil prioritere å utarbeide eigarstrategi for:

1. Granvin kulturhus AS
2. Interkom. Brannvernsamarbeid i Vest-Telemark IKS
3. Møtestad Seljord AS
4. Renovest IKS
5. Seljord Næringshage As
6. Seljord Personal AS
7. Vest-Telemark Pedagogisk Psykologiske Teneste PPT IKS
8. Vest-Telemark Kraftlag AS
9. Århus Næringspark AS

A. EIGARSKAP - SELJORD KOMMUNE pr Pr 15. des 2015

		Eigardel (%)	Selskaps kontroll (årstal)	Motivasjon P Politisk F Finansiell	Nykel opplys	Eigar strategi
Aksjeselskap						
	Attføringssenteret i Rauland AS	0,10				
	E134 og Rv36 Telemark AS	2,50				
	Granvin kulturhus AS	27,00			**x**	
	Haukelivegen AS	3,03				
	Hjalarhornet AS	6,67				
	Kommunekraft AS	0,32				
	Kulturlandskapssenteret AS	2,84				
	Møtestad Seljord AS	40,00			**X**	
	Norsk Bane AS	0,80				
	Seljord Næringshage As	23,26			**x**	
	Seljord Personal AS	100,00	**2007/2014**		**X**	
	Telemark Bilruter AS	2,87				
	Vest-Telemark Blad AS	7,00				
	Vest-Telemark kraftlag AS	19,00	**2007/2015**		**X**	
	Vest-Telemark Næringsbygg AS	9,10			**X**	
	Visit Telemark AS	0,96				
	Århus Næringspark	50				
Samverkeføretak /andelslag						
	Biblioteksentralen A/L	0,08				
	Åmotsdal grendehus L/L	21,32				
Interkommunale selskap						
	Interkommunalt arkiv for BVT IKS	1,33				
	Interkom. Brannvernsamarbeid i Vest-Telemark IKS	20,00				
	Renovest IKS	22,50				
	Telemark Kommunerevisjon IKS	1,11				
	Telemark og Agder Kontrollutvalg-sekretariat IKS	1,6				
	Vest-Telemark Pedagogisk Psykologiske Teneste PPT IKS	15,00	**2013**			
Andre						
	Eigarlaget ved Seljord Folkehøgskule					
	KLP (eigenkapitalinnskot)	Kunde = eigar				
	§ 7 Vest-Telemark Rådet					
Stiftingar						
	Stiftinga Sauherad Samtun	0			**x**	
	Stiftinga Seljordutstillinga Dyrsku'n	0				

B. REPRESENTANTANTAR OPPNEMNDE AV KOMMUNEN

Pr 5. mai 2015

AKSJESELSKAP

Granvin kulturhus AS :

- Styremedlem Asbjørn Storrusten vara Frid Berge

Møtestad Seljord AS

- Styremedlem: Frid Berge
- Styremedlem: Asbjørn Storrusten

Seljord Næringshage As

- Styremedlem Asbjørn Storrusten Vara Frid Berge

Seljord Personal AS:

- Styreleiar Bjarne Nenseter (leiar)
- Styremedlem Kine Cecilie Jordbakke.
- Styremedlem Hallgeir Ofte
- Styremedlem Hilde Fjellheim
- Styremedlem Svein Erik Sletta

Telemark Bilruter 2011 - 2015

- Styremedlem Hilde Fjellheim (styreleiar)

Vest-Telemark Blad AS

- Styremedlem Aud Jonskås (styreleiar)

Vest-Telemark Kraftlag AS

- Styremedlem Magne Reinstaul
- Styremedlem Margit Karlsen Rinde

Århus Næringspark AS

- Styremedlem Halfdan Haugan
- Styremedlem Magne Reinstaul

Ingen styre representantar i

- Attføringssenteret i Rauland AS
- E134 og Rv36 Telemark AS
- Haukelivegen AS
- Hjalarhornet Rado
- Kommunekraft AS
- Kulturlandskapssenteret AS
- Norsk Bane AS
- Vest-Telemark Næringsbygg AS
- Visit Telemark AS
- Kulturlandskapssenteret AS

SAMVERKEFØRETAK /ANDELSLAG

Åmotsdal Grendehus L/L Representantskapet

- Representant: Ordførar Personleg vara: Varaordførar
- Representant: Sigrun Dyrland Eidal (SP)
  Personleg vara: Heidi Eiesland (SV)

INTERKOMMUNALE SELSKAP (IKS)

Renovest IKS

- Styremedlem Magne Reinstaul (styreleiar) Vara; Aud Jonskås

Interkom. Brannvernsamarbeid i Vest-Telemark IKS

- Styremedlem Kåre Groven

Vest-Telemark Pedagogisk Psykologiske Teneste PPT IKS

- Styremedlem Ronde Schade

Telemark Kommunerevisjon IKS - Ingen representasjon
Telemark og Agder Kontrollutvalgs sekretariat IKS
- Ingen representasjon
Interkommunalt arkiv for BVT IKS - Ingen representasjon

STIFTINGAR

Stiftinga Seljordutstillinga Dyrskun

- Styremedlem: Eivind Skogheim (eit år 2014)
- Styremedlem: Harriet Slaaen (to år 2014) Vara: Jan T. S. Tveit (to år)

Stiftinga Sauherad Samtun

- Styremedlem; Ronde Shade

ANNA

Eigarlaget ved Seljord Folkehøgskule

- Representantskapet ordførar / vara; varaordførar

Krisesenteret Telemark 2011 - 2015

- Representanskap medlem: Ordførar Pers. vara: Hanne Nordgaard (AP)

Sparebanken Din Representanskap (2015 -2019

- Medlem: Trond Johnsen
- Medlem: Ingunn Haugland
- Vara: Kjellaug W. Abrahamsen

Styremedlem Edvard Mæland og Solveig Sundbø Abrahamsen

Seljord Frivilligsentral

- Styremedlem; Asbjørn Storrusten

Telemark interkommunale næringsfond (TIN) – ingen styre rep.

Biblioteksentralen A/L - Ingen representasjon

C. EIGARSTRATEGAR / NYKELOPPLYSINGAR

1. Granvin kulturhus AS
2. Interkom. Brannvernsamarbeid i Vest-Telemark IKS
3. Møtestad Seljord AS
4. Renovest IKS
5. Seljord Næringshage As
6. Seljord Personal AS
7. Vest-Telemark Pedagogisk Psykologiske Teneste PPT IKS
8. Vest-Telemark Kraftlag AS
9. Århus Næringspark AS

4.4 Renovest IKS

Selskapsform:	Interkommunalt selskap (IKS)
Organisasjonsnr.:	980 018 725
Forretningskontor:	Kviteseid
Adresse:	Ordalsvegen 63, 3850 KVITESEID
Telefon:	35068000
Nettadresse:	www.renovest.no
Kontaktperson:	Dagleg leiar

Vedtekter:

Renovest IKS blei etablert i 1998. (Innsamling av avfall i regi av Renovest starta i januar 2000.)
Selskapet er bygd opp etter vilkåra i forureiningslova.

Renovest IKS er eit interkommunalt selskap med delt ansvar. Deltakarane heftar proratisk for selskapet sine forpliktingar i samsvar med eigardelar. Deltakarane sine eigardelar i selskapet er fordelte i høve til folketalet.

Deltakarane er:

Vinje	29,0 %
Seljord	22,5 %
Kviteseid	19,5 %
Tokke	19,0 %
Fyresdal	10,0 %

Selskapet sitt føremål er å ta vare på alt avfall i regionen på ein miljømessig, teknisk og økonomisk forsvarleg måte ved at kommunane overfører dette ansvaret til selskapet.

Selskapet skal:
- etablere, eige og drive anlegg for mottak, handsaming og deponering av avfall for dei fem kommunane i samsvar med forureiningslov og konsesjonsvilkår.
- vere ansvarleg for innsamling, transport og handsaming av alle avfallstyper etter lovverk og føresegner.
- ta seg av all innsamling og vidare handsaming av slam frå reinseanlegg, septiktankar og lukka anlegg.
- drive informasjon, samordning, rådgjeving og tilrettelegging om det som vedkjem avfallshandtering.

(Jf § 4 i selskapsavtala.)

Selskapet sitt høgste organ er representantskapet og styret.
Kvar av eigarkommunane skal ha 2 medlemmer med varamedlemmer i representantskapet.
Representantskapet skal m.a.:
- fastsetje budsjett og økonomiplan
- gjere vedtak om større utbyggingsprosjekt, kjøp og sal av fast eigedom og oppretting av avtaler som har stort omfang for selskapet eller deltaking i andre selskap
- fastsetje handlingsplanar og langsiktige mål for selskapet
- gjere vedtak om om å ta opp lån innafor rammene i selskapsavtala

(Jf §§ 6 og 8 i selskapsavtala).

Styret i selskapet skal ha 5 medlemmer med personlege varamedlemmer. Dei blir valde for 2 år om gongen.
Alle eigarkommunane skal vera representert i styret.
(Jf § 9 i selskapsavtala).

Styremedlemmer/varamedlemmer oppnemnde av Seljord kommune, sjå vedlegg 6.

Mål/utfordringar:

Mål:

- Gjera om avfall frå eit problem til ein ressurs.
- Avklare ressursar.
  - Ny råvare
  - Gjenbruk
  - Ombruk
  - Energi
  - Gjødsel
- Hindre at farleg avfall kjem på avvegar.

Utfordringar:

- Gje informasjon og auka forståing hos avfallsprodusentane om dei krava styresmaktene set.
- Få avklaring på framtidig handsaming av restavfall.
- Auke sorteringsgraden.
- Finne effektive innsamlingsordningar som er brukarvenlege og som gjev ein optimal logistikk.
- Utnytte av avfallsressursane best mogeleg, gjenbruk, ombruk, energigjenvinning.
- Avklaring av langtidskompostering av slam. Luktproblem og omsetnad av ferdigprodukt.
- Redusere misbruk av hyttecontainarane.
- Logistikk. Renovest IKS har i heile området 5.500 hushaldningsabonnement og 9.500 hytteabonnement. Dei er spreidde over eit stort område (3 gonger større enn Vestfold fylke).

Strategi:

Seljord kommune meiner Renovest IKS i sin strategi bør medverke til at innsamla avfall i størst mogeleg grad blir nyttiggjort i regionen. Samarbeidet med IATA IKS om handsaming av avfall bør bli arbeidd vidare med.
Innsamling og handsaming av avfall er ei utfording i område med spreidd busetnad.
Renovest bør informere tydelege til abonnentane om kva dårleg avfallssortering fører til av meirarbeid/meirkostnad for selskapet, og dermed høgare abonnementsavgift.

SELJORD PERSONAL

Innkalling til ekstraordinær generalforsamling i Seljord Personal AS

Møtetidspunkt:
Dag: Onsdag
Dato: 29.11.17
Kl: 17.00 - 18.00
Møtested: Kommunestyresal, Seljord Kommune

Møtedeltagere:

- Formannskap/generalforsamling

Styremedlem i Seljord Personal

- Hilde Fjellheim
- Hallgeir Ofte
- Eivind Skogheim
- Venke Haugen
- Svein Foldøy

- Bjørn Torleif Lia Daglig leder

Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og saksliste.
2. Valg av møteleder og referent.
3. Valg av representant til å underskrive protokollen sammen med møtelederen
4. Oppkjøp av Seljord Personal AS

Vær grei å gi beskjed på telefon 35 06 59 50 eller post@seljordpersonal.no dersom du ikke kan møte.
Vel møtt!

Seljord dato: 21.11.2017

Hilde Fjellheim
Styreleder

Bjørn T. Lia
Daglig leder

SELJORD PERSONAL

Postadresse:
Seljord Personal AS
Pb 84
3835 Seljord

Telefon: 35 06 59 50
Telefaks: 35 06 59 51
E-post: post@seljordpersonal.no
Foretaksnummer: 983523013

Ekstraordinær generalforsamling 29.11.17

Sak 4: Oppkjøp av Seljord Personal AS

Sammendrag

For næringseigedomar er det ikkje same moglegheit for "styring", der er det marknadsverdien (leigeverdien) som gjeld og Seljord kommune er allereie på 7 promille på slike eigedomar. Ein næringseigedom som får ein eigedomsskattetakst på kr 10 mill., må då årleg betale kr 70.000 i eigedomsskatt, og det er grunn til å tru at nokre næringseigedomar får ein god del høgare takst enn det, fleire vil nok få ein skatt over kr 100.000 pr. år (og nokre kanskje godt over det òg). Mange næringseigedomar vert sjølvsagt taksert langt lågare enn kr 10 mill.

Nokre eigedomar er fritekne for eigedomsskatt, til dømes statlege og kommunale eigedomar, kyrkjer og eigedomar som vert drivne som gardsbruk eller skogsbruk. Dessutan kan kommunestyret fritaka nokre typar eigedomar, til dømes eigedomane til friviljuge lag og organisasjonar, og bygningar med historisk verdi.

Inntektene frå den nye eigedomsskatten som er lagt inn rådmannens framlegg til budsjett er eit overslag. Det er lagt inn kr 1,5 mill. (rund sum) i 2019 til innleige av konsulentar/taksatorar til takseringsarbeidet.

I 2018 skal det òg vere alminneleg omtaksering av alle verk og bruk, etter utløpet av gjeldande 10-årsperiode (2009-2018). Det er budsjettert med kr 250.000 til innleige av konsulentar/taksatorar til dette arbeidet. Skatteinntektene frå verk og bruk vil då truleg gå ein del opp, men dette vert truleg "utlikna", i alle fall delvis, av at eigedomsskatten frå høgspentnettet til Statnett går ned (jf. høgsterettsdomen tidlegare i år).

Kommunale eigedomsavgifter (gebyr for vatn, avløp, renovasjon og feiing/tilsyn)

Gebyr	2016	2017	2018	2019	2020	2021	Endring frå 2016 til 2021
Vatn	5 267	5 833	7 258	7 698	7 976	7 973	2 706
Avløp	5 665	6 208	7 125	7 869	7 736	7 574	1 909
Renovasjon	2 835	2 959	2 213	2 265	2 284	2 284	-551
Feiing/Tilsyn	330	270	328	326	326	328	-2
Sum	**14 097**	**15 270**	**16 924**	**18 158**	**18 322**	**18 159**	**4 062**

Beløpa gjeld eit såkalla "normalgebyr" og er inkludert mva.

Eit oversyn over betalingssatsar for kommunale tenester finst i eige vedlegg.

Brutto lånegjeld

Låneopptak/ Avdrag	Dato/År	Beløp	Antall innb. 1/10-17	Lånegjeld pr. innbyggjar
Lånegjeld	**31.12.2016**	**260 779 000**	**2 954**	**88 280**
Låneopptak	2017	14 964 000		
Avdrag	2017	-8 902 000		
Lånegjeld	**31.12.2017**	**266 841 000**	**2 954**	**90 332**
Låneopptak	2018	44 513 000		
Avdrag	2018	-9 904 000		
Lånegjeld	**31.12.2018**	**301 450 000**	**2 954**	**102 048**
Låneopptak	2019	4 820 000		
Avdrag	2019	-10 678 000		
Lånegjeld	**31.12.2019**	**295 592 000**	**2 954**	**100 065**
Låneopptak	2020	28 820 000		
Avdrag	2020	-11 208 000		
Lånegjeld	**31.12.2020**	**313 204 000**	**2 954**	**106 027**
Låneopptak	2021	3 820 000		
Avdrag	2021	-11 722 000		
Lånegjeld	**31.12.2021**	**305 302 000**	**2 954**	**103 352**

Finanskostnader

Linenavn	Rekneskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Kommunalbankens budsjettrente 1)	***1,70 %***	***1,65 %***	**1,45 %**	**1,65 %**	**2,15 %**	**2,28 %**
Renteinntekter og utbyte	-3 369 000	-3 419 000	-4 136 000	-4 323 000	-4 764 000	-4 892 000
Sum renteinntekter og utbyte	**-3 369 000**	**-3 419 000**	**-4 136 000**	**-4 323 000**	**-4 764 000**	**-4 892 000**
Renteutgifter på lån pr. 31.12.2017	4 736 000	4 655 000	3 708 000	4 306 000	5 330 000	5 421 000
Avdrag på lån pr. 31.12.2017	7 732 000	8 127 000	8 574 000	8 576 000	8 578 000	8 580 000

Renteutgifter på låneopptak i øk.planperioden	0	0	485 000	867 000	1 193 000	1 420 000
Avdragsutgifter på lån i øk.planperioden	0	0	680 000	1 419 000	1 914 000	2 393 000
Sum rente- og avdragsutgifter	**12 468 000**	**12 782 000**	**13 447 000**	**15 168 000**	**17 015 000**	**17 814 000**
Netto finanskostnader	**9 099 000**	**9 363 000**	**9 311 000**	**10 845 000**	**12 251 000**	**12 922 000**
Høgda gebyr grunna VA-investeringar **2)**	0	0	-402 000	-2 082 000	-2 248 000	-2 265 000
Netto finanskostnader korrigert for gebyr	**9 099 000**	**9 363 000**	**8 909 000**	**8 763 000**	**10 003 000**	**10 657 000**

1) Jf. skriv datert 10.10.2017 frå Kommunalbanken "Budsjettrenter 2018-2021". Renta i 2016 og 2017 er gjennomsnittleg p.t. rente (flytande rente) i Kommunalbanken. Pr. 01.08.2017 er p.t. renta i Kommunalbanken 1,50 %. Pr. 31.12.2017 har kr 15,6 mill. av lånegjelda fast rente. Pr. 31.12.2021 er det berre kr 5,8 mill. som har fast rente. Etter finansreglementet skal låneopptak vere til flytande rente, men eksisterande fasterenteavtalar skal gå ut bindingstida si.

2) Høgda gebyr på grunn av avskrivingar og kalkulatorisk rente på investeringar i VA-anlegg (Vatn og Avløp).

Pensjon

I 2018 er det budsjettert med ein pensjonskostnad på kr 21,2 mill. (inkl. arbeidsgjevaravgift). For 2019, 2020 og 2021 er det budsjettert med hhv. kr 300.000, kr 750.000 og kr 1 mill. meir enn i 2018. Denne høgdinga er mest for å ta høgde for at det vert meir utgiftsføring til "amortisering av tidlegare års premieavvik", jf. akkumulert premieavvik på kr 14 mill. Om det vert ei slik høgding, eventuelt om høgdinga vert større er usikkert (særs usikkert). Pedagogisk personale er innmeldt i Statens Pensjonskasse, alle andre i Kommunal Landspensjonskasse (KLP).

For å unngå store variasjonar i pensjonskostnaden, er det innført ei ordning som skal jamne ut utgiftsført pensjonskostnad over tid. Denne ordninga, som kom i 2002, har ført til at kommunane dei siste åra har utgiftsført ein lågare pensjonskostnad enn det dei verkeleg har betalt inn i premie. Pr. 31.12.2016 har Seljord kommune i åra 2002-2016 utgiftsført i rekneskapen kr 14,0 (inkl. arbeidsgjevaravgift) mindre enn det som faktisk er betalt inn i pensjonspremie. Dette beløpet skal utgiftsførast ("amortiserast") i åra som kjem. Premieavviket for 2002-2010 skal amortiserast på 15 år, 2011-2013 over 10 år og premieavvik for 2014 og frametter over 7 år.

Flyktningar

Dette er ikkje eit forsøk på å lage eit "flyktningrekneskap", men et oversyn på nokre sentrale inntekter og utgifter med integrering av flyktningar. Vaksenopplæringar har òg ansvar for andre framandspråklege enn flyktningar. På inntektsida må ein òg vere merksam på inntektene via rammetilskotet, til dømes innbyggjartilskot og utgiftsutjamning (der innbyggjarar i skulepliktig alder er viktig) og i inntektsutjamninga (som blant anna vert rekna ut etter

folketal). På utgiftssida ligg det òg andre direkte kostnader (til dømes på økonomisk sosialhjelp) og "indirekte" kostnader som at eksisterande tenesteapparat får fleire brukarar (jf. barnehage, skule, helsestasjon og NAV) innanfor eksisterande budsjettramme.

Hovudpoenget med tabellen er å vise dei store endringane som er i økonomiplanperioden som konsekvens av at det truleg kjem færre flyktningar til Seljord, spesielt samanlikna med dei to siste åra (2016 og 2017). Seljord kommune har fått tilsegn om å ta imot 10 flyktningar i 2018, og det er lagt til grunn at det kjem 10 kvart år i åra deretter. Dette er særs usikkert, det kan vere like sannsynleg at det ikkje kjem nokon. Hausten 2017 var signala frå IMDi at det ikkje kom nokon i 2018 heller. Når det gjeld einslege mindreårige flyktningar (EMF), så er det budsjettert med at dei fem som er her, skal vere her ut heile perioden (til dei er 21 år, i 2018 vert alle fem 17 år). Frå hausten 2018 vert det døgnbemanna tilbodet på bustaden sterkt redusert og tilbodet vert meir bygd opp som miljøarbeid. Det er lite truleg at vi får tilbod om å ta imot fleire einslege mindreårige flyktningar.

Tilskot og utgifter	**2017**	**2018**	**2019**	**2020**	**2021**	**Endring 2017-2021**
Integreringstilskot	13 291 000	13 529 000	11 422 000	9 601 000	8 635 000	-4 656 000
Tilskot EMF **1)**	6 050 000	3 848 000	3 848 000	3 848 000	3 848 000	-2 202 000
Framandspråklege	1 901 000	1 870 000	1 342 000	1 125 000	1 125 000	-776 000
Kviteseid kommune	1 403 000	1 390 000	850 000	667 000	0	-1 403 000
Tilskot 1 (ekstratilskot) **2)**	0	839 000	839 000	839 000	839 000	839 000
Sum inntekter	**22 645 000**	**21 476 000**	**18 301 000**	**16 080 000**	**14 447 000**	**-8 198 000**
Flyktningkontor **2)**	584 000	1 948 000	1 948 000	1 948 000	1 948 000	1 364 000
Introduksjonsordninga	3 964 000	4 301 000	3 399 000	2 322 000	2 010 000	-1 954 000
Etablering	185 000	185 000	185 000	185 000	185 000	0
Alternativt mottak	-158 000	0	0	0	0	158 000
Vaksenopplæring	3 603 000	3 767 000	2 873 000	2 505 000	1 321 000	-2 282 000
Bustad EMF **1)**	7 353 000	5 687 000	2 860 000	2 860 000	2 860 000	-4 493 000
Sum utgifter 3)	**15 531 000**	**15 888 000**	**11 265 000**	**9 820 000**	**8 324 000**	**-7 207 000**
Netto inntekt	**7 114 000**	**5 588 000**	**7 036 000**	**6 260 000**	**6 123 000**	**-991 000**

1) EMF = Einslege mindreårige flyktningar.

2) Styrkinga på flyktningkontoret gjeld oppfylging av flyktningar med serskilde behov, jf. tilskot 1/ekstratilskot.

3) I tillegg er det i økonomiplanen lagt inn styrking med 40 % stilling på Seljord barneskule og 40 % stilling på Seljord ungdomskule fram til utgangen av skuleåret 2018/2019 og 20 % på helsestasjonen i fem månader i 2018 (januar-mai). Dette på grunn av det store flyktningmottaket i 2017 på 27 personar, der 17 er born.

Innsparing - Oppfølging av budsjettvedtak i kommunestyresak 97/16 og 8/17

Ansvar/område		2018	2019	Sum	Merknad
116	Personalavd.	160 000	0	160 000	Fjerne medlemskap Sterke-Nils
116	Personalavd.	135 878	30 721	166 599	Fjerne seniortillegg
111	Økonomiavd.	269 709	0	269 709	Reduksjon 40 % stilling
110	Intro.ordninga	172 000	172 000	344 000	Avvikle samarbeidsavtale med Seljord personal om språkpraksisoppfølging
210	Seljord bsk	59 908	95 581	155 489	Reduksjon 20 % stilling (delingstimar)
211	Seljord usk	114 726	160 104	274 830	Reduksjon 15 % stilling (delingstimar) + avvikle kantineordning frå haust 2018.
212	Flatdal skule	29 862	46 144	76 006	Reduksjon 10 % stilling (delingstimar)
332	Psykisk helse/rus	124 600	0	124 600	Reduksjon 20 % stilling
333	Sjukeheimen	495 020	0	495 020	Reduksjon 80 % stilling
337	Heddelitunet	124 300	0	124 300	Reduksjon 20 % stilling
410	Adm/Plan	30 000	0	30 000	Innstramming i budsjett knytt til kurs/opplæring
411	Landbruk	30 000	0	30 000	Innstramming i budsjett knytt til bruk av konsulenttenester
510	Teknisk	60 000	0	60 000	Redusere vedlikehald av kommunale bygg
530	Teknisk	60 000	0	60 000	Redusere vedlikehald av kommunale vegar/kantklypp
Sum (inkl ansvar 110, 27		**1 866 003**	**504 550**	**2 370 553**	
	PO1	565 587	30 721	596 308	
	PO2	376 496	473 829	850 325	
	PO3	743 920	0	743 920	
	PO4	60 000	0	60 000	
	PO5	120 000	0	120 000	
Sum		**1 866 003**	**504 550**	**2 370 553**	

Investeringar

Investeringsbudsjettet er hovudsakleg ei realisering av tidlegare politiske vedtak. Det bør i løpet av 2018 vurderast om kommunen skal ha ei øvre grense for kor lang tid det kan gå frå politiske vedtak vert fatta og til dei blir realisert, eller har fastsett tid for realisering, før saka kjem opp til ny politisk handsaming. Eit døme på eit slikt vedtak kan vere ny avkøyring frå E 134 og straumtilførsel til industriområdet som vart vedteke i samband med budsjett 2015 og der det framleis ikkje er fastsett tidspunkt for oppstart. Ein del av investeringsutgiftene kjem som fylgje av eksterne pålegg etter tilsyn, og som fylgje av slitasje eller skade på eksisterande kommunale eigedelar, dvs. "må-oppgåver". Nokre av kostnadene i investeringsbudsjettet er usikre. Fleire av investeringar er relatert til vatn og avlaup (VA) og vert finansiert av innbyggjarane gjennom kommunale avgifter.

Som tiltak i handlingsprogrammet, for å nå målsetjinga om at Seljord skal leggje til rette for meiningsfulle kultur –og fritidsaktivitetar for alle, er det vedtatt å planlegge nytt badeanlegg i 2020, dette er ikkje kostnadsberekna og er ikkje med i rådmannen sitt budsjettframlegg.

Detaljar om investeringane går fram av tabell "Budsjettskjema 2A og 2B"

IT – fiberkabel

Det er behov for ein intern fiberkabel mellom kommunehuset og barne -og ungdomsskulen. Dette er kostnadsrekna til kr. 250.000. Investeringa vil føre til reduserte driftskostnader (fiberleige) på kr. 36.000 årleg, og vil redusere framtidige driftskostnader til fiberkabel med omlag kr. 160 000 årleg (auka årleg leigekostnad som fylgje av behov for auka fiberkapasitet).

Seljord vassverk

Sluttsum for investering i nytt vassverk for Seljord sentrum er totalt på kr 560.00. Kostnadene vil bli finansiert gjennom VA-avgiftene.

VA-anlegg på Århus industriområde (inkl. ny brønn.)

Det blei i 2012 løyvd kr. 4.000.000 til etablering av nytt VA nett på Århus. Arbeidet starta opp i 2017. Det er satt av ekstra kr. 400.000 i midlar til konsesjonssøknad og grunnerverv av ny brønn i 2018. Kostnadene vil bli finansiert gjennom VA-avgiftene.

Nytt avløpsanlegg på Bjørgesida.

Avløpsanlegg på Bjørgesida var planlagt utført i 2009, men vart utsatt inntil vassverket på Eventyrøy var nedlagt. Området på Bjørgesida er eit område som har relativ mange bustadar som bare har utslepp til grunnen, og med plassering så nær vassdrag bør avløpet samlast og førast til reinseanlegg. Kostnad er stipulert til kr. 8.650.000 mill. 8eksklusiv kr 450.000 (bruka i 2017), tiltaket blir finansiert gjennom VAR-avgiftene.

Nytt VA nett til Nordbygdi industriområde.

Kostnadsoverslag for nytt leidningsnett - hovudstrekk VA, samankopling av gammalt og ny vassleidning, kryssing av Bygdaråi inkl. pumpestasjon samt forsterkning av vassleidning frå Dyrskuplassen til Nordgardstangen. Kostnad, like i overkant av kr. 8.000.000, gjer at kostnaden med å framføre vatn og avlaup er svært høg sett i forhold til potensielle nye abonnentar.

VA-utbygging til tomt på Vekan

Jamfør tiltak 3.1.8.2 i handlingsprogrammet; Framføring av VA nett til byggeklar tomtegrense gnr 45/bnr254 på Vekan. Seljord kommune har underskrive utbyggingsavtale med fleire utbyggarar på Vekan, dei startar no opp med bygging og då må kommunen føre fram vatn og avløp til tomt som ikkje har tilkoplingsmoglegheit slik dagens infrastruktur ligg. Kostnad er estimert til kr. 300.000.

Trafikktryggleikstiltak.

På same måte som tidlegare år, vert det lagt fram forslag om å vidareføre arbeidet med trafikktryggleik gjennom investeringar i infrastruktur for å medverke til auka tryggleik i den lokale trafikken. Løyvinga nyttast i samsvar med plan for trafikktryggleik. Det er budsjettert med kr 1 mill. årleg. Tilskot frå fylkeskommunen på inntil 60% og mva kompensasjon gjer at den kommunale delen utgjer ca. kr. 320.000 årleg

Skulepakka

Seljord kommune har driftsansvar for 3 skular; Seljord ungdomskule, Seljord barneskule og Flatdal skule. Skulebygga har eit stort behov for naudsynt vedlikehald og modernisering. Dagens og framtidas krav til skulebygga sin funksjon sett opp imot forskrift om miljøretta helsevern i skular er vanskeleg å møte, særskilt for Flatdal skule som no må driftast på dispensasjon frå forskrifta. Det er derfor viktig å få ein total gjennomgang av alle skulebygga og få eit grunnlag for å vurdere moglege framtidige løysingar. Det settast difor av kr. 1.000.000 i 2018 og kr. 25.000.000 i 2020 til eit løftet innan skulesektoren, som vi har kalla *skulepakka.* Det er derfor ikkje lagt opp til mindre investeringskostnader ved nokon av skulane i budsjettet.

Utvikling av aktivitetsområde bak barneskulen

Det er gjennomført eit opprustingsprosjekt ved Seljord bsk i 2017. Dette er delvis finansiert med kommunale midlar og tippemidlar (50/50). Det er ynskjeleg å vidareføre og utvide dette arbeidet med terrengforming av området, innkjøp av leikeapprat og enda betre tilrettelegging for meir aktivitet i friminutt m.m. Kostnad kr. 188.000.

Bu-kollektiv og dagaktivitetssenter og tilbygg til demensavdelinga.

Kommunestyret vedtok Omsorgsplan for Seljord kommune i sak 56/14. Prosessen fram til vedtak om realisering av omsorgsplanen (formannskapet sak 82/2015) er omtala i handlingsprogrammet. Etter gjennomført anbodsprosess i 2017 er den samla brutto kostnadsramma endra til kr. 45.504.610 jfr. k-

styresak 69/17. Investeringstilskot frå Husbanken og momskompensasjon vil gå til frådrag. Byggearbeida vart starta opp ultimo september 2017 og er avtala ferdigstilt oktober 2018.

Etablering av døgnbemanna bustad for rehabilitering/korttidsopphald ved Nesbukti

Utgreiing av tiltaket er grunngjeven i formannskapssak 70/2017. Bakgrunnen er å auke talet på heildøgns plassar for å styrke sjukeheimskapasiteten på kort sikt og redusere kjøp av sjukeheimsplassar i nabokommunar. Investeringstiltaket er førebels kostnadsrekna til kr. 2.400.000 eks mva.

Bakgrunnen for dette tiltaket er knappheit på sjukeheimsplassar og omfattande leige av plassar i nabokommunar dei siste åra. Dette gjeng ut over opplevd kvalitet på tenestetilbodet for den einskilde brukar og verker også uheldig inn på rehabilieringsarbeidet. Formannskapet har difor i eige vedtak tidlegare i 2017 bede rådmannen greie ut den aktuelle løysinga i samband med budsjettframlegget.

Tiltaket omfattar enkel ombygging av 3 eksisterande omsorgsbustader til å fungere som ein korttid-/rehabiliteringseining med 4 plassar, organisera under kommunen si heimeteneste. I kostnaden ligg oppsetting av nye enkle skiljeveggar i kvar av endeleilighetane, blende dører samt bygge inn og isolere ein langsgåande svalgang på utsida av bygget heilt inn til sjukeheimen si bygningskropp. I summen ligg også utgifter til mindre endringar av el-anlegg og ventilasjon, samt kr. 100 000 til arkitekt/konsulent og kr. 100.000 til inventar og utstyr.

På grunn av kommunen sin økonomiske situasjon, blir dette tiltaket er ikkje lagt inn i rådmannen sitt budsjettframlegg, men vil bli jobba vidare med å realisere i samband med kommunedelplanen for helse og omsorg.

Ny turveg og oppfylling av masse ved Nesbukti .

Detaljreguleringsplan langs Lomodden og Nes vart vedteken av kommunestyret i sak 85/15. Reguleringsarbeidet omfattar mellom anna oppfylling av masse og etablere ny turveg i området. Opparbeiding av turveg og park ved Nesbukti blir utsatt i påvente av grunnerverv. Kostnaden er høgare enn estimert i budsjett 2016 - summen aukast til kr. 2 500 000 og tiltaket er planlagt gjennomført i 2018.

Grunnerverv av areal ved Nesbukti.

Jamfør kommunestyrevedtak 84/16; Forhandlingsmøte om grunnerverv for bu-området og turveg i Lomodden gjennomførast 30.11.17. Kostnad for sjølve grunnerverv er gjenstand for forhandling, det er satt av midlar for juridisk bistand til å gjennomføre vedtaket. Det er satt av midlar for å gjennomføre skjønnsekspropriasjon dersom naudsynt. Kostnad for sjølve grunnerverv er ikkje kjent, men det er gjennomført taksering av eigedommane, og forventa kostnad er i storleik kr. 4.000.000, for sjølve grunnervervet.

Breibandutbygging Manndal - Langlim

Jamfør formannskap sak 36/17: "Seljord kommune søkjer om tilskot til vidare utbygginga av breiband etter prioriteringa som er lagt fram i saka. Tiltaka må finansierast med eigendel og eventuelt dugnad ved sida av offentleg støtte." Seljord kommune har fått positivt svar på søknad om 400.000,- til utbygginga, det står då att kr 250.000 som kommunen sin eigendel.

Nyskapande aktivitetsarenaer Labyrint

Jamfør tiltak 2.4.1.2 og 3.1.4.1 i handlingsprogrammet; Kommunalt bidrag til bygging av labyrint, jamfør tiltak 2.4.1.2 og 3.1.4.1 i handlingsprogrammet. Administrasjonen tek atterhald om bidrag i storleik 4.000.000,- eks mva frå Kulturdepartementet for finansiering av tiltak. Det vil bli søkt om å redusere kommunens eigendel gjennom fleire søknader til andre instansar i 2018. Sum satt av til investeringa er kr 5.000.000 inkl. mva. *Det er ikkje funne rom for kommunal eigenandel i budsjettet. Administrasjonen vil arbeide vidare med å redusere den kommunale eigenandelen og koma attende med saka til politisk handsmaning når dette er nærare avklara.*

Nytt inventar Seljord Bibliotek.

Nye lokaliteter for Seljord bibliotek gjev behov for nytt inventar, grunna sein innflytting blir noko av summen som vart løyva til investeringa i 2017 flytta til 2018. Kr 200.000.

Meirope og sjølvbetent Bibliotek

Jamfør strategi 2.3.2 i samfunnsdelen; Det er stor forventing blant publikum til at biblioteket får utvida opningstid etter flytting til Granvin, men det er ikkje mogeleg utan auka personalresursar. Eit alternativ er å opne for auka tilgang til biblioteklokalet gjennom ordning med meirope bibliotek og løysing for sjølvbetening. Dette er tilbod som er tatt i bruk fleire stader og erfaringane er gode. I bygge- og flytteprosessen er det lagt til rette for at biblioteket, med nødvendig utstyr, enkelt kan innføre meirope i Seljord også. Kostnad er kr. 137.500.

Riving av gammalt Bibliotek og opparbeiding av parkering og grønt anlegg

Jamfør formannskapsvedtak sak 68/17: "Dagens bibliotekbygg del av gnr. 44/ bnr. 25 Nedrebøen skal rivast så snart biblioteket har flytta til Granvin. Område skal utviklast til grøntområde og nye parkeringsplassar. Kostnad for riving og opparbeiding av parkering/grøntområde skal leggjast fram i samband med budsjetthandsaminga for 2018." Kostnad er estimert til å vere kr. 625.000 inkl. mva

Prosjektering turvegbru over Vallaråi 2019

Jamfør tiltak 3.1.7.3 i handlingsprogrammet; Seljord kommune har i lang tid jobba med ferdigstilling av turveg trasse frå Dyrskuplassen til Sjøormtårnet. Det står at å prosjektere ei gangbru over Vallaråi. Estimert sum er kr. 250.000.

Ny avkøyring til industriområdet i Nordbygdi.

Reguleringsplanen for Nordbygdi (vedteke 11.06.09) legg opp til å utvikle industriområdet mellom elva og E 134 i Nordbygdi. For å realisere dette må det lagast ny avkøyring frå E 134 og ny straumtilførsel. Dette er kostnadsrekna til om lag kr. 5.000.000. inkl. mva., og ein sum på kr. 3.500.000 mill. inkl. mva. vart vedteke som ein del av investeringsbudsjett for 2015. Summen aukar ettersom tiltaket ikkje er gjennomført, samt at nye kostnadsberekningar er lagt til grunn.

Kompressor til fylling av pusteluft for Røykdykkerar

Jamfør tiltak 3.3.2.3 og 3.3.3.1 i handlingsprogrammet; Brannvesenet er i dag avhengig av at det er folk på jobb på Sundsbarm kraftstasjon for å få fylt pusteluftflasker, noko som er ei dårleg løysing ved brannar eller ulukker på natt / helg. Ein kan risikere at det ikkje er folk til stades som kan fylle flasker. Alle brannstasjonar bør ha eigen kompressor for fylling av pusteluft i eit beredskapsperspektiv. Kostnad er estimert til kr. 125.000.

Ny ATV til Seljord brannvesen

Seljord Kommune er ein langstrakt kommune med mykje spreidd busetnad og mange hytter som også ligg spreidd utover i kommunen. Seljord kommune får også om eit par år ein av Noregs lengste tunellar som kommunen må handtere med tanke på ulykker og brannar. Ved hendingar ute i terrenget (hyttebrann, skogbrann, kratt og grasbrann og andre ulykker) er kommunen avhengig av frivillige og at private stiller opp med sitt utstyr. Det er også slik at meir nedbør / flaum vil gje oss større utfordringar og fleire oppgåver i åra som kjem.

Ein ATV vil vere til stor hjelp i utrykking. Dette vil gjere brannvesenet i stand til å komme raskare ut med tungt utstyr i terreng, og vil vere eit nyttig verktøy for beredskapen i kommunen. Kr. 225.000 til ATV til Seljord brannvesen er ikkje tatt med i rådmannen sitt budsjettframlegg.

Ny båt til Seljord brannvesen

Jamfør tiltak 3.3.2.3 og 3.3.3.1 i handlingsprogrammet; Brannvesenet har pr. i dag ikkje eigen båt, og ein er difor avhengig av lån og leige. Kommunen har bygd nytt vassverk med Seljordsvatnet som vasskjelde. Dette vil sei at dersom ei uønska hending skulle skje, med fare for forurensing og liknande, har ikkje kommunen båt til å t.d ta prøver, legge ut lenser eller iverksette andre tiltak. Dersom ei ulykke skulle skje på eller langs vatnet, er Brannvesenet avhengig av å låne båt for å kunne starte iverksetting av livreddande innsats. Kostnad er estimert til kr. 150.000.

Budsjettvedtak kommunestyresak 97/16 - Ny framskutt enhet 2019

Budsjettvedtak 2017 stadfester:" Brannvesenet - Framskutt enhet. Krava til utstyr og kompetanse er i endring, brann og redningstenesta i kommunen må møte desse endringane til beste for innbyggerane og tilreisande. Eit eksempel på ei slik utfordring er Mælefjølltunellen. Den vil krevja mykje av den lokale redningstenesta, både når det gjeld utstyr og kompetanse. Det er difor viktig at den kommande ROS analyse for brannvesenet vert gjennomført på ein

grundig måte. Brannmannskapa har i innspel til budsjett peika på behov for ein framskutt enhet, saka er omtala i tiltak rådmannen ikkje har funne rom for i budsjettet. Posisjonpartia meinar dette er eit godt innspel og ber difor rådmannen ta dette med seg inn i arbeidet med ROS analysa, med tanke på å få tiltaket inn i budsjettet for 2018". ROS-analysa er ikkje ferdigstilt så rådmannen rår til at dette blir vurdert i 2018, for så og bli del av budsjett 2019. Kostnad er estimert til kr. 1.062.000.

FKB - kartleggingsprosjekt - kommunalt bidrag 2018

Kommunen sin del av nytt FKB - kartleggingsprosjekt av større områder i samband med planlegging for nye E134 trase, samt kartlegging av resterande tettbygde områder krev eit kartleggingsprosjekt gjennom geovekst. Prosjektet vil truleg gå over tre år, 2017 og 2018, med ferdigstilling i 2019. Kostnaden fordelast med kr. 150.000 årleg i tre år, totalt kr. 450.000.

Budsjettskjema 2 B syner ein samla oversikt over investeringstiltak i budsjett 2018 og i økonomiplanperioden jf. side 36.

Investeringsstiltak som ikkje er med i rådmannens budsjettframlegg

Tiltak	2018	2019	2020	2021
Etablering av døgnbemanna bustad for rehabilitering/korttidsopphald ved Nesbukti	**3.000.0000**			
Prosjektering turvegbru over Vallaråi 2019	**250.000**			
Nyskapande aktivitetsarenaer Labyrint	**4.000.000**			
ATV til Seljord brannvesen	**225.000**			
Lagerplass og vognskjul til barnevogner	**153.000**			

Programområde 1 Sentraladministrasjon og fellesutgifter/-inntekter

Ansvar 100 – Folkevalde

Politikargodtgjersla er auka som fylgje av lønsvekst. Sidan det ikkje er val i 2018, er kostnadane til val tatt ut av budsjettet for 2018 og lagt inn igjen i 2019 og i 2021. Det er budsjettera med støtte til dei politiske partia, dette er ei frivillig ordning. Ordinær partistøtte kjem over statsbudsjettet.

Ansvar 101 – Kontrollorgan mm.

Budsjettet omfattar utgifter til kommunal revisjon og drift av kontrollutvalet og er i samsvar med kontrollutvalet si innstilling til kommunestyret for budsjettåret 2018.

Ansvar 110 – Rådmannskontor og fellestenester

Budsjettet omfattar drift av rådmannskontoret og ei rekke fellesfunksjoner i kommunen. Budsjettet tek høgde for vidareføring av dagens nivå, med mindre justeringar på bakgrunn av erfaringstal i 2017. Budsjettet til flyktningtenesta var tidlegare ein del av ansvar 110, dette er nå tatt ut og lagt til ansvar 205 Integrering og vaksenopplæring. Kr 9.000 i støtte til Senter for seksuelle overgrep i Telemark og kr 5 000 i driftstilskot til stiftinga Amathea – veiledningstenste for gravide er ikkje vidareført.

Ansvar 111 – Økonomiavdelinga

Budsjettet gjeld drift av økonomiavdelinga. Fastlønns budsjettet er redusert med 40 % stilling som fylgje av uløna permisjon og gradert pensjon. Dette er lagt inn som innsparing/redusert ramme i budsjettet. Kostnadene til Midt-Telemark Arbeidsgiverkontroll aukar med kr 57.000 i 2018 i tillegg er det budsjettert med kr 250.000 (overslag) til alminneleg omtaksering av verk og bruk og kr 1,5 mill. (overslag) til taksering av alminneleg eigedomsskatt.

Ansvar 112 – IT

Budsjettet omfattar drift av IKT innan alle avdelingane. Ein stor del av budsjettet går til driftsavtale med ekstern driftsoperatør, aspIT. Gjeldane kontrakt går ut i 2018 og ny anbodskonkurranse vil bli avslutta våren 2018, kostnadane til ny driftsavtale er vidareført på same kostnadsnivå som eksisterande avtale, men med kr 250.000 til oppstartsprosjekt som fylgje av ny driftsavtale. I tillegg til driftsavtala er det budsjettera med kostnader til lisensar og andre vedlikehaldsavtaler på ei rekke fagsystem innan arkiv, økonomi, skatt, helse, skule, pleie og omsorg, sosial, kart og oppmåling mm. Det er behov for å få på plass eit system for utskifting av gamle datamaskiner ut i frå ei forventa levetid på 5 år, dette vil ha ein meirkostnad på omlag kr 230.000 årleg, denne auka er ikkje tatt med i budsjettet.

Det er budsjettert med kr 150.000 til digitalisering, jamfør k.-styresak 29/17 og punkt 1.3.1.2. i handlingsprogrammet "Få på plass ein overordna strategi for digitallisering." Det er ikkje tatt høgde for ev. fylgjekostnader av dette arbeidet.

Ansvar 113 – Telefon

Budsjettet omfattar i hovudsak kostnader knytt til abonnement og teletrafikk. Seljord kommune er med på rammeavtale på telefoni gjennom BTV-samarbeidet (Buskerud, Telemark, Vestfold).

Ansvar 114 – Forsikringar

Budsjettet omfattar kommunens forsikringar. Kommunen har inngått forsikringsavtaler gjennom forsikringsmeklaren Pareto. Kommunen har kommunal ansvarsforsikring, tingforsikring, gruppeliv, yrkesskade, barneulykke og forsikring av motorvogner i forsikringsselskapet Protector Forsikring. Reiseforsikring er i Europeiske reiseforsikring. Budsjettet for 2017 er vidareført.

Ansvar 116 – Personalavdelinga

Budsjettet omfattar drift av personalavdelinga med ekspedisjon og arkiv, samt administrasjonslokale. Ansvaret omfattar også bedriftshelsetenesta, og andre felles kostnader som til dømes opplæringsplan og felles velferdstiltak for tilsette.

Merkantil avdeling er organisera slik at ekspedisjonen skal vere bemanna kvar dag mellom klokka 09 og 14. Kommunens telefontid er tilpassa dette, men stillingsprosenten til servicemedarbeidaren er litt for liten til å dekkje heile opningstida. Det er derfor lagt inn ei auke på 6,67 % stilling, lik at denne dekkjer opningstida då telefonen og ekspedisjonen er open for publikum.

For å yte innbyggarar, besøkande og tilsette best mogleg service, foreslår merkantil avdeling at ein kjøper inn ein informasjonsskjerm til å henge opp i resepsjonsområdet. Dette er ikkje med i rådmannen sitt budsjettframlegg, men vil bli vurdert i samband med vurdering av servicetorg, jamfør handlingsplanen punkt 1.3.2.3.

Tilsette i Seljord kommune har eit tilskot på kr 5.000 kr frå og med det året dei fyller 60 år, eit såkalla seniortillegg. Hensikta med tillegget var i si tid å stimulere tilsette til å stå lengre i jobb, i tråd med HTA § 3.2.3, men tiltaket har truleg utspilt si rolle som verkemiddel i den samanheng. Tillegget vert derfor fjerne frå 01.03.18 med heilårs verknad frå 2019.

Kommunestyret vedtok i 2011 at tilsette i Seljord kommune i større enn 25 % stilling, som eit personalgode og HMS-tiltak, skulle få dekt halve årsabonnementet ved Streke-Nils treningssenter på Granvin. Tilbodet har vorte nytta i gjennomsnitt av omlag 80 tilsette kvart år. Eit kutt i dette tilskotet vil gje ei innsparing på kr 167.000, ut frå eit medlemstal på 76 kommunale deltakarar.

Ansvar 125 – Nav kommune

Budsjettet byggjer på vidareføring av dagens nivå samt erfaringstal i 2017. Gjeldsrådgjevaren (60 % stilling) er tilsett i Seljord kommune, men er eit spleiselag med resten Vest-Telemark kommunane (kostnad fordelt etter folketal). NAV har peika på behovet for auka ressurs til gjeldrådgjevar, men det føreligg ikkje noko semje i Vest-Telemark om ei slik auke. I tillegg er det usikkerheit knytt til framtidig organisering av NAV-Seljord, og framtidig organisering vil påverke behovet for auka kommunale ressursar til NAV.

Ansvar 130 – Kyrkjelege føremål

Budsjettet omfattar overføringar til Seljord kyrkjelege fellesråd på kr 3.867.000 og kr 327.000 til andre trudomssamfunn.

Ansvar 150 – Tilleggsløyvingar

Budsjettet inneheld ein lønsreservepost på kr 2.733.000 som skal finansiere lønsoppgjeret i budsjettåret (med verknadsdato 01.05.2018). Tilleggsløyvingar til disposisjon for formannskapet (kr 120.000) og for ordførar og rådmann (kr 30.000) er vidareført på lik linje med tidlegare år.

Ansvar 199 – Avskrivingar

På dette ansvaret vert avskrivingane på anleggmidla ført. Avskrivingane i økonomiplanperioden er stipulert til kr 12.325.000 kvart år. I kommunerekneskapen får ikkje avskrivingane nokon resultateffekt i driftsrekneskapen, men verdien av anleggsmidlane vert nedskriven i balanserekneskapen (med kr 12.325.000 mill. kvart år).

Driftstiltak som ikkje er med i rådmannens budsjettframlegg

Tiltak	2018	2019	2020	2021
PO 1 – Prioritet: IT-utstyr, behov for auka budsjettpost til mellom anna utskifting av gamle datamaskiner	**230.000**	**230.000**	**230.000**	**230.000**
PO 1 – Prioritet: Innmelding i OKOS (opplæringskontoret for off. sektor) som legge til rette for god oppfølging av lærlingar	**69.000**	**69.000**	**69.000**	**69.000**
PO 1 – Prioritet: Auke med ein ny lærling frå 2018.	**38.000**	**150.000**	**151.000**	**151.000**
PO 1 – Prioritet: Gjeldsrådgjevar, Seljord kommune sin del av auke 40% stilling	**50.000**	**50.0000**	**50.000**	**50.000**
PO 1 - Informasjonsskjerm til resepsjonsområde, innkjøp gjeld skjerm mini pc som mater skjermen + årleg driftskostnader	**9.000**	**1.000**	**1.000**	**1.000**

Programområde 2 Skule og oppvekst

Innleiing

Etterkvart som dei relativt store barnekulla frå barnehagen har starta i skulen har dette ført til større press på tenestene i skulen, særleg i sentrum. Det er difor viktig at skulane no får utvida økonomisk ramme til å møte eit auka behov for klassedelingar, delingstimar, oppfølging av framandspråklege elevar, samt nye krav som blir stilt til skule og skuleleiing. I budsjett 2018 er det lagt til grunn ei konsekvensjustert økonomisk ramme kr. 2.900.000 større enn i 2017. Behovet for utvida ramme er varsla frå kommunalsjefen i fleire omgangar, sist ved budsjettkontrollen 9.11.2017. Det er etablert eit høgare driftsnivå ved skulane frå nytt skuleår 2017/18 og dette får heilårseffekt i 2018. Det varsla meirforbruket for heile programområde 2 i 2017 er rekna til kr. 500.000. Dette "reduserte" meirforbruket i 2017 skuldast i hovudsak meirinntekter grunna auka busetting av flyktningar. Gjennom fleire år har skulane meldt om vanskar med å halde seg innanfor budsjettramma, meirforbruk har i fleire år blitt kompensert ved auka inntekter som t.d. sjukepengar og andre inntekter. I 2018 er det behov for å justere dette **etterslepet** på driftsramma for skulane. Behovet for utvida ramme fordelar seg slik:

Seljord barneskule: Kr 844.000 kr i 2018. 40 % auke i lønsutgifter for elevar med framandspråkleg bakgrunn utgjer kr 244.000, reduserte inntekter grunna færre fosterplasserte elevar kr 119.000, utgifter til klassedeling/delingstimar utgjer kr 481.000.

Seljord ungdomsskule: Utvida ramme kr 1.242.000 i 2018. Auka utgifter til skuleskyss kr 140.000, 40 % auke i lønsutgifter for elevar med framandspråkleg bakgrunn utgjer kr 244.000, reduserte inntekter grunna færre fosterplasserte elevar kr 82.000, auke utgifter spesialundervisning rekna til om lag ei stilling, kr 776.000 inkl. sosiale kostnader. Det er forventa reduksjon av timar til spesialundervisning frå hausten 2018. Dette vil få positiv effekt seinare i økonomiplanperioden.

Flatdal skule: Kr 854.000 i 2018. Reduksjon av inntekter i 2018 utgjer kr 491.000. Auka behov oppfølging av enkeltelevar (assistent) utgjer om lag 70% stilling, kr 363.000. Det er forventa at skulen vil ha eit redusert behov for spesialpedagogisk oppfølging seinare i økonomiplanperioden.

Seljord kommune har brukt minst pengar av kommunane i VT på barn i skulealder 6-15 år dei siste åra. Denne manglande prioriteringa har ført til slitasje og frustrasjon hos tilsette og ei bygningsmasse som er delvis nedslite. På Flatdal skule er det behov for store investeringar og opprusting av skulebygget. I sentrum er det behov for opprusting i delar av bygningsmassen. "Skulepakka" som er lagt inn i investeringsbudsjettet er ein konsekvens av dette.

Det er ikkje lagt fram forslag om endring av skule- eller barnehagestruktur i budsjett 2018. Elev- og barnetalet i Seljord kommune har endra seg ein god del dei siste fem åra og det kan vere gode grunnar til å vurdere og drøfte om strukturen er tilpassa framtida sine skule- og barnehagebehov. Men ein legg til

grunn at kommunestyret sitt vedtak 30. mars 2017 i sak 23/17, rammetimetal for skulane 2017/18, ligg fast også i neste økonomiplanperiode: *"Rammetimetal til skulane blir fordelt slik det går fram av saksframstillinga. Med tilvisning til formannskapsvedtak 9/17 ynskjer kommunestyret å presisere at det ikkje er ønskeleg med ei geografisk strukturvurdering."*

Ansvar 200 - Undervisningskontoret

Ansvarsområdet inneheld utgifter og inntekter administrert av undervisningskontoret. Driftsnivået vidareført som i 2017. Årskostnad for kjøp av tenester frå Vest-Telemark PP-teneste er justert grunna auke elevtal i grunnskulen.

Ansvar 205 – Avdeling for integrering og vaksenopplæring

Programområde 2, skule og oppvekst, har etablert ei ny avdeling, Avdeling for Integrering og Vaksenopplæring, frå og med 1.9.2017. Avdelinga har ansvar for dei einslege mindreårige, vaksenopplæringa og flyktningtenesta. Ny organisering og samling av tenestene har vore naudsynt grunna stor auke av busetting av flyktningar dei siste to åra. Det er og etablert eit samarbeid med Kviteseid kommune om Vaksenopplæring for deltakarar i Introduksjonsprogrammet i begge kommunane. Busetting av flyktningar er viktig for å oppretthalde folketalet i Seljord kommune. I 2016 og 2017 har kommunen busett om lag 48 flyktningar, eit rekordhøgt tal. Auka busetting kjem parallelt med at talet på nyfødde seljordingar er lågare enn tidlegare år. Nye framandspråklege barn til bygda kompenserer for denne nedgangen.

Samla sett er altså busetting av flyktningar viktig for positiv folketalsutvikling, utvikling av nye arbeidsplassar og for rammeoverføringar/inntekter til Seljord kommune. Det er likevel grunn til tru at det vil bli store endringar i busettingsarbeidet dei neste åra. "Flyktningestraumen" til Noreg er dramatisk endra, frå rekordhøge tal i 2016 til historisk låge tal i 2017. Det ser no ut til å vere politisk fleirtal for å avgrense mottak av flyktningar.

Dei neste åra vil det truleg vere kvoteflyktningar som blir fordelt ut til kommunane. Seljord kommune er, som ein av få småkommunar, oppmoda om busetting av inntil 10 slike flyktningar i 2018. Kva som skjer seinare i økonomiplanperioden er usikkert. Redusert busetting vil ramme det høge driftsnivået vi har etablert i 2017 og tenestene må gjennom store omstillingar for å balansere utgiftene med inntektsnivået i åra framover. Frå hausten 2018 legg ein til dømes til grunn at bustad for dei einslege mindreårige blir lagt ned. Talet på tilsette vil bli redusert frå 9,2 stillingar i 2017 til i overkant av 1 stilling i 2019. Ungdommane må flytte ut i hyblar og vil få oppfølging av miljøarbeidarar ved flyktningtenesta. Reduksjon av talet på flyktningar i perioden 2018 til 2020, vil og føre til redusert aktivitet ved Vaksenopplæringa i økonomiplanperioden. For den nye avdelinga vil 2018 og resten av økonomplanperioden bli prega av endringar og omstillingsarbeid.

Ansvar 210 – Seljord barneskule

Skulen opplever driftsnivået som såpass lågt at det er krevjande å følgje opp den einskilde elev slik det er lagt til grunn i planverk, lov og forskrifter. I opplæringsloven § 8-2, 2. ledd går det fram at *"Klassane, basisgruppene og gruppene må ikkje vere større enn det som er pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarleg".*

Kostnadene ved fleire klassedelingar dei siste åra har ført til reduksjon av talet på delingstimar ved skulen. Det inneber at det blir mindre ressursar til ekstra styrkingstiltak og mindre tid til oppfølging av enkeltelevar. Auka overføringar og statleg satsing på tidleg innsats blir ramma av at den kommunale ressursinnsatsen blir mindre per elev. Det som skulle ha vore ei satsing til tidleg innsats blir såleis i liten grad realisert.

Det er lagt inn auke i driftspostar til lærebøker og IKT-utstyr. Det er innarbeidd 40 % styrking av ressursar til særskilt språkopplæring for framandspråklege elevar. Tilsvarande auke er lagt inn på ungdomsskulen. Det bli no etablert ei språkklasse der elevar frå begge skulane kan få delar av opplæringa si i tillegg til ordinær opplæring i klasse.

Forventningar til skulen etter kapittel 9a, elevane sitt fysiske og psykososiale skulemiljø, har ført til betydeleg større arbeidsoppgåver for rektor dei siste åra. Stillingsressurs for rektorane blei auka i 2017. Seljord ungdomsskule har rektor med 80 % administrasjon og det er ynskjeleg å auke denne til 100 %.

Ansvar 211 – Seljord ungdomsskule

Driftsnivået i 2018 er vesentleg auka. Dette skuldast mellom anna positiv elevtalsutvikling ved skulen, samt betydeleg større oppgåver med framandspråklege elevar som har kome dei siste åra. Frå og med nytt skuleår 2018/19 er det lagt til grunn reduksjon av 100 % lærarstillling og 80 % assistentstilling grunna redusert behov for spesialundervisning. Det er innarbeidd 40 % styrking av ressursar til særskilt språkopplæring for framandspråklege elevar i 2018. Tilsvarande auke er lagt inn på barneskulen. Det blir no etablert ei språkklasse der elevar frå begge skulane kan få delar av opplæringa si i tillegg til og/eller fram til dei kan ta del i ordinær opplæring i klasse.

Forventningar til skulen etter kapittel 9a, elevane sitt fysiske og psykososiale skulemiljø, har ført til betydeleg større arbeidsoppgåver for rektor dei siste åra. Stillingsressurs for rektorane blei auka i 2017. Seljord ungdomsskule har rektor med 70 % administrasjon og det er ynskjeleg å auke denne til 100 %, jf. tiltak utanfor ramma.

Ansvar 212 – Flatdal skule

Flatdal skule er den avdelinga/bygget i programområde 2 med størst behov for vedlikehald og opprusting. Dei siste åra har det vore mykje foreldredugnad for å ta vare på skulebygget, noko Seljord kommune set stor pris på. Men gjennomgang av bygget med hovudverneombod og teknisk etat viser at bygget truleg ikkje tilfredsstillar krava etter forskrift om miljøretta helsevern. Det inneber at kommunen bare kan ha drift i bygget etter dispensasjon. Ein må leggje til grunn at ein må investere i eit nytt skulebygg eller totalrenovere eksisterande bygg i løpet av dei nest tre åra. Ein rår til at det blir etablert ei plangruppe som vurderer behov og kostnader, jamfør investeringsbudsjettet

Ansvar 220 – Heddeli barnehage

Det er rekna utgifter til løn ut i frå personaldekninga ved inngangen til 2018, 312 plassar i bruk i veka/ 64 plassar i bruk om dagen/ om lag 52 barn i barnehagen etter hovudopptak. Det er sidan hausten 2017 innarbeidd 5 % ressurs i alle barnehagane til rettleiing av m.a. nytilsette. Det er krav til slik rettleiing for tilsette i skule og barnehage. Frå og med hausten 2018 blir det lagt til grunn 300 plassar i veka/60 plassar i bruk, jf. vedtatt bemanningsplan frå 2017. Dette utgjer ei stillingsreduksjon frå hausten 2018 tilsvarande 60% stilling.

Grunna ferieavvikling, studiar, permisjonar, sjukdom, sjuke barn m.m. er ein ofte underbemanna i høve til gjeldande politisk vedtatt bemanningsplan. Dette sjølv om ein har 100 % vikarressurs. Det er også i år ynskje om auke av vikarressurs i barnehagane, men utan at det er funne rom for slik auke. Det er signalisert frå sentrale styresmakter at ein ynskjer ein nasjonal bemanningsnorm, utan at dette er konkretisert utover at 50 % av dei tilsette skal vere barnehagelærarar og at grunnbemanninga skal vere forsvarleg. Lokalt i Seljord har vi om lag 60 % dekning av barnehagelærarar. Det ser ut til at det er låge fødselstal i Seljord kommune i 2017. Tendensen med færre fødde barn vil etterkvart føre til mindre press på barnehagane i sentrum.

Ansvar 221 – Tussejuv barnehage

Det er rekna utgifter til løn ut i frå personaldekninga ved inngangen til 2018, samt 360 plassar i veka/72 plassar om dagen/om lag 58 barn i barnehagen etter hovudopptak. Det er innarbeidd 5 % ressurs i alle barnehagane til rettleiing av m.a. nytilsette. Det er krav til slik rettleiing for nytilsette i skule og barnehage. Bemanning av barnehagane er regulert av barnehagelova og på dagar med mykje fråvere kan ein risikere at barnegruppene er underbemanna i høve til bemanningskrav, jf. budsjettkommentar under Heddeli barnehage. Auke i fast vikar fører til reduserte utgifter til tilfeldige vikarar og er positivt for miljøet og kvaliteten i barnehagen. Det ser ut til at det er låge fødselstal i Seljord kommune i 2017. Tendensen med færre fødde barn vil etterkvart føre til mindre press på barnehagane i sentrum.

Ansvar 222 – Flatdal barnehage

Det er rekna utgifter til løn ut i frå personaldekninga ved inngangen til 2018, tilsvarande 120 plassar i bruk i veka/ 24 plassar om dagen/om lag 20 barn om dagen etter hovudopptak. Det er innarbeidd 5 % ressurs i alle barnehagane til rettleiing av m.a. nytilsette. Det er krav til slik rettleiing for tilsette i skule og barnehage. Det ser ut til at det er låge fødselstal i Seljord kommune i 2017. Tendensen med færre fødde barn vil etterkvart føre til mindre press på barnehagane i sentrum. Flatdal barnehage har fortsatt fleire søkjarar enn det er plass.

Ansvar 223 – Åmotsdal barnehage

Det er rekna utgifter til løn ut i frå personaldekninga ved inngangen til 2018, samt 105 plassar i bruk i veka/ 21 plassar om dagen/om lag 15 barn om dagen etter hovudopptak for 2017/18.

Drift i hovudsak vidareført som i 2017.

Det ser ut til at det er låge fødselstal i Seljord kommune i 2017. Tendensen med færre fødde barn vil etterkvart føre til mindre press på barnehagane i sentrum. Frå hausten 2018 vil 5 barn frå Åmotsdal barnehage starte i skulen i Flatdal. Da er det grunn til å tru at det bare vil vere om lag 8-9 barn i barnehagen frå august 2018.

Ansvar 230 – Kulturskulen

Det er rekna utgifter til løn ut i frå personaldekninga ved inngangen til 2018. Drift vidareført som i 2017.

Driftstiltak som ikkje er med i rådmannens budsjettframlegg

Tiltak	2018	2019	2020	2021
PO 2 - Prioritet 1: Auke leiarressurs rektor ungdomsskulen med 30%, jf. strategi 1.3.6 og tiltak 1.3.6.1 i handlingsprogram for Seljord kommune.	80.000	192.000	192.000	192.000
PO 2 - Prioritet 2: Auke leiarressurs rektor barneskulen med 20%, jf. strategi 1.3.6 og tiltak 1.3.6.1 i handlingsprogram for Seljord kommune.	53.000	128.000	128.000	128.000
PO 2 - Prioritet 3: Elevgarderobe barneskulen, jf. strategi 2.1.2 og tiltak 2.1.2.2 i handlingsprogram for Seljord kommune.	162.000			
PO 2 - Prioritet 4: Digitalt samarbeid skule/bhg-heim, jf. strategi 2.1.2 og tiltak 2.1.2.6 i handlingsprogram for Seljord kommune.	80.000	25.000	25.000	25.000
PO 2 - Prioritet 5: Deltaking i Ungt entreprenørskap Telemark (UE), jf. strategi 2.1.2 og tiltak 2.1.2.9 i handlingsprogram for Seljord kommune.	35.000	35.000	35.000	35.000
PO 2 - Prioritet 6: Samarbeid og kjøp av tenester Den økologiske hagen, jf. strategi 2.1.2 og tiltak 2.1.2.4 i handlingsprogram for Seljord kommune.	50.000	50.000	50.000	50.000

PO 2 - Prioritet 7: Kjøkkenhjelp i Tussejuv barnehage, jf. strategi 2.1.3 og tiltak 2.1.3.2 i handlingsprogram for Seljord kommune.	66.870	159.962	159.962	159.962
PO 2 - Prioritet 8: Kjøkkenhjelp Heddeli barnehage, jf. strategi 2.1.3 og tiltak 2.1.3.2 i handlingsprogram for Seljord kommune.	66.870	159.962	159.962	159.962
PO 2 - Prioritet 9 : Kjøkkenhjelp Flatdal barnehage, jf. strategi 2.1.3 og tiltak 2.1.3.2 i handlingsprogram for Seljord kommune.	32.780	79.981	79.981	79.981

Programområde 3 Helse og omsorg

Ansvar 310 – Legetenester

Legetenester omfattar drift av legetenesta inkl. legevakt. Kommunen har 3,8 legeårsverk pluss to turnuslegar.

Det er lagt inn som eige tiltak 20 % auke i stilling som sjukepleiar/hjelpepersonell ved legekontoret. Det er også lagt inn ei forventa auke i statlege refusjonar som fylgje av at 2 av legane vert ferdige spesialistar i allmennmedisin i 2018. Denne inntektsauken meir enn finansierar utgifta til den aktuelle stillingsauken.

Ansvar 311- Legevakt

Seljord og Kviteseid har felles legevakt på ettermiddag, kveld og helg. Frå 1. juli 2017 vart det etablera eigen legeberedskap på natt, som fylgje av at Notodden omorganisera si legevakt frå same tid. Seljord og Kviteseid kjøper difor no berre telefonteneste på natt frå Notodden.

Etter vedtak i kommunestyra i Vest-Telemark(med unnatak av Nissedal og Fyresdal som nyttar legevakta i Arendal) har det vore gjennomført ei utgreiing av mogelegheiter for legevaktsamarbeid mellom kommunane, noko som ville vore økonomisk gunstig. Det interkommunale utgreiingsarbeidet har ikkje gjeve noko resultat. Ny akuttmedisinforskrift stiller auka krav til kompetanse på legevakt, og krav om spesialist i bakvakt der vakthavande lege ikkje har naudsynt kompetanse. Særleg grunna kravet til ny bakvaktsordning frå 1. mai 2018, vil utgiftene til legevakt auke neste år. Det er grunn til å tru at ein vil få noko statstilskot til dette føremålet også i 2018, som kan redusere kommunens netto utgiftsauke. Dette er teken høgde for i budsjettframlegget.

Den nye avtala med Notodden legevakt om telefon/svarteneste på natt har blitt dyrare enn etter den gamle ordninga. Det har difor vore drøfta i samarbeidsrådet for legevakta, etablering av ein lokal svarteneste på natt organisera som ein beredskapsvaktordning for sjukepleiar med heimevakt. Etter ein foreløpig vurdering trur ein at dette båe blir ein billigare løysing og ein kvalitativt minst like god ordning den me har i dag med Notodden. Tiltaket er førebels lagt inn med verknad fyst frå 2019 grunna eit års oppseiingstid på avtala med Notodden. Det vil likevel vere rett å gjere ein nøyare kostnadsvurdering kring tiltaket samt ei ROS-analyse for å kvalitetssikre vurderingane. I samband med det vil det også bli fremma ei sak til politisk handsaming.

Ansvar 311 - Fysioterapiteneste

Kommunen har ein fysioterapeut i 100 % stilling, turnuskandidat i 100 % stilling og driftsavtale med privatpraktiserande fysioterapeut i 100 % stilling. Kommunen mottar fastlønstilskot for kommunal fysioterapeut og turnuskandidat. Privatpraktiserande fysioterapeut mottar årleg driftstilskot frå kommunen. Driftstilskotets storleik vert fastsett sentralt med mindre årlege justeringar.

Kommunefysioterapeuten arbeider på fleire felt, både når det gjeld barn, unge og eldre som treng trening og rehabilitering i tillegg til råd og rettleiing. Kommunefysioterapeuten er hjelpemiddelansvarleg i kommunen, med viktige formidlings- og rettleiingsoppgåver på det området.

Kommunefysioterapeuten spelar også ei viktig rolle i det arbeidet kommunen gjer i høve til kvardagsrehabilitering, med ein sentral rettleiingsfunksjon overfor dei tilsette og brukarar i ulike delar av omsorgstenesta. Det har difor vore eit ynskje om å auke kommunens fysioterapiressursar, noko som det førebels ikkje har vore rom for å innarbeide i drifta. Sittande regjering har vedteke at kommunane frå 2020 vil bli pålagt å tilsette ergoterapeut. Ei eventuell auke i fysioterapeutressurs vil difor måtte sjåast i samanheng med den reforma, da desse to fagprofesjonane i praksis overlappar kvarandre ein del.

Det er ikkje lagt inn endringar i fysioterapibudsjettet for 2018.

Ansvar 312 – Helsestasjon

Helsestasjonen har 1 årsverk for jordmor og 2,0 årsverk for helsesyster (auka med 0,2 årsverk i 2014 og 0,2 årsverk i 2015 ved hjelp av øyremerka tilskot frå staten). I tillegg vart helsesyster auka med ytterlegare 10 % st. gjennom ein søknad om tilskot frå Helsedirektoratet i 2016.

Når det gjeld jordmor er 60 % av stillinga knytt til vaktberedskapen i Vest-Telemark, medan 40 % har vore kommunal ressurs til oppfølging i svangerskap og barsel. Seljord kommune finansierer 30 % stilling i vaktberedskap, øvrige kostnader til beredskap vert dekt av Sykehuset Telemark.

Kommunestyra i Vest-Telemark har vedteke at frå 1.1.18 skal kommunejordmortenesta samorganiserast med vaktberedskapen inn i ein vertskommunemodell med Vinje kommune som ansvarlig vertskommune.

Det er lagt inn 20 % stillingsauke i 5 månader pga. behov for å fylgjer opp mange flyktningar, som kom seint i 2017. Det er elles ikkje gjort nemneverdige endringar i budsjettet for helsestasjonen frå 2017 til 2018..

Ansvar 313 - Drift helsesenter

Budsjettet omfattar reinhald og andre driftskostnader relatert til bygg (straum og eigedomsavgifter), og er i store trekk ei vidareføring av budsjettet frå tidlegare år.

Ansvar 321 – Barnevernstenesta

Barnevernstenesta er organisera gjennom eit samarbeid mellom alle kommunane i VT og med Kviteseid som vertskommune. Kviteseid kommune hadde opphavleg eit budsjett for 2017 på kr5.748.000. I samband med siste budsjettkontroll i oktober 2017 tyder det på at samla utgifter for 2017 vil ligge på kr 6.698.000, kr 950.000 over opphavleg budsjett.

I 2018 meiner vertskommunen at det er grunnlag for å budsjettere med kr 6.317.000, eit beløp som altså ligg kr 381.000 under det justerte budsjettanslaget for 2017.

Ansvar 330 – Tenestekontoret

Tenestekontoret er mellom anna tillagt ansvaret for sakshandsaming av alle søknader om tenester innan pleie- og omsorgstenesta.

Tenestekontoret har også ansvar for individuell plan og dagleg koordinering av tenester og "flyt" av pasientar mellom sjukehus og dei ulike delar av tiltakskjeda innan kommunens omsorgsteneste. Kontoret er bemanna med 2,8 årsverk.

Kommunaldepartementets effektivitetsundersøking synte at Seljord kommune hadde eit potensial for betre effektivitet, noko som m.a. hadde si årsak i presisjonsnivået i utforminga i ulike type einskildvedtak. Tenestekontoret har difor jobba mykje med å utvikle ein ny vedtaksmal og revidera ei rad vedtak for å få dei inn i ny mal og i samsvar med kriteria i IPLOS. Dette er eit arbeid som vil helde fram inn i 2018. Kommunestyret vedtok ein ny forskrift om kriterii for tildeling av sjukeheimsplass og rett til å bli sett på venteliste. Forskrifta vert sett i verk frå 1. juli 2017.

Kursbudsjettet på ansvar 330 omfattar alle tilsette innan ansvar 330 – 337.

Det er berre gjort mindre justeringar i budsjettopplegget for 2018 i høve til inneverande år.

Ansvar 331 - Heimetenester

P.g.a. stadig tidlegare utskriving frå sjukehus og auka innsats innan kvardagsrehabilitering har arbeidsmengda for heimesjukepleia i seinare tid vore aukande. Heimesjukepleia gjer også i aukande grad pleieoppgåver på bu og servicesentra Heddeli og Steinmoen.

Med dagens bemanning er det berre to tilsette på vakt på kveld i heimesjukepleia, der den eine også har ei redusera vaktlengde. Det same er tilfelle i helgane. Med mange pasientar som skal besøkast kvar kveldsvakt, vert dette opplevd som belastande for dei tilsette. Fleire seier dei kan grue seg til å gå på jobb.

Det er likevel god rekruttering til heimetenesta, også når det gjeld sommarvikarar. For andre året på rad har det difor ikkje vore behov for å kjøpe ferievikar frå bemanningsbyrå. Noko som også kan ha samanheng med at kommunen dei siste to åra har gjeve ein liten lønsstimulans pr. vakt for deltidstilsette som tek ekstra ferievakter. Avdelinga sitt budsjett for kjøp av vikarar er difor redusert noko i 2018. Elles er det berre gjort mindre justeringar på drifta.

Ei betra bemanning i heimesjukepleia vil styrke tenestetilbodet til brukarane, ikkje berre ute i heimane, men og ved Heddeli og Steinmoen. Ei sterk og effektiv heimeteneste gjer det mogeleg for brukarane å bu lengre i eigen heim, noko som vil bidra til å dempe det store presset på kommunens sjukeheimsplassar.

Seljord kommune har få sjukeheimsplassar, noko som også fører med seg auka press på heimetenesta. For å avlaste sjukeheimskapasiteten, er det difor lagt inn som eige tiltak, båe på investering og drift i 2018 og økonomiplanperioden, etablering av ein heildøgns kortids- og rehabiliteringsbustad med 4 plassar. Tiltaket er tenkt lokalisera til dei tre omsorgsbustadene nærast sjukeheimen. Tiltaket vil truleg føre til redusert behov for kjøp av sjukeheimsplassar i nabokommunar og vil styrke rehabiliteringsarbeidet i kommunen. Formannskapet vedtok i oktober 2017 at dette tiltaket skulle utgreiast og takast med i budsjettframlegget for 2018. Forslaget legg opp til ein enkel ombygging i fyste halvår og ei oppstart av drifta i oktober 2018.

Når bukollektivet i Nesvegen 7 er klar til opning i oktober 2018, vil denne eininga fagleg og til dels administrativt bli underlagt heimetenesta, langt på veg etter same modell som Heddeli bu og servicesenter vert organisera i dag.

Ansvar 332 - Avdeling for psykisk helsearbeid og rusomsorg

Regjeringa starta i 2016 ein ny opptrappingsplan for psykisk helse og rusfeltet. Samla er det for 2016 og 2017 tilført i alt kr 442 000 i ekstra overføringar frå staten i kommunens rammetilskot til dette formålet. For 2018 er det i framlegg til statsbudsjett foreslått ei ytterlegare opptrapping på kr 131 000.

Dette er grunnlaget for at den tidlegare midlertidige stillinga som rusterapeut vart gjort fast i 2017. Kommunen vil truleg behalde statlege tilskot frå Fylkesmannen til delvis finansiering av stilling også i 2018, rett nok etter en noko redusert sats, og dette er teken høgde for i budsjettframlegget.

Det er lagt inn ei innsparing på faste stillingar tilsvarande 20 % heimel i 2018 grunngjeven i det generelle innsparingskravet på kr 2,5 mill. Som fylgje av at statstilskottet frå Fylkesmannen venteleg fell bort, er det vidare lagt opp til ei ytterlegare stillingsreduksjon ved avdelinga tilsvarande om lag 50 % stilling i 2019.

Seljord kommune vart tidleg på året 2017 i praksis pålagd å etablere eit døgntilbod til ein brukar med alvorlege problem. Båe fagleg og økonomisk vert dette løyst best ved kjøp av ein plass i kommunal heildøgns bemanna bustad i Tinn. Behovet er permanent og avtala med Tinn kommune vil bli forlenga. Tiltaket er i 2017 finansiera via kommunens disposisjonsfond. I 2018 er kostnaden foreslått lagt inn i avdelinga sitt driftsbudsjett.

Det er lagt inn ei lita auke i ressurs til reinhald kr 15.000.

Ansvar 333 - Sjukeheimen

Sjukeheimen har også i 2017 hatt ein nedgang i bruk av vikarbyrå til å dekke behovet for ferievikarar. På same vis som for heimetenesta kan dette henge saman med den ekstra kompensasjonen for deltidstilsette som tek ekstra ferievakter. Auken i meirutgifter til kjøp av sjukeheimsplassar i nabokommunar som starta i 2016, har heldt fram i 2017 og nådd ein ny topp på hausten, etter at byggearbeida ved demensavdelinga og Nesvegen 7 starta opp. I perioden fram til tilbygget er ferdig i mars 2018 har kommunen 2 færre sjukeheimsplassar. Budsjettposten for kjøp av plassar er difor auka noko i 2018. Det er grunn til å tru at når talet på sjukeheimsplassar ved demensavdelinga aukar frå 6 til 8 i mars 2018, og viss ein i tillegg etablerer ein rehabiliteringsavdeling under heimetenesta, vil behovet for å kjøpe plassar i nabokommunar bli redusera.

I samfunnsdelen av den nye kommuneplanen som blei vedteken i 2017 er det lagt opp til at ein skal starte opp ein kommunedelplanprosess for helse og omsorgstenesta så snart som råd. Framskrivingstal frå SSB over eldrepopulasjonen i Seljord syner at det vil bli ei markant auke i talet på eldre over 80 år få

2014/2025. Denne utviklinga vil truleg skape behov for ytterlegare opptrapping av talet på sjukeheimsplassar. Dette vil bli blant dei sentrale punkta å greie nærare ut i den nye kommunedelplanen for helse og omsorg.

Det er lagt inn i budsjettet eit kutt på i alt 80 % stilling ved sjukeheimen for 2018 som bidrag til den generelle innsparinga på samla drift med kr 2.500.000 mill. Av dette utgjer 50 % ei stilling som har ligge i ramma, men som ikkje har vore i bruk på ei stund. I tillegg er lagt inn eit 30 % stillingskutt, der ein for å få full effekt vil vere avhengig av å seie opp ein mellombels vikaravtale. Dei driftsmessige konsekvensane av dette kuttet er førebels noko usikre. Men sjukeheimen har i alt 4 årsverk personalressurs inne i si daglege drift, som kjem i tillegg til grunnturnusen og som i praksis dekker avdelinga sitt vikarbehov. Det er difor noko usikkert om denne reduksjonen i bemanninga vil kunne føre med seg auka bruk av vikarbudsjettet.

I samband med at noverande avdelingsleiar ved somatisk avdeling gjeng av med pensjon frå 1. september 2018 vil tida vere mogen for å tilsette ein felles avdelingsleiar for heile sjukeheimen inklusive demensavdelinga. Ei administrativ arbeidsgruppe som jobbar med organiseringa av det nye bukollektivet og dagaktivitetssenteret i Nesvegen 7, har foreslått at ein under ei felles leiing etablerer tre fagområde med kvar si fagleiar, som også kan utføre nokre enkle administrative oppgåver innan sitt område. Dei tre fagområda er demens, rehabilitering og geriatri. Når det gjeld fagområdet demens i denne nye modellen, ser ein for seg at det nye dagaktivitetssenteret i Nesvegen 7 administrativt vert kopla opp mot sjukeheimen og fagleg underlagt kontaktsjukepleiar for demens.

Avdelinga har spela inn behov for nye utskiftingar av nedsliten inventar. Dette er så langt som råd teken høgde for i budsjettframlegget. Posten for kjøp av plassar i nabokommunar er høgda med kr 400.000 i 2018. Denne kan eventuelt reduserast med kr 500 000 att i 2019 viss ein set i drift ein døgnbemanna rehabiliteringsbustad som er foreslått etablera ved eksisterande omsorgsbustad Nesbukti.

Elles er det berre gjort mindre justeringar i driftsopplegget for sjukeheimen for 2018.

Ansvar 334 - Heddeli bu- og servicesenter

Nytt bygg i Nesvegen 7 til erstatning for Heddeli bu –og servicesenter er i rute og er planlagt innflyttingsklar i oktober 2018.

Dels grunna den dårlege sjukeheimskapasiteten har det gjennom store delar av 2017 vore forholdsvis dårlege bebuarar ved bufellesskapet. Noko som har gjort det naudsynt med ei ekstra kveldsvakt, i tillegg til den eine som ordinært er på jobb på kveld. Like eins har det vore mykje uro på natt, noko som i praksis har ført med seg at den passive nattevakta har vore vaken, ein ressursbruk som ikkje ligg inne i den driftsramma avdelinga rår over. Det blir difor eit meirforbruk i drifta av avdelinga i 2017.

I budsjettopplegget for 2018 er det teken høgde for at det vil vere trong for ei ekstra kveldsvakt fram til bebuarane vert flytta til Nesvegen 7 i oktober. Dette ved at posten for ekstrahjelp er auka med kr 365.000. Det er ikkje lagt inn meir midlar til nattvakt fram til flytting. Det same gjeld for perioden etter flytting er gjennomført, då ein legg til grunn at m.a. auke i talet på sjukeheimsplassar frå 29 til 31 skal føre til at behovet for slike ekstratiltak skal bli redusera att.

Ansvar 335 - Steinmoen bu- og servicesenter

Budsjettet for 2018 er i hovudsak ei vidareføring av driftsnivået i 2017, med mindre justeringar av meir teknisk karakter. Avdelingsleiar har også ved denne budsjetthandsaminga peika på behovet for meir helsefagleg kompetanse, da ein også her merkar at brukarane blir meir hjelpetrengande.

Ei del tiltak frå siste vernerunderapport i juni 2017 er i ferd med å bli fylgt opp. M.a. gjeld det generelt dåleg belysning i alle rom samt det faktum at det er eit opplevd dårleg inneklima ved bufellesskapet noko som naturleg har si årsak i at det ikkje er noko ventilasjonsanlegg på huset. Dette har kommunalsjef spela over til teknisk avdeling som vil gjennomføre inneklimamålingar i nær framtid.

Eige tiltak for kjøp av noko inventar og utstyr er omtala i Arena. Det er elles berre mindre endringar i forslag til budsjett for 2018 for denne avdelinga.

Ansvar 336 - Omsorgsbustader

Husleiga er justert etter konsumprisindeksen. Og inntektsanslaget er justera noko ned, m.a. fordi dei tre bustadene ved Nesbukti er foreslått omdisponera til ein rehabiliteringsavdeling.

Ansvar 337 - Butilbod og tiltak for funksjonshemma

Avdelinga omfattar omsorgsbustader med heildøgns personalbase og fellesareal (Heddelitunet) med i alt 9 bustader. Fem av desse er ”inne” og tre andre i nærleiken av personalbasen og fellesarealet. I tillegg er det 1 bustad, som vert nytta til avlastning på helg for eit born som elles bor heime hjå foreldre. Det er i alt 12 brukarar, der 3 av dei bur i eigne heimar andre stader i kommunen.

Avdelinga har i tillegg ansvar for drift av eit aktivitetssenter som leiger lokale i bygningane til DPS – Seljord og som vart opna hausten 2014. Senteret har fått ny aktivitetsleiar tidlegare hausten 2016.

Det er tilsett ny avdelingsleiar som starta i jobben i januar 2017. I samband med Fylkesmannens tilsyn hausten 2016 vart det påvist i alt 6 avvik/lovbrot ved avdelinga si drift. Det har vore lagt ned eit stort arbeid gjennom året 2017 for å forbetre rutinar og system og å lukke avvik. Dette arbeidet vil halde fram i ein kortare periode inn i 2018, då alle avvik venteleg vil vere lukka.

Ein del av dette forbetringsarbeidet har vore knytt til ein gjennomgang av alle einskildvedtaka på tenester, eit arbeid som er gjort i samarbeid med tenestekontoret. Det er lagt inn forslag om at avdelinga skal kutte i fast stilling med 0,2 årsverk i 2018, som ein del av den generelle innsparinga på kr 2.500.000 for heile kommunen. Samstundes har avdelingsleiar utarbeida ei samla oversikt over tildelte timar i einskildvedtak og anna naudsynt tidsbruk som peikar i retning av at avdelinga allereie har for lite personalressursar. Det vil difor vere naudsynt med ein nærare gjennomgang av avdelinga sin situasjon og korleis det eventuelt skal vere mogeleg å gjennomføre den reduksjonen som er foreslått.

Driftstiltak som ikkje er med i rådmannens budsjettframlegg

Tiltak	2018	2019	2020	2021
PO 3 – Halde fram arbeidet med å bygge opp kommunens demensteam, 20%, jf. Strategi 2.2.5. tiltak 2.2.5.1 i handlingsprogram for Seljord kommune.	**114.937**	**114.937**	**114.937**	**114.937**
PO 3 – Greie ut alt. løysingar for nytt dagsenter for brukarar innan avd. for psykisk helse/rus samt kontorløysingar for dei tilsette. Jfr. strategi 2.2.4. tiltak 2.2.4.2.	**Praktisk løysing og kostnad er førebels uviss.**			
PO 3 - Jamlege brukarundersøkingar, jfr. strategi 2.2.1 tiltak 2.2.1.2.		**Løysing og kostnad er førebels uviss.**		
Po3- Nødvendig inventar og utstyr Steinmoen	**104.000**			
PO3- Etablering av døgnbemanna bustad for rehab./korttid- driftsutgift inkl. renter og avdrag på lån	**445.107**	**1.641.876**	**1.640.421**	**1.638.965**

Programområde 4 Kultur, næring og utvikling

Ansvar 410 – Plan og utvikling

Budsjettet omfattar 40 % konsulent/rådgjevarstilling og omlag kr 760.000 til planhandsaming. Det er lagt inn ei reduksjon på kr 30.000 som ein del av innsparinga på kr 2.500.000. I 2018 vil midlane nyttast til rullering av kommuneplan (arealdel) for Seljord, samt kommunal del av ny Klima og miljøplan, jamfør Planstrategi. Det ligg og kr 500.000 i søkologmidlar til søknadsskriving for å dekkje opp kommunale eigendeler i prosjekt knytt til handlingsprogrammet.

Ansvar 411 – Landbruk og miljø

Løn og driftsmidlar til landbruksrådgjevar og natur- og miljørådgjevar. Kommunestyret har disponert ein budsjettpost på kr 200.000 i tilskot til landbruksføremål frå Næringsfond, denne er vidareført. Det er redusert med kr 30.000 som ein del av innsparinga på kr 2.5 mill. frå kr 85.000 til kr 55.000 til postar som gjeld kjøp av rådgjeving/konsulenttenester i samband med landbruksrelatert næringsutvikling og naturkartlegging /naturhendingar/konsesjon samt juridisk bistand. Kr 51.000 er vidareført til det store vassforvaltningsplanarbeidet for Midtre Telemark vassområde.

Flaumsikringstiltak som skal gjennomførast i 2018 (som ikkje blei gjennomført i 2017) er vidareført med bruk av kr 1.000.000 frå disposisjonsfond.

Ansvar 440 – Kultur og næring

Budsjettet omfattar løn og driftsmidlar til kultur- og næringssjef, bibliotek, badevaktar og reinhald på symjehallen. Ansvarsområde omfattar fleire budsjettpostar som er fordela på tenestane innafor ungdomsarbeid, folkehelse, idrett, friluftsliv, frivillig arbeid, nærings- og utviklingsarbeid, bibliotek og symjehall. Vidare er det større og mindre tilskotpostar knytt til kulturarrangement, tilskot til drift av Vest-Telemark Museum og Seljord kunstforeining.

Som ein konsekvens av forslag til statsbudsjett har ein lagt opp til ei overføring på kr 526.000 til friviljugsentralen, kor kr 392.000 utgjer statens bidrag som no blir overført til kommunane (kommunal del kr 134.000).

Ny leige til bibliotek er lagt inn med ei ramme på kr 602.000, dette inkluderer reinhald.

Formannskapet vedtok i sak 86/16 å gje eit etableringstilskot til Telemark Bilruter AS si etablering på nytt areal ved Nordbygdi. (Kostnaden for VA leidning åleine er etter berekningar frå Sweco på omlag kr 2.000.000 eks mva.) Summen låg inne i budsjett 2017, men då denne ikkje er utbetalt vidareførast

summen til 2018 budsjettet. Jamfør EØS reglement for bagatellmessig stønad frå det offentlege, kan ikkje kommunen gje meir ein 100.000 euro over tre rekneskapsår, dvs. omlag kr 900.000 etter dagens kurs. Beløpsgrensa for bagatellmessig stønad er lågare for vegtransportsektoren (bl.a. kollektivtrafikken) enn elles, der grensa er 200.000 euro. Denne summen må ein nytte disposisjonsfond til å dekkje.

Telemark fylkeskommune har varsla at det vil vere vanskeleg for dei å bidra med midlar til kommunane som tidligare, grunna at regionale utviklingsmidlar ikkje vert vidarefinansiert frå staten i same grad som tidligare. For Seljord kommunes del utgjer dette ei inntektsreduksjon på kr 188.000. Desse midlane har kommunen nytta primært til kjøp av tenester og leige av lokale i Næringshagen. Bruken er heimla i ein avtale med ei varigheit til og med fyrste halvår 2019. For å sikre at kommunen kan stå ved sin forplikting jamfør avtala er det føreslått bruk av næringsfond for å dekkje opp tapt inntekt.

Jamfør vedta i formannskapssak 109/16 "Seljord kommune ser positivt på forslag til organisasjons- og finansieringsmodell etter Telemarksmodellen for det organiserte reiselivsapparatet i Telemark. Seljord kommune ynskjer å inngå i ein samarbeidsmodell mellom kommunen og Visit Telemark".
Kommunens eigendel på kr 142.000 for deltaking i Telemarksmodellen er no klar etter at VisitTelemark er valt som samarbeidspart
Finansiering over kommunalt næringsfond, budsjettpost tilskot til næringsfond er i rådmannens budsjettframlegg blitt redusert med kr 142.000.

Næringsfond I disponering i budsjett 2018

Konto	Ans	Teneste	Kontonamn	Bruk i ramma	Budsjett 2017	Budsjett 2018
19501	110	8800	Bruk av bunde fond - Næringsfond I	Gjeld/avdrag	Kr 212.000	Kr 212.000
19501	410	3252	Bruk av bunde fond - Næringsfond I	Summen gjeng til planhandsaming / samfunnsutvikling.	Kr 100.000	Kr 100.000
19501	411	3255	Bruk av bunde fond - Næringsfond I	Tilskot til andre i landbruk/næring	Kr 200.000	Kr 200.000
19501	440	3250	Bruk av bunde fond - Næringsfond I	Lønn næringssjef (50% stilling) inkl. sosiale utgifter	Kr 377.000	Kr 400.000

19501	440	3252	Bruk av bunde fond - Næringsfond I	Bruken er lista opp i tabell nedanfor	Kr 1.040.000	Kr 1.029.000
Totalt for Næringsfond i budsjett Til disposisjon for programområde 4					Kr 1.941.000 Kr 1.728.000	Kr 1.941.000 Kr 1.728.000

Bruk av Næringsfond I	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Møtestad Seljord	Kr 437.000	Kr 444.000*1
Telemark interkommunale næringsfond	Kr 75.000	Kr 75.000
Tilskot til næringsføremål (nye i 2018)	Kr 453.000	Kr 125.000*2
Tilskot til løypekjøring	Kr 75.000	Kr 75.000
Tilskot til Seljord næringshage	Kr 0	Kr 138.000*3
Medlemskontingent Telemarksvegen	Kr 0	Kr 30.000 *4
Totalt.	Kr 1.040.000	Kr 1 029.000

*1 Auka er pga. prisindeks regulering i overføringar til Møtestad Seljord

*2 Summen er det som er att til løyvingar for formannskapet/kommunestyret

*3 Seljord kommune har ein avtale fram til 2. halvår 19 om kjøp av konsulenttenester og leige av areal i næringshagen. Dette har vore finansiert gjennom løyve frå TFK på såkalla regionale mildar. Desse midlane har kommunen fått varsel om at fell ut frå og med 2018. Seljord kommune må likevel oppretthalde sin skyldnad til Seljord næringshage jamfør avtala.

*4 Jamfør vedtak formannskapssak 34/17 Seljord kommune aksepterer medlemskontingenten i Telemarksvegen på kr 30.000 frå 2017. Medlemskontingenten skal betalas av Næringsfond/kraftfond.

Driftstiltak som ikkje er med i rådmannens budsjettframlegg

Tiltak	2018	2019	2020	2021
PO 4 – Prioritet 2: Kommunal deltaking i villreinprosjekt i Brattefjell - Vindeggen	25.000			
PO 4 - Prioritet 3: Jamfør tiltak 2.4.2.1 i handlingsprogrammet; Auke i tilskot til Seljord frivillig sentral	100.000	100.000	100.000	100.000
PO 4 - Prioritet 4: Jamfør tiltak 1.3.9.1 i handlingsprogrammet; Skiltstativ 11 stk. (erstatte gamle infoskilt)	160.000			
PO 4 - Prioritet 5: Jamfør tiltak 1.3.1.1 i handlingsprogrammet; Prosjekt nye sykkelkart	50.000			
PO 4 - Prioritet 6: Jamfør tiltak 1.3.2.1 i handlingsprogrammet; Kommunalt bidrag til Telemarksveka	50.000	50.000	50.000	50.000
PO 4 - Prioritet 7: Jamfør tiltak 1.3.9.1 i handlingsprogrammet; Nye velkommen til Seljord skilt	50.000			

PO 4 - Prioritet 8: Jamfør tiltak 1.3.1.1 i handlingsprogrammet; Tilskott til VandreTelemark	25.000	25.000	25.000	
PO 4 - Prioritet 9: Jamfør tiltak 1.3.4.3 i handlingsprogrammet; Driftstilskot til Seljord Næringshage	500.000			
PO 4 - Prioritet 10: Jamfør tiltak 2.4.2.1 i handlingsprogrammet; Tilskot til opparbeiding av Seljord Hage	200.000			

Programområde 5 Teknisk

Ansvar 500 – Avdelingskontor teknisk

Budsjettet omfattar løns- og driftsmidlar til teknisk sjef og 80 % konsulent og er ei vidareføring frå tidlegare år.

Ansvar 510 – Vedlikehaldsavdeling

Budsjettet omfattar løns- og driftsmidlar til vaktmeistrar og fagarbeidarar. Vidare kostnadar til drift og vedlikehald av bilar, maskiner og utstyr, samt kostnadar til vedlikehald av kommunale bygningar og utstyr. Kostnadar til utstyr aukar etter som utstyret blir eldre, og fleire av dei kommunale bygningane har mykje teknisk utstyr som må vera i orden for at bygget skal fungere (varmepumper, ventilasjonsanlegg mm.). Vedlikehaldsposten er redusert med kr 60.000 jamfør reduksjon i drift på kr 2.500.000. Det er eit stadig aukande vedlikehald etterslep på fleire av dei kommunale bygga. Skulane er dei som har størst trong for eit auka vedlikehald, og Flatdal skule er den skulen som har flest utfordringar knytt godkjenning etter "FORSKRIFT OM MILJØRETTA HELSEVERN I SKOLER".

Vedlikehald som tidligare har vore kjøpt gjennom driftsavdelinga til Seljord Personal, er tatt tilbake til vedlikehaldsavdelinga. Seljord Personal har varsla opphør frå 1.1.18 på desse tenestane. Summen på kr 250.000 er brukt for å styrka lønnsutgifter til tilsette no når kommunen må løyse dette i eigen regi.

Ansvar 520 – Plan- byggje- og delesaker, kart og oppmåling

Budsjettet er vidareføring av driftsnivået i 2017, og omfattar løns- og driftsmidlar til plan- og byggesakshandsaming og oppmåling/kartverk med 200 % stilling, samt tinglysingsgebyr. Inntekter er gebyr etter Plan- og bygningslova (gebyr for byggesak, private reguleringsplanar og oppmålingsgebyr). Byggjesaksgebyret er auka med SSB byggekostnadsindeks og oppmålingsgebyret med Statens Kartverks indeks for kart- og oppmålingsarbeid.

Ansvar 530 – Kommunale vegar

Budsjettet omfattar utgifter til drift og vedlikehald av kommunale vegar og vegljos, der nær halvparten blir bruka på vinter-vedlikehald (snøbrøyting og strøing). 10 % går til drift og vedlikehald av vegljos. For å oppretthalde dagens standard og for å komme a jour med vedlikehaldsetterslep på kommunale vegar og bruer må vedlikehaldsposten auke. Det er ikkje funne rom for dette i årets budsjettframlegg, det er derimot vore naudsynt å redusert med kr 60.000,- jamfør reduksjon i driftsbudsjettet på kr 2.500.000. Det er lagt inn eit større naudsynt vedlikehald av Vallar bru som er kostnadsrekna til ca. kr 1.400.000 i 2018 og kr 500.000 i 2020. Vidare er det jamfør formannskapsvedtak 80/17 - Kjøp av feiemaskin, redusert med kr 80.000 på driftsbudsjettet

Ansvar 540 – Brann- og feiarvesen

Budsjettet omfattar utgifter til feietenesta i kommunen (via Vest-Telemark Brannvesen) og løns- og driftsutgifter til brannvesenet. Utgifter til feiing blir dekt av feie- og tilsynsgebyr, frå 2017 til 2018 ventast gebyrinntektene å minke med omlag 32,1 % frå kr. 1.000.000 til kr 680.000. Dei største postane til brannvesenet er løn, avgift til 110-sentralen samt avgift til Vest-Telemark brannvesen for førebyggande avdeling.

Ansvar 550 – Vatn

Budsjettet omfattar løns- og driftsutgifter til drift og vedlikehald av 4 kommunale vassverk (produksjon og distribusjon), samt ytre anlegg. Kostnaden for drift av nye Seljord vassverk er høgare ein tidligare estimert grunna meir forbruk av kjemikalie. Dei andre postane er utgifter til løn, kontroll og analysering av drikkevatnet og straum. Det er lagt til grunn at 70% av utgifter til den nye ordninga med beredskapsvakt jamfør tiltak 3.3.3.2. i handlingsprogrammet dekkast frå sjølvkostområde vatn. Posten er sjølvfinansierande. Frå 2017 til 2018 ventast gebyrinntektene å auke med omlag 25,3 % frå kr 5.500.000 til kr 6.900.000.

Ansvar 551 – Avløp

Budsjettet omfattar løns- og driftsutgifter til drift og vedlikehald av 3 kommunale reinseanlegg (innsamling og reinsing), ytre anlegg samt innsamling av slam frå private avløpsanlegg. Største postane er utgifter til løn (100 % stilling), kjemikaliar, straum, innsamling og behandling av slam og driftsovervaking. 30 % av kostnad til ny ordning med beredskapsvakt jamfør tiltak 3.3.3.2. i handlingsprogrammet dekkast frå sjølvkost område avløp. Posten er sjølvfinansierande. Frå 2017 til 2018 aukar gebyret for avløp med 14,8 % frå kr 6.208 til kr 7.125 og gebyret for slamtømming aukar med 39,8 % frå kr 2.363 til kr 3 303 i same periode.

Ansvar 552 – Renovasjon

Budsjettet omfattar utgifter til innsamling og behandling av avfall, dette blir ivareteke av Renovest IKS. Posten er sjølvfinansierande. Frå 2017 til 2018 føreslås det at gebyret for renovasjon minkar med 25,2 % frå kr 2.959 til kr 2.213.

Ansvar 560 – Utleigebustadar

Største utgiftspostane er leige av bustadhus (til vidare utleige) og kommunale avgifter. Kommunen eig 13 hus med 22 bu-einingar (omsorgsbustadar kjem i tillegg, desse vert ført på PO 3). Per 01.12.17 leiger kommunen 16 bu-einingar i tillegg. Tidligare år har ein budsjettert med ein "turnover" på kommunale bustader basera på ei 90 % utleigerate. Dette ser ein gjennom fleire år er ein urealistisk høg prosentsats, ein legg difor til grunn at 80 % av bu-einingane til ei kvar tid er utleigde. Noko som førar til eit inntektstap på omlag kr 150.000.

Driftstiltak som ikkje er med i rådmannens budsjettframlegg

Tiltak	2018	2019	2020	2021
PO 5 – Prioritet 1: Jamfør tiltak 2.4.1.3 i handlingsprogrammet; Auka grunnressurs vedlikehaldstenester - Arbeidande formann	616.000	616.000	616.000	616.000
PO 5 – Prioritet 2: Jamfør tiltak 3.3.2.3 i handlingsprogrammet; Auka driftsmidlar til brannvesen	**250.000 eks mva**			
PO 5 – Prioritet 3: Jamfør tiltak 2.4.1.3 i handlingsprogrammet; Auka ramme for vedlikehald/drift av grøntannlegg, turvegar og installasjonar	**100.000 eks mva**	**140.000 eks mva**	**160.000 eks mva**	180.000 eks mva
PO 5 – Vedlikehald vegar og bruer - auka driftsramme	**234.884 eks mva**	**666.584 eks mva**	**567.584 eks mva**	728.584 eks mva
PO 5 – Prioritet 4: Nytt gjerde Flatdal BHG	**90.000 eks mva**			
PO 5 – Prioritet 5: Utbygging av ventilasjonsanlegg Tussejuv BHG	**196.000 eks mva**			

Vedlikehaldsplan for kommunale vegar og bruer ligg som vedlegg til gul bok.

Temark

Agder og Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS

Saksprotokoll

Arkivsak-dok. 17/07797
Arkivkode
Saksbehandler Ingebjørg Liland

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Seljord kontrollutval	11.10.2017	18/17

Budsjett for kontroll og tilsyn 2018 – Seljord kommune

Seljord kontrollutval har handsama saken i møte 11.10.2017 sak 18/17

Møtehandsaming
Sekretariatet kommentera budsjettet.

Votering
Samrøystes.

Vedtak
Kontrollutvalet innstiller følgjande til Kommunestyret:

Kommunestyret vedtek framlegg til budsjett for 2018 for Kontroll- og tilsynsverksemda i Seljord kommune med ei ramme på kr 874 500,-

Kontrollutvalet sitt budsjettframlegg skal fylgje budsjettsaka til kommunestyret via formannskapet

Seljord kommune

Rev. 28.11.2017

Vedlegg til Gul bok

Oversyn over betalingssatsar for kommunale tenester

2018

Innhold

1 Felles forvaltning 5

2 Skule og oppvekst 5

2.1 Barnehage 5

2.2 Skulefritidsordning - SFO 6

2.3 Kulturskulen 6

3 Helse og omsorg 7

3.1 Maksimal eigenbetaling for heimehjelp/ praktisk bistand og opplæring i Seljord kommune: 7

3.2 Betalingssatsar som eigenbetaling for opphald på bu- og servicesentra Heddeli og Steinmoen: 7

3.3 Betalingssatsar som eigenbetaling på Heddelitunet: 7

3.4 Betalingssatsar som eigenbetaling på aktivitetssenteret: 7

3.5 Betalingssatsar som eigenbetaling for tryggleiksalarmar: 7

3.6 Betalingssatsar som eigenbetaling ved transport utan løyveplikt: 7

3.7 Betalingssatser for vask av privattøy på vaskeri: 8

3.8 Betalingssatsar for mat til heimebuande: 8

3.9 Betalingssatsar for omsorgsbustader 8

4 Kultur og Næring 8

4.1 Konsesjons- og delingssaker 8

4.2 Viltfellingsgebyr pr. dyr 8

4.3 Leigeinntekter Symjehall: 9

5 Tekniske tenester – Eigedomsavgifter 9

5.1 Gebyr for handsaming av saker etter plan og bygningslova 11

5.2 Handsaming av private framlegg til reguleringsplan §12 12

5.2.1 Førehandsuttale 12

5.2.2 Planforslag 12

5.2.3 Planprogram og konsekvensutgreiing (§§ 4-1,4,2 og 12-9) 13

5.2.4 Søknad om planendring (§ 12-14) 13

5.3 GEBYRSATSAR FOR ARBEID ETTER MATRIKKELLOVA 13

5.3.1 Oppretting av matrikkeleining 13
5.3.2 Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning 14
5.3.3 Grensejustering 14
5.3.4 Arealoverføring 14
5.3.5 Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare er koordinatbestemt ved oppmålingsforretning 15
5.3.6 Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidlegare er koordinatbestemt / eller klarlegging av rettigheitar 15
5.3.7 Privat grenseavtale 15
5.3.8 Urimelig gebyr 15
5.3.9 Betalingstidspunkt 15
5.3.10 Endringar i grunnlaget for matrikkelføring av saken 16
5.3.11 Utsending av matrikkelbrev 16
5.3.12 Gebyr rekna ut etter medgått tid 16
5.3.13 Statlege gebyr og avgifter 16

1 Felles forvaltning

Maks. beløp for ambulerande løyve er kr. 350 per løyve, jamfør forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk.

Gebyr/avgift	2016 Innkl. mva	2017 Innkl. mva	2018 Innkl. mva
Alkohol			
Løyvegebyr for salsløyve i gruppe 1	Jf. forskrift om omsetting av alkoholdig drikk mv.		
Løyvegebyr for skjenkelyve	Jf. forskrift om omsetting av alkoholdig drikk mv.		
Løyvegebyr for ambulerende skjenkeløyve	280,00	280,00	280,00

2 Skule og oppvekst

2.1 Barnehage

Barnehagesatsane er regulert etter forskrift om foreldrebetaling i barnehagar, "FOR 2005-12-16 nr 1478: Forskrift om foreldrebetaling i barnehager". Frå 1.1.2018 har Regjeringa forslag om ny maksimalgrense for foreldrebetaling, kr 2.910,-. Totalt vil det da koste kr 32.010,- per år for heiltidsplass i 2018.

Moderasjonsordning: Foreldrebetaling for ein barnehageplass skal maksimalt utgjere 6 % av familien sin samla person- og kapitalinntekt. Dette blir rekna ut individuelt. Inntektsgrensa på kr 500.500,- er vidareført.Ordninga med gratis kjernetid på 20 timar/veka er vidareført for 3-,4- og 5-åringar. Ordninga gjeld viss familiens samla inntekt er under 428.000 kroner. Inntektsreduksjon og gratis kjernetid må ein søkje om kvart år. Søknadsfristen er 1.august eller i samband med ny søknad.

Kostpengar er prisjustert og avrunda til nærmaste heile eller halve tiar.

Foreldrebetaling per månad for dei med inntekt over 500.500 kroner frå 1.1.2018:

Inntekt	5 dagar	4 dagar	3 dagar	2 dagar
Inntekt over kr 500.500,-	2 910 kr	2 365 kr	1 820 kr	1 290 kr
30% syskenmoderasjon	2 037 kr	1 656 kr	1 274 kr	903 kr
50% syskenmoderasjon	1 455 kr	1 183 kr	910 kr	645 kr
Kost	360 kr	290 kr	215 kr	145 kr

Søskenmoderasjon:
30 % søskenmoderasjon for søsken nr. 1
50 % søskenmoderasjon for søsken nr 2 og fleire.
Kost er lik for heil- og korttidstilbodet. Det er ikkje moderasjon på kost.

Timesatsen for kjøp av ekstra timar er kr. 60,- per time og kr. 25,- per dag for kost.

2.2 Skulefritidsordning - SFO

(1.kl. født 2011, 2. kl. f. 2010, 3. kl. f. 2009, 4. kl. f. 2008.)

Foreldrebetaling frå og med 1.1.2018:

Seljord og Flatdal SFO:		
Dekning	**t/veke**	**Kostnad per mnd.**
Full dekning 1.-4.kl. (inkludert torsdag)	23	2 670 kr
1 heil dag, torsdag	9	1 050 kr
4 dg. morgon/ettermiddag 1.-4.kl.	14	1 630 kr
4 ettermiddagar 1.-4.kl.	10	1 160 kr
4 morgonar 1.-4.kl	4	930 kr
Morgon/ettermiddag 3 dg. pr. veke	10,5	1 220 kr
Ettermiddag 3 dg/v	7,5	930 kr
Morgon 3 dg/v	3	930 kr

Betalinga i SFO vert rekna ut i frå 116 kr x talet på timar ein har i SFO per veke, avrunda opp til nærmaste heile tiar. Minimumsbetaling per månad inntil 8 t/v er kr. 930,-

- Kost per månad kr 25,- per dag/veke.
- 50 % søskenmoderasjon på opphald.
- Rein morgonplass betalar ikkje for mat.
- Morgon = 1 time
- Ettermiddag = 2,5 timar

Kjøp av ekstra timar: 60,- per time + kr 30,- per dag for kost. Det er ikkje søskenmoderasjon på kjøpetimar.

2.3 Kulturskulen

Satsar gjeldande frå 1.1.2018:

Tilbod	Varigheit	Kostnad
Individuell opplæring	**Skuleåret**	**Kr 3 100,-**
Gruppe tilbod	**Skuleåret**	**Kr 1 550,-**
Gruppetilbod for vaksne (4 på gruppa)	**Per år (37 veker)**	**Kr 5 540 (Sjølvkost)**

Søskenmoderasjon: 50%

Moderasjon for å bruke fleire tilbod: 50%

Moderasjon for utvida time (dobbelttime): 50%

3 Helse og omsorg

Satsane for eigenbetaling for kommunale pleie –og omsorgstenester vert justert årleg med verknad frå 1. januar. Tidspunktet for berekning av konsumprisen er 15. september året før.

3.1 Maksimal eigenbetaling for heimehjelp/ praktisk bistand og opplæring i Seljord kommune:

Inntekt	Kostnad
Inntekt mindre enn 2 G	kr 200 per månad (etter forskrift)
Inntekt frå og med 2 G til og med 2,5 G	kr 867 per månad
Inntekt frå og med 2,6 G til og med 3,5 G	kr 1 734 per månad
Inntekt over 3,5 G	kr 2 889 per månad

Det vert sett ei øvre grense for betalinga etter prinsippet om sjølvkost. Sjølvkost per 01.01.18 er berekna til kr 291 per time.

3.2 Betalingssatsar som eigenbetaling for opphald på bu- og servicesentra Heddeli og Steinmoen:

- Husleige inkl. opphald, praktisk bistand og alle måltid vert sett til kr 8197 per månad.
- Pris på dag-opphald inkl. transport og kost vert sett til kr 272 per dag.
  Betalingssatsane ved bu- og servicesentra er gjeldande frå 1.1.2018, og vert justert årleg etter konsumprisindeks.

3.3 Betalingssatsar som eigenbetaling på Heddelitunet:

- Husleige kr 6 204 per månad.
- Praktisk bistand og opplæring vert fakturert etter gjeldande satsar.
  Husleiga er gjeldande frå 1.1.2018, og vert justert årleg etter konsumprisindeks, praktisk bistand og opplæring vert justert etter gjeldande vedtak om brukarbetaling for tenesta

3.4 Betalingssatsar som eigenbetaling på aktivitetssenteret:

- Eigenbetaling varierande opp til om lag kr. 100 pr. dag, hovudsakleg til dekking av kostnader ved innkjøp av mat og materiell til ulike aktivitetar.
  Betalinga er gjeldande frå 01.01.18, og vert justert årleg etter konsumprisindeks.

3.5 Betalingssatsar som eigenbetaling for tryggleiksalarmar:

- Kommunen sin kostander til Doro for svarteneste og leige av alarmar vert lagt til grunn for brukarbetalinga. I tillegg er det eit påslag på kr 322 per månad på analog og kr. 353 på alarm/mobil.
  Brukarbetaling utover avtala med Doro vert justert årleg etter lønsvekst.

3.6 Betalingssatsar som eigenbetaling ved transport utan løyveplikt:

- Brukarbetaling etter staten sine satsar for km-godtgjering vert nytta ved sporadisk transport.
- Brukarbetaling ved felleskøyring i samband med dagsturar vert sett til kr 44, prisen er gjeldande frå 01.01.2018, og vert justert årleg etter konsumprisindeks.

3.7 Betalingssatser for vask av privattøy på vaskeri:

- Brukarbetaling er kr 34 per kg tøy, prisen er gjeldande frå 01.01.2018, og vert justert årleg etter lønsvekst.

3.8 Betalingssatsar for mat til heimebuande:

- Brukarbetaling er kr 127 per middagsporsjon (kr 115 utan dessert), prisene er gjeldande frå 01.01.2018, og vert justert årleg justert(normalt desember) i samsvar med prisendring jamfør avtale med Dyrskun AS.

3.9 Betalingssatsar for omsorgsbustader

Fyljande satsar gjeld frå 01.01.2018 etter konsumprisindeks:

- Gamle bustader Heddeli øvre kr. 3 997
- Nye bustader Heddeli øvre kr. 5 076
- Bustader Heddeli nedre kr. 4 662
- Omsorgsbustader Nesbukti kr. 5 286
- Omsorgsbustader Kapteinsgata kr. 5 846

4 Kultur og Næring

4.1 Konsesjons- og delingssaker

Landbruksdepartementet har i desember 2011, fastsett forskrift om gebyr for behandling av konsesjons- og delingssaker: *§ 1. Det skal betales gebyr for behandlingen av følgende saker:*
a) Søknader om konsesjon (ervervstillatelse) etter lov 28. november 2003 nr. 98 om konsesjon ved erverv av fast eiendom (konsesjonsloven) mv. § 2 og § 3.
b) Søknader om delingssamtykke etter lov om jord 12. mai 1995 nr. 23 § 12.
Gebyret kreves inn av kommunen i alle saker. Kommunen skal ikke betale gebyr til seg selv.

	2016	2017
Søknad om konsesjon:	**kr. 5.000,-**	**kr. 5.000,-**
Søknad om deling etter § 12 i jordlova:	**kr. 2.000,-**	**kr. 2.000,-**

4.2 Viltfellingsgebyr pr. dyr

	2016	2017
Vaksen elg	**kr. 420,-**	**kr. 500,-**
Elgkalv	**kr. 240,-**	**kr. 300,-**
Vaksen hjort	**kr. 310,-**	**kr. 390,-**
Hjortekalv	**kr. 190,-**	**kr. 235,-**

4.3 Leigeinntekter Symjehall:

Satsar pr. time:	2016	2017
Kvitseid kommune	**kr. 400,-**	**kr. 450,-**
Hjartdal kommune	**kr. 400,-**	**kr. 450,-**
Vest Telemark vgs, avd. Seljord	**kr. 400,-**	**kr. 450,-**
Billettpris vaksen	**kr. 50,-**	**kr. 60,-**
Billettpris barn	**kr. 30,-**	**kr. 40,-**
Andre avtalar:		
Flatdal IL (leiger badet 7 gonger i året) pris pr. gong	**kr. 400,-**	**kr. 450,-**
Klippekort vaksen (10 klipp)	**kr. 400,-**	**kr. 500,-**
Klippekort born (10 klipp)	**kr. 240,-**	**kr. 300,-**

5 Tekniske tenester – Eigedomsavgifter

VARSF- området	eks. mva	inkl. mva	eks. mva	inkl. mva
	2017	2017	2018	2018
Feiing				
*1 pipe, feiing / tilsyn	kr 216,00	kr 270,00	kr 262,40	kr 328,00
*1 pipe tilsyn	kr 432,00	kr 540,00		
*tillegg for fleire pipeløp, feiing / tilsyn pr.stk.	kr 118,00	kr 147,50	kr 262,40	kr 328,00
*tillegg for fleire piper, tilsyn pr.stk.	kr 236,00	kr 295,00		
Renovasjon				
*Standard abonnement	kr 2367,00	kr 2 958,75	kr 1 770,40	kr 2 213,00
*Standard abonnement, heimekomp.	kr 1775,00	kr 2 218,75	kr 1 327,80	kr 1 659,75
*Miniabonnement	kr 1657,00	kr 2 071,25	kr 1 239,28	kr 1 549,10
*Abonn. Over 500 m	kr 1 184,00	kr 1 480,00		
*Hytterenovasjon	kr 1 184,00	kr 1 480,00	kr 1 770,40	kr 2 213,00
*Renovasjon fritidsbustad	kr 1 184,00	kr 1 480,00		
*Redusert hytterenovasjon	kr 473,00	kr 591,25		
*Høgstandard hytte	kr 1 657,00	kr 2 071,25		
*Bustad som fritidsbust.	kr 1 184,00	kr 1 480,00	kr 1 770,40	kr 2 213,00
*Renov. Høgstandard fritidsbust.	kr 1 657,00	kr 2 071,25		
Kloakk				
*Fastbeløp	kr 1 782,00	kr 2 227,50	kr 2 115,20	kr 2 644,00
*Hus under 60 m², variabel del				
stip. Forbruk 90 m³	kr 1 910,70	kr 2 388,38	kr 2 151,36	kr 2 689,20

*Hus over 60 m², variable del								
stip.forbruk 150 m³	kr	3 185,00	kr	3 981,25	kr	3 585,60	kr	4 482,00
*Målt forbruk pr. m³	kr	21,23	kr	26,54	kr	23,90	kr	29,88
*Reduksjon ved brot i vassforsyning kr. Pr. døgn	kr	6,05	kr	7,56	kr	6,95	kr	8,69
Slamtøming								
